

ENVER HOXHA

Melding til det 7. landsmøtet i Arbeidets Parti i Albania

1. NOVEMBER 1976



Oktober

ENVER HOXHA
Melding til
det 7. landsmøtet
i Arbeidets Parti
i Albania

ENVER HOXHA

Melding om verksemda til sentralkomiteen i Arbeidets Parti i Albania

**lagt fram for det 7. landsmøtet
i Arbeidets Parti i Albania
1. november 1976**



**Forlaget Oktober A/S
Oslo 1977**

Enver Hoxha
Melding om verksemda til sentralkomiteen
i Arbeidets Parti i Albania
Lagt fram for det 7. landsmøtet
i Arbeidets Parti i Albania 1. november 1977

Omsett etter den engelske utgåva
fra forlaget «8 Nentori», Tirana 1976.

© Forlaget Oktober A/S 1977

1. opplag, 3000, mai 1977

Prenta i offset hjå A/S Duplotrykk, Oslo 1977

ISBN 82-7094-165-5

Innhaldsliste

Innleiing	9
-----------------	---

I

Den nye grunnlova — ein stor historisk siger for partiet og folket.....	17
---	----

II

Den økonomiske utviklinga av landet og oppgåvene til partiet.....	34
---	----

1. Vidareutviklinga av industrien — hovudfaktoren for å styrkja økonomien.....	38
2. Jordbruket — den grunnleggjande greina i økonomien — må lyftast opp til eit høgre nivå	47
3. Grunnlagsinvesteringar må nyttast så effektivt som råd	58
4. Velferda for folket må aukast og gjerast betre	61
5. Den vitskaplege styringa av økonomien må lyftast til eit høgre nivå.....	66
6. Prinsippet om sjølvberging må verta forstått og gjennomført rett.....	70

III

Vi må stendig styrkja partiet og gjera den leiande rolla det har endå rikare.....	73
---	----

1. Leiinga frå partiet i alt livet i landet — ein garanti for at det sosialistiske samfunnet skal verta bygt fullt og heilt	74
2. Vi må styrkja den proletariske samansetninga av partiet utan stogg.....	85
3. Vi må stendig styrkja banda partiet har til massane og leiinga frå partiet i samfunnsorganisasjonane og statsorgana	92

IV

Striden partiet har ført på den ideologiske fronten.	103
1. Vi må føra klassestriden rett og med fast vilje.	103
2. Den leiande rolla til arbeidarklassen og opp- sedinga av dei arbeidande massane.....	118
3. Ideane i marxismen-leninismen må verta meistra og knytte nært til det partiet lærer....	132
4. Utdanning, kultur og vitskap må lyftast til eit nivå som samhoever med oppgåvene i tida....	137

V


Den internasjonale situasjonen og utanrikspoli- tikken til Folkerepublikken Albania.....	147
---	-----

VI

Den marxist-leninistiske rørsle og striden mot den moderne revisjonismen.....	197
--	-----

Tillegg:

Hilsningstale av Pål Steigan, formann i AKP(m-l), på det 7. landsmøtet i Arbeidets Parti i Albania... ..	235
---	-----



Kjære kameratar,

Fem år har gått sidan partiet kom saman til det sjette landsmøtet og vedtok retningslinene for den økonomiske og sosiale utviklinga i landet for denne tidbolken. Vi har fullt ut utført dei store oppgåvene landsmøtet sette seg. I dag kjem partiet saman til det sjuande landsmøtet, godt budd og med fast vilje til å ta på seg nye og endå større oppgåver og bera saka til sosialismen og kommunismen i Albania frametter heilt til sigeren er vunnen.

Partiet og folket vårt kjem til dette landsmøtet med stor livskraft og iver. Dei er byrge av alle framgangane dei har vunne og har ei bergfast tru på framtida. Atter har livet prova at den marxist-leninistiske lina til partiet er heilt ut rett, og at vegen partiet leier folket fram etter er den trygge vegen for å byggja sosialismen. Han fører til at fridommen og sjølvstendet til heimlandet vårt vert styrkte endå meir.

Situasjonen innanlands er sunn og stødig på alle felt og frontar. Partiet har ei marxist-leninistisk line, storveges bragder er gjorde og klassestriden er rett utvikla. Dette har ført til at den politiske og moralske ein skapen i folket og dei ubrytande banda mellom partiet og folket er blitt styrkte endå meir, og til at det er skapt ein livskraftig revolusjonær atmosfære.

Under leiing av partiet har arbeidarklassen, samyrkebøndene og dei intellektuelle i folket stort sett lukkast i å gjennomføra dei grunnleggjande oppgåvene for å utvikla økonomien og kulturen som det sjette partilandsmøtet fastsette. I den siste femårsbolken har produktiv-

kreftene utvikla seg i alle greiner av økonomien. Det materielle og tekniske grunnlaget for sosialismen er styrkt og dei sosialistiske produksjonsforholda er vortne betre.

Partiet har eit program for å byggja ut ein samansett tung- og lettindustri og utvida han med nye sektorar med moderne produksjon. Praksis har synt oss at dette er fullt råd å gjennomføre. No kan vi slå fast med glede at rask industrialisering har ført oss mykje nærare det målet partiet har sett opp — å skapa Albania om frå eit jordbruks- og industriland til eit industri- og jordbruksland. Takk vera dei dugande hendene til arbeidarane, pågangsmotet og skarpsinnet dei har synt, har no det store metallurgiske kombinatet i Elbasan teke til å laga det fyrste stålet som nokon gong er produsert i Albania. Oljeraffineriet i Ballsh skal snart takast i bruk. Då kan oljemengdene i den rike jorda vår snart gjerast om til produkt økonomien treng sårt til. Vasskraftverket i Fierza ved Drin-elva er snart fullført, og det same gjeld mange andre føretak. Dei nye fabrikkane og verksemdene som vert opna no og i tida frametter, gjer at vi greier å nå eit anna stort mål partiet har sett seg — å nytta ut råvarene så rasjonelt som råd, og vidare tilarbeida og auka verdien av dei.

Vi er alle vitne til den radikale endringa som går føre seg i landbruket. Bøndene på samyrka og arbeidarane på statsbruka har fylgt oppmodingane frå partiet og sett inn den store fedrelandskjærleiken sin, arbeid utrøytteleg og synt ei bergfast tru på sin eigen styrke. Difor har samyrkebøndene og arbeidarane på statsbruka i år for fyrste gong greidd å produsera alt det brødkornet landet treng. Avdi partiet har lagt særleg vinn på det, er farten i mekaniseringa av jordbruket no auka, og vi er visse på å få ein snøgg auke i jordbruksprodukt og husdyrprodukt. Etter pålegg frå det sjette partilandsmøtet er det skipa samyrke på høgre nivå, og organiseringa og styringa i landbruksøkonomien er mykje betra. Tiltaka har gjort skilja mellom by og land

mindre. No koker slettene og fjella i landet vårt av det store omskappingsarbeidet for å gjera dei endå meir grøderike og for å gjera heimlandet vårt meir blømande, fagrare og mektigare.

Vi har og vunne viktige sigrar i å gjera den sosialistiske revolusjonen djupare i kulturlivet og ideologien, og i alt arbeid partiet driv for å gje massane revolusjonær politisk oppseding. Partilina for å utvikla undervisning gjennom å knyta saman skulelærdom og livsrøynsle, for å læra opp ein ny ættled som er herda med den proletariske ideologien, utstyrt med kunnskapar og kultur og flink både i arbeid og forsvar, vert sett prinsippfast ut i livet og gjev stendig betre resultat. Den sosialistiske kulturen utviklar seg i samsvar med det partiet lærer. Han er lyft til eit høgre nivå, og har eit særst høgt revolusjonært innhald og ei klår nasjonal og folkeleg form. Eit levande uttrykk for denne røynda er den kulturelle og kunstnarlege skaparevna til massane, som særleg dei siste åra har hatt eit kraftig oppsving. Ho syng varmt til ære for det lukkelege sosialistiske livet, med glød om den rette og kloke marxist-leninistiske politikken til partiet og det heltemotet folket vårt eig.

Under særleg omsut og beinveges leiing frå partiet er forsvarsmakta til landet auka og styrkt endå meir. Arbeidar- og soldatfolket vårt slit og strevar alt dei kan for å gjera Albania til ei utakande sosialistisk festning. Dei øver seg opp og er på vakt slik at dei alltid er budde til å forsvara revolusjonen og det han har oppnådd mot alle slag trugsmål frå fiendane våre.

Det sjette partilandsmøtet sette som oppgåve for partiet, arbeidarklassen og folket at proletariatets diktatur skulle styrkjast meir. Dette er eit grunnleggjande vilkår og ein garanti for at vi skal kunna nå dei høgvyrde måla partiet og folket har sett seg. No kan vi seia at dei åtgjerdene som vart vedtekne og sette ut i livet av partiet, har gjort staten endå sterkare, utvida og betra det proletariske demokratiet og auka nivået i den beinveges

medverknaden frå det arbeidande folket i å styra landet.

Arbeidarklassen har betra evnene sine og auka medvitet sitt om den leiande rolla han må spela i det sosialistiske samfunnet. Det er innført arbeidar- og bondekontroll, og partiet har ført hard strid for å rykka byråkratiske, teknokratiske og liberalistiske feil og tendensar opp med rota. Alt dette har gjeve proletariatets diktatur rikare røynsle i kampen for å verna om og grunnfesta den sosialistiske skipnaden vår. Det har gjort mykje til å stengja vegen for fåren for borgarleg og revisjonistisk forfall og eit omskifte attende til kapitalismen. Dette er ein stor siger for partiet, arbeidarklassen og heile folket.

Den ubrytande einskapen i folket og einskapen om partilina er eit framståande drag ved stoda innanlands. Denne einskapen byggjer på den nære alliansen mellom arbeidarklassen og samyrkebøndene, og eit strålende uttrykk for han er kor fullrådde og viljefaste dei arbeidande massane er på å gjennomføra oppgåvene som bygginga av sosialismen set, og verna fridomen og sjølvstendet vårt, likeins utløysinga av skaparkreftene til arbeidarklassen, samyrkebøndene og folket sine intellektuelle på alle område. Eit anna klårt uttrykk for denne einskapen er den levande anden av brorskaps-solidaritet og ekte innbyrdes hjelp mellom arbeidsfolk hjå oss, mellom arbeidarklassen og bøndene og mellom alle lag i folket. Parolen til partiet vårt — «ein for alle og alle for ein» — er vorten ei ny norm for sosialistisk moral.

Den revolusjonære atmosfæren og anden som rår i landet vårt, står i skarp motstrid til det som går føre seg rundt oss på alle kantar. Medan ein periode med alvorlege kriser har gripe om seg i den kapitalistiske og revisjonistiske verda, har det sosialistiske Albania halde seg sterkt og stabilt. Dette og den politiske og økonomiske stabiliteten her i landet, er prov på at sosialismen er overlegen, at den marxist-leninistiske

lina til partiet er klok og at prinsippet om å satsa på sjølvberging er rett. Det at det vesle sosialistiske Albania står seg slik at det greier å vinna over alle vanskar og gå frametter heile tida medan alle desse store politiske, økonomiske, finansielle og andre slag stormbylgjer slår mot strendene våre, fyller oss alle med rett-komen byrgskap. Men på same tid krev den situasjonen vi lever og arbeider i, at vi tek fram all den styrke og energi vi har, alle kunnskapar og skapande evner — slik vi har gjort det til no. Då kan vi setja alle tiltak ut i livet til punkt og prikke, og det sosialistiske skipet vårt kan sigla støtt mot tryggare strender.

Tilhøva innanlands er vortne betre og stoda meir grunnfest gjennom dei harde klassestridane partiet og folket målmedvite har ført på alle frontar — mot det allsidige presset frå den fiendslege imperialistiske og revisjonistiske omlægninga, mot den grove ideologiske aggresjonen som vert kasta inn over landet vårt dag etter dag, og mot dei fårlege tiltaka fienden står bak innanfor grensene våre og sjølv i partirekkjene. Mot det bergfaste samhaldet i partiet og folket vert alle åtak og samansverjingar som ytre og indre fiendar set i gong mot partiet og den sosialistiske skipnaden, mot fridommen og sjølvstendet til fedrelandet vårt, gjorde til støv og oske.

Kommunistane og heile folket veit at partiet i dei siste åra har avslørt og hindra dei svikefulle og konspiratoriske anti-partihandlingane til Fadil Paçrami og Todi Lubonja, Beqir Balluku, Petrit Dume og Hito Çaco, Abdyl Këllezi, Koço Theodhosi og Kiço Ngjela. Dei har samarbeidd med ytre fiendar for å opna dørene for revisjonismen, bryta ned proletariatets diktatur og gjera sjølvstendet til fedrelandet til inkjes.

Men handlingane og planane til desse fårlege fiendane lei ein sviande usiger. Den revolusjonære vaksemda, striden til partiet og partileiinga, den marxist-leninistiske einskapen i partirekkjene og den ubrytande styrken i det proletariske diktaturet vårt fekk anti-parti-

konspiratørene fram i lyset. Partiet og proletarietets diktatur slo dei ned med jarnneve og kasta dei i søppelbytta, der alle som svik revolusjonen høyrer heime.

Partiet kom ut av denne striden sterkare og meir ein-skapleg — fridd frå tornar og giftig ugras. Proletarietets diktatur og stillinga for sosialismen vart endå betre grunnfeste. Heile folket støtta partiet og den marxist-leninistiske lina med stor styrke og slo tettare ring rundt partiet og folkemakta. Partiet gjorde alle tiltak for å fjerna dei skadelege verknadene av fiendehandlingane og sabotasjen heilt, og luka ut dei feila og veikskapane fienden hadde utnytta. Ein endå sterkare revolusjonær ande feide over heile landet. Arbeidar-klassen, samyrkebøndene og dei intellektuelle i folket, ungdommen og kvinnene, gjekk til verks med nytt tiltak og ny eldhug for å gjennomføra oppgåvene for bygginga av sosialismen og forsvaret av fedrelandet, for å koma til det sjuande partilandsmøtet med nye og større framgangar. Dette er eit levande prov på at indre eller ytre fiendar aldri skal finna ein einaste sprekk i partiet eller folket. Ingen illgjerningar skal sleppa unna den strenge vaksemda til kommunistane og massane i det arbeidande folket. Proletarietets diktatur i Albania er sterkt og reide til å slå hardt til for å knusa kva fiende det måtte vera.

Det er vår plikt å tryggja og festna den sunne tilstanden arbeidet til partiet og partileiinga og det sjølvgløymande strevet til heile folket har skapt i landet vårt. Slik skal fedrelandet vinna framgang og bløma rikt. Slik vil sosialismen alltid gå sigerrikt frametter og livet til folket vårt vil verta betre og fagrare for kvar dag som går.

Det sjuande partilandsmøtet vert halde på ei tid då vi feirar ein stor åremålsdag — 35-årsdagen for skipinga av det sigerrike Arbeidets Parti. På denne dagen vart folket si von om utfriing og vissa om sigeren fødd. Det er ein gledesdag for oss alle — ein dag som minner oss om heltedådane på vegen vi har gått, og gjev oss mot og

kveikjer oss til nye slag og sigrar. Skipinga av det albaniske kommunistpartiet merkte av eit avgjerande vendepunkt for folket vårt i den mange hundre år lange saga deira, og la den stålfaste grunnen det nye sosialistiske Albania vort bygd på.

Dei 35 åra partiet har drive revolusjonær verksemd er år med storverk og strid i brodden for den albanske arbeidarklassen og folket, — for frigjering av fedrelandet og siger for revolusjonen, for å fri Albania frå fattigdom og byggja det opp att frå ruinane, for å vinna fram til eit liv med så rikt eit innhald og slik lukke og rettvisdom som vi har i dag. I denne tidbolken har vi vunne store sigrar i strid mot tallause fiendar, indre som ytre, mot USA-imperialistane og dei moderne revisjonistane med Sovjet-revisjonistane i brodden. Det er ein tidbolke der vi har måtta stri for å verna den retten vi har til alltid å leva fritt og sjølvstendig, for å forsvare vegen til verkeleg sosialisme og kommunisme. Den sterke internasjonale stillinga til det sosialistiske Albania, den store vyrnaden det har i verda og den støtta og solidariteten det har mellom dei revolusjonære folka og dei mange venene det har, kjem av den rette lina partiet har i utanrikspolitikken og den stødige og prinsippfaste striden partiet vårt har ført utan stogg mot imperialismen og revisjonisme. Vi kan slå fast med full visse at dei albaniske kommunistane alltid har gjort pliktene sine mot sin eigen arbeidarklasse og sitt eige folk med ære. På same måten har dei alltid gjort den internasjonale plikta si mot den internasjonale kommunismen og folka til punkt og prikke.

Partiet har lukkast i å vinna alle desse store sigrane fordi det alltid har vore truge mot arbeidarklassen og folket, fordi det alltid har stått fast på dei udøyande lærdommane til Marx, Engels, Lenin og Stalin, fordi det aldri har skilt ord frå handling. Til kvar tid og for kvart steg har det halde ved lag så nære band til massane som råd. Det har stått i fremste line i striden,

og har, takk vera den rette lina si, samla heile folket rundt seg og leidd dei med trygg hand.

Dei framgangane vi har greidd å nå gjennom desse åra som folket kallar partiåra, og dei store slaga vi har vunne, får oss til å sjå på framtida med lyst sinn. Vi veit at sjølv om vi har vunne over store vanskar og nådd mange mål, er det endå større oppgåver framføre oss. Det sjuande partilandsmøtet skal drøfta og avgjera korleis vi skal møta dei. Det ventar oss mange slag som må stridast ut med fast vilje og vinnast.

I

Den nye grunnlova — ein historisk siger for partiet og folket

Kameratar,

Utsendingane til det sjuande partilandsmøtet har den ærefulle og svært ansvarsfulle oppgåva å gje uttrykk for heile partiet sitt syn på den nye grunnlova for det sosialistiske Albania — den nye konstitusjonen til staten vår.

Det sjette partilandsmøtet sette fram oppgåva at det skulle lagast utkast til ei ny grunnlov og sette føre at ho skulle vera framhaldet av den som er no. Dette skulle visa kontinuiteten i revolusjonen i Albania, den ubrotne striden for å tryggja fridommen og sjølvstendet til heimlandet og for å byggja sosialismen. På den andre sida måtte ho få med i seg røyndommen i dag, det utviklingssteget revolusjonen har nådd. Den nye grunnlova måtte stadfesta dei viktigaste revolusjonære endringane som er gjennomførde og dei framgangane som er vunne. Ho måtte spegla att generallina partiet har for å fullføra bygginga av sosialismen og for å utvikla staten vår vidare — staten til proletariatets diktatur. Den gamle grunnlova var grunnlova for å leggja grunnsteinane i sosialismen. Den nye skal vera grunnlova for å fullføra bygginga av sosialismen.

Den grunnlova vi har, har tent oss godt til å vinna alle dei storarta framgangane vi har nådd fram til i dag. Men no har ho gjort oppgåva si. Ho inneheld mange juridiske og politiske normer som er vortne svært tronge og som ikkje er i samsvar med utviklinga av revolusjonen og arbeidet for å gjera han djupare på

brei front. Dette heng saman med den historiske stoda og dei omstenda som galdt då den førre grunnlova vart vedteken.

På den tida stod partiet og landet andsynes store og innfløkte problem som måtte løysast med mot og stor klokskap. Det var problem som kravde løysing straks, men der ein ikkje kunne ta stega for raskt. Folkemakta som kom ut or den nasjonale frigjeringskrigen, måtte grunnfestast og gjerast sterkare og betre. Den sinnsvake motstanden frå dei styrta utbytarklassane og strevet deira for å få fortida attende, måtte knusast. Dei gamle økonomiske banda måtte gjerast til inkjes, og nye, sosialistiske forhold måtte setjast i staden. Den spontane bylgja av småproduksjon måtte verta kontrollert, sett grenser for og vend unna. Dei småborgarlege laga i byane og på landsbygda — og framfor alt dei arbeidande bøndene — måtte vinnast for sosialismen. Dei århundregamle tilbakeliggjande tradisjonane som var nedervde frå fortida måtte verta overvunne, og landet måtte få tryggja ei fri og sjølvstendig utvikling mot sosialismen. Forsvaret av fedrelandet måtte verta stendig styrkt slik at det kunne stå mot all tenkjeleg aggresjon frå andre land. Samstundes med alt dette måtte ein få til ei djup endring i tenkemåten til folk på grunnlag av eit proletarisk verdssyn og ein proletarisk moral.

Partiet gav folket og landet den fyrste grunnlova for Folkerepublikken Albania. Ho tente til å løysa alle desse store historiske problema og oppgåvene, og vart eit grunnlag og eit program for alle dei større revolusjonære endringane som har gått føre seg desse tre tiåra i det frie livet vårt — industrialiseringa av landet, den sosialistiske omskapinga av landsbygda, gjennomføringa av revolusjonen i ideologi, kultur og utdanning, frigjeringa og framgangen for heile samfunnet.

På grunn av alle desse sigrane, alle desse om-danningane og alt som er oppnådd, og i tillegg dei ut-

syna som er opna for landet, vart den endringa av grunnlova det sjette landsmøtet vedtok heilt naudsynt.

I desse åra har sentralkomiteen i partiet stått føre eit mangslunge arbeid for å fullføra dei naudsynte studiane og førebu det nye grunnlovsutkastet. Det åttande plenumet i sentralkomiteen ofra seg særskilt for dette problemet. Det granska utkastet som Folkeforsamlinga gav ut og la fram for folket til diskusjon i januar i år.

Dei breie massane i det arbeidande folket gav fritt uttrykk for meiningane sine om den nye grunnlova for proletariatets diktatur sin stat i denne store politiske og ideologiske handlinga. Omkring 1.500.000 menneske, det vil seia mest alle vaksne menneske i landet, var med på møta som vart haldne, og omkring 300.000 menneske tok del i diskusjonen.

Det samrøystes samtykket til utkastet til grunnlov var i innhaldet eit samtykke til den marxist-leninistiske lina til partiet, til den revolusjonære kursen det har fylgt. Hundretals møte i arbeidssentra og jordbrukssamykke, på skular og i hæreiningar, i kultur- og administrative institusjonar, og i tillegg tusen på tusen brev som vart sende til sentralkomiteen, ber vitne om den stålsette einskapen i heile folket om partiet og partilina, om den revolusjonære optimismen deira og tilliten til den sosialistiske framtida.

Den store folkelege diskusjonen var kjennemerkt av fri og gagnrik meningsbryting, av livfull og byggjande debatt, og var eit klårt uttrykk for det sosialistiske demokratiet vårt i verksemd og for det verkelege herredømmet til folket. Han synte i praksis at i det sosialistiske Albania er folket herrar, at ikkje noko vert gjort mot deira vilje. «For dei fattige,» sa ein vanleg bonde under diskusjonen om grunnlovsutkastet, «hadde ordet 'lov' ein gong ein uhyggjeleg tone. Det tydde trugsmål om å svelta i hel, trugsmål om fengsling, trugsmål om dauden. I dag lagar folket lovene sjølv og gjer det for sitt eige beste.»

Dei breie laga i det arbeidande folket kom med mange nyttige idear og framlegg, og gav verdfulle tilskot til å fylla ut og gjera utkastet som vart lagt fram for dei betre, til å lyfta det til det nivået som grunnlova i den sosialistiske staten vår må ha.

Grunnlovsutkastet som snart vil verta lagt fram for Folkeforsamlinga til endeleg godkjenning, er eit særskild viktig juridisk dokument. Det er eit dokument med stort teoretisk og praktisk, politisk og ideologisk verde, og på det skal den sosiale, økonomiske og kulturelle utviklinga på det steget då bygginga av det sosialistiske samfunnet vert fullført, verta tufta.

Den nye grunnlova er fullt og heilt gjennomsyra av ideologien og grunnprinsippa i marxismen-leninismen, ho ber i seg lærdommane og dei revolusjonære røyningane til Arbeidets Parti, og har merket til den skapande tenkinga hjå dei breie massane i folket vårt. Ho kunnjer grunnprinsippa i den vitskaplege sosialismen og gjer dei til sine egne. Det er prinsipp som eit ekte sosialistisk samfunn der proletariatets diktatur er innført, der arbeidarklassen med sitt eige parti i brodden verkeleg spelar den leiande rollen han skal ha, ikkje kan greia seg utan.

Den nye grunnlova stadfester endå ein gong dei rette marxist-leninistiske prinsippa som var grunnlaget for den førre grunnlova til Folkerepublikken Albania. Men den nye grunnlova merkjer av ei vidare kvalitativ utvikling frå den vi har, i samsvar med det steget revolusjonen i landet vårt har nådd.

Den nye grunnlova stadfester dei sigrane som er vunne og utviklingstendensane i landet på vegen mot sosialismen, og tener i tillegg som eit program for striden og arbeidet for framtida. Målet hennar er å gje størst mogeleg rom for utviklinga av produktivkreftene og produksjonsforholda i eit ekte sosialistisk samfunn, å opna vegen for revolusjonær frigjering og oppseding av det nye mennesket, å verna og styrkja den sosialistiske skipnaden og proletariatets diktatur endå betre, å skapa

best moglege vilkår for landet på vegen mot kommunismen.

Ettersom dette viktige dokumentet summerer opp lina og røynslene til partiet når det gjeld utviklinga av den sosialistiske revolusjonen, stadfester det og dei juridiske, politiske, økonomiske og ideologiske åtgjerdene for å stengja vegen for revisjonismen og attinnføring av kapitalismen. I dette stykket er grunnlova vår eit verdfullt skapande tilskot frå Arbeidets Parti i Albania til teori og praksis i den vitskapelege sosialismen.

Den nye grunnlova gøymer ikkje unna klassekarakteren sin. Han kunngjer og stadfester karakteren av staten vår som ein stat der proletariatets diktatur har makta. Han kunngjer og stadfester den udelte leiande rolla til partiet i staten og heile samfunnet. Han kunngjer og stadfester at klassestriden er hovuddrivkrafta i heile samfunnet vårt.

Sosialismen, sa Marx,

*«er klassediktaturet til proletariatet, som er eit naudsynt overgangspunkt til å fjerna klasseskilja i det store og heile, til å fjerna alle produksjonsforhold som dei kviler på, til å fjerna alle sosiale tilhøve som samsvarar med desse produksjonsforholda, til å styrta alle idear som spring ut av desse sosiale tilhøva.»**

Desse geniale lærdommane frå Marx er fullt ut stadfeste som rette i dei revolusjonære røynslene til landet vårt. Proletariatets diktatur er det kraftige og avgjerande våpnet som skal bera den sosialistiske revolusjonen frametter til han har vunne full og endeleg siger. Det er gjennom proletariatets diktatur ein greier å utføra den livsviktige oppgåva til revolusjonen, allsidig utvikling

* Sjå Karl Marx, «Klassekampene i Frankrike 1848—50» (1850) i *Werke*, bd. 7, s. 89—90. — *Red.*

av den sosialistiske økonomien og kulturen, organisering og styring av bygginga av sosialismen og det klasselause kommunistiske samfunnet. Det spelar ei ikkje mindre viktig rolle i striden for å reinska det sosialistiske samfunnslivet for alle dei siste leivningane frå det gamle samfunnet, for å rykkja opp med rota alt fiendsleg som dreg dei attover frå tankane til det arbeidande folket, for å gjennomføra den kommunistiske oppsedinga deira, for å sameina heile det arbeidande folket rundt fortroppen sin — arbeidarklassen og arbeidarklassen sitt parti — på vegen til sosialismen og kommunismen.

Røynslene frå revolusjonen og bygginga av sosialismen i Albania provar at proletariatets diktatur er naudsynt for at arbeidarklassen skal kunna undertrykkja motstanden frå klassefiendane, gamle og nye, og strevet deira for å setja inn att den gamle skipnaden. Det er naudsynt for å greia opp med fåren utanfrå som skriv seg både frå dei aggressive måla til imperialismen og sosialimperialismen om å kvela og øydeleggja den sosialistiske skipnaden med eld og stål eller med blokade og utsvelting, og frå den ideologiske aggresjonen frå den kapitalistiske og revisjonistiske verda. Dag etter dag sender denne verda bylgjer av forfall og kontrarevolusjon som slår mot strendene våre.

Å ta vare på og styrkja proletariatets diktatur utan stogg gjennom heile overgangsperioden frå sosialisme til kommunisme vert og gjort naudsynt av dei negative røynslene frå Sovjetunionen og somme andre land. Der gjekk dei frå prinsippa for proletariatets diktatur, og dette fødte revisjonisme — det fårlegaste våpnet til kontrarevolusjonen — som førte til at den sosialistiske skipnaden vart øydelagt og til at kapitalistisk slaveri og sosialfascisme vart innført att.

Fiendane til sosialismen, både innanlands og utanlands, har alltid retta hovudslaga sine mot proletariatets diktatur. No er det moten mellom alle dei revisjonistiske renegatane og ærendssveinane til borgar-

skapet å setja i gong ville åtak på proletariatets diktatur og gje seg til med grenselaus demagogi* om den påståtte attinnføringa av det demokratiet som hadde gått tapt. Føremålet deira er å gå til åtak på sjølve hovudinnhaldet i marxismen-leninismen og revolusjonen og å øydeleggja hovudhjelperråda til proletariatet for å byggja det nye sosialistiske livet. Difor har standpunktet til proletariatets diktatur tent som og held fram med å tena som grensemerke for å skilja verkelege marxist-leninistar og proletarisk revolusjonære frå opportunistar av alle letar, og renegatar frå arbeidar-klassen.

I landet vårt har proletariatets diktatur alltid stått sterkt og uovervinneleg fordi partiet har sett det marxismen-leninismen lærer trufast ut i livet, har ført klassestriden rett og alltid har halde oppe streng revolusjonær vaksemd. Det har utan stogg styrkt og gjort den proletariske staten og forsvaret av landet meir fullkome, og har kjempa prinsippfast mot alle fiendslege ovringar som fører til fredeleg forfall i den sosialistiske sosiale skipnaden og statsskipnaden.

Den nye grunnlova speglar att og summerer opp dei rike revolusjonære røynslene frå landet vårt i tillegg til dei internasjonale røynslene. Ho avviser dei anti-marxistiske teoriane til revisjonistane om at steget med proletariatets diktatur visstnok skulle vera tilbakelagt, om «ein stat for heile folket». Den nye konstitusjonen slår klårt og greitt fast at «*Den sosialistiske Folkerepublikken Albania er ein stat der proletariatets diktatur rår. Det uttrykkjer og vernar interessene til heile det arbeidande folket.*»

Grunnlovskastet er ei levande attspegling av ekte sosialistisk demokrati og humanisme. Det stadfester det marxismen-leninismen lærer om at proletariatets diktatur er uskiljeleg knytt til det breiaste, mest djupt-

* *Demagogi* — falsk og lygnaktig framstilling i ord, ordkløyving, innretta på å vinne folk for seg på falske premiss. — *Red.*

gåande og fullstendige demokratiet for det arbeidande folket. Å tryggja eit breitt sosialistisk demokrati er eit grunnvilkår for å verna og styrkja sjølve proletariatets diktatur, akkurat som proletariatets diktatur er eit ufråvikeleg og avgjerande vilkår for at det skal kunna finnast verkeleg demokrati for det arbeidande folket.

Det sosialistiske demokratiet vårt har garantert det arbeidande folket den viktige retten til å seia sitt når sosiale problem og statsproblem skal løysast, til å øva kontroll med alt og alle, til å medverka effektivt i stor målestokk, på organisert vis og i dei mest ulike former, i å styra landet. Partiet ser på denne medverknaden og det å utvida han heile tida som grunnretninga for å utvikla det sosialistiske demokratiet, som ei stor drivkraft til å fremja bygginga av sosialismen og som ein av dei viktigaste faktorane for å verna staten og samfunnet mot fåren for borgarleg-revisjonistisk forfall. I den nye grunnlova er denne lina til partiet fullt ut stadfest.

Den sosialistiske demokratiske anden som kjennermerkjer heile samfunnslivet vårt, går tvers gjennom heile bygnaden av den sosialistiske staten vår — frå folkeråda på botnen og opp til Folkeforsamlinga. Grunnlovsutkastet fastset klårt at statsmakta er eit udeleleg heile og at ho heilt og fullt vert øvd av dei organa og representantane som er valde beinveges av folket. Alle andre statsorgan gjer arbeidet sitt under leiing og kontroll frå dei representative organa, er ansvarlege andsynes dei og gjer rekneskap for dei. Det strekar under at ikkje berre dei valde statsfunksjonæra, men og dei som er utpeikte, må gjera rekneskap for massane og underleggja seg beinveges kontroll frå dei. På denne måten vert striden mot fåren for at dei representative organa skal bli framande for massane, striden mot byråkrati og mot tendensar til å setja dei utøvande og administrative organa over dei representative maktorgan, sett på konstitusjonelt grunnlag.

Hjå oss går bygginga av og verksemda i heile den sosialistiske staten og den sosiale mekanismen fram-

etter på grunnlag av prinsippet om demokratisk sentralisme. Hovudinnhaldet i denne er at arbeidarklassen har sentralisert leiing over heile livet i landet gjennom partiet og den proletariske staten, at sentralisert styring og det skapande tiltaket til dei lokale organa og dei arbeidande massane verkar saman. Gjennom å ta fullt og heilt opp i seg dette store marxist-leninistiske prinsippet, stiller grunnlovsutkastet seg i motstrid til alle anti-marxistiske omgrep og all anti-marxistisk praksis revisjonistane har, både til dei liberal-anarkistiske omgrepa som fornektar proletarisk sentralisme og til dei byråkratisk-sentralistiske omgrepa som hindrar dei arbeidande massane i å ta del i å styra landet.

I det sosialistiske Albania er retten det arbeidande folket har til arbeid, til gratis utdanning og helse-teneste, til å halde levemåten når ein vert gamal, til tale-, trykkje- og organisasjonsfridom, verna av lov og garantert i praksis. Det er garantert full likskap for lova for alle utan nokon grenser eller forrettar når det gjeld rettar og plikter på grunn av kjønn, rase, nasjonalitet, utdanning, stilling eller materielle kår, osv. Ein av dei store bragdene i det historiske arbeidet til partiet og folkemakta er frigjeringa av den albanske kvinna og at ho er fullt ut jamstelt med mannen i arbeid og betaling og på alle felt av livet. Alle desse ovstore politiske og sosiale sigrane partiet og folket har vunne, har ein viktig plass i den nye grunnlova.

Røyndommen vår, det sosialistiske demokratiet vårt, slår attende all baktalinga til dei borgarlege og revisjonistiske ideologane som hevdar at den sosialistiske skipnaden manglar demokrati. Hjø oss er fridom og demokrati berre for dei breie massane i det arbeidande folket. Dei er ikkje, og kan ikkje vera, for fiendane til arbeidarklassen og folket, for dei som prøver å undergrava den proletariske statsmakta og den sosialistiske samfunnsskipnaden, slik borgarskapet og dei revisjonistiske svikarane gjerne ville. I fullt samsvar med det marxismen-leninismen lærer, har partiet og prole-

tariatets diktatur ikkje tillate og vil aldri tillata den slags demokrati. Det sosialistiske demokratiet vårt er eit sant demokrati for folket, for massane av det arbeidande folket, og berre for dei.

I den folkelege diskusjonen om grunnlovsutkastet fagna heile folket entusiastisk som eit grunnprinsipp det som var teke inn i grunnlova i paragrafen om at *«Arbeidets Parti i Albania, fortroppen til arbeidar-klassen, er den einaste politisk leiande krafta i staten og samfunnet.»*

Partiet har med den største lojalitet og med stødleik som ikkje har vakla, halde fast på det store prinsippet at å tryggja den leiande rolla til det marxist-leninistiske partiet, er det avgjerande vilkåret for at revolusjonen skal kunna gjennomførast, for at proletariatets diktatur skal kunna innførast, for at sosialismen skal kunna byggjast. Det har alltid hatt det klårt føre seg at leiing frå partiet er det fortetta og høgste uttrykket for den leiande rolla til arbeidarklassen og den fremste subjektive faktoren for å setja det revolusjonære programmet til partiet ut i livet.

Det at dette er gjort til eit grunnprinsipp i grunnlova, er endå eit prov på at partiet vårt, som alltid, er fast-rådd på å setja ut i livet og forsvara dei udøyande lærdommane til Marx, Engels, Lenin og Stalin i kvar einaste sak og på alle felt. Den leiande rolla til partiet i samfunnet vårt og staten vår er ikkje berre eit grunnkrav i marxismen-leninismen, men er ein historisk røyndom.

Med partiet i brodden gjennomførde folket vårt den nasjonale frigjeringskrigen og vann fridom og sjølvstende, velta det gamle styret og sette inn folkemakta. **Med partiet i leiinga vart store revolusjonære omskipingar sette i verk. Under leiing av partiet forsvarte folket vårt landet mot dei ville åtaka frå fiendar innanlands og utanlands, tryggja og grunnfeste det politiske og økonomiske sjølvstendet til landet. Med partiet i brodden har det Albania som vi fagnar i dag, og som vi all-**

tid og utan stogg må streva for å gjera sterkare og meir blømande, vorte bygd.

Men, som marxismen-leninismen lærer oss og den historiske røynsla vår har overtydd oss om, er det ikkje berre for ei viss tid at den leiande rolla til partiet er naudsynt. Ho er heilt naudsynt i heile tidbolken medan bygginga av sosialismen vert fullført og fram til kommunismen. **Di lengre fram revolusjonen går og di djupare han vert, di meir må den leiande rolla til partiet styrkjast og gjerast meir fullkomen på alle felt i livet og i statleg og sosial verksemd.** Dersom denne rolla får lov til å verta veikare eller å verta fjerna, trugar store fårar revolusjonen og sosialismen og det ventar dei store nederlag.

Siktemålet til dei revisjonistiske teoriane som hevdar at den leiande rolla til partiet tek slutt i overgangsperioden eller berre får ein oppsedande funksjon, er å la arbeidarklassen og folket bli ståande utan leiing, slik at proletariatets diktatur og sosialismen kan veltast og kontrarevolusjonen sigra.

Med å setja prinsippet om den leiande rolla til partiet inn i grunnlaget for grunnlova, vernar vi marxismen-leninismen mot desse ville åtaka og ber den sanne sosialismen frametter i Albania.

Det at den marxist-leninistiske ideologien no er vorten den rådande ideologien i landet vårt, er ein annan historisk røyndom. Alt politisk, økonomisk, sosialt, utdanningsmessig og kulturelt liv vert rettleidd av prinsippa i ideologien til arbeidarklassen og vert gjennomsyra av prinsippa i den proletariske moralen. Eit resultat av det store arbeidet til partiet og av den ideologiske og kulturelle revolusjonen, er at dei breie massane har famna den revolusjonære teorien til proletariatet. Han gjev tonen for og avgjer utviklingskursen til heile det andelege livet i samfunnet vårt. Marxismen-leninismen som lyser opp vegen vår til sosialismen og kommunismen, er vorten skapt om til ei stor drivkraft.

Den marxist-leninistiske ideologien og lina til partiet gjer folket i stand til å skjønna samtida betre og til å ha endå større tillit til framtida. Livet i dei siste trettifem åra har overttydd folket fast om at det berre er på grunnlag av det revolusjonære livssynet til arbeidar-klassen at det er råd å innføra, verna og styrkja proletariatets diktatur, å byggja sosialismen med framgang og å marsjera tillitsfullt mot det klasselause kommunis-tiske samfunnet.

Denne røynsla og desse sigrane har ført til at å for-svara og gjennomføra marxismen-leninismen prinsipp-fast er vorte ei sak for heile det arbeidande folket, og til at dette vert sett på som eit livsviktig spørsmål for lagnaden til sosialismen. Difor er **det grunnlova slår fast om at «marxismen-leninismen er den rådande ideologien» i den sosialistiske staten vår, om at «heile den sosialistiske skipnaden vert utvikla på grunnlag av prinsippa i han», ein stor historisk siger for sosialismen i Albania.**

Eit av dei store prinsippa i marxismen-leninismen og ei av dei viktigaste slutningane som er dregne ut av dei revolusjonære røynslene til partiet, er at det er absolutt naudsynt å halda fram å føra klassestriden i tidbolken då bygginga av det sosialistiske samfunnet skal full-førast og heilt fram til kommunismen.

Dei moderne revisjonistane, med sovjetrevisjonistane i brodden, påstår at klassestriden døyr ut når utbyttar-klassane vert gjort til inkjes. Dette er dåretale. Målet er å avvæpna arbeidarklassen og byssa han i søvn for å opna vegen for attinnføring av kapitalismen. Dette er meir enn klårt prova i Sovjetunionen og i dei andre tidlegare sosialistiske samfunna der det nye kapitalis-tiske borgarskapet er kome til makta.

Røynslene til landet vårt provar at dei falske og kapitulasjonistiske teoriane om at klassestriden døyr bort under sosialismen, er range. Heile soga om bygginga av sosialismen i Albania er ei søge om ufor-sonleg strid mellom revolusjon og kontrarevolusjon,

mellom dei to utviklingsvegane, mot fiendar innanlands og utanlands og jamvel i rekkjene til folket og partiet sjølv. Denne striden er vorten ført utan stogg og har alltid vore beinhard. Berre formene og metodane i han har endra seg i samsvar med omstenda og utviklingsstega. Sjølv etter at utbyttarklassane var gjort til inkjes som utbyttarklassar, har fiendane innanlands og utanlands ikkje ein einaste augneblink lagt ned våpna eller stogga striden mot sosialismen. Difor har partiet og folket ført klassestriden på alle felt fast og stødig og på ein rett marxist-leninistisk måte, som det avgjerande vilkåret for å gjera den endelege sigeren for den sosialistiske vegen over den kapitalistiske vegen viss.

I samsvar med det marxismen-leninismen lærer og gjennom å lita på desse rike revolusjonære røynslene, slår grunnlovsutkastet uttrykkjeleg fast at **den sosialistiske staten i all si verksemd held fast på det store marxist-leninistiske prinsippet om klassestrid, som er den store drivkrafta som ber den sosialistiske revolusjonen frametter.**

I arbeidet med å laga utkastet til den nye grunnlova, har sentralkomiteen sett til at lina til partiet i større spørsmål om nasjonal suverenitet og forsvar av fridommen og sjølvstendet til landet, fullt ut er spegla att og klårt utforma i det. Under omstende der landet vårt er omlægra av imperialistar og revisjonistar, der politisk, ideologisk, økonomisk og militært press frå alle kantar vert sett inn mot landet, der sjåvinistiske teoriar om avgrensa suverenitet vert spreidde og der praksisen med å stela sjølvstendet frå folka vert tvinga fram med vald, vert desse problema svært viktige — ikkje berre teoretisk og juridisk, men like mykje praktisk og politisk.

Fordi det går ut frå det heilage målet å ta vare på og heile tida styrkja fridommen, sjølvstendet og forsvarsmakta til heimlandet og dei goda revolusjonen har gjeve oss, **slår grunnlovsutkastet fast at ingen andre enn dei representative organa i statsmakta kan utøva**

suvereniteten til folket eller noko som høyrer inn under han i namnet til republikken vår, at territoriet til fedrelandet er umissande og grensene ukrenkjelege. Etter grunnlova er det forbode å skipa utanlandske militærbasar og stasjonera framande tropper i kva form det enn måtte vera på territoriet til det sosialistiske Albania. I tillegg til dette har ingen rett til å under-teikna eller godkjenna kapitulasjon eller okkupasjon av landet.

Desse revolusjonære prinsippa er livsviktige og uttrykkjer klårt og greitt den suverene retten og viljen det albanske folket har til å forsvara livet sitt, det dei har oppnådd og det frie og sjølvstendige sosialistiske heimlandet sitt, til siste slutt. Samstundes er prinsippa som vert stadfeste i konstitusjonen, særleg det som forbyr skiping av utanlandske basar og stasjonering av framande tropper, ein høgtidsam lovnad om at territoriet til det sosialistiske Albania aldri skal verta brukt som base for aggresjon mot andre land.

Noko anna som er svært viktig for å verna sjølvstendet til landet og den sosialistiske skipnaden, er den føresegna i grunnlovsutkastet som forbyr at det vert gjeve konsesjonar til framande land, at utanlandske økonomi- og finansselskap og andre institusjonar vert skipa eller at ein gjev seg med på fellesføretak med borgarlege og revisjonistiske kapitalistmonopol og statar eller skaffar seg kredittar frå dei. Dette er eit umåteleg viktig prinsippspørsmål. Ikkje eitt land, stort eller lite, kan byggja sosialismen med å ta mot kreditt eller hjelp frå borgarskapet og revisjonistane eller med å innordna økonomien sin i det kapitalistiske økonomiske verdssystemet. All slik samanknytning av økonomien til eit sosialistisk land med økonomien i borgarlege eller revisjonistiske land, opnar dørene for verknaden av dei økonomiske lovene i kapitalismen og for forfall i den sosialistiske skipnaden. Dette er den vegen til svik og attinnføring av kapitalismen som revisjonistkikkane har fylgt og held fram å fylgja.

Folket vårt ser alltid på det å forsvare fridom og nasjonal suverenitet som plikta over alle plikter. Difor har partiet og folkemakta gjort ei rad særst viktige tiltak med politisk, ideologisk, militært og anna innhald — som og er stadfeste i grunnlovsutkastet — for å organisera eit pålitande og usårleg forsvar som kan garantera dei sosialistiske sigrane våre og stå mot all fiendeaggreasjon, uansett kvar han kjem frå. **Grunnlova stadfester og det store marxist-leninistiske prinsippet om at forsvaret av fedrelandet og dei goda sosialismen har gjeve, er garanterte av det væpna folket organisert i dei væpna styrkane.**

Det er fullt ut mogeleg å tryggja den nasjonale suvereniteten og politisk og økonomisk sjølvstende, og å garantera forsvaret av landet, av di folket har makta i Albania, av di suvereniteten fullt og heilt tilhøyrer det arbeidande folket og vert utøvd av det åleine, av di proletariatets diktatur med Arbeidets Parti i leiinga har makta her.

Desse grunnprinsippa som er stadfeste i grunnlovsutkastet, speglar att den revolusjonære marxist-leninistiske politikken og lina til partiet. På same tid samsvare dei med dei brennande vonene til det albanske folket som i hundretals år utan stogg har kjempa og ofra elver av blod for fridommen, sjølvstendet og styringsretten sin. Difor har heile folket samrøystes sagt seg samd i desse store prinsippa i grunnlova og sagt seg budde alle som ein til å forsvare den nasjonale suvereniteten og kvar einaste tomme av det sosialistiske fedrelandet sitt, uansett kva det måtte kosta og under kva tilhøve det måtte vera.

Røynslene frå landet vårt provar at å verna det økonomiske og politiske sjølvstendet og forsvare den nasjonale suvereniteten er nært knytt til konsekvent gjennomføring av prinsippet om sjølvberging. I høve dette store spørsmålet seier grunnlovsutkastet at **gjennom heile bygginga av sosialismen held den sosialistiske**

Folkerepublikken Albania fast ved prinsippet om sjølvberging.

På same måten som fridommen og sjølvstendet til eit land ikkje vert gjeve til det, er heller ikkje revolusjonen og sosialismen importerte. Dei er utfallet av den viljefaste revolusjonære striden som dei breie arbeidande massane i kvart land fører, med arbeidarklassen i brodden og det marxist-leninistiske partiet i leiinga. Prinsippet om sjølvberging stengjer ikkje for internasjonalistisk hjelp frå proletariatet, revolusjonære og dei sosialistiske landa. Den ytre faktoren, internasjonalistisk solidaritet og hjelp, er eit hjelpande og utfyllande element, men ikkje det avgjerande, sjølv om det er svært viktig.

I den nasjonale frigjeringskrigen og i bygginga og forsvaret av sosialismen, har partiet viljefast nytta det marxist-leninistiske prinsippet om sjølvberging. Akkurat dette er grunnen til at landet vårt greidde å ta seg sigerrikt av dei nazi-fascistiske okkupantane og alt press og alle blokadar frå imperialistane og revisjonistane, at det har bygd ein sterk og sjølvstendig økonomi, utvikla ei sterk og pålitande forsvarsmakt og ein kultur og kunst med eit sunt sosialistisk innhald. Med å fylgja den marxist-leninistiske kursen med sjølvberging utan avvik, vil Albania vinna nye og endå større sigrar i fullføringa av bygginga av det sosialistiske samfunnet.

Grunnlovskastet stadfester og ei rad andre viktige prinsipp og normer som ligg under i bygginga av og verksemda i alt økonomisk, sosialt, politisk og andeleg liv. Dette gjeld særleg slike som styrer eigartilhøva og distribusjonstilhøva, den planstyrte utviklinga av økonomien, sosialistisk rett, tilhøvet mellom kadrane og massane, mellom staten og samfunnet, og i tillegg prinsipp og normer som slår fast rettar og plikter for innbyggjarane osb. At grunnlova stadfester grunnprinsippa i utanrikspolitikken til staten vår, er særleg viktig.

Den nye grunnlova gjev ei attspegling av eit ekte sosialistisk samfunn som er bygt i samsvar med det Marx, Engels, Lenin og Stalin lærer, der dette er innlagt i og vert stadfest av den revolusjonære praksisen til landet vårt. Når vi i den nye grunnlova kallar republikken vår ein sosialistisk folkerepublikk, uttrykkjer ho difor så fullstendig og klårt som råd klasseinnhaldet og den sosialistiske røyndommen til Albania i dag.

Når Folkeforsamlinga godkjenner den nye grunnlova til den sosialistiske staten vår, vil dette gje liv til eit nytt og kraftfullt tildriv i alt arbeid og strid i folket vårt for å byggja og forsvare sosialismen. Den nye grunnlova vil gjera proletariatets diktatur i Albania endå sterkare og meir uovervinneleg, og ho vil opna endå større voner for at fedrelandet skal vinna framgang og bløma rikt.

II

Den økonomiske utviklinga av landet og oppgåvene til partiet

Under leiing av partiet og inspirerte av den rette marxist-leninistiske lina det har, har arbeidarklassen, samyrkebøndene og folket sine intellektuelle samla alle dei krefter dei har og i det store og heile gjennomført dei oppgåvene det sjette partilandsmøtet sette for utviklinga i økonomien og kulturen med framgang.

Partidirektivet om å utvikla økonomien på eit proporsjonalt og harmonisk vis vart sett ut i livet, og med dette vart det i den femte femårsbolken sikra vidare vokster og styrking av alle greiner i økonomien. I 1975 hadde samfunnsproduksjonen gått opp med 37 prosent i høve til 1970, og nasjonalinnkoma med 38 prosent — i gjennomsnitt tre gongar så mykje som auken i folketallet.

Med å fylgja vegen med sosialistisk industrialisering, er rolla til industrien som den leiande greina i den samla økonomiske utviklinga, gjort endå sterkare i denne tidbolken. No er industriproduksjonen komen opp i om lag 65 prosent av all industri- og jordbruksproduksjon. I 1975 hadde industriproduksjonen gått opp med 52 prosent i høve til 1970 — ei gjennomsnittstakt på 8,7 prosent i året.

I desse åra er det gjort krafttak i det revolusjonære arbeidet for å setja ut i livet den rette politikken partiet har for å utvikla og modernisera det sosialistiske landbruket raskt, for dette er den grunnleggjande greina i økonomien. Jordbruksproduksjonen gjekk opp med 33 prosent — ei gjennomsnittstakt på 5,9 prosent i året.

I denne femårsbolken var investeringsmengda 50 prosent større enn i den førre femårsbolken. Det vart arbeidd på 310 viktige økonomiske og sosiale tiltak. Halvdelen av dei er alt fullførde og i bruk.

På grunn av den totale veksten i produksjonen er folket tryggja ein vidare auke i materiell velstand og kulturelt nivå. Realinntekta pr. hovud gjekk opp med 14,5 prosent. Det var målet det sjette partilandsmøtet sette. Kjøpekrafta til folket er auka, og tilbodet er vorte stendig betre. Åttifem prosent av det folket trong av industri- og jordbruksvarer vart stetta av lokale produkt. Gjennom den siste femårsbolken vart 62.000 husvære og bustader bygde i byane og landsbyane. Utdannings- og kulturnivået til massane av folket vart lyft høgre opp. Dei siste fem åra har over 12.500 menneske gått ut frå dei høgre skulane og 72.000 andre frå skular på mellomnivå. Auken i velstand og kulturnivå og utvidinga og betringa av helsetenesta førte til auke i gjennomsnittslevealderen og til ei høg takt i auken i folketallet.

Denne allsidige materielle og kulturelle utviklinga er vorte fylgt med å knesetja viktige tiltak for å styrkja sosialistisk eigedom, for vidare revolusjonær betring av distribusjonstilhøva og byttetilhøva.

Resultata som er nådde i å setja ut i livet dei oppgåvene det sjette partilandsmøtet sette for å utvikla økonomien og kulturen, fortel klårt at den marxist-leninistiske lina til partiet er rett, at det sosialistiske systemet vårt er overlegent, at medvitsnivået og nivået i skaparevna til folket vårt er høgt.

Skal vi kunna vurdera rett dei store resultata som er nådde, må vi ikkje gløyma å peika på at det i striden for å oppfylla femårsplanen, attåt ein del objektive vanskar, og har vore ei rad manglar og veikskapar i styringa og organiseringa av arbeidet, byråkratiske og liberale haldningar og gjerningar, teknokratiske og intellektualistiske synsmåtar som førte til at det vart monalege underskot i nokre sektorar. Dei planlagde

måla for utvinning av olje, krom, kopar og kol, i produksjonen av brødkorn og avlingar til industrilverking vart ikkje nådde fullt ut. Bygginga av ein del industriføretak vart ikkje fullført etter timeplanen. Sabotasjeverksemnda frå fiendegruppene som vart avslørte og fordømte av partiet, hadde og beinveges innverknad på at desse måla ikkje vart nådde.

Men korkje den brutale imperialistisk-revisjonistiske omlægninga og blokaden på alle felt, presset frå den økonomiske og finansielle krise i den kapitalistisk-revisjonistiske verda, eller verksemnda til fiendar, kunne stogga den sigerrike marsjen til det sosialistiske Albania.

Dei store sigrane som er vunne i den materielle og andelega utviklinga av samfunnet vårt, har skapt ein sterk basis som opnar store voner for den uimotståelega gangen vår frametter.

Sentralkomiteen har teke utgangspunkt i den marxist-leninistiske generallina for bygginga av sosialismen, og har ut frå denne sett opp utkast til direktiv for utvikling av økonomi og kultur i bolken 1976—1980. Desse legg han no fram for landsmøtet til vurdering.

Desse utkasta til direktiv har vore drøfta av dei arbeidande massane. Dei sa meiningane sine, oppdaga nye reservar og råder, og kom med svært verdfulle framlegg for å fremja delane av planen og finna måtar til å tryggja oppfylling og overoppfylling av måla.

Den sjette femårsplanen er ein mobiliserande og realistisk plan. Han byggjer på strevet, styrken og dei andelega og fysiske evnene til folket, på ressursane og det som er mogeleg i økonomien, på den indre sosialistiske akkumulasjonen. Det som er nådd til i dag, den materielle og tekniske basisen som er skapt, dei store røyntene som er vunne, gløden folket vårt syner, at dei er budde og legg i dagen ein brennande patriotisme, er ein pålitande garanti for at planen vil verta oppfylt fullt ut.

I samsvar med retningslinene partiet har gjeve i utkasta til direktiva for å utvikla økonomien og kulturen i bolken 1976—1980, er fylgjande grunnoppgåve sett:

«Å gå vidare med å byggja sosialismen i landet med raske steg for å skapa det sosialistiske Albania om til eit industri- og jordbruksland med avansert industri og jordbruk i samsvar med prinsippet om sjølvberging, for å styrkja det økonomiske sjølvstendet til landet endå meir på alle felt; å gjera dei sosialistiske produksjonsforholda og overbygninga endå betre; å styrkja proletariatets diktatur og auka forsvarsmakta til fedrelandet; å lyfta det materielle og kulturelle nivået til dei arbeidande massane høgre opp gjennom å føra vidare arbeidet med å gjera skilnadene mellom by og land mindre. Dette skal verta nådd på grunnlaget med å føra klassestriden konsekvent og mobilisera all styrken og alle kreftene til folket under leiing av partiet.»

For å kunna gjennomføra denne grunnoppgåva, set den sjette femårsplanen føre at den sosialistiske økonomien må utviklast vidare på alle felt. Som før vert utviklinga av tungindustri sett fyrst, då dette er fortroppen i heile prosessen med sosialistisk industrialisering av landet. Med opninga av nye føretak med høgt konsentrasjonsnivå i produksjonen og teknisk utstyr, vil industrien få nye kvalitative dimensjonar og drag.

Industriproduksjonen vil alt i alt gå opp med 41—44 prosent. Av han vil produksjonen av produksjonsmidlar gå opp med om lag 60 prosent. Den samla verdien av industriproduksjonen i den sjette femårsplanen vil vera større enn den som vart nådd i dei fire femårsplanane frå 1951 til 1970.

Direktiva til partiet for å intensivera og modernisera jordbruket, for at jordbruksproduksjonen og husdyrproduksjonen skal veksa kraftig, vert fullt ut spegla att i dei oppgåvene som er sette for denne livsviktige greina. Den samla jordbruksproduksjonen i 1980 er venta å gå opp med 38—41 prosent i høve til 1975. På

desse fem åra vil han koma opp i om lag det same som produksjonen i den fyrste, andre og tredje femårsbolken til saman.

Investeringsmengda er venta skal verta 35—38 prosent større enn i den førre femårsbolken. Det er om lag det same som den samla investeringsmengda i dei tjue åra frå 1951 til 1970 til saman.

Nasjonallinnkoma er rekna med å skulla gå opp med 38—40 prosent. Tilbodet av matvarer og industriprodukt til folket vil verta endå betre. Daglegvaretilførsla skal gå opp med 22—25 prosent og realinntekta pr. hovud med 11—14 prosent. Utdanning, kultur, helsestell og vitskap vil ta viktige steg frametter. I 1980 vil om lag 730.000 elevar og studentar gå på skular av alle slag, 18.000 studentar vil gå ut frå høgare skular og 91.000 frå skular på mellomnivå.

Desse lysande perspektiva som er opna for landet gjennom den nye femårsplanen, inspirerer heile det arbeidande folket, styrkjer sjølvtrua deira, gjev dei mot og nye krefter til å ta på seg og gjennomføra endå større oppgåver til beste for folket og landet, for at det sosialistiske Albania skal ha framgang.

Dette er nokre av hovudmåla i den sjette femårsplanen. Kamerat Mehmet Shehu som skal leggja fram meldinga frå sentralkomiteen om utkasta til direktiv for utviklinga av økonomi og kultur i bolken 1976—1980, vil fortelja meir detaljert om dei. Her skal vi halda oss til nokre aktuelle grunnleggjande spørsmål i den økonomiske politikken til partiet.

1. Vidareutviklinga av industrien — hovudfaktoren for å styrkja økonomien

I programmet for å utvikla og grunnfesta den sosialistiske økonomien har partiet heilt frå starten alltid fylgt ei rett marxist-leninistisk line. Det har prioritert å grunnleggja industri og byggja han ut,

styrkja og modernisera han. Dei sigrane som er vunne på alle felt, i industrien, bergverk, byggjeverksemd, kommunikasjonar osv., er ei fylgje av at denne rette politikken til partiet er djervt gjennomført. Frå 1960 som var det året då sovjetrevisjonistane sette i verk den brutale blokaden sin, auka den samla industriproduksjonen 3,9 gongar fram til 1975, — av denne auka produksjonen av olje og kromindustrien 3,1 gongar, koparindustrien 21 gongar, kraftindustrien 7,1 gongar, kjemisk industri 24,8 gongar og maskinindustrien 14,4 gongar.

Når ein ser på dei resultatane som er nådde og vonene som er opna for den vidare utviklinga av landet vårt, skjønar ein kor rett og framsynt han var, den striden partiet har ført mot «framlegga» og presset frå dei jugoslaviske og sovjetiske revisjonistane og dei defaitistiske synspunkta til fiendane innanlands. Dei prøvde å få landet vårt bort frå den rette vegen partiet hadde valt for den sosialistiske industrialiseringa. Dei streva av all makt for å sabotera utviklinga av industrien, gøymde unna geologiske data med det føremålet å prova at landet vårt visstnok skulle mangla råstoff, at det ikkje var bryet verdt å investera i gruveindustrien, at det ville vera betre å bruka desse pengane på solsikker og appelsinar.

For å utvikla dei ulike greinene i industrien og folkeøkonomien i det heile, har partiet fyrst og fremst sett lit til mineralressursane i landet og utnytting av dei. Gruvedrift, som tek hovudplassen i tungindustrien, sikrar økonomien umåteleg verdfulle og uerstattelege råvarer, som er råstoffet til industrien og hovudkjelda til eksport.

Landet vårt utnyttar så langt som råd slike verdfulle ressursar som krom og jarn-nikkelmalm, kopar, svovelkis, olje, gass og kol. Fram til no er det oppdaga mange slag mineralar. Kjensgjerningane viser at det under bakken i Albania korkje manglar bauxitt, fosforitt, polymetall eller andre slag mineralar.

I den nye femårsplanen vil og rask og jamn utvikling av industrien vera beinveges knytt til at gruve drift, utvinnings- og vidaretilarbeidingsindustrien vert utbygde. Desse vil halda fram å veksa i større takt enn andre industrigreinene.

Retningslina partiet har for den sjette femårsplanbolken er å få til meir rasjonell utnytting av dei ressursane som finst, og størst krefter og dei fremste hjelpe- rådene må samlast om dette. Partiet vil setja nye ressursar inn i den økonomiske sirkulasjonen og auka verdet av minerala gjennom anriking og vidaretilarbeiding innanfor landegrensene.

For å styrkja økonomien endå meir, for å garantera eit sterkast mogeleg grunnlag av råvarer og energi til industrien, må geologien spela ei særskilt rolle. Han må halda seg framføre utviklinga i gruveindustrien og opna nye vegar for han. Dersom farten i arbeidet med å leita etter og finna nye mineralar vert sett ned, vil dette dra med seg negative fylgjer for økonomien.

Problema i geologien må verta ei sak for partiorganisasjonane, staten og dei økonomiske organa på brei front, og må aldri sjåast på som spørsmål berre spesialistar kan ta seg av. Partiorganisasjonane må særleg syta for at arbeidarane i geologien får ideologisk-politisk oppseding og yrkesopplæring. Dei bør oppmuntra i dei ynskjet og viljen til å studera og meistra vitenskap og teknologi, og gjera betre nytte av dei, til beste for økonomien og heimlandet.

Geologi er ein vitenskap med streng disiplin, som krev grannsemnd som kan kontrollerast i kvar handling og på eitkvart tidspunkt. Den geologiske sektoren vår har nettopp lidd under mangel på streng vitenskapleg disiplin og djuptpløgjande studiar som er bygde på fakta. På same måten som i ein kvar annan vitenskap — og endå meir i geologien — kan ein ikkje gå frametter med gissing eller med empiristiske metodar. Difor krevst det av geologane at arbeidet deira alltid er fast bygt på djuptpløgjande samansette studiar, at dei lagar nøyaktige

generaliseringar av faktiske data for å koma fram til nyttige oppdågingar med minst moglege utgifter.

Folket og landet krev at geologane, spesialistane i malmleiting og alle arbeidarane i geologien studerer rikdommane under bakken vitskapleg, driv på og arbeider i stor målestokk for å avduka mineralinnhaldet i dei og auka dei geologiske reservane våre. **For å nå dette målet, må geologane djervt granska kvar einaste tomme av fjella og slettene våre, skulder ved skulder med amatørleitarane, og vurdera kvart einaste spor, kvart einaste teikn og kvar einaste oppdåging med største alvor.**

For å styrkja produktivkreftene til landet endå meir, for å skapa ein meir effektiv struktur i industrien og i dei andre greinene i økonomien, for å grunnfesta det økonomiske sjølvstendet vårt endå betre, legg partiet umåteleg stor vekt på å utvikla utvinnings- og vidaretilarbeidingsindustrien raskt.

Men den vidaretilarbeidingsindustrien vi alt har, og den som skal byggjast ut alt i eitt, krev store mengder krom, kopar, jarn-nikkel og andre mineralar. Desse minerala som er så verdfulle for landet vårt og som det er så knapt av på utanlandsmarknaden, er og hovudkjelda til utanlandsvaluta i statsinntektene. Femårsplanen vil syta for at utvinninga av krommalm aukar med 47 prosent, av kopar med 55 prosent og utvinninga av jarn-nikkel vil gå opp 3,3 gongar. Skal desse viktigaste oppgåvene oppfyllast, krevst det at gruvene vert utnytta så effektivt som berre råd. Dette må byggja på grundig vitskapleg kunnskap, streng teknisk disiplin og sosialistisk medvit på høgt nivå. Mineralmengdene som finst er ein stor rikdom. Difor kan ein ikkje tillata at det vert nytta ufornuftige og lite gjennomtenkte metodar eller berre tenkt på verdsstatistikken. Dette har gjort ikkje liten skade tidlegare. Store oppgåver ventar oss med å auka mekaniseringsnivået når det gjeld utvinning og transport av mange millionar tonn malm frå det indre av jorda. Hjelperådene og

maskinane ein alt har og dei ein kan finna lokalt må nyttast fullt ut. Utviding og utbygging av transport og bygging av nye jarnvegar må og i framtida fyrst og fremst rettast mot gruvane.

Partiet har alltid sett på det å utvikla olje-, gass- og kolindustrien som eit særleg viktig politisk og økonomisk problem, nært knytt til utvikling av landet på alle felt og til styrking av sjølvstendet og forsvars-evnen. Dersom industri, jordbruk, transport og dei andre greinene i økonomien skal kunna veksa utan stogg og forsvarsmakta til landet skal kunna grunnfestast og gjerast meir moderne, krevst det stendig meir kol, motorbrensel, smurning og gass.

Nettopp fordi olje-, gass- og kolindustrien er så viktig for økonomien og forsvaret, har indre og ytre fiendar alltid og på alle tenkjelege måtar streva for å hindra og sabotera rask utbygging av dei. Det var då og dette fiendane til partiet og folket, Abdyl Këllezi og Koço Theodhosi, dreiv med. Med utkropne metodar greidde dei å skapa forvirring i gass- og oljeleitings-arbeidet og leidde det inn på ein rang anti-økonomisk og anti-vitskapleg kurs. Med å setja i gong ufornuftig boring som ikkje gav noko som helst resultat, saboterte dei arbeidet med å finna nye kjelder. For å dekkja over spora etter sabotasjeverksemda si i oljeutvinnings-arbeidet, oppmoda dei til barbariske metodar i utnyttinga av dei eksisterande kjeldene. Målet deira var å la landet og folket verta ståande utan olje.

Skaden fiendane gjorde, skapte ein del mellombels vanskar. Men oljearbeidarane, leidde av partiet, kjempar fast for å vinna over fylgjene av sabotasjeverksemda og for å gje landet meir olje og gass. Dei arbeider hardt for å byggja ut dei kjeldene som alt finst, og er optimistiske når det gjeld å finna nye olje- og gasskjelder.

Då verda er inne i ei energikrise og tiltrongen til olje og gass i landet vårt stendig aukar, krevst det at oljearbeidarane arbeider hardare og med større vitskapleg

disiplin, slik at vedlikehald og utnytting av olje- og gassfelt er bygt på godt underbygde planar og at metodar som aukar utvinningsgraden og gjer levetida til feltet lengre, vert nytta fullt ut. Partiet har alltid gjeve påbod om at **det er naudsynt å konsentrera oljeleitinga til alt kjende og lovande område for å gjera det visst at det vert oppdaga nye olje- og gassfelt, og for å slå fast kva voner det er for dei komande femårsbolkane.** Olje og gass er mellom dei mest verdfulle rikdommane landet vårt har. Vår generasjon har dessutan plikt til å tenkja på dei komande generasjonane.

Når det gjeld kol, har partidirektivet vore og er framleis at dette brennstoffet må nyttast breitt der det er råd. Varmeinnhaldet i kolet vårt stettar krava i dei fleste industrigreinene. Difor må ein ikkje underurdere det, slik fiendane gjorde. Dei sette med vilje grenser for kolutvinninga og ville setja olje i staden. Denne femårsplanen slår fast at kolutvinninga skal doblast. For å nå dette høge målet er det tvingande naudsynt **å setja nye gruver i drift så snart som råd, å halda dei som finst i gong og auka kolutvinninga frå dei,** og aldri la kol som er lagra få lov til å verta skjemt.

Partiet har lagt stort vinn på å byggja ut og grunnfesta den elektriske kraft-industrien. Denne har prioritet i industrialiseringa av landet og utviklinga av folkeøkonomien i det heile. Med opninga av det store vasskraftverket i Fierza og den nye kapasiteten som vil koma til i denne femårsbolken, vil gjennomsnittsvoksteren i året i produksjonen av elektrisk kraft verta 2,4 gongar større enn gjennomsnittsvoksteren i samsfunnsproduksjonen i åra 1976—1980. Den høge voksterraten i denne greina må fylgjast opp med eit strengt program for å spara elektrisk kraft og slikt brennstoff som vert brukt til å produsera kraft. Vasskraftverka vil halda fram å vera, slik dei har vore det til no, grunnlaget for å auka produksjonen av elektrisk kraft, medan varmekraftverka må byggjast slik at dei kan drivast hovudsakleg på kol og gass.

Den rette politikken partiet har for å vurdere verdet av naturressursane våre og når det gjeld å grunnfesta den sunne og pålitande basisen for sosialistisk industrialisering av landet, er fullt ut komen til uttrykk i utbygginga av ein stor vidaretilarbeidingsindustri. Eit av dei viktigaste draga ved denne femårsbolken er at nye greiner vert lagde til den alt eksisterande vidaretilarbeidingsindustrien. Dette gjeld til dømes fullt utbygd ferro-metallurgi, ferro-krom- og pyrometallindustri og koparvalseverk. Nye føretak i kjemisk industri og i tillegg mange føretak og fabrikkar for å raffinera malm og brennstoff vil verta tekne i bruk. Dette gjev høve til å vidaretilarbeida fleire mineral- og ikkje mineralhaldige råvarer lokalt, og skaper i tillegg det grunnlaget som må til for å utvikla dei alt eksisterande industrigreinene og for å byggja ut nye greiner i framtida. På denne måten går sjølvforsyningsnivået i industrien opp, økonomien vert styrkt endå meir, evna til å eksportera og verdet av dei vidaretilarbeidde produkta aukar. Slik tener økonomien til at forsvarsmakta til landet vert styrkt.

Med ei slik utvikling av vidaretilarbeidingsindustrien vil over 65 prosent av eksportmengda i 1980 vera varer som er vidaretilarbeidde lokalt. I 1960 var det 46 prosent. Dette er ein viktig peikepinn på at den politikken partiet har fylgt, er rett. Partiet vil halda fram på denne kursen, og då vert det **ei oppgåve for framtida å gjera oss i stand til å vidaretilarbeida alle mineralar lokalt og slutta å eksportera råmalm.**

Industrien vil bli kraftig styrkt gjennom denne femårsbolken. Storproduksjon vil koma i gong i det metallurgiske kombinatet i Elbasan. Det vil smelta vår eigen malm om til råjarn og stål med høg kvalitet og i tillegg gje landet nikkell og kobolt som er svært mykje verd på verdsmarknaden.

Alt på det fjerde landsmøtet vedtok partiet at det skulle byggjast eit metallurgisk kombinat. Dei sovjetiske revisjonistleiarane greidde å sabotera denne

planen den gongen. Dei nekta å gje kredittar til landet vårt til dette tiltaket, fordi dei fylgde ein nykolonialistisk politikk og ynskte at landet vårt skulle verta økonomisk bunde til dei, og fordi dei ynskte å hindra bygginga av sosialismen i Albania. Men med internasjonalistisk hjelp frå dei kinesiske kameratane, frå det kinesiske kommunistpartiet og den kinesiske regjeringa, er folket vårt no i gong med å byggja opp dette store føretaket med framgang. På same måten er dei ved å fullføra mange andre tiltak med brorskapleg hjelp frå Kina. Partiet og folket vil gjerne takka det kinesiske partiet og folket djupt for den svært verdfulle støtta og hjelpa vi har fått frå dei.

Den ferro-metallurgiske industrien med innfløkt moderne utstyr og teknologi, er ein ny industri for oss. Difor må partiet ta fast hand om den ideologisk-politiske oppsedinga og yrkesopplæringa av dei unge arbeidarane i den metallurgiske industrien — frå vanlege arbeidarar og teknikarar og opp til ingeniørar og direktørar. Då kan dei læra å meistra den framskridne teknologien og det vanskelege og finslege yrket det er å vera arbeidar i metallurgisk industri, og gje landet stål og andre metall som har så høg kvalitet som berre råd.

Eit anna stort føretak som snart skal opnast, er oljeraffineriet i Ballsh, der råoljen vil gå gjennom ein moderne raffineringssprosess. Når dette føretaket kjem i verksemd, vil det laga motorbrensel og smurning med høg kvalitet og vil med dette stetta tiltrongen i industrien, jordbruket og transport betre. Dessutan vil importen av ei rad slag motorbrensel gå ned, og det same vil eksporten av råolje.

Sparsømd og nøysømd i bruken av råvarer, særleg olje, gass, kol og elektrisk kraft, må verta djupt innpoda i tankane til det arbeidande folket. Ein må spara der ein kan. Dette gjeld når ein leitar, borar, vinn ut og alle stader ein nyttar desse materiala, då dei er ein stor

og umissande rikdom for landet vårt. Overdrivne og uturvande utgifter skader bygginga av sosialismen.

Den kjemiske industrien vil veksa og utvikla seg vidare med grunnlag i utvinning og lokal vidaretilarbeiding av råvarer, som til dømes olje, gass og fosforitt. Produksjonen av kjemisk gjødsel som er så viktig for å gjera jordbruksproduksjonen og husdyrproduksjonen større, vil auka særleg mykje.

Industrien som lagar bygningsvarer vil og auka produksjonen, særleg sementindustrien. Då kan han fullt ut stetta tiltrongen i anleggsverksemd og i økonomien, og i tillegg eksportera.

Den lokale produksjonen av råjarn og ulike slag stål skaper gode vilkår for og opnar nye voner for utviklinga av maskinindustrien. **Med den sterke og framskridne basisen i maskinar, finst no alle vilkår for å gå over til å produsera alle spesialmaskinar til gruvedrift, jordbruk og dei andre greinene i økonomien i breiare og meir organisert målestokk; å byggja heile fabrikkar og produksjonsanlegg med grunnlag i sjølvberging.** I høve til 1975 vil produksjonen i maskinindustrien ha auka med 40—43 prosent i 1980. For å nå desse måla må yrkesdugleiksnivået til arbeidarane i denne bransjen aukast, ein må finna ei meir gjennomført løysing av problema med konsentrasjon, spesialisering og samarbeid og produksjonskapasiteten må nyttast fullt ut.

Saman med at partiet har prioritert utvikling av ein samansett tungindustri, har det alltid visst å verdsetja høgt at industrien som masseproduserer forbruksvarer vert utvikla snøgt, då dette er beinveges knytt til at levkåra til folket skal verta stendig betre. I dette stykket er det sett føre at lettindustrien og næringsmiddelindustrien skal utviklast vidare og styrkjast i den sjette femårsplanbolken. **Med dette vil produksjonen av matvarer, klede og sko, hushaldsreiskap osb. auka.** I denne bransjen må ein heile tida halda i tankane pålegget frå partiet om at trongen folket har, må verta

stetta stendig betre. Dette gjeld både mengde, vareutval og kvalitet, og at prisane er rimelege.

Utviklinga av industrien gjev nye og større voner for at alle greiner av økonomien skal kunna utvikla seg snøgt. Ho skaper nye materielle og finansielle ressursar. Som ein leiande faktor i heile økonomien, vil industrien gje eit kraftfullt støt til utviklinga av jordbruket særleg, då han skaffar det meir kjemisk gjødsel, landbruksmaskinar og reservedelar.

Partiet har ubrytande tillit til at den heltemodige arbeidarklassen og alle arbeidsfolk i industrien vil ta fram alle krefter og kunnskapar dei har for å oppfylla og overoppfylla dei viktige oppgåvene i den sjette femårsplanen. Slik vil dei gje endå eit verdfullt tilskot til den allmenne utviklinga av og framgangen for folkeøkonomien, til å skapa Albania om til eit industri- og jordbruksland med å utvikla industri og avansert jordbruk.

2. Jordbruket — den grunnleggjande greina i økonomien — må lyftast opp til eit høgre nivå

Arbeidets Parti, opplyst av marxismen-leninismen, har alltid halde det i minne at bygginga av sosialismen krev avansert og moderne jordbruk attåt utvikla industri. Landbruket er den grunnsteinen i økonomien som for ein stor del avgjer og set vilkåra for om ein kan gjennomføra oppgåvene i andre greiner, om den allmenne velstanden til folket skal auka og om forsvarsmakta til landet skal verta styrkt.

Ein verkeleg revolusjon er gjennomført i alle retningar i landbruket. Det er skapt ein sterk materiell og teknisk basis som tener til at jordbruket stendig kan verta intensivert. Frå år til år er produksjonen av jordbruks- og husdyrprodukt gått snøgt opp og har stetta trongen til folket og økonomien stendig betre. Berre under den førre femårsplanen auka produksjonen av

brødkorn med 35 prosent, medan kveiteproduksjonen vart dobla. Produksjonen av bomull gjekk opp med 48 prosent, av sukkerroer med 76 prosent, mjølkeproduksjonen med 47 prosent osv. Den sosialistiske landsbygda er endra radikalt, og levestandarden og velferda til bøndene kan ikkje ein gong samanliknast med korleis det var i fortida. Alle desse framgangane er prov på at lina til partiet er rett, og at kursen det har sett for den sosialistiske omskapinga av landsbygda er det. Kollektiviseringa av jordbruket som er sett i verk gjennom ei tid og steg for steg, den stendige styrkinga av felleseigedommen, provar kor overlegen og livskraftig den sosialistiske samyrkeskipnaden er nettopp no når det er stor mangel på jordbruksprodukt i heile verda — ikkje berre i dei underutvikla landa, men og i dei såkalla framskridne landa. Mange av dei, irekna det revisjonistiske Sovjetunionen, strekkjer hendene sine mot USA-imperialismen for å få brød. Revisjonistlandane gjennomlever ei alvorleg krise i jordbruket nettopp fordi dei har gjeve opp landsbygda og gått mot kollektivisering og har opna dørene på fullt gap for den kapitalistiske produksjonsmåten på landsbygda.

Å utvikla jordbruket kraftig er eit av dei mest grunnleggjande problema for partiet og heile landet. Etterspurnaden etter jordbruks- og husdyrprodukt for å stetta trongen til folket, lettindustrien og næringsmiddelindustrien veks frå dag til dag. Jordbruksprodukt trengst for å auka eksporten meir og for at vi skal kunna fjerna heilt frå importlista alle desse primærprodukta og matvarene frå jordbruket som vi framleis fører inn frå utlandet. På grunn av den imperialistisk-revisjonistiske omlægringa og blokaden og krisa i verdsøkonomien vert det at landet vårt er ubunde av utanlandske marknader endå viktigare.

Folket vårt og kadrane våre i by og land må vera medvitne om denne stoda og kor umåteleg viktig landbruket no er. Striden for å utvikla landbruket snøgt er ein strid for sosialisme og sjølvstende, ein strid for å

unngå slavebinding og svelt i hel for landet vårt. Dette er årsaka til at partiet for lenge sidan lanserte parolen «Landbruket — ei sak for heile folket». Partiorgana og organisasjonane, statsorgana og dei økonomiske organa har plikt til å arbeida på alle felt for å få alle til å forstå dette direktivet skikkeleg og setja det ut i livet til punkt og prikke, slik at alle vert fast overtydde om at landet vårt har alt som må til for å auka jordbruks- og husdyrproduksjonen monaleg.

I denne femårsbolken er hovudmålet til partiet når det gjeld landbruket å nå fram til full sjølvforsyning av brødkorn. Planen er at det frå i år skal produserast nok korn til å stetta all tiltrøng for det i landet, å auka statslagra og etter kvart byggja opp lager i dei økonomiske einingane i landbruket, og å tryggja betre forsyningar av fôr til husdyra. Produksjonen av brødkorn i 1980 er venta å verta 56—60 prosent høgre enn i 1975, og potetproduksjonen 48—50 prosent høgre.

Å nå fram til sjølvforsyning av brødkorn er umåteleg viktig økonomisk, politisk og strategisk. Eigenproduksjon av korn sikrar brød til folket og gjev eit kraftfullt tildriv til heile økonomien, støyper sjølvstendegrunnmuren til det sosialistiske fedrelandet vårt fastare, er ein garanti for at vi skal kunna greia oss i kva situasjon det måtte vera, i gode og dårlege tider. Det gjer landet ubunde av importert korn ein gong for alle og frigjer store summar framand valuta som kan nyttast til andre føremål.

Det fyrste året i femårsplanen gjekk ut med ein stor siger. Samyrkebøndene og dei andre landbruksarbeidarane oppfylte planen for produksjon av brødkorn sigerrikt, og har for fyrste gong skaffa alt det brødkornet som trengst i landet. Produksjonen av brødkorn var i år om lag 30 prosent større enn i 1975, som var eit rekordår i kornproduksjonen. Slike resultat kan ein berre nå i eit jordbruk som er utvikla på eit sunt sosialistisk grunnlag, av patriotiske bønder og eit helte-

modig folk som lojalt fylgjer og set ut i livet lina og læra til det marxist-leninistiske partiet deira.

Den kraftige voksteren i produksjonen av brødkorn er eit resultat av det allsidige strevet til det arbeidande folket i landbruket for å nå fram til eit høgt nivå i dyrking og systematisk bruk av jord med høg kvalitet, eit resultat av at ein nyttar utvalde såkorn og steller gransamt med avlingane. Alt dette stadfester endå ein gong det partiet har peika på gong på gong, at det ikkje er vêret og heller ikkje atmosfæriske faktorar som er avgjerande for å gjera store bragder i jordbruket, men fyrst og fremst hardt menneskearbeid.

Denne gode starten i å løysa oppgåva med å nå fram til sjølvforsyning av brødkorn må grunnfestast og førast vidare år for år. Partiorganisasjonane, organa i statsmakta og økonomien må oppsummera og gjera kjend dei røynslene som er vunne. Dei må oppmoda til og støtta skapande tildriv og gjera dei organisatoriske tiltaka som må til for at det materielle og tekniske grunnlaget skal verta nytta så effektivt som råd, slik at måla som er sette ikkje berre vert oppfylte, men overoppfylte.

Prioriteten partiet har gjeve og held fram å gje til produksjonen av brødkorn, hindrar slett ikkje, men stiller tvertom eit absolutt krav om at det vert utvikla ein samansett og harmonisk jordbruksproduksjon på brei front. Økonomien og folket treng alle slag jordbruks- og husdyrprodukt. Dei treng bomull, sukkerroer og tobakk, akkurat som dei treng oliven og solsikker. Desse produkta trengst ikkje berre som matvarer til folket, men og til industrien og ein del som eksportvarer i tillegg. I verda i dag er bomullstekstilar vortne ei luksusvare, og prisen for sukker og matolje på verdsmarknaden er svært høg.

Frukt- og grønnsakdyrking krev og særleg omsut, fordi større bruk av dei som matvarer betrar samansetninga av kosthaldet til folket og sparer brød. Grønnsaker og frukt er dessutan ei viktig kjelde til inntekter i

framand valuta. Landet vårt har alle vilkår for å kunna dyrka frukt og grønnsaker i rikelege mengder året rundt. Det finst framleis mange åssider som kan og må gjerast om til frodige frukthagar, vinhagar og olivenlundar.

Når det gjeld tilarbeidingsavlingar, oliven, frukt og grønnsaker, set femårsplanen opp store oppgåver. Det er ikkje lov å undervurdera desse, noko som hender i visse distrikt og jordbrukseiningar.

Husdyrhald er ei svært viktig grein i jordbruket. Det er ein uvurderleg rikdom for landet og ei umissande kjelde til kjøt-, mjølk-, ull- og lervareproduksjon og er ein viktig faktor for å auka velstanden til folket. **Det kan ikkje finnast intensivt jordbruk utan avansert husdyral. Difor må partiorgana og grunnorganisasjonane i partiet, statsorgana og dei økonomiske organa alltid leggja stor vekt på at slik husdyral vert utvikla.**

På same måten som det har vore til no, må ein syna særleg omsut for utviklinga av kuhaldet, auka talet på kyr og gjera avlen betre, og då særleg i låglandsområda i landet. Då vil det verta råd å stetta tiltrongen for trekkoksar, særleg i høglandet. På grunn av den undervurderinga som finst, er det framleis for få av dei der. Dei gunstige naturtilhøva, særleg i høglandet, gjer det mogeleg å få til ein snøggare auke i talet på sauer og geiter, og folket vårt har lange tradisjonar i slikt al. I dei åslendte og fjellendte områda er det ovstore beiteområde som ikkje alltid vert verdsette og nytta rett. Nye saue- og geiteflokkar må verta sett til, og nye statsbruk eller einingar som i hovudsak driv med husdyrhald må verta skipa.

Desse viktige oppgåvene med å auka og gjera husdyrhaldet betre, kan ikkje løysast utan at fôrgrunnlaget vert styrkt, då desse tinga er organisk knytte til kvarandre. **Måten å tryggja store nok fôravlingar på, er ikkje å auka arealet dei vert dyrka på eller å nytta den mest**

grøderike jorda til det, men å intensivera og auka produksjonen.

Når det gjeld å skaffa mat til folket, er al av fisk og fiske svært viktig attåt kjøtproduksjonen. Det er umåteleg viktig at det vert ein radikal omsnunad i å få oppfylt oppgåvene partiet og staten har sett for dette feltet.

Oppgåvene landbruket står andsynes er på ingen måte lette. Men diskusjonen mellom arbeidsfolk i landbruket om direktivutkasta og resultata frå dette året syner at det er skapt gode vilkår, og at det verkeleg er mogeleg å oppfylla og overoppfylla desse måla og ta eit stort steg vidare i å auka utkomet av alle jordbruksavlingar og husdyrprodukt. Framskytinga av måla i planen slik at hausten av åkeravlingar ein hadde rekna med å nå i 1980 vil verta nådd så tidleg som det fyrste året i femårsplanen, tilliten og viljen til å oppfylla måla, er klare vitneprov på at lina til partiet er rett. Når massane har gripe ho, vert ho skapt om til ei stor drivfjør til å revolusjonera produksjonen og auka han i større takt.

Det revolusjonære tildrivet og gløden i massane krev sterk organisatorisk og teknisk oppfylgning. Det krev at partiet må arbeida endå hardare for å halda ved lag denne gløden som har brote fram på landsbygda på eit høgt nivå, at massane får styrkt den samvitsfulle anden dei syner i arbeidet endå meir, at ansvarskjensla i statsorgana og dei økonomiske organa vert betre. Spesialistane i landbruket får ein særleg rolle å spela. Dei må oppsummera vitskapleg framskriden røynsle, spreia jordbruksteknisk ekspertkunnskap hjå massane av samyrkebønder og nytta vitskapen endå betre i landbruket.

Landbruksdepartementet og underorgana det har står andsynes store oppgåver med å leia arbeidet for å fremja landbruket. Partiet har kritisert og fordømt dei tidlegare leiarane i Landbruksdepartementet — som ikkje hadde nokøn tillit til partilina og ikkje trudde det

var råd å setja ut i livet dei oppgåvene det sjette parti-landsmøtet sette — fordi dei ved å gå frå grunnprinsippa om einskapleg og sentralisert styring av statsbruka og jordbrukssamyrka og tok på seg rolla som eit rådgjevarorgan, hindra og skadde oppfyllinga av den førre femårsplanen for jordbruket alvorleg. Stoda i Landbruksdepartementet er no vorte betra og gjort sunn.

Partiet har alltid streka under at vitskapleg hand-saming av jorda er avgjerande viktig for å auka jordbruksproduksjonen og husdyrproduksjonen. Det er gjort enorme investeringar for å gjera jorda betre og i grøftings- og vatningsanlegg. Det er gjort studiar av jordvitskaplege problem og for å finna måtar å auka grøderikdommen på, for å kombinera vekselbruk med systemet med kultivering og bruk av gjødsel, for å ver-na landet mot erosjon, når det gjeld nivellering og terassering osv. Men det er framleis mange problem på dette feltet som må løysast. **Det grunnleggjande er at alle må auka omsuta for jorda for å utvida, ta vare på og gjera ho rikare.** Utbygginga av mellombels grøfting må førast over til eit høgre steg — til permanent grøfting. For å skapa om jorda, for å kunna hausta endå større avlingar må ein utforska lovene i landbruksvitskapen nøye og nytta dei med streng disiplin. Studia som er gjorde for å betra og auka grøde-rikdommen til jorda, må gjerast djupare og verta grunnlaget for all verksemd i jordbruket. Dersom parti-organisasjonane og statsorgana skjønar kor viktige desse problema er, og særleg at dei vert løyste i praksis, vil ein kunna skapa dei vilkåra som må til for å oppfylla dei oppgåvene partiet har sett opp på dette landsmøtet når det gjeld å auka jordbruks- og husdyrproduk-sjonen.

Med grunnlag i retningslinene partiet har drege opp i femårsplanen, skal ein auka jordbruks- og husdyr-produksjonen gjennom å auka storleiken på avlingane og bryta urudd land. Det er planlagt å bryta 50.000

hektar nytt land, særleg i åslendte og fjellendte område. Størsteparten av produksjonsauken, meir enn åtti prosent, vil likevel koma frå auka avlingsavkastning. Om desse oppgåvene skal løysast, trengst det endå meir at dei som arbeider på samyrka driv på med arbeidet heile året rundt, at vitskapen vert nytta i større mon, at framskriden røynsle vert spreidd og at vitskapleg kunnskap vert knytt saman med den revolusjonære praksisen til massane.

Albania er eit lite land med ulendt fjellterreng og eit avgrensa landareal på slettelandet. **Difor har partilina vore og er framleis at landbruket må utviklast snøgt i dei åslendte og fjellendte områda og.**

Sjølvsagt har høglandet sine eigne særdrag, men der og ligg det store voner og reservar til å kunna auka produksjonen og betra levekåra. For å hjelpa til med å utvikla dei åslendte og fjellendte områda har sentral-komiteen i partiet og regjeringa sett i verk ei rad viktige tiltak, til dømes å auka dei produktive investeringane, auka prisen staten betaler når han kjøper ulike jordbruks- og husdyrprodukt, setja ned prisane han sel nitrogengjødsel for, at staten betaler for arbeidet med å bryta nytt land, byggja vatningsanlegg, planta tre osv. Partiet har aldri sett tiltaka det gjennomfører og vil gjennomføra for å utvikla høglandet frå ein profittsystsstad, slik kapitalistar og revisjonistar gjer. Målet for partiet sin politikk er at bøndene i desse områda skal få det så godt som berre råd er, og at fjellområda alltid skal vera folkesette slik som slettelandet er det. I dag bur mest halvparten av folket på landsbygda i desse områda og om lag 45 prosent av den dyrkande jorda ligg der. Dette er svært viktig, både for bygginga av sosialismen og forsvaret av fedrelandet.

Med den rette lina til partiet som vegvisar og med sterk støtte frå den sosialistiske staten, har bøndene i fjellområda med slit og sveitte gjort viktige framsteg. Resultata som er nådde i somme samyrke i fjellområda, er svært oppmuntrande. I Kaçinar-samyrket i Mirdita-

området, i Shoshaj-samyirket i Mat-området, i Vëndresha-samyirket i Skrapar-området og i mange andre samyrke er no avlingar på 25—30 quintals* kveite og 40—50 quintals mais pr. hektar vanleg. Skrapar, Tepelena, Përmet og Kolonja-distrikta som ein gong ikkje kunne produsera nok korn til eit halvt års bruk, produserer no alt dei treng sjølve og leverer overskotet til staten, sjølv om folketalet der har gått opp. Jordbrukssamyrka i desse områda kjem ut med nesten like mange lek** for kvart dagsverk som dei gjer i låglands-distrikta. Dette er ei svært overtydande stadfesting på at partidirektivet «Drag opp i åsane og fjella og gjer dei like grøderike som slettene» er rett.

Skogane er ein rikdom med stort nasjonalt verdi. Alle stader, og då særleg i høglandet, finst det brukande vilkår for å utvikla vidare denne viktige sektoren i økonomien. Når ein tenkjer på kor viktig skogen er for tømmerproduksjonen, for å verna jorda og betra klimaet, vert det naudsynt å auka omsuta for vedlikehald og utviding av skogen — ikkje berre for å stetta tiltrongen i augneblinken, men og for å syta for dei generasjonane som kjem.

Statsbruka har ein viktig plass når det gjeld å utvikla landbruket. Dei representerer den høgste forma for det sosialistiske landbrukssystemet. Men resultatata på mange av dei er framleis under det nivået dei skulle ha med tanke på kva vilkår som er skapte for dei. I tillegg får somme av dei mindre avlingar enn jordbrukssamyrke med same vilkår. Dette skjer fordi dei leiande organa i landbruket i distriktet og sentralt ikkje har hjelpt dei eller synt god nok omsut for dei, og fordi dei leiande organa på desse bruka ikkje har arbeidd og streva djervt for å vinna framgang, for å læra og nytta

* *1 quintal* — omlag 50 kg. — *Red.*

** *Lek* — albansk mynteining. 1 lek — 100 quintars = 1,43 kr. — *Red.*

alt positivt frå dei andre einingane i landbruks-økonomien.

Partiet krev at denne tilstanden må ta slutt. Den mest påtrengjande oppgåva for partiorganisasjonane, statsorgana og for alle arbeidsfolk på statsbruka er å gjera dei til føregangsmodellar på kortast mogeleg tid når det gjeld høge avlingar, til sentra der dei siste vitskapelege resultatata verkeleg vert sette ut i praksis, og til skular der framskridne røynslar vert spreidde.

For å gå frametter på vegen med å utvikla samyrkeskipnaden jamnt og trutt, har sentralkomiteen i partiet gjort tiltak for å gjennomføra direktivet frå det sjette landsmøtet om å gjera dei økonomisk sterkaste samyrka i låglandsområdet om til samyrke på høgre nivå med grunnlag i den frie viljen til samyrkebøndene. I dag har desse 23 prosent av den dyrkande jorda og produserer 25 prosent av kornet, 40 prosent av solsikkene og meir enn halvparten av risen og bomullet som vert produsert i samyrkesektoren.

Trass i den stutte tida som er gått sidan dei vart skipa, har dei alt på mange måtar synt at dei er overlegne. Dei har nådd relativt høge ytingar av jordbruks- og husdyrprodukt og sett fart i produksjonsauken. Denne vert meir stabil frå år til år. Samyrka på høgre nivå har oppfylt planane betre enn andre låglandssamyrke. Staten hjelper desse samyrka med investeringar og gjev dei kraftig støtte gjennom å forsyna dei med materielle og tekniske hjelperåder. Nye tiltak er sette i verk for å styrkja styringa av dei, for å styrkja dei med produksjonsmidlar og med å skaffa fram jordbruks- og husdyrprodukt, for å gjera fordeling og bruk av inntektene deira endå betre og for å gå over til å betala medlemmene i dei garanterte løner i høve til produksjonen.

Problema med å auka den økonomiske og organisatoriske styrken deira, med å gjera planlegginga, finan-

sane og rekneskapsføringa deira betre og nytta den materielle og tekniske basisen og arbeidsstyrken så effektivt som råd, er problem i alle jordbrukssamyrke som partiet, staten og økonomien må leggja større vekt på og syna større omsut for. Auka omsut for statsbruka og samyrka på høgre nivå må ikkje på nokon måte føra til at ein syner mindre omsut for og strevar mindre for å hjelpa dei andre samyrka i låglandet og i fjellområda.

I ramma av tiltak for å løysa økonomiske og organisatoriske problem, **krevst det betre underbygt arbeid for å få best mogeleg fordeling av jordbruksavlingar, husdyrhald og fruktdyrking mellom distrikta, regionane og einingane i landbruksøkonomien, og større konsentrasjon og spesialisering av jordbruksproduksjonen.** Røynslene som er vunne i dei mest framskridne einingane i landbruksøkonomien i landet, må studerast godt og gjerast kjende så ein kan planleggja jordbruksavlingane betre, i den generelle samanhengen med vekselbrukssystem der planane må setjast opp i høve til dei konkrete vilkåra for kvar einskild økonomisk eining og kvart distrikt. Slik kan ein skapa best mogeleg samhøve mellom hovudgreinene og dei andre greinene i produksjonen med sikte på obligatorisk oppfylling av planen over heile skalaen av jordbruksprodukt.

Oppfylling av den sjette femårsplanen vil lyfta landbruket og landsbygda opp på eit høgre og meir framskride nivå. Dette vil styrkja økonomien og betra levekåra for folket. Partiet er djupt overtydd om at når samyrkebøndene, arbeidsfolka i landbruket og heile folket vårt skal setja ut i livet direktiva frå partiet og den marxist-leninistiske lina det har, vil dei koma til å arbeida med revolusjonær glød, tiltak og driv for å få stabilitet og jamn vekst i jordbruks- og husdyrproduksjonen.

3. Grunnlagsinvesteringar må nyttast så effektivt som råd

Sterk utvikling av produktivkreftene, styrking av den materielle og tekniske basisen for sosialismen og styrking av forsvarsmakta til fedrelandet krev store kapitalinvesteringar og så effektiv utnytting av dei som råd.

Samanlikna med den fjerde femårsplanen auka den samla investeringsmengda i den førre femårsplanen med 50 prosent og investeringar i bygg og anlegg med 49 prosent. I denne tidbolken vart nye gruver, føretak og fabrikkar lagde til industrien vår, attvunnen jord og vatningsanlegg til landbruket, nye vegar og jarnvegar til transportsektoren. Vassforsyningssystem, skular og sjukehus, hus og mange sosiale og kulturelle tiltak vart bygde. Desse investeringane styrkte folkeøkonomien endå meir, gjorde det sosialistiske fedrelandet vårt vakrare og livet til folket betre.

Likevel vart ikkje den samla investeringsmengda under den femte femårsplanen så stor som ho skulle vera. I ein del industri- og jordbrukstiltak vart ikkje oppgåvene det sjette partilandsmøtet sette, gjennomførde i tide. Sentralkomiteen i partiet og ministerrådet har gjeve Byggje- og anleggsdepartementet og investorane pålegg om å få slutt på den ufornuftige spreinga av dei fremste hjelperådene ein har i bygg- og anlegg, utvidinga av tidsrammene på byggetiltak og overskriding av summane og materiala som er sytte for. Praksisen med å ta til med byggjearbeid utan fullstendige forstudiar, utan nøyaktige planar og spesifikasjonar har vore brukt ofte under den siste femårsplanen, og har kosta folkeøkonomien mykje og held fram å gjera det. Dette har opna vegen for brot på plandisiplinen og sløsing med pengar. Investorane og byggherrane har vunne verdfulle lærdommar av manglane og mistaka ein har sett.

Politikken til partiet har alltid vore retta mot å **styra investeringane slik at dei fyrst og fremst kan utvikla greinene med materiell produksjon, med prioritet til industri og jordbruk**. I samsvar med denne retningslina set den nye femårsplanen føre at det skal gjerast store kapitalinvesteringar. Samanlikna med den femte femårsplanen vil dei samla statsinvesteringane gå opp med 43 prosent og storleiken på anleggs- og byggeverksemda med 48 prosent. Det at vi har kunna greia slike store investeringar, er prov på at den økonomiske og finansielle evna vår stendig aukar og at akkumulasjonsevna aukar.

I denne femårsbolken vil bygginga av mange storprosjekt som vart påbyrja under den førre femårsplanen, verta fullført. Attåt dette vil ein ta til å arbeida på Koman-vasskraftverket ved Drin-elva, på varmekraftverket i Fier, på nye urea*- og sodafabrikkar, på gruver og malmanrikingsverk, maskinfabrikkar, fabrikkar for lettindustri og næringsmiddelproduksjon, jarnvegen frå Fier til Vlora, nye bilvegar, jordattvinnings- og vatningsprosjekt osb.

Skal dette store investeringsprogrammet verta gjennomført, krevst det at partiorganisasjonane kjempar for streng disiplin, organisert styring og arbeid frå statsorgana og dei økonomiske organa. **Før noko tiltak vert teke med i planen, må det gjerast nøye studiar, og lagast nøyaktige planar og overslag med grunnlag i framskridne tekniske og økonomiske normer**. Det er særleg viktig at prosjekta vert gjennomførde med høg kvalitet, utan uturvande pynt, etter tidsplanen og den pårekna kostnaden og at ein sparer pengar der det er råd.

For at ein skal kunna få til den omsnunaden når det gjeld grunnlagsinvesteringar og anlegg som partiet krev, må alle avdelingane som investerer, så vel som

* *Urea* — Stoff som finst i urinen til pattedyr og som kan lagast syntetisk. Vert nytta til å laga plastikk, lim osb. — *Red.*

Byggje- og anleggsdepartementet, Statsplannemnda og Finansdepartementet, ta på seg store og ansvarsfulle oppgåver. Dei må auka omsuta for og styrkja kontrollen med heile arbeidsprosessen, frå studiefasen og planlegging av tiltaka fram til den dagen dei vert overleverte. All undervurdering av desse oppgåvene dreg med seg alvorlege fylgjer, ikkje berre økonomiske, men og politiske og sosiale, for notida og for framtida for bygginga av sosialismen i landet.

Planleggjarane, arkitektane, dei som utarbeider spesifikasjonane, økonomane, teknikarane og byggherrane står andsynes store oppgåver med å planleggja og byggja økonomiske og sosiale prosjekt på ein måte som løyser den funksjonelle sida best råd, og samstundes må dei streva med fast vilje for å gjera dei enkle og vakre og så billege som råd.

Partiet er overtydd om at byggerbeidarane våre har alle hjelperåder og vilkår som trengst for å kunna gjera godt arbeid med dei lysande oppgåvene dei har framføre seg, og at dei vil arbeida i samsvar med parolen til partiet «Vi må byggja snøggare, betre og billegare».

For å få til betre samsvar med utviklinga i alle greiner av økonomien og den sosiale verksemda i landet, ventar ein at transporttilbodet skal verta bygt ut og at strukturen i det skal verta betre. Samanlikna med 1975 vil det samla volumet i varetransporten i 1980 ha gått opp med 32 prosent.

Partiet og staten har vedteke tiltak for å byggja ut jarnbanenettet. Det skal utvidast i hovudretningane gods- og passasjertransport. Målsettinga er at jarnbanetransport skal verta det viktigaste av alle transporttilbod. Når ein tek omsyn til at storparten av auken i mengda av godstransport i den sjette femårsbolken skal stettast av jarnbanetransporten, vert det ei oppgåve å styrkja og betra organiseringa av arbeidet i denne sektoren, **å gjera utnyttinga av jarnbanane betre, å auka mekaniseringsgraden i lasting og lossing og å byggja**

sidespor til dei linene som finst alle stader der dette er råd.

Vi må syna kyst- og oversjøisk skipsfart større merksemd for å kunna møta auken i volumet på vare-sirkulasjonen og for å skjera utgiftene staten har i framand valuta ned til beinet. For å auka kapasiteten til kysthamnene er det planlagt setja i gong arbeid med å styrkja og utvida hamnene i Durrës og Shëngjin, og i tillegg gjera studiar og leggja planar for den nye hamna i Vlora.

Større arbeid bør verta gjort for å få til meir rasjonell utnytting av kapasiteten i biltransporten og for å kvitta seg med den uøkonomiske praksisen med å bruka bilar der jarnbane- eller sjøtransport er mogeleg.

Partiorgana og partiorganisasjonane må ha særleg omsut for den ideologiske og politiske oppsedinga av bygnings- og transportarbeidarane, og då ha i tankane kva slag arbeid det er dei har. Dei må spreia framskridne røynsler til desse sektorane og streva for streng gjennomføring av teknologiske og vitskaplege krav.

4. Velferda for folket må aukast og gjerast betre

Omsut for heile tida å betra levekåra for og auka kulturnivået til heile folket, er og har vore svært sentralt for all verksemd i partiet. I den siste femårsbolken har den allmenne velferda for folket auka stendig og stødig, takk vera konsekvent gjennomføring av direktiva frå det sjette partilandsmøtet. Realinntekta pr. hovud gjekk opp med 8,7 prosent for folk i byane og med 20,5 prosent på landsbygda. Marknaden er og har vore stabil. Ikkje ved eit einaste høve er prisane for matvarer og industrivarer sette opp. For ein del vareslag har dei tvert om gått ned.

I denne femårsbolken vil velferda for folket halda fram å verta betre steg for steg. Partiet har streva og strevar for å gjera livet til folket vårt både i by og land

endå meir blømande. Velferda vår og ei lukkeleg optimistisk framtid vert garanterte av heile den dynamiske utviklinga i det sosialistiske samfunnet vårt. Dei er tuffa på det frie arbeidet til det arbeidande folket, frigjort frå all slag undertrykking og utbytting. Velferda får uttrykk og vert spegla att i alle sider av livet til folket — det er ein materiell og andeleg velferd for alle. Det sosialistiske Albania var det fyrste landet i verda som kvitta seg med skattar. Det har gratis utdanning og helseteneste for alle menneske i by og land.

I dei komande fem åra kjem folket til å verta betre forsynte med matvarer og industrivarer, nivået i sosialt og kulturelt arbeid vil verta endå høgre, sosialteneste og helseinstitusjonar vil verta bygde ut og førte nærare folket.

Å gjera bustadtilhøva for folket betre er eit svært viktig spørsmål for partiet og staten. På dette feltet vil ein og i framtida måtta setja i verk store tiltak, særleg i landsbyane. For i tillegg til trongen for å betra bustadtilhøva for dei som arbeider på samyrka, kjem det at mange menn og kvinner frå byane kjem til å arbeida og bu der fast. Difor er det planlagt å byggja omlag 65.000 husvære og bustadhus, og av desse vil om lag 42.000 verta bygde i jordbruksamyrka og på statsbruka.

Gjennomføringa av partiet sin politikk for å auka levestandarden til dei arbeidande massane kan summerast opp i auken i realinntekta pr. hovud. I 1980 vil denne vera 11—14 prosent høgre enn i 1975, med prioritet til å auka ho på landsbygda.

Organa og arbeidarane i handel har ei stor oppgåve framføre seg med å gjera tenestene sine andsynes massane radikalt betre, og med å tryggja at forsyningane til dei vert betre og betre. Sentralkomiteen og regjeringa gjorde tiltak for å gjera til inkjes den fiendslege sabotasjeverksemda til Kiço Ngjela i Handelsdepartementet. No vert det gjort eit storarbeid for å styrkja styringa av handelen i samsvar med læra og direktiva til partiet.

Dei leiande organa i produksjonen og likeins dei i distribusjonen må gjera grundige og mangslungne studiar for å sikra best mogeleg samsvar mellom produksjon og forbruk, for å klårleggja problema som kjem opp av auken i folketalet, voksteren i krava og kjøpekrafta, og fordelinga av produktiv-fonda. Dei, og særskilt organa i handelen, må verta ei sterk stengsle mot at det vert skapt lager av uselde varer, som fører til uorden og store økonomiske og finansielle tap.

Omsut for at dei materielle levekåra til massane heile tida skal verta betre, fører med seg trong for kvalitativ betring av arbeidet til alle som arbeider i tenestektoren. Folk må få tenestene utførte snøgt og på ein danna måte, og slike vilkår må skapast at folk ikkje kastar bort tida med å få utført tenester og reparasjonar. Organa i industri og handel må sjå til at det vert gjeve større hjelp i problem som er knytte til å letta børa av husarbeidet frå kvinnene. For å verna helsa til folket, er det naudsynt å styrkja og byggja ut tiltak i hygiene, helsestell og førebyggjande arbeid, særleg på landsbygda og i avsidesliggjande strok, og å auka om-suta for å verna helsa til mor og born endå mykje meir.

Partiet meiner at ein av måtane å auka leve-standarden systematisk på, er å skaffa arbeid til alle arbeidsføre innbyggjarar i samfunnsnyttig arbeid. At kvinnene tek del på alle frontar i bygginga av sosialismen på massebasis, er ein stor siger. I dag står kvinnene for 46 prosent av den samla arbeidsstokken i landet vårt.

Under den nye femårsplanen vil endå 95.000 nye arbeidarar få jobb av staten, og 130.000 vil verta tilsette i jordbrukssamyrka. Ei stor mengde ulike jobbar kjem til i gruvene, metallurgien, bygging av vasskraftverk og andre viktige føretak. Jordbruket er ein annan arbeidsintensiv front der det trengst eit stort tal arbeidarar. **Difor må dei nye kreftene verta sette inn der arbeidsplassar vert skipa og der landet treng dei mest.** Partiet må difor ta del i oppsedings- og overtalingsarbeid i

massemålestokk, særleg i byane, og kjempa ned haldningar og uttrykk for undervurdering av arbeidet i jordbruket, gruvene, skogbruket og bygg og anlegg.

At heile den aktive delen av folket har arbeid, er ein viktig peikepinn som fortel klårt om den store styrken i den sosiale skipnaden av økonomien vår. Med den store utviklingstakta han har, har han ein gong for alle gjort slutt på arbeidsløyse og utvandring — desse alvorlege plagene frå fortida som gjorde livet armodsleg og reiv dei kjære bort frå familien så dei måtte døy i framande land. I dag er arbeidsløyse og utvandring vortne kroniske sjukdommar i den kapitalistiske og revisjonistiske verda. Dette gjer vanlege folk redde og utrygge for samtid og framtid, og set ned levestandarden deira.

Den revolusjonære praksisen vår provar at han er rett den vegen partiet har fylgt for å auka velferda for folket gjennom å auka det sosiale forbruket i snøggare takt enn auken i beinveges løner. Som eit resultat av at denne politikken er gjennomført, var den samla storleiken av det sosiale forbruket i 1975 2,1 gongar større enn i 1965. Dette har skapt høve til å stetta allemannstarven stendig betre når det gjeld utdanning, kultur, helseteneste og ei rad andre sosiale og kulturelle tenester.

Med grunnlag i direktiva frå det sjette partilandsmøtet vart det sett i verk viktige tiltak for å gjera lønssystemet betre. Sentralkomiteen i partiet og ministerrådet vedtok i april 1976 at høge løner som gjekk over 900 lek skulle setjast ned, løna til arbeidarane på statsbruka vart sett opp og nye tiltak for å gje føremoner til landsbygda vart sette i verk. Gjennomføring av desse tiltaka vart para med betre tilførsle av masseforbruksvarer til marknaden, større utval, betre kvalitet og til stabile prisar.

Dette førte til at lønsskilnaden mellom ulike grupper og kategoriar arbeidsfolk vart endå mindre, og likeins skilnaden i inntekter mellom by og land. Høvet mellom

løna til ein gjennomsnittsarbeidar og dei høgste lønene til tenestemenn er no 1 til 2, medan det var 1 til 2,5 før. Dette er ei rett revolusjonær line partiet held konsekvent ved.

Eit av dei problema partiet heile tida har vore opp-teke av, er å gjera skilja mellom by og land mindre. I dette spørsmålet har det hatt rettleiing i prinsippet om at **sosialismen ikkje vert bygd berre i byane og ikkje berre for arbeidarklassen, men og på landsbygda og for bøndene og.**

Skilnaden i realinntekt pr. hovud mellom by og land, som skriv seg frå dei objektive tilhøva med stor økonomisk og sosial underutvikling landet vårt arva frå fortida, er ei motseiing som vert overvunne steg for steg. Utdannings-, kultur- og helseinstitusjonar har nådd ut til dei mest avsides stroka. Den store sigeren med å få elektrisiteten ut til heile landet vart fylgt av at samanknyttinga av alle landsbyar med telefon vart fullført, og arbeid er i gong for å binda alle saman med vegar. Pensjonar er skipa for samyrkebøndene, og ei rad andre sosiale problem på landsbygda er løyste. Etter vedtaket i april 1976 har staten teke på seg å betala for sosiale og kulturelle tiltak på landsbygda på same måten som i byane. Pensjonsprosenten til samyrkebøndene vart auka til det same nivået som for arbeidrarar i byen. Likeins vart minstepensjonen deira sett opp. Betaling for morspermisjonar for kvinnene på samyrka er sentralisert.

For å gjera skilja mellom by og land endå mindre har politikken til partiet hatt og har som siktemål å tryggja snøggare auke i inntektene til bøndene enn for dei som bur i byen. I den komande femårsbolken vil takta i auken i realinntekta pr. hovud vera meir enn tre gongar større på landsbygda enn i byen.

Iverksetjinga av desse tiltaka til føremon for bøndene utan å påverka levestandarden til dei som bur i byen, har styrkt og kjem til å styrkja alliansen mellom ar-

beidarklassen og samyrkebøndene og proletariatets diktatur i landet vårt endå meir.

Målsettinga til partiet er å gjera livet til folket så lukkeleg som råd, å tryggja ein allmenn auke i velferda. Men då er det viktig at alle forstår at dersom ein skal nå desse måla, vil det viktigaste alltid vera at folket i byane og på landet vert mobiliserte på alle felt for å auka den sosialistiske produksjonen og produktiviteten til arbeidskrafta med rettleiing i det revolusjonære prinsippet vårt om at før nokon krev av samfunnet, skal han sjølv yta fullt.

5. Den vitskaplege styringa av økonomien må lyftast til eit høgre nivå

Partiet har lagt særleg vekt på å auka det vitskaplege nivået i styring og planlegging av økonomien og å gjera dei meir fullkomne gjennom å gjennomføra prinsippet om demokratisk sentralisme, einskapleg leiing og masseline.

Styringa av økonomien er vorten stendig betre og er lyft til eit høgre nivå. Disiplin, kontroll og ansvarskjensle i arbeidet frå øvst til nedst er vortne sterkare, og rolla til massane er vorten større. Tiltaka partiet har sett i verk for å styrkja rolla til grunnorgana i staten og økonomien, for å gjera apparata enklare og for å dra det arbeidande folket med i å styra økonomien i større målestokk, har hatt positive verknader i dette stykket.

Partiet har arbeidd og streva hardt for å gjera seg viss om at **alle skjønar klårt at, nett som på andre felt, har styringa av økonomien ein djupt politisk og ideologisk karakter.** Elles vil ho verta einsidig og truga av økonomisme og teknokratisme. Grundig og rett gjennomføring av den marxist-leninistiske økonomiske politikken til partiet og av rettleiingane og direktiva frå det, har vore og er det grunnleggjande spørsmålet i heile prosessen med å styra økonomien.

I striden for å gjera organiseringa og styringa av økonomien betre, har den grunnleggjande faktoren vore og er at den leiande rolla til partiet vert styrkt heile tida i alt som går føre seg i føretaka, i jordbruks-samarke og i staten og dei økonomiske organa. Når partiorganisasjonane kjempar for å styrkja den leiande rolla til partiet i økonomien, må dei unngå utslag av å villa gjera arbeidet til statsorganane og dei økonomiske organa om att, slik ein har sett av og til.

Partiet har alltid sett på det at det arbeidande folket i stor målestokk tek del i arbeidet med å styra økonomien, som eit grunnleggjande spørsmål i prinsippet om demokratisk sentralisme. Det har kritisert og fordømt som framande dei teknokratiske og intellektualistiske førestellingane som ser på massane berre som arbeidskraft, og likeins utslag av formalisme når ein skal høyra på kva dei har å seia og skal oppmoda dei til å seia kva dei meiner. Arbeidarklassen vår, som er oppseda og vert leia av partiet, spelar ei uerstatteleg rolle i organiseringa og styringa av produksjonen og i heile det politiske, økonomiske og sosiale livet i landet. Administrasjonen og dei økonomiske apparata er i arbeidarklassen og dei andre arbeidande massane si teneste. Difor må dei fullt og heilt underleggja seg deira interesser, vilje, disiplin og kontroll.

I dag, når samfunnsproduksjonen får store proporsjonar, når dei sosiale og økonomiske problema vert in-nfløkte, **er det livsviktig at særleg dei sentrale organa gjer den vitskapelege styringa og organiseringa av økonomien betre**, at dei revolusjonerer arbeidsmetodane og arbeidsstilen vidare, at dei fullt og heilt tek på seg ansvaret for å oppfylla målsettingane i planen og for å gjennomføra direktiv og rettleiingar frå partiet. Dei må styrkja kontrollen med og hjelpa til grunnorganane, kjenna situasjonen i fyrste hand, gje høvelege løysingar på spørsmål som vert reiste på grunnivå, og stå føre vitskapelege studiar for å utvikla avdelingane og sektorane sine.

Partiet har heile tida vore oppteke av å auka det vitenskaplege nivået i planarbeidet slik at den økonomiske politikken til og rettleingane og direktiva frå partiet for å utvikla produktivkreftene utan stogg og for å gjera dei sosialistiske produksjonsforholda meir fullkomne på revolusjonært vis, skal verta fullt ut konkretiserte i den økonomiske og sosiale planen.

Plansystemet vårt er og har vore rett. Det er stendig gjort betre, den sunne revolusjonære basisen og anden i det og klassekarakteren det har, er grunnfesta. Fienden Abdyl Këllezi streva på alle vis for å rengja prinsippa for det sosialistiske planarbeidet vårt. Målet var å fjerne det sosialistiske innhaldet i det og å føra økonomien vår inn på vegen med revisjonistisk sjølvforvaltning. Denne fiendslege anti-marxistiske verksemda tok partiet seg sterkt og strengt av, og hindra at ho kunne finna noko felt å verka i.

Å laga ein godt uttenkt plan som er bygd på eit så sunt vitenskapleg grunnlag som råd, er avgjerande viktig for å kunna byggja sosialismen med framgang. Å gjera den vitenskaplege karakteren av han endå meir fullkomen heng nøye saman med om massane vert aktiviserte i brei målestokk i planleggingsprosessen, om den skapande tenkinga og dei verdfulle framlegga frå det arbeidande folket vert spegla att fullt ut i statsplanane. **Det er heilt naudsynt at framskriden røynsle vert nytta som målestokk for planlegginga av produksjon, arbeid, materialbruk og kostnader i alle sektorar i økonomien.** På denne måten kan ein og nedkjempa utslag av subjektivisme og slumpearbeid, rutinearbeid og trong praktisisme i planarbeidet. At det vert laga ein vitenskapleg plan, tufta på lina til partiet og dei økonomiske lovene i sosialismen, hjelper dei økonomiske og sosiale prosessane til å utvikla seg langs den rette vegen og økonomien til å veksa stendig sterkare.

Å gjera planarbeidet meir fullkome og lyfta det vitenskaplege nivået i det, legg særleg store oppgåver framføre Statsplannemnda, Finansdepartementet og alle

organ som er med å styra økonomien. Planorgana må få djupare innsyn i den økonomiske politikken til partiet, i krava dei økonomiske lovene under sosialismen stiller, i det aktive livet og dei revolusjonære røynslene til massane. Dei må fylgja opp prosessane med utvida sosialistisk reproduksjon og spegla dei att så harmonisk som råd i den einskaplege heilskapsplanen for økonomisk og sosial utvikling, og likeins i den totale balansen i folkeøkonomien.

Om ein skal kunna auka nivået i styringa av økonomien, heng nøye saman med om det vert utøvd streng kontroll av alle organ og på alle nivå i økonomien. Denne kontrollen må lyftast til eit høgre nivå, for han tryggjar at den økonomiske politikken og avgjerdene til partiet og staten sine lover vert sette ut i livet.

Sentralkomiteen i partiet og ministerrådet har fleire gongar mint Finansdepartementet og Hovudstyret i Nasjonalbanken om at dei må gjennomføra streng finansiell kontroll og disiplin. Likevel har dei ikkje fylt denne viktige funksjonen slik dei skulle. Med dei tiltaka som vart gjorde, vert no desse skadelege byråkratiske og liberale førestellingane og handlingane ein har sett fjerna.

Partiet har streka under at finansar og rekneskapsføring på alle nivå i økonomien ikkje berre må verta hjelperåder til å registrera, rekna ut og dela ut penge- midlar. Dei må vera svært aktive på alle steg når planen vert laga og sett ut i livet. **Med å styrkja den dynamiske kontrollen sin med hjelp av pengar, må finans- og bankorgana verta ei stengsle mot all verksemd som står i motstrid til plandisiplinen og den finansielle disiplin.**

Statsplanen femner om eit heilt kompleks av økonomiske og finansielle saker. Difor **må striden og strevet til partiorganisasjonane, statsorgana og heile det arbeidande folket samlast om å gjera oppfylling av planen heilt viss, ikkje berre i samla tal, men og i alle**

dei einskilde retningslinene, i mengde og kvalitet, produktivitet og kostnader. Partiet må oppseda massane så dei heilt ut skjønar at alle desse delene heng nært saman i organisk einskap med einannan.

6. Prinsippet om sjølvberging må verta forstått og gjennomført rett

Full og heil bygging av sosialismen er nøye knytt til om prinsippet om sjølvberging vert forstått og gjennomført rett på alle steg og alle felt i livet. Dette store marxist-leninistiske prinsippet med slikt eit djupt revolusjonært innhald, er ikkje berre ei lov for bygginga av sosialismen, men og, under dei noverande tilhøva, påtrengjande naudsynt for at landet vårt framgangsrikt skal kunna stå mot fiendeblokadar og omlægring.

Prinsippet om sjølvberging har alltid vore eit vegvisarprinsipp for partiet og folket heilt sidan den nasjonale frigjeringskrigen, då vi slost under parolen «Fridom vert ikkje gjeve, men vunne av folket sjølv». Likeins fylgjer og gjennomfører partiet dette prinsippet konsekvent i striden for å byggja sosialismen og forsvare fedrelandet. Fridommen som er vunnen, alle bragdene som er gjorde så langt, det sosialistiske og sjølvstendige livet vårt, er praktisk sannkjenning av den leninistiske slutninga at sjølvberging — den indre faktoren — er den avgjerande faktoren både i striden for at revolusjonen skal sigra og for å ta makta og i striden for å byggja sosialismen og forsvare fedrelandet.

Partiet har alltid forsvart prinsippet om at sjølvberging ikkje er ein mellombels politikk som er tvinga fram av omstenda, men er objektivt naudsynt for alle land, store eller små, utvikla eller underutvikla. Prinsippet gjeld både i frigjeringskrigar og den proletariske revolusjonen, og i bygginga av sosialismen og forsvaret av fedrelandet. Gjennomføring av dette prinsippet

stengjer alle vegar for flaumen av bankkredittar frå borgarlege og revisjonistiske land. Med slike kredittar slavebind imperialistane og sosialimperialistane land og nasjonar og veks seg feite på blodet og sveitten deira. Den såkalla hjelpa frå imperialistar og sosialimperialistar til utviklingslanda er ein stor bløff og har som mål å gjera rovdrift på økonomien til desse landa og tvinga på dei den imperialistiske politikken sin.

Den borgarlege og revisjonistiske propagandaen strevar etter å spreia og dyrka fram ei kjensle av at folka, og då særleg i utviklingslanda, skal bukka for og underleggja seg dei store imperialistmaktene. Særleg Sovjetrevisjonistane bryt ned det revolusjonære innhaldet i prinsippet om sjølvbergning med å merkja det som «å gli inn i trong nasjonalisme», som «å gå bort frå proletarisk internasjonisme», som «å avslå innbyrdes hjelp mellom sosialistiske land». Med desse anti-marxistiske tesene prøver dei å rettferdiggjera den imperialistiske ekspansjonspolitikken sin og praksisen med kapitalistisk utbytting av andre land. Målet deira er å undergrava tilliten folka har til at det er mogeleg å byggja eit sjølvstendig liv og at dei i det heile skal kunna eksistera som frie nasjonar.

Medan partiet har arbeidd for å byggja sosialismen i samsvar med prinsippet om sjølvbergning, har det aldri drøymt om å skapa ein seg-sjølvs-nok-økonomi, isolert inne i seg sjølv. Samstundes som det har kjempa mot all mindreverdskjensle og tilbeding av alt framandt, har det ikkje forneakta verdien av den progressive tenkinga i verda, av det ein har oppnådd i vitskap og teknologi i andre land. Det har alltid sett høgt dei revolusjonære røynslene til alle folk, alt som tener til frigjering og framgang for menneskeslekta.

Sjølvbergning er så langt frå til hinder for gjensidig samarbeid og hjelp mellom dei revolusjonære og sosialistiske kreftene. Tvert om er det ein føresetnad. Hjelpa den sigerrike revolusjonen gjev til landa og folka som kjempar for nasjonal og sosial frigjering,

innbyrdes hjelp mellom land som byggjer sosialismen, er ei internasjonalistisk plikt. Ho er utan noko slag egoistiske interesser og er inspirert av dei høgvyrde interessene til marxismen-leninismen. Denne hjelpa er ikkje berre til gagn for det landet som får ho, men og for det landet som gjev ho, då sigeren for sosialismen i noko land tener sigeren for revolusjonen i dei andre landa òg, sigeren over kapitalisme og revisjonisme.

Dag for dag har den vegen landet vårt har gått, styrkt overtvinga og tilliten folket har til at kursen partiet har styrt etter er rett, til dei gode vilkåra som finst for å bera den fulle og heile bygginga av det sosialistiske samfunnet frametter med å lita på dei materielle og menneskelege ressursane våre.

Sjølvbergingsprinsippet krev fyrst og fremst at ein lit fullt og fast på dei skapande andelege og fysiske krefte til folket leidd av partiet. Sosialismen er massane sitt verk. Difor er alt som vert produsert og skapt, ei frukt av arbeidet, sveitten og visdommen til folket.

Forståinga av sjølvbergingsprinsippet er heil når alle kollektiv og einskildpersonar oppfyller og overoppfyller dei oppgåvene dei har fått utan å be staten og samfunnet om tilleggsmidlar. Difor vert oppgåva å streva, fyrst og fremst, alle stader og med fast vilje for å auka arbeidsproduktiviteten, auka produksjonen og gjera kostnadene mindre, å halda ved like, auka og nytta maskinar og utstyr så effektivt som råd, auka dei tekniske evnene og yrkesdugleiken til det arbeidande folket og gjera den teknisk-vitskaplege revolusjonen djupare.

Sjølvbergingsprinsippet er rett forstått når det vert gjennomført på alle område for samfunnsverksemd, i nasjonal og regional målestokk, når det vert utvida til kvar lekk og kvar celle i livet vårt, til alle føretak og samyrke, til alle institusjonar og hæreiningar, når folk alle stader arbeider og lever som om dei var i ein omlægringstilstand.

III

Vi må stendig styrkja partiet og gjera den leiande rolla det har endå rikare

Byggmeisteren for alle sigrane det albanske folket har vunne i striden for nasjonal frigjering, i folket sin revolusjon og i bygginga av sosialismen i landet, er Arbeidets Parti i Albania.

I 35 år i trekk har det marxist-leninistiske partiet vårt leidd det albanske folket etter den revolusjonære og sosialistiske vegen med mot og klokskap. Med å vinna over tallause vanskar og hindringar og nedkjempa brutale indre og ytre fiendar, har det ført landet vårt frå siger til siger.

Det storfelte arbeidet og allsidige strevet for å gjennomføra oppgåvene det sjette landsmøtet sette, har styrkt og revolusjonert partiet endå meir, stålsett den ideologiske og organisatoriske einskapen i partirekkjene og lyft den leiande rolla det har i heile livet i landet til eit høgare nivå. Striden for å setja vedtaka og dei programmatisk oppgåvene til partiet ut i livet i alle retningar, striden for revolusjonær gjennomføring av prinsippa og normene det har, striden mot klassefienden og det allsidige imperialistiske og revisjonistiske presset, har gjort partiet vårt meir militant, meir moge og meir framsynt.

Målsettingane i femårsplanen og dei store oppgåvene landet generelt står andsynes på det utviklingssteget det er på no, gjer det naudsynt å styrkja partiet endå meir og lyfta den leiande rolla det har opp på eit høgare nivå. Eit parti som er væpna med den marxist-leninistiske ideologien og med sine egne røynsler, som har einskap i tanke og handling og er nært knytt til massane, er det

grunnleggjande vilkåret for å kunna fylka folket rundt lina det har og for å kunna setja ut i livet det revolusjonære programmet til partiet. Partiet er den medvitne krafta som fargar kvardagsstrevet til massane med politisk og ideologisk innhald, definerer måla for det, gjer målsettingane for det klåre og syner kva måtar ein kan nå dei på.

1. Leiing frå partiet i alt livet i landet — ein garanti for at det sosialistiske samfunnet skal verta bygt fullt og heilt

Sosialistisk teori og praksis, det revolusjonære livet og verksemda til partiet vårt, har alltid fullt ut prova at å halda ved lag og styrkja den leiande rolla til partiet heile tida, er avgjerande viktig for lagnaden til folket og revolusjonen. Berre under leiing frå partiet kan statsmakta til folket verta styrkja og grunnfesta, kan landet verta forsvart, den sosialistiske økonomien utvikla, kulturen fremja, det nye mennesket oppseda, og den ustoppande marsjen mot kommunismen tryggja. Det er ikkje utan grunn at alle fiendar, indre og ytre, alltid fyrst og fremst har retta spjutodden i striden mot partiet og den leiande rolla det har. Dette er vorte stadfesta dei siste åra gjennom verksemda til fiendegruppene som vart avslørte og fordømte av partiet. Dei streva fyrst og fremst, og når dei enn gjorde noko, etter å gjera partiorganisasjonane veikare og å ta frå dei den leiande rolla dei har.

I den siste femårsbolken er den leiande rolla til partiet gjort rikare og styrkt, same korleis ein ser på det, på alle felt og i alle samanhengar, i basisen og i overbygninga.

Denne røyndommen ligg nedlagt i all framgang som er vunnen og dei bragdene som er gjorde, i det store friviljuge pågangsmotet i arbeidet og i striden massane i folket fører for å gjennomføra lina til partiet, opp-

gåvene bygginga av sosialismen set og for å forsvare fedrelandet.

Styrkinga av den leiande rolla til partiet i statsmakta, har utstyrt denne makta med større evner til å leia og styra, har børsta det liberalistiske og byråkratiske støvet av henne, ført henne nærare massane og gjort tilsynet dei har med henne meir gjennomført.

Framgangen for den leiande rolla til partiet i økonomien har styrkt den sosialistiske basisen endå meir, gjort vonene om å utvikla han snøgt klårare, auka sjølvtrilliten til massane og mobilisert dei betre til å setja ut i livet oppgåvene i planen, auka det vitskaplege nivået i styringa av økonomien og slik stått i vegen for fåren for borgarleg-revisjonistiske rengingar.

Den sunne leiinga frå partiet har gjeve kultur, utdanning, litteratur og kunst, utvikling, retning og djupare revolusjonært klasseinnhald, større oppsedande og mobiliserande kraft, og har knytt dei nærare til folket, arbeidarklassen og samyrkebøndene, til dei store oppgåvene i den sosialistiske revolusjonen vår.

Styrkinga av leiinga frå partiet har og lyft forsvarsmakta til fedrelandet til eit høgre nivå med å gjennomføra den marxist-leninistiske læra om å væpna og øva opp heile folket til forsvar, betre frå alle synsstader, med å styrkja den folkelege karakteren til dei væpna styrkane.

Framgangen for den leiande rolla til partiet vert spegla att i kor mykje betre det er vorte, det store arbeidet partiet gjer for å gje massane ideologisk og politisk klasseoppseding, for å auka medvitsnivået deira så det kjem så nær opp til partiet sitt eige medvit som råd, og likeins for å organisera og mobilisera massane i striden for å setja programoppgåvene til partiet ut i livet.

Den leiande rolla til partiet vert ikkje verna og stadfest av seg sjølv — berre ut frå det at partiet er ved makta. Betring og styrking av den leiande rolla til par-

tiet vert tryggja gjennom den strie politiske, ideologiske og organisatoriske striden for å setja generallina, vedtaka og direktiva, prinsippa og normene til partiet ut i livet. Ho vert styrkt gjennom streng klassestrid mot alle brot på og reningar av dei, mot borgarleg og revisjonistisk ideologi, mot indre og ytre fiendar og likeins mot fiendar i eigne rekkjer. Ho vert styrkt og grunnfest i den daglege striden partiet fører i brodden for massane for å byggja sosialismen i landet.

Leiarskapen til partiet er ein og udeleleg. Han kan berre vinnast når den marxist-leninistiske ideologien og politikken det har, vedtaka og direktiva frå det, vert sette framgangsrikt ut i livet på alle felt og i alle samanhengar; i statsmakta og økonomien, i kulturen og hæren — når alle statsinstitusjonar, samfunnsorganisasjonar, kadrar og arbeidsfolk i all si gjerning vert leidde av denne ideologien og politikken, av desse direktiva og vedtaka.

Brodden i striden for å styrkja og gjera den leiande rolla til partiet meir fullkomen, er særleg retta mot to store fårar som kan lamma og så gjera denne rolla heilt til inkjes — mot liberalisme og byråkrati og likeins mot avkomet deira, teknokrati og intellektualisme.

Partiet har kjempa med revolusjonære klassemetodar mot utslag av desse sjukdommane alle stader dei har synt seg. Det har avslørt og utan å nøla gått til åtak på feil og reningar, alle gjerningar og synsmåtar som skader den rette lina og normene det har.

Haldninga til dei grunnorganisasjonane i partiet og dei leiande organa som gjev konsesjonar og ikkje kjempar til siste slutt for å setja direktiva ut i livet, er vorten kjempa mot som utslag av liberalisme. Liberalismen syner seg og i dei høva då det ikkje vert sett hardt inn på å setja ut i livet vedtaka som er gjorde, når kontrollen med gjennomføringa av desse vedtaka vert forsømt, når det same problemet vert granska ei mengd gongar, når vedtak etter vedtak vert gjort, men problemet står uløyst att og oppgåvene ikkje vert gjennomførde. På

same måten vert det kjempa mot at ikkje noko som helst slag vedtak vert gjort, at oppgåvene ikkje vert fordelte eller berre vert allment utforma og den konkrete gjennomføringa ikkje kan verta kontrollert.

Den leiande rolla til partiet i alle sine lekkar er vorten jamnt styrkt i striden mot all byråkratisk og teknokratisk påverknad frå statsapparatet og dei økonomiske og militære apparata på grunnorganisasjonane. Denne påverknaden var svært sterk andsynes nokre av grunnorganisasjonane i sentrale institusjonar, som til dømes i Statsplannemnda, Industri- og bergverksdepartementet, Handelsdepartementet, Jordbruksdepartementet, oljeselskapa, hæren og somme utdannings- og kulturinstitusjonar. Han førte til at rolla til desse grunnorganisasjonane vart svekt, til ein tendens til å setja teknikk over politikk og rolla til spesialistane over partiet si rolle. Her og der var det og utslag av det anti-marxistiske synet om at det er kadrane og ikkje partiet og organa og organisasjonane i det som står for leiarskap og rettleiing.

Heller ikkje partiapparatet er gjort uimottakeleg mot byråkratisk påverknad. Lik staten og dei økonomiske organa kan det og verta påverka av byråkrati og verta berar av det. Sjølv partiarbeidaren kan verta ein byråkrat og teknokrat dersom han skil seg av med prinsippa og set teknikk, papirarbeid og kontorrutinar fremst. Dette er ikkje noko ukjent. Bolsjevikpartiet vart kjøvd av det illgjetne «apparatskij». Saman med andre byråkratiserte kadrar i statsapparatet som hadde vike av frå vegen til arbeidarklassen og læra til Lenin og Stalin, vart dei den viktigaste støtta til Khrustsjov, Bresjnev og dei andre maktrøvarane som gjennomførde kontrarevolusjonen og tok makta ut or hendene til arbeidarklassen og partiet hans.

Det er retta knusande slag mot utslag av byråkrati og liberalisme som skadar den leiande rolla til partiet. Trass i det kan dei dukka fram når som helst dersom ikkje striden mot dei vert ført utan stogg i alle lekkar av

partiet, dersom ikkje prinsippet om at ingen kan tvinga på partiet sin eigen vilje og sine egne ynskje ikkje vert grundig nok forstått og gjennomført i alle grunnorganisasjonar og leiande organ heile tida og under alle tilhøve. I partiet vert alt avgjort på grunnlag av den proletariske ideologien og politikken til partiet og normene til det — og berre det.

Ein av hovudfaktorane som har gjort partiet i stand til å tryggja den leiande rolla si i heile den tida det har funnest, til å tryggja herredømmet til arbeidarklassen så heilt, monolittisk og effektivt, er den stålsette ideologiske og organisatoriske einskapen i det. Denne einskapen har vore det mektigaste våpenet i hendene på partiet for å kunna stå mot åtaka frå indre og ytre fiendar, for å kunna vinna over alle vanskar og gjera pliktene sine i revolusjonen og bygginga av sosialismen med ære.

Mot denne einskapen vart fiendegruppene som vart avslørte i bolken mellom dei sjette og sjuande parti-landsmøta knuste. At fiendeverksemda til desse gruppene vart gjort til inkjes, har gjort den ideologiske og organisatoriske einskapen i partiet meir monolittisk og militant.

Mange gongar i saga til partiet har det støytt saman med fiendar og svikarar som hadde snike seg inn i rekkjene. Alle desse svikarane har, saman med ytre fiendar, ruga ut planar og samansverjingar mot partiet og landet vårt. Men dei har vore heilt ute av stand til å gjennomføra dei, fordi dei er vortne oppdaga og avslørte av sentralkomiteen og heile partiet, og kasta ut av partiet. Partiet og heile folket har gått til åtak på dei og fordømt dei, og når det har vore naudsynt, er lovene til proletariatets diktatur og nytta til det. Partiet har aldri gjeve og vil aldri gje fraksjonar lov til å eksistera i rekkjene sine. Det har og har berre hatt ei line — den marxist-leninistiske lina — og denne har det truge forsvart og sett ut i livet med fast vilje.

Dei negative røynslene frå kommunistpartiet i Jugoslavia, kommunistpartiet i Sovjetunionen og ei rad andre kommunist- og arbeidarparti som sveik marxismen-leninismen, har prova at borgarleg forfall i partiet til arbeidarklassen og er beinveges knytt til at prinsippa og normene til det proletariske partiet vert fornekta eller gjorde om til livlause frasar.

Difor er det avgjerande viktig i all verksemd i alle leiande organ, i alle grunnorganisasjonar og for kvar kommunist å ta vare på og styrkja einskapen i partiet, å vinna fram til at det får uomstridd leiing over arbeidarklassen, å setja lina til partiet og dei leninistiske prinsippa og normene trufast ut i livet på revolusjonært vis. Berre på den måten vert manglar og veikskapar hindra frå å mangfalda seg og veksa til sjukdommar det ikkje finst hjelp mot, som klassefienden nyttar seg av til sine egne føremål mot partiet og sosialismen.

I somme grunnorganisasjonar har ein merka småkrangel og kameraderi. Kjeldene til dette er trong eigeninteresse, usunne slektsband og familieband osb. For å fjerna desse skadelege ovrिंगane er det naudsynt å setja i verk eit stort oppsedingsarbeid para med organisatoriske tiltak for å styrkja einskapen alle stader og for å stå fast ved ei rett og prinsippfast haldning ved alle høve.

Einskapen i partiet er ein militant einskap, ein einskap i handling, ein einskap mellom revolusjonære. Det levande livet til partiet vårt kan ikkje tola at det finst grunnorganisasjonar der det berre er formell einskap, der det rår ein «fred og ro»-ande og er eit makeleg liv, der alle er samde på møta, men ikkje mobiliserer seg sjølve til å gå ut og gjennomføra oppgåvene og held ved å ikkje bry seg med dette. Ekte og varande einskap i partiet til arbeidarklassen og i kvar einskild organisasjon i det, vert halden ved lag og styrkt utan stogg berre gjennom strid mellom motsetningar i partirekkjene, gjennom debatt, prinsippfast kritikk og sjølvkritikk, gjennom å setja partilina, vedtaka og direktiva

frå det, dei proletariske prinsippa og normene det har, ut i livet til punkt og prikke.

Revolusjonær røynsle fram til i dag lærer oss at leiing frå partiet vinn ein fullt ut og gjer ein jamnt og trutt betre, når alle leiande organ på alle nivå og alle grunnorganisasjonar spelar den leiande rolla dei skal ha, og heile den kommunistiske rørsla står i leiinga.

Grunnorganisasjonen i partiet er avgjerande viktig for å vinna leiing for partiet. Gjennom han vert den leiande rolla til partiet tryggja i kvar minste lekk av livet i landet. Grunnorganisasjonen er grunnlaget for partiet. Di meir stålsett dette grunnlaget er, di sterkare og meir stålsett vert heile partiet.

Rolla til grunnorganisasjonane er særleg gjort rikare i klassestriden for å setja ut i livet vedtaka frå dei fjerde, femte, sjette og sjuande plenuma i sentralkomiteen. Det indre livet i dei er revolusjonert, dei har teke betre opp dei viktigaste problema i arbeids- og produksjons-sentra og har auka tiltaket når det gjeld å setja oppgåvene ut i livet. Denne styrkinga og oppstrammainga av grunnorganisasjonane er ein av dei viktigaste faktorane for den framgangen partiet og massane i folket har vunne den siste femårsbolken, og er ein sunn garanti for at oppgåvene dette landsmøtet kjem til å vedta vil verta sette ut i livet fullt ut.

Trass i all framgangen som er vunnen, er det viktig å ha i tankane dei veikskapane som har synt seg. Då kan ein hindra at dei leie tilfella, då visse grunnorganisasjonar let vegen stå open for fiendane så desse kunne arbeida og skada arbeidet til partiet, statsmakta, økonomien og kulturen, tek seg opp att. Det har vore manglar og veikskapar i ein del andre grunnorganisasjonar og. Dei har late partidirektiva og normene verta brotne og rengde, har ikkje greidd å oppfylle oppgåvene i planen, har synt utslag av tendensar som står i motstrid til den proletariske ideologien og har ikkje tryggja at kvar einskild kommunist spelar for-troppsrolla han skal spela.

Partiet har kjempa og vil støtt kjempa for at grunnorganisasjonane i partiet skal vera og verta verande kraftige revolusjonære eldstader der klassetenking, proletarisk ideologi og marxist-leninistisk mot rår grunnen når alle problem skal løysast. I grunnorganisasjonen vert kommunisten væpna til å kjempa, til å setja ut i livet strategien og taktikken som fører partiet, arbeidarklassen og massane i folket til siger. Der vert dei herda med kommunistiske eigenskapar, der vert den proletariske partianden og viljen til å gå djervt frametter i liv og arbeid poda inn i dei.

Grunnorganisasjonen set den leiande rolla han skal ha ut i livet når han tek opp dei problema som er viktigast, når han kjempar for å forsvara og gjennomføra lina til partiet skikkeleg, når han alltid handlar med tiltak og utan å venta på at alt skal verta avgjort ovanfrå, når han tryggjar den leiande rolla til kvar ein-skild kommunist. Dette må vera det partiutvala i distrikta og hæren er mest opptekne av.

Grunnorganisasjonen kan verkeleg te seg som eit leiande organ når det er diskusjon og meiningsbryting der, når det vert kravt rekneskap for arbeidet og når alle kommunistar har mot til å kritisera alle som gjer feil utan nøling og atterhald og same om dei har ein leiande post i partiet, staten, hæren eller nokon annan stad. Alle føresette, ministrar, direktørar, kommandantar, sekretærar eller kva dei enn måtte vera, har skyldnad til å gjera fullt og heilt rekneskap for arbeidet sitt som kommunist og kader.

Ikkje nokon har lov til å nytta grunnorganisasjonen til eige gagn eller setja seg sjølv over han, tvinga sine eigne meiningar på han, setja grenser for eller undertrykkja kritikk kommunistane kjem med mot vedkomande eller det området der vedkomande leier arbeidet. Det finst ikkje noko hierarki, rangskipnad eller titlar i partiorganisasjonen. Prinsippa og normene til partiet gjeld fullt ut, og må setjast ut i livet av kvar ein-

skild kommunist. Elles kan ikkje partiet forsvarast og styrkjast.

Kvar partiorganisasjon og kvar kommunist har plikt til å skaffa seg djup ideologisk forståing for kor viktig det er, dette skarpe våpnet som heiter kritikk og sjølvkritikk, og bruka det djervt når det er tale om å forsvara partiet si sak. Å gjera sjølvkritikk tyder ikkje berre å vedgå feil. Det er og svært viktig å analysera feilen og få ope fram årsakene til han. Partiet må støypa kvar einaste kommunist, utan unntak, til djerpe folk som har mot til å avduka sine eigne og kameratar sine feil og kritisera dei utan å nøla. Der det er jamn, rett og skarp kritikk og sjølvkritikk, kan ikkje dei sjukdommane som trugar partiet slå rot. Der kan ikkje klassefienden finna noko område å arbeida i. Der får ein til større mobilisering til å setja vedtaka og direktiva ut i livet, der vert fortroppsrølla til kommunistane betre og leiarskapen til partiet som eit heile styrkt.

Grunnfaktoren som aukar styrken til partiorganisasjonane som leiarar og organisatorar, er konsekvent oppfylgning av korleis oppgåvene vert utførde, kontroll med korleis direktiva og vedtaka til partiet vert sette ut i livet. Utan kontroll kan ein ikkje få sannkjent om direktivet er rett og korleis resultatet av arbeidet er, kan ein ikkje kjenna og oppdaga vanskar, hindringar, veikskapar og motseiingar, og då kan ein ikkje setja i verk tiltak for å vinna over dei. Utan kontroll vert det ikkje noko krav om rekneskap, ikkje kritikk og sjølvkritikk, ikkje noko strev og strid for å gjera seg viss om at oppgåvene vert gjennomførde. Kontroll vil ikkje seia å ha tvil om alt og ikkje ha tillit til kameraten sin. Kontroll er ei plikt for partiet og han vert sett i verk for å forsvara og setja ut i livet lina, prinsippa og normene til partiet.

Den leiande rolla til grunnorganisasjonen og til partiet i det heile aukar og vert styrkt når kommunistane si rolle som fortropp veks vidare og vert styrkt gjennom at kvart einskild partimedlem vert gjort til verkeleg leiar

for massane. Utan at einskildkommunistar spelar rolla som fortropp, kan det ikkje finnast noko fortroppsparti for arbeidarklassen, kan det ikkje finnast noko parti til å leia massane i folket.

Kvar einskild kommunist har skyldnad til å stri for å halda ved lag æra til denne tittelen. Det kan ein gjera med revolusjonært arbeid og revolusjonær strid, gjennom eit klassestandpunkt og åtferd som tener som føredøme, gjennom jamnt og trutt strev for å auka det politiske, ideologiske, utdanningsmessige og faglege nivået sitt. Slik vil han alltid kunna kjenna seg som ein trugen soldat i partiet, verd den høgvyrde tittelen han har.

Sentralkomiteen har lagt særleg vekt på **å styrkja og betra den leiande rolla til plenuma i partiutvala i distrikta og partiutvala i hæren**, slik at dei gjev endå betre rettleiing til alt arbeid i grunnorganisasjonane, til organa i statsmakta, i økonomien, hæren, masseorganisasjonane, kultur- og utdanningsinstitusjonane.

Eit av dei viktige krava partiet har stilt, har vore og er framleis at plenum vert sett i eit rett tilhøve til byrået. Partiet har vore uroleg for den range tendensen som har synt seg ved somme høve til å setja byrået over plenum, til å overvurdera rolla til byrået og undervurdera rolla til plenum. Det har kjempa mot alle utslag av å dyrka byråa og sekretæranane.

Dette har ført til at autoriteten til plenuma er auka og til at evna deira til å leia, organisera og kontrollera på alle felt, er lyft opp på eit høgre nivå. Medlemmene i plenuma kjenner djupare det ansvaret dei har til å syta for kollektiv leiing.

Mellom to konferansar er plenum det høgste forumet til å leia alt arbeidet til partiet i distriktet. Byrået kan aldri koma i staden for plenum, og kan ikkje på nokon måte utføra funksjonane sine ut over vedtaka plenum gjer eller utanfor kontroll for medlemmene i plenum. Byrået har skyldnad til å gjera rekneskap for plenum om arbeidet sitt. Desse prinsippa gjeld likeins for sentralkomiteen og politisk utval i han.

For å styrkja rolla til plenuma, må ein føra meir hardnakka og systematisk strid for å få snudd tyngdepunktet for leiing heilt om frå byråa til plenuma. Dette krev særskilt grundigare kritikk og sjølvkritikk i plenuma for alle medlemmer og utan å gjera unntak for byråmedlemmer og sekretærar, at ein kjempar mot alle utslag av stormannsvanvit og dominering. Det er særleg viktig at distriktsplenuma i arbeidet sitt slår klårt fast oppgåvene til byråa og legg på dei ansvaret med å setja ut i livet direktiva frå sentralkomiteen og vedtaka dei gjer sjølve. I praksis finst det døme på at somme apparat under partiutvala utidig tek til seg funksjonar som høyrer inn under dei valde organa. Denne fråtakinga fører med seg alvorlege fylgjer for den leiande rolla til partiutvala. Apparata er skipa for å tena dei valde organa, for å hjelpa til med og letta arbeidet for dei, og ikkje for å koma i staden for dei.

Partiet har alltid halde oppe prinsippet om kollektivisme i arbeidet til dei leiande organa. Kollektiv tenking og handling er meir mogen og rett, og spelar den avgjerande rolla når partiet skal gje leiing. Kollektivisme fjernar byråkrati og vilkårleg handsaming, og gjev samstundes kveik til individuell tenking og handling, gjev ikkje høve til at det vert skapt formalisme og spreidd einsretting.

Å gjennomføra prinsippet om kollektivisme i kaderpolitikken som det einaste i partiet er særleg viktig. Alle har skyldnad til å underleggja seg generallina til partiet, kriteria, retningslinene, skipnadene og prosedyrane det har sett for kadrane. Ikkje noko må gjerast på individualistisk vis på dette feltet. Prinsippet om kollektivisme er ikkje berre eit ideologisk og politisk grunnprinsipp, men styrkjer og overtydinga til alle om at kvart einskild menneske si stilling er i hendene på partiet og arbeidarklassen. Elles er det ikkje berre slik at ein ikkje unngår subjektivisme, men mange nedbrytande fenomen vert dyrka fram, til dømes servilitet, redsle, ovmod, maktsykje, osb.

Kollektiv leiing i partiutvala vert tryggja og styrkt når kvart einskild medlem i det kjenner djupt det store ansvaret han er tiltrudd, tar aktivt del i å reisa og klårleggja problem, i å gjera vedtak og setja dei ut i livet.

Styrking av den leiande rolla og heile det kollektive arbeidet til partiutvala, krev at desse organa og kvart einskild medlem i dei må fylgja nøye med i arbeidet som vert gjort på distrikts- eller hæreiningnivå, med alle problema og kjempa for at dei skal verta løyste. Når dei gjer slik, kan det seiast at dei verkeleg funksjonerer samanhengande gjennom heile perioden. Den range skikken med å avgrensa den leiande rolla til partiutvala til berre møta, må kjempast ned med fast vilje. Han er byråkratisk, set møte i staden for det levande arbeidet mellom folk og hjelper korkje til å styrkja det kollektive arbeidet i desse organa eller til å auka den personlege ansvarskjensla til medlemmene i dei.

Nokre medlemmer i forum skjønar framleis ikkje godt nok at å førebu eit møte, halda det og gjera vedtak, trass i at det er svært viktig, berre merkjer av byrjinga i arbeidet. Det er organiseringa av striden for å setja vedtaka ut i livet i praksis som er den breiare fronten der alle forummedlemmer må syna tiltak og evne som organisatorar. Likevel er det forummedlemmer som slappar av og trur at dei har gjort oppgåva si så snart møtet er over og vedtaka gjorde, og at det er opp til andre å gjera arbeidet. Alle plenummedlemmer har skyldnad til å syna omsut for og stri for at vedtaka vert sette fullt og heilt ut i livet, og dei må ikkje venta på at nokon annan skal ta fatt. Dei må aldri gløyma at dei er leiarar og har kollektivt og individuelt ansvar for alt arbeid. Dette er eit viktig vilkår for at partiutvalet skal kunna spela den leiande rolla si fullt ut.

2. Vi må styrkja den proletariske samansetninga av partiet utan stogg

Så lenge partiet har funnest, har det kjempa for dei høgvyrde dygdene og eigenskapane kommunistane har

som fortroppsstridsmenn. Disse er styrkte frå år til år i striden for å setja ut i livet oppgåvene bygginga av sosialismen set, i strenge klasseslag, gjennom å styrkja samansetninga av partiet.

I åra etter det sjette landsmøtet er tusentals nye medlemmer tekne opp i partiet. Dei er mellom dei beste sønene og døtrene til landet vårt, dei mest samvitsfulle og mest herda som revolusjonære, mest trugne og viljefaste andsynes kommunismen. Dei er prøvde i revolusjonær handling og har merkt seg ut i striden for å byggja sosialismen og forsvara heimlandet.

I dag fyller 101.500 kommunistar, eller 14.500 fleire enn ved det førre landsmøtet, rekkjene i partiet. Av desse er 13.500 kandidatmedlemmer. Kommunistane står for meir enn fire prosent av folketalet. Arbeidarar står for 37,5 prosent av heile medlemsstokken og 29 prosent er folk som arbeider i samyrka.

Når det gjeld sosial status held arbeidarane framleis fyrsteplass i partiet. Partiorganisasjonane og organa har halde seg til retningslina med å auka talet i parti-rekkjene fyrst og fremst med folk frå arbeidarklassen. Meir enn 41 prosent av dei som er tekne opp i partiet kjem frå denne klassen, medan 38 prosent er samyrkebønder og nesten 21 prosent kontorfolk, intellektuelle eller militære.

Partiet vil og i framtida gje prioritet til å auka talet i rekkjene med folk frå arbeidarklassen.

I det store og heile har og partiorganisasjonane i distrikta sett ut i livet pålegget frå det sjette partilandsmøtet om å ta opp fleire samyrkebønder, slik at partiet vert endå meir styrkt på landsbygda og leiinga det har i jordbrukssamyrka vert betre. Talet på kandidatmedlemmer som er tekne opp mellom dei som arbeider i samyrka, kjem nest etter talet på arbeidarar og er nesten dobbelt så stort som talet på kontorfolk som er tekne opp i partiet.

Likevel skulle ein ha teke opp fleire av dei som arbeider i samyrka, særleg i visse distrikt der det har synt

seg eit fall som ikkje let seg rettferdiggjera, i prosenten av kommunistar frå samyrka.

Å gjera partiet større og styrkja det med folk frå samyrka vil alltid vera ei viktig oppgåve. Målsettinga er at i framtida skal kommunistar med denne sosiale statusen vera nest flest etter arbeidarar.

Det er synt stendig omsut for å ta opp kvinner i partiet. No er kvinnelege kommunistar nesten 27 prosent av det samla talet på kommunistar, mot 22 prosent i 1971 og 12,5 prosent i 1966.

Den mektige utviklinga av landet vårt materielt, kulturelt, i utdanning, ideologisk og sosialt, at den sosialistiske revolusjonen er gjort jamnt og trutt djupare på alle felt, har skapt betre vilkår for at kvinnene skal kunna ta meir aktivt del som revolusjonskjemparar i å fullføra bygginga av det sosialistiske samfunnet og i å styra landet. Dette gjer det til ei oppgåve å auka talet på kvinnelege kommunistar i partirekkjene endå snøggare.

Størsteparten av dei som er tekne opp i partiet i åra 1971—1976, er tretti år eller yngre. Dette ber vitne om kor stålsette banda mellom ungdommen og partiet og kommunismen er, og i tillegg kor stor omsut partiet har for å setja saman ulike aldersgrupper for å unngå fysisk aldring, for alltid å halda seg moge og ungt på same tid både i revolusjonær tanke og handling, eit parti for no-tid og framtid.

Partiet har alltid vurdert spørsmålet om stendig å gjera klassesamansetninga av det betre i nær samanheng med ei rad faktorar, men fyrst og fremst med kvaliteten på kommunistane som proletariske fortrøpsstridsmenn. Partiet treng friskt blod, men blodet må vera reint. Det har aldri gått etter kvantitet og vil aldri gjera det. I eit marxist-leninistisk parti vil alltid kvaliteten spela den avgjerande rolla.

«Vi treng ikkje fiktive partimedlemmer, ikkje ein gong som gåve,»* lærer Lenin.

Denne kursen er og fylgt konsekvent og viljefast i bolken etter det sjette landsmøtet. Men det vil ikkje seia at det ikkje har funnest veikskapar og manglar. Det finst grunnorganisasjonar og utval i partiet som no og då har gjeve utillatelege konsesjonar når det gjeld å oppfylla vilkåra partiet har fastsett for å tryggja at kvaliteten på kommunistane som fortroppsrevolusjonære er så god som han må vera. I andre høve, både før opptak og i prøvetida, har ein ikkje passa godt nok på at kandidatane vert prøvde og øvde opp ideologisk og organisatorisk.

Retningslinene om å styrkja samansetninga av partiet med arbeidarar, samyrkebønder og kvinner, saman med kravet om at det må nå endå lengre ut, må ikkje setjast i verk mekanisk, men må alltid vera i fullt samsvar med prinsippa og normene i grunnlova, slik at kvaliteten på opptaka ikkje vert skadd ved noko høve. Med omsyn til dei kriteria som er fastsette, er dei sunnaste nye opptaka dei som fører inn i partiet framstående aktivistar, menn og kvinner som er fastrådde og lojale andsynes partiet si sak, — i hovudsak frå dei sektorane der dei materielle goda vert produserte, frå dei viktigaste produksjonsgreinene, dei vanskelegaste frontane der det er vilkår for strenge prøver som skil folk ut frå ideologisk og politisk synsmåte, frå synstaden revolusjonære eigenskapar og verksemd.

Nesten 82 prosent av dei kommunistiske arbeidarane som er tekne opp i partiet etter det førre landsmøtet, kjem frå virkefeltet for materiell produksjon. Likevel skulle ein streva meir etter å få med fleire arbeidarar frå dei viktigaste produksjonsgreinene, særleg frå den tunge utvinnings- og vidaretilarbeidingsindustrien, dei

* Sjå Lenin, «Arbeiderstaten og partiuka» (1919) i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1976, bind 11, s. 37—39. —Red.

store føretaka, arbeidarar med så høgt klassemedvit som råd. Fleire kommunistar skulle takast opp frå desse frontane av di ein del av dei kjem til å gå frå desse til andre sektorar og greiner etter kvart som trongen melder seg.

Det er uomstridd at prøvetida til eit kandidatmedlem — at denne er naudsynt og rett, er fullt ut stadfest i praksis — er viktig for kvaliteten på opptaka. Difor må vi gjera dette utprøvde systemet med revolusjonær herding endå betre, i samsvar med alle krav og pålegg frå partiet.

Folket vårt har alltid kjent kommunisten som eit svært ærleg menneske, som ein svært viljefast stridsmann i striden for revolusjonen og sosialismen, har alltid sett han i fremste rekkje — alltid budd til å fara dit arbeidet og striden er vanskelegast. Partiet kan ikkje gje lov til at folk som ikkje er verd den høgyrde nemninga kommunist, vert verande i rekkjene. Difor er ein av måtane til å styrkja partiet utan stogg, å reinsa ut dei som sulkar til biletet av kommunistane, som misser eigenskapane som revolusjonære fortroppsstridsmenn eller som har sneke seg inn i partiet. Lenin kalla reinsinga av partirekkjene ei utviklingslov for partiet til arbeidarklassen av den nye typen. I partiet vårt vert denne reinsinga gjennomført på ein naturleg måte, i samsvar med prinsippa og normene i grunnlova, med å gjennomføra indre partidemokrati og be om å få høyra meiningane til massane i det arbeidande folket.

Av dei som vert ekskluderte frå partiet, er berre nokre få fiendslege anti-partielement. Dei andre er framleis glade i partiet og det sosialistiske fedrelandet sitt og marsjerer frametter saman med folket på vegen til partiet, trass i at dei er utstøyte. Partiet har utferda pålegg om at desse alltid må haldast nære, i aktivitet, verta hjelpete og oppseda, og at sekteriske utslag andsynes dei ikkje kan tillatast.

Den stødige voksteren til partiet går parallelt med at frontane og oppgåvene bygginga av sosialismen og for-

svaret av fedrelandet set, aukar i omfang og breidde. Trongen for kommunistar på desse frontane kan ikkje settast berre med å ta opp nye folk. **Av denne grunn er det særskilt viktig at kreftene til partiet vert utvida og spreidde.**

No er det sjelden å koma over ein sektor, ei avdeling eller ein produksjonsbrigade der det ikkje er kommunistar, ei gruppe kommunistar, ei partigruppe eller ein grunnorganisasjon i partiet. Når det gjeld auke i talet på og spreinga av partimedlemmene, vert det gjeve prioritet til produksjonssfæren, og innanfor denne sfæren, til hovudfrontane i arbeidet slik som gruvene, den tunge vidaretilarbeidingsindustrien, dei viktigaste byggjetiltaka, jordbruk, osb.

Meir enn i nokon annan femårsbolk er det i dei siste fem åra sendt kommunistar ut frå administrasjonen til produksjonen, frå byen til landsbygda. I dag arbeider om lag 62 prosent av det samla talet på kommunistar i produksjonssfæren, og av desse arbeider 82 prosent beinveges i produksjonen. I jordbrukssamyrka er talet på kommunistar som tek beinveges del i produksjonen, 87 prosent av alle kommunistar der.

I framtida vil det verta naudsynt å senda relativt fleire kommunistar enn det ein gjer no, frå byane til landsbygda. Likeins må høvetalet mellom kommunistar som tek beinveges del i produksjonen og dei som arbeider i administrasjonen i dei økonomiske sektorane verta betre, og då i favør av dei fyrste. Særleg gjeld dette i bygg og anlegg og på statsbruka, der prosenten av kommunistar som tek beinveges del i produksjonen er relativt lågare enn i dei andre sektorane i økonomien.

Målet er å få gjennomført så godt som råd det marxist-leninistiske prinsippet at arbeidarklassen sitt parti, fortroppen til klassen, må stå i fremste rekkje i striden, i arbeidet, i produksjonen, alle stader der dei trengst. På denne måten vil partiet alltid setja ut i livet den leiande rolla det skal ha, og med framgang vinna hegemoniet i klassen sin.

På same måten som når det gjeld samansetninga av partiet i det heile, **har sentralkomiteen og heile tida synt omsut for å styrkja den sosiale samansetninga mellom dei leiande kadrane i partiet, staten, økonomien, masseorganisasjonane.**

No har 44,2 prosent av medlemmene i leiande fora i partiet i distrikta og hæreiningane arbeidarstatus, -bakgrunn og -opphav. Dette og den andre kjensgjerninga at eit stort tal av medlemmene i plenuma i partiutvala held fram å arbeida beinveges i produksjonen som arbeidarar og samyrkebønder også etter at dei er valde til desse fora, fortel om den stendige omsuta partiet har for å halda ved lag og styrkja den revolusjonære karakteren til dei leiande organa sine. Likeins har 40 prosent av arbeidsstokken i departementa og andre sentrale statsinstitusjonar arbeidarbakgrunn. I dei valde organa i staten, masseorganisasjonane og jordbruks-samyrka er meir enn 70 prosent av dei som er valde, arbeidarar og samyrkebønder. På den andre sida er 72 prosent av dei ikkje medlemmer i partiet. Alt dette er ein stor siger for partiet og fortel klårt at den leninistiske læra vert konsekvent gjennomført.

Det motsette skjer i revisjonistpartiet i Sovjetunionen og i dei andre revisjonistpartia. Der høyrer kadrane til det øvste laget mellom dei borgarlege teknokratiske intellektuelle. Der er det store fleirtalet av dei som er med i partiutval på ulike nivå byråkratiske tenestemenn, medan sekretæranen nesten hundre prosent er intellektuelle og teknokratar.

At pålegga frå partiet om å få fleire kadrar med arbeidarstatus og opphav og frå dei vanskelege produksjonsfrontane inn i dei leiande organa alle stader er rett gjennomførde, har hjelpt mykje på for å betra rolla til desse organa og verksemda i dei. Dei nye medlemmene frå grasrota tar med seg det revolusjonære tiltaket, motet, og anden til arbeidarklassen.

I samsvar med oppgåva det sjette partilandsmøtet sette, er mange yngre kadrar flytte fram til ansvarsfulle

postar. Av alle kadrar i alle samskipnader høyrer 40 prosent til aldersgruppa under 30 år, 31 prosent er frå 31—40 år, 21 prosent frå 41—50 år og 8 prosent over 51 år. Desse tala syner at auke i og fornying av medlemsstokken går føre seg på ein naturleg måte og at det vert endå betre likevekt mellom unge og eldre kadrar.

Det er naudsynt at dei unge kadrane som kjem inn i partifora og andre leiande organ, får mykje og allsidig hjelp og at ein kjempar mot alle hindrande og konservative haldningar slik at dei vert i stand til å grunnfesta seg som leiarar. Dei må få konkrete oppgåver, opplæring og tilsyn, hjelp og støtte med det som mål at dei skal læra å verta sanne leiarar i beinveges revolusjonær praksis.

Med striden som er ført mot hindringar, særleg konservative haldningar, er no verksetjinga av partidirektivet om å flytta kvinner fram til leiande organ i partiet vorten synleg betre. Av medlemmene i plenuma i partiutvala i distrikta og regionane og av det samla talet på valde og utpeikte kadrar, er om lag 40 prosent kvinner. Auken i talet på kvinner som er sette fram i ansvarsfulle stillingar, er ein positiv tendens som stendig må førast vidare.

3. Vi må stendig styrkja banda partiet har til massane og leiinga frå partiet i samfunnsorganisasjonane og statsorgana

Styrken til det marxist-leninistiske partiet vårt ligg i dei stålsterke banda det har til folket. Utan desse banda ville det vera livlaust. Einskapen mellom partiet og folket vart historisk sett skapt i krigen for nasjonal og sosial frigjering og i bygginga av sosialismen. I grunnmuren til denne einskapen ligg den støe tiltrua massane har til at lina til partiet er rett, at det forsvarer interessene til folket lojalt og med mot, til evnene det har som leiande, organiserande og mobiliserande kraft.

Lina til partiet har aldri vore berre partiet si line — ho har vorte massane si line. Så lenge partiet har funnest, når kvart einaste problem skulle løysast, når kvar einskild oppgåve skulle setjast ut i livet, har det kjempa saman med folket.

Den siste femårsbolken har gjeve endå fleire sterke vitnemål om dei ubrytande banda mellom partiet og folket, om den stålsette einskapen mellom partiet og folket. For å styrkja dennè einskapen endå meir, har sentralkomiteen løyst ei rad problem og sett opp viktige oppgåver for å gjera rolla massane spelar betre, for å tryggja at tilhøvet mellom dei og partiet alltid skal vera rett, for å gjera striden mot byråkratiske, liberalistiske og sekteriske ovringar som skadar banda mellom partiet og massane strengare.

Dette har endå meir styrkt overtydinga folket har om at berre under leiing av partiet kan dei for alltid verta verande herrar over lagnaden sin og garanterte ei endå tryggare og meir lukkeleg framtid. Det er ført store diskusjonar i partiet og i folket om problema med å styrkja det sosialistiske demokratiet endå meir, med å betra rolla arbeidarklassen og heile det arbeidande folket spelar i livet i landet, med å gjera banda mellom partiet, arbeidarklassen og massane meir fullkomne.

All revolusjonær røynsle gjennom den siste bolken har endå ein gong prova at **banda partiet har til massane alltid vert haldne ved lag og styrkte med grunnlag i at dei er overtydde om at lina til partiet er rett.** Denne overtydinga vert skapt og heile tida gjort djupare av massane si eiga røynsle.

Partiet kommanderer ikkje, men leiar massane.

«Leiing...», lærer Stalin, «vil seia å ha evna til å overtyda massane om at politikken til partiet er rett; evna til å setja fram og gjennomføra slike parolar som fører massane fram til partiet sine standpunkt og hjelper dei til å skjønna gjennom eiga røynsle at partiet sin politikk er rett; evna til å lyfta massane til det politiske medvitsnivået

*partiet har, og slik tryggja støtte frå massane og tryggja at dei er budde til den avgjerande striden.»**

Den som prøver å tvinga seg på massane med makta han har til å gje ordrar, med autoriteten han har og stillinga si i partiet og staten, bryt lina til partiet og går bort frå masselina. Partiet har kjempa og må alltid kjempa hardt mot slike haldningar, for dei er ei kjelde til at byråkratiet kan bløma og til skadeleg dyrking av einskildmennesket, og fylgjeleg til at banda mellom partiet og massane vert veikare.

Partiet overtyder massane fyrst og fremst med ikkje å skilja ord frå handling, det overtyder dei gjennom føredømet til kommunistane, gjennom at dei stiller seg i fremste rekkje i arbeid og kamp. Difor kritiserer det skarpt slike kommunistar og kadrar som ikkje går føre med eit godt føredøme, kritiserer alle haldningar som står i motstrid til den revolusjonære anden som kjennermerkjer partiet vårt og dei som ikkje hjelper til med å styrkja banda mellom partiet og massane.

Det ideologisk- politiske arbeidet, opplysnings- og oppsedingsarbeidet partiet gjer i massane er svært viktig og støtt viktig for å styrkja einskapen mellom partiet og folket. Som i all anna verksemd har det vore framgang i dette arbeidet den siste femårsbolken. Men det trengst å gjera det endå betre på mange måtar for å få endå større evner til å overtyda og mobilisera massane. Dersom det hender her og der at eit arbeidar-kollektiv i eitt eller anna arbeidssentrum ikkje mobiliserer seg slik det skulle for å setja ut i livet eit visst vedtak eller direktiv, kjem og dette av at organisasjonen eller utvalet ikkje har gjort desse tinga heilt klare for det arbeidande folket, eller av at det undervurderer metoden med overtaling og byggjer arbeidet sitt på byråkratiske kommanderingsmetodar.

* J.V. Stalin, «Om spørsmålene i leninismen», (1926) i *Spørsmål i leninismen*, Forlaget Oktober 1976, s. 131.

Ein ufråvikeleg føresetnad for at massane skal spela ei større rolle, er at dei jamnt vert gjorde kjende med vedtaka og direktiva frå partiet. Det arbeidande folket er heile tida vorte gjort kjent med vedtaka frå grunnorganisasjonane i partiet, frå utvala og partikonferansane, sentralkomiteen og partilandsmøta, og er vorte mobilisert til å setja ut i livet oppgåvene som har opphav i desse vedtaka. Massane har rett til å få vita kva vedtak grunnorganisasjonane og dei ulike partiorgana gjer. På denne måten får dei høve til å kunna vurderer vedtaka og mobilisera seg til å setja dei ut i livet.

Partiet har sett på det å få systematisk fram meiningane til massane om ulike problem som ein av dei viktigaste metodane til å auka det politiske medvitte til arbeidsfolk og få dei med i styringa av landet. I framtida og er det ei plikt for partiet å leggja særskilt vekt på å gjera seg nytte av massane sine meiningar så langt som råd, gjennom rådføring, folkelege diskusjonar og breva dei sender til sentralkomiteen og alle andre parti- og statsorgan. Dette vil tena til å styrkja det sosialistiske demokratiet vårt og stetta dei rett-komne krava til det arbeidande folket.

Frå år til år vert rekneskapet partiorgana og organisasjonane, kommunistane og kadrane gjer for massane organisert betre og betre. Gjennom denne skikken, gjennom at arbeidet deira vert underlagt beinveges kontroll frå massane, vert dei i stand til å vurderer sitt eige arbeid meir objektivt med alle dei sterke og veike sidene det har. På grunn av dette er ansvars-kjensla til fora og til kvar einskild kommunist og kader andsynes partiet og massane vorten betre.

Partiorgana og -organisasjonane må byggja på røynslene dei har vunne, og nytta dei mest ulike former og metodar for å gjera systematisk rekneskap for massane, og må ikkje under nokon omstende tillata noko avvik frå denne skikken. Ikkje nokon kom-

munist eller kader kan halda seg utanfor kontrollen frå massane.

Etter det sjette landsmøtet har organisasjonane og organa i partiet arbeidd hardt og streva alvorleg for å fjerna siste rest av metoden med å arbeida for stengde dører, for å koma ut på den breie vegen med vurdering, kritikk og kontroll frå arbeidarklassen og massane. Å nytta metoden med å arbeida for stengde dører på nokon som helst måte og å nøla med å gjera problema til partiet til massane sine problem, fører ikkje til noko anna enn at banda partiet har til massane vert veikare.

Å rådføra seg med massane, gje dei opplysningar og gjera rekneskap for dei, er, saman med arbeidar- og bondekontrollen, til uvurderleg hjelp for partiet for å gjera det visst at det gjer rette og høvelege vedtak, prøver om dei er rette i revolusjonær praksis, drar lærdommar og gjer leiarskapen sin stendig betre.

Tilhøvet kadrane har til massane har svært stor innverknad på om einskapen om partiet i folket skal verta sterkare. At kadrane held oppe nære band til massane er heilt ufråvikeleg for å halda dei unna subjektivisme og byråkrati, og for å gjera evnene og mogenskapen deira betre. Desse banda veks seg sterkare når kadrane held ved lag og utviklar dei revolusjonære eigenskapane partiet dyrkar fram i dei, som til dømes å vera smålåtne, ærlege, kloke, å ha ein offerviljug og sjølvnektande ande, å vera budde til alltid å tena sosialismen. Dei herdar desse dygdene i det daglege livet med atter og atter å gå i skule hjå arbeidarklassen. Det vil seia at dei må lytta til det arbeidarklassen seier og handla i hans interesser, må slita slik arbeidarklassen gjer det og arbeida med den livskrafta og disiplinen han har, og alltid vera leidde av den proletariske ideologien og politikken til partiet.

Tiltaka partiet har vedteke for å revolusjonera kadrane, som til dømes at dei sirkulerer systematisk, arbeider i produksjonen, systemet med å gjera rekneskap osv., må setjast fast ut i livet utan avbrot. Desse tiltaka

tener til å styrkja banda kadrane har til folket, vernar dei mot sjukdommen byråkrati, aukar evnene og kunnskapane deira og held dei fast for alltid som revolusjonære.

Samfunnsorganisasjonane, Den demokratiske fronten i Albania, fagforeiningane, Arbeidsungdomsforbundet, Kvinneunionen, som er dei sterke lyftestengene til partiet, **spelar som alltid ei svært viktig rolle for å styrkja banda mellom partiet og massane.** Heile folket er med i rekkjene deira, difor tek dei røysta til partiet ut til alle på ein organisert og høveleg måte og byggjer opp den rette samfunnsmeininga om oppgåvene partiet set fram. På den andre sida kjem dei til partiet med massane si røyst, meiningane og framlegga deira, røyntslene deira frå striden for å setja direktiva ut i livet. Gjennom dei oppsedar partiet massane i den marxist-leninistiske ideologien og mobiliserer dei i striden for å byggja sosialismen.

Dersom masseorganisasjonane skal kunna spela denne viktige rolla slik dei bør, er det eit krav at partiet har leiinga i alt arbeid dei gjer. Dette krev fyrst og fremst at partiutvala, særleg partiorganisasjonane, må sjå med største alvor på samfunnsorganisasjonane og arbeidet deira, må opplysa dei om vedtak og direktiv frå partiet, opna nye arbeidsvoner for dei, hjelpa dei å utvikla tiltak og setja dei i gong med aksjonar. Det er ei oppgåve for kvar einaste kommunist, ikkje berre for dei som er særskilt utpeika til å arbeida i desse organisasjonane, å vera ein framståande samfunnsaktivist og arbeida utrøyttande mellom folket for å bera fram lina til partiet alle stader, arbeida for å læra opp og mobilisera dei arbeidande massane, og å styrkja sjølve masseorganisasjonane på alle måtar.

Partiet har lagt særleg vekt på stendig å styrkja maktorgana og dei andre organa til proletariatets diktatur, då dei spelar ei svært framståande rolle når det gjeld banda partiet har til massane og når det gjeld å setja ut i livet politikken til partiet. Folkeforsamlinga og re-

gjeringa, folkeråda og dei utøvande utvala i dei, domstolane og statsadvokatkontora, Folkehæren, organa for indre spørsmål, er dei sterkaste hjelparane partiet og arbeidarklassen har til å utvikla revolusjonen utan stogg, til å byggja sosialismen og forsvara landet.

Resultatet av den striden partiet har ført saman med massane, er at verksemda til dei ulike organa til proletariatets diktatur er lyft til eit høgre nivå, at den folkelege revolusjonære karakteren deira er styrkt, at evnene deira til å leia, organisera og oppseda er vortne betre. Særleg er dei reinsa for liberalistisk og byråkratisk støv, den proletariske samansetninga av dei er betra, dei er sette meir beinveges under kontroll frå massane, autoriteten deira er gjort betre, og dei har vunne djup vyrdnad og kjærleik frå folket.

Ei av dei viktigaste sidene partiet må samla ans og omsut for er at rolla til dei representative maktorgana vert gjort betre heile tida, då desse utøver viljen og suvereniteten til folket. Etter grunnlova har desse organa ansvaret for all verksemd i statsmakta i det området dei er skipa for, og alle andre statsorgan er fullt ut under styring og kontroll frå dei. Ikkje noko som vert gjort, same kva det er, i dei utøvande organa og apparata deira, av leiarane og arbeidsfolk i desse apparata, må sleppa unna kontroll frå dei valde organa eller å gjera rekneskap for dei og for massane.

Som statsmaktorgan er dei representative organa og skular i å styra. Der lærer eit stort tal rådgjevarar og fullmektigar korleis statsproblem vert løyste. No har vi nesten tre gongar så mange valde kadrar som utpeikte, og meir enn 70 prosent av dei er arbeidarar og samyrkebønder. Tusentals andre vert aktiviserte i desse organa. Di sterkare og betre maktorgana sentralt og i distrikta lit på folk som er valde, fullmektigar og rådgjevarar, di meir fruktberande vil arbeidet deira verta, di tettare vil dørene mot fåren for byråkrati, teknokrati og liberalisme som er eit trugsmål mot statsapparatet, verta stengde.

Eit anna spørsmål som må strekast under, er det nære sambandet og samarbeidet mellom dei representative og utøvande organa i statsmakta og i masseorganisasjonane. Dette sambandet og samarbeidet har ikkje alltid vore så sterkt og konsekvent på alle nivå. Å styrkja det hjelper godt på for å løysa snøgt og rett problem og oppgaver som har med styringa av landet å gjera, særleg når det gjeld å styrkja tilhøvet mellom statsmakta og folket. På denne måten vert sambandet mellom lekkane og elementa systemet vårt med proletarietets diktatur er bygt opp av betre. Utan sunt samarbeid mellom organa i statsmakta og masseorganisasjonane er det vanskeleg å setja det store prinsippet for maktutøving ut i livet, ikkje berre av dei representative organa, men og beinveges av arbeidar-klassen, samyrkebøndene og andre arbeidsfolk.

Folkeråda må syna større omsut for å løysa samfunnsproblem og føra vidare dei gode tradisjonane frå dei nasjonale frigjeringsråda og likeeins sine eigne røynsler på dette feltet. I samarbeid med masseorganisasjonane kan dei løysa ei rad problem rettvist og godt, som til dømes dei som har med brot på normene i samfunnet vårt å gjera, fiendslege haldningar til arbeid, samfunnseigedom, osb. Dei bør ikkje overlata desse problema til rettsorganane ved kvart einaste høve. Slikt arbeid har stor oppsedande verknad på massane av folket.

Akkurat som på alle andre område, er leiing frå partiet den grunnleggjande faktoren når det gjeld å utøva dei ulike funksjonane til organa til proletarietets diktatur. Partiet har kjempa og vil kjempa mot alle teikn på slikt som svekkjer den fulle og heile leiinga det har over desse organa det minste. Arbeidarklassen utøver si leiing gjennom proletarietets diktatur og, men den fremste leiarskapen som styrer proletarietets diktatur og alt anna i det sosialistiske samfunnet vårt, er det det marxist-leninistiske partiet som står for, og

det tillet ikkje noko tvetydig når det gjeld dette spørsmålet.

Partiet, arbeidarklassen og massane har sett på plass dei leiande kadrane, sjølv kor få dei er, som gløymde kven som lærde dei opp og sette dei fram i leiande postar og kven som rår i systemet vårt med proletariatets diktatur, som hadde utvikla seg til å verta store på det, hadde vorte byråkratar, prøvde å verta herrar i partiorganisasjonane, og som har handla som ein tenestemann og byråkrat og ikkje ut frå partiet, arbeidarklassen og sosialismen sine interesser.

Eit stort tal kommunistar arbeider i ulike statsorgan. Kva enn slag leiande oppgåve dei har, er dei fyrst og fremst ansvarlege andsynes partiet og dei grunnorganisasjonane dei høyrer til når det gjeld korleis oppgåvene som er tildelte vert gjennomførde og korleis lina til partiet vert sett ut i livet i sektoren dei arbeider i. Ikkje nokon av dei må gløyma at han er kommunist fyrst og fremst og så leiande kader. Men dette vil ikkje seia at han ikkje er ansvarleg andsynes statsorgana, arbeidskollektiva og massane og ikkje må gjera rekneskap for dei.

Rettsorgana står andsynes særleg viktige oppgaver for å styrkja proletariatets diktatur. Desse organa har kjempa stødig for å setja lina til partiet ut i livet, for å gjera den folkelege karakteren sin djupare og setja i verk den revolusjonære retten.

I framtida og er det viktig at rettsorgana må halda fram striden for å revolusjonera seg endå meir, for å auka dugleiksnivået sitt og styrkja banda til folket endå meir. Det er framleis ei særleg oppgåve for desse å arbeida meir for å spreia lovene til dei arbeidande massane, slik at dei vert betre kjende med desse lovene og meir samvitsfulle når det gjeld å setja dei i verk og forsvara dei. Dette er samstundes ei oppgåve for statsorgana og masseorganisasjonane.

Å forsvara fedrelandet har alltid vore og held fram og vera plikta over alle plikter, eit stort spørsmål for

heile folket. Det sosialistiske Albania har vore og vil alltid vera eit åtaksmål for fiendar. Vi må aldri gløyma dette. Vi må alltid vera på beina, reie og budde til å forsvara fridommen og sigrane til revolusjonen.

Partiet har alltid bygt forsvaret av fedrelandet både på den ståande hæren og på heile folket som er væpna og militært organisert. Det har utan stogg synt omsut for dei væpna styrkane så dei held fram å vera eit mektig våpen for proletariatets diktatur.

Leiing frå det revolusjonære marxist-leninistiske partiet er det avgjerande vilkåret for at det skal kunna finnast ein folkehær og for at ein skal kunna organisera forsvaret av det sosialistiske fedrelandet. Berre leiing frå partiet gjer hæren til eit medvite og pålitande våpen for revolusjonen og proletariatets diktatur. Partiorganisasjonane og dei leiande organa i dei må alltid stå i brodden, og dei må sjå til at alt vert gjennomsyra av politikken til partiet, anden, prinsippa og normene det har, at alt vert underlagt leiing og vaksam kontroll frå partiet.

Ei av grunnoppgåvene for partiorgana og organisasjonane er å arbeida for å gje dei væpna styrkane revolusjonær oppseding og herda dei med ideane i marxismen-leninismen og den revolusjonære læra til partiet vårt.

Målet for den ideologisk-politiske oppsedinga må vera å få til prinsippfast gjennomføring av lina til partiet alle stader i hæren og at oppgåvene vert sette ut i livet med framgang. Som trugne søner av partiet og folket, må hærkadrane våre ha som kjennemerke at dei er uthaldande når det gjeld å gjera politikken og ideologien til partiet og folket sin militærkunst stendig meir til sin eigen, og fullt ut meistra våpen og militært utstyr.

Forsvar av fedrelandet og den sosialistiske skipnaden gjer at partiet og staten må revolusjonera organa for indre spørsmål endå meir og gjera arbeidet i dei betre.

Statstryggleiksorgana, Folkepolitiet og Grense-

styrkane har hatt framgang og vunne rik røynsle i den harde klassestriden for å avsløra og nedkjempa all fiendeverksemd, for å halda lov og orden og forsvara grensene til fedrelandet. Men under tilhøve der indre og ytre fiendar gjer striden dei fører mot oss hardare, vert det ei oppgåve for desse organa å auka den revolusjonære vaksemda og effektiviteten i arbeidet sitt til eit høgre nivå. Dei må gjera metodane i dette arbeidet endå betre og leggja det opp på eit meir vitskapleg grunnlag.

Det er utenkjeleg at organa for indre spørsmål kan gjera pliktene sine utan å vera visse på allsidig og jamn støtte frå folket. I dette ligg ei av hovudkjeldene til styrken deira. Stendig å styrkja den leiande rolla til partiet i høve til desse organa, å lyfta det politiske, ideologiske og faglege nivået til kadrane utan stogg og at dei støtt er fullt ut budde, er eit ufråvikeleg vilkår for at dei og i framtida ærleg og samvitsfullt skal kunna gjennomføra oppgåvene partiet og folket har tiltrudd dei.

IV

Striden partiet har ført på den ideologiske fronten

Åra som er gått har vore år med svært arbeid og strid for å få til ei ubrotten revolusjonering av heile livet i landet. Denne store omdanningsprosessen har gjort partiet og staten sterkare. Han har grunnfest den økonomiske basisen, utvikla skuleverket, kulturen og forsvarsmakta til landet vårt. Han har ført til at medvitet til det arbeidande folket er auka og har gjeve dei ei djupare marxist-leninistisk overtyding. Det er skapt ein militant ande og større mobilisering i arbeidet. Massane er vortne oppmuntra til å visa tiltak, dei har skjerpa det politiske og ideologiske vakthaldet og styrkt seg mykje i trua på sine egne krefter. I denne allsidige striden er kampeinskapen om partiet i folket vorten mykje betre, og proletariatets diktatur er vorte verna og styrkt.

1. Vi må føra klassestriden rett og med fast vilje

Å byggja sosialismen er ein prosess med hard klassestrid mellom dei to vegane — den sosialistiske og den kapitalistiske vegen. Det er ein strid som må kjempast på alle frontar — politisk, økonomisk, ideologisk og militært.

Denne striden er og eit objektivt fenomen under sosialismen. Han er hovudkrafta som driv revolusjonen og bygginga av sosialismen frametter. Han vernar partiet, staten og heile landet mot borgarleg-revisjonistisk forfall og nyinnføring av kapitalismen. Han reinskar

tankane til det arbeidande folket og styrkjer den proletariske anden.

Under leiing av partiet har folket vårt nådd store mål og vunne store sigrar i striden for å utvikla revolusjonen og byggja sosialismen. Dette heng saman med at partiet utan å vakla har herda lina med klassekamp og ført klassekampen prinsippfast mot indre og ytre fiendar, i folket og i eigne rekkjer.

Etterkvart som denne striden har gått frametter, har vi vunne rike røynsler med stort teoretisk og praktisk verde. Frå desse har partiet drege ut svært verdfulle lærdommar og slutningar om korleis sosialismen skal byggjast og forsvarast og korleis partiet og proletariatets diktatur skal styrkjast.

Klassestriden som har vorte ført så lenge partiet har vore til har synt at **hovudfåren og hovudfienden for partiet vårt og heile den internasjonale revolusjonære kommunist- og arbeidarrørsla, har vore og er høgre-opportunisme — revisjonisme.** Denne fåren trugar alltid eit land som skal byggja sosialismen med kapitalisme rundt seg på alle kantar, men er no endå større enn før. Dette kjem særleg av at den sosialistiske skipnaden i Sovjetunionen er gjort til inkjes og av det borgarlege forfallet i mange kommunistparti rundt om i verda. I eit land der ein byggjer sosialismen med framgang, er det vanskeleg for fienden å reisa det anti-kommunistiske merket sitt ope. Liksom-marxisme og revisjonistisk kontrarevolusjon er ynskjevåpnet deira når dei skal velte sosialismen.

Internasjonal røynsle og røynsle frå vårt eige land syner at borgarskapet og reaksjonen slett ikkje berre knyter vona om å nyinnføra kapitalismen til restane av dei gamle utbyttarklassane eller til agentane og splittingsmennene som er betalte frå utlandet. Vonene deira knyter seg særleg til andre som er fiendar av sosialismen — dei som dukkar opp i det sosialistiske samfunnet sjølv. Det er folk som er alvorleg tilskitna av restane av gamal ideologi, folk med sterke individua-

listiske og karrieristiske tendensar som vert forvilla av inntrykket frå moderne borgarleg og revisjonistisk ideologi. Dei gjev etter for presset frå indre og ytre fiendar, går til sist bort frå revolusjonsvegen og forfell til kontrarevolusjonære.

I eit sosialistisk samfunn er det fåre for at einskildmenneske skal forfalla, for at nye borgarlege element skal koma fram og for at desse skal omskipa seg til kontrarevolusjonære. Marxismen-leninismen lærer oss at dette ikkje berre kjem av at det nye sosialistiske samfunnet ber i seg tradisjonar, vanar, åtferdsmønster og livssyn frå det borgarlege samfunnet det har vakse ut frå. Det kjem og av visse økonomiske og sosiale forhold som lever vidare i dette samfunnet i overgangsperioden. Produktivkreftene, produksjonstilhøva og den fordelingsmåten som byggjer på dei, er framleis langt frå heilt ut kommunistiske. Skilnadene som finst på ulike område, som til dømes mellom land og by, kroppsarbeid og åndsarbeid, faglært og ikkje faglært arbeid osv., som ikkje kan viskast ut straks, øver og påverknad i denne retninga. I tillegg må nemnast det sterke og jamne presset utanfrå — press den kapitalistiske og revisjonistiske verda står bak. Under sosialismen kan ein i stor mon setja grenser for kor mange slike negative ovringar som står i motstrid til sosialismen som skal få veksa fram. Unngå dei heilt kan ein likevel ikkje.

Difor må ikkje det at vi på eit visst tidspunkt greier å avsløra og knusa individuelle fiendelement eller ei fiendegruppe, få oss til å sovna og tru at vi med dette har gjort det av med fiendane våre. **Så lenge klassestriden held fram og så lenge det finst fiendsleg borgarleg press innanfrå og utanfrå, vil framleis fåren for at nye fiendar skal koma til og arbeida mot sosialismen finnast.** Partiet og folket må alltid vera på vakt, vera vakne og revolusjonære, og vi må føra ein fastrådd og kompromisslaus klassestrid, så alle vegar der fienden kan koma seg fram og skada oss vert stengde.

Det sosialistiske Albania er eit viktig døme på at framvoksteren av revisjonisme og atterfall til kapitalismen slett ikkje er lagnadsbunde til å vera uunn-gåeleg slik dei borgarlege ideologane vil ha det til. Det provar heller kor stor livskraft det er i sosialismen og kor sigersviss styrken i ideane til marxismen-leninismen er. Han vil, om vi nyttar han prinsippstøtt, bera revolu-sjonen og proletariatets diktatur frametter med trygge steg. Å forstå dette problemet og det dialektiske verdet av det rett, er svært viktig prinsipielt og er beinveges knytt til kva lagnad sosialismen skal få.

Det er eit svært nært samband og samsvar mellom dei indre og ytre frontane i striden klassefienden fører. Dei er bundne saman av ein anti-kommunistisk ideologi, og den støtten dei treng frå ein annan i striden mot partiet og den sosialistiske skipnaden. Dette vil gjelda så lenge vi er omlæggra av imperialistar og revisjonistar, og så lenge leivningar av kapitalismen finst i landet. Det er viktig å vedgå dette, og særleg viktig er det at dette sambandet kan verta sterkare og svært fårleg dersom vi er likesæle, lite påpasselege og let vera å kjempa hardsett mot det.

Partiet har gjort eit stort og hardnakka arbeid for å få folket til å skjønna rett den imperialistisk-revisjonistiske omlægginga og den striden som må førast mot ho. Resultata av denne striden er lette å sjå på alle område. Under leiinga av partiet har folket ordna opp med politisk utpressing, økonomiske blokarar, militære trugsmål og ideologisk aggresjon frå fienden med fast hand. Det har aldri late seg luå, korkje av godsnakk, demagogi eller diplomatiske manøvrar fienden har gjort.

Likevel er det ei svært viktig og permanent oppgåve for partiet no og i framtida òg, å gjera ung og gamal endå meir medvitne om den fiendslege karakteren til den imperialistisk-revisjonistiske omlægginga, om kva fårar ho fører med seg og kva oppgåver vi står andsynes for å meistra skikkeleg det allsidige presset ho øver mot

landet vårt. Det sosialistiske Albania er ein torn i augo for dei mange fiendane vi har, og dei strevar på alle tenkjelege måtar etter å undergrava og øydeleggja henne. Kva enn slag taktikk dei nyttar og kva enn slag konjunkturar dei skaper, er dei for alltid fiendar. Difor må vi heller ikkje ha illusjonar om dei.

Den imperialistisk-revisjonistiske omlægninga er så langt frå passiv og berre geografisk. Det er ei trugande og aktiv omlægning som slåst mot oss frå alle kantar og på alle område. Men det er framleis somme som har ei grunn og altfor enkel forståing av denne omlægninga. Dei undervurderer fåren for militær aggresjon, vanskaner som kjem av den økonomiske blokaden og trugsmålet frå dei utanlandske ideologiske avsporingstiltaka. Slike haldningar er svært skadelege.

Det sosialistiske fedrelandet vårt har vore og er heile tida stendig truga av imperialistisk og sosialimperialistisk militær aggresjon. Den aggressive politikken til supermaktene har fyrst av alt brodd mot sosialismen, revolusjonen og frigjeringa av folka, mot dei kreftene som riv maska av og kjempar mot den hegemonistiske og ekspansjonistiske lina deira. Difor er og fåren for utanlandsk militær aggresjon mot Albania røyneleg, og må korkje over- eller undervurderast.

Forutan maktråder nyttar imperialistane og revisjonistane taktikken med å få til fredeleg forfall i den sosialistiske skipnaden. Særleg vekt legg dei på den ideologiske aggresjonen sin, og dei legg seg nøyereknande på den kontrarevolusjonære lina som synte seg å vera så fruktbar i Sovjetunionen og dei andre tidlegare sosialistiske landa.

Omlægninga ved imperialistane og revisjonistane verkar og svært sterkt på det økonomiske området. Den ville økonomiske blokaden, diskriminering i handelssamband og strev for å hindra utviklinga av produksjonen, er dei våpna fienden nyttar for å sabotera bygginga av sosialismen og for å undergrava det økonomiske og politiske sjølvstendet vårt.

Målet til desse ytre fiendane er å få til uorden i den indre fronten vår, å hjelpa og setja fart i dei kontra-revolusjonære kreftene i landet. Difor **må vi møte den sameinte fronten av fiendar med å styrkja den indre fronten på alle område og alle vis — militært, økonomisk, politisk og ideologisk, og alltid føra klassestriden prinsippfast.** Vi må nedkjempa all overoptimisme og overvurdering av eigne krefter med fast hand. Likeins må vi nedkjempa all mangel på alvor og full mobilisering i striden mot den imperialistisk-revisjonistiske omlægninga.

Folket må leva med i dei indre og ytre politiske tilstenda for landet vårt dagleg. Dei må alltid sjå oppgåvene sine i nær samanheng med desse tilstenda. Dei må vera sjølvgløymande og offerviljuge i arbeidet, alltid vera budde og på vakt, og stå stødig og fast imot alle freistingar og alt press frå fienden. Striden mot den imperialistisk—revisjonistiske omlægninga er ikkje eit einskild slag eller ei rad kampanjar. Det er ein vedvarande strid som må førast kvar einaste dag.

Partiet har streka under at striden på den ideologiske fronten er ei av hovudsakene i klassestriden. Dette er ein beinhard strid som vert ført i full breidde, retta mot all framand ideologi, ny eller gamal, som vert halden i live, inspirert og nørt av borgarleg press utanfrå og innanfrå. Dette er ein hovudfront i striden. Han er umåteleg viktig og innfløkt, og krev merksemd frå partiet heile tida.

Dei framgangane vi har hatt på dette feltet, er ein av dei største sigrane partiet og folket har vunne. Småborgarleg psykologi og småborgarlege haldningar, tilbakeliggjande vanar og religiøse fordommar, utslag av og påverknad frå framand borgarleg—revisjonistisk ideologi har alle fått kraftfulle og knusande slag mot seg. Målet har vore å halda folket levande oppteke av revolusjonen heile tida, å få visse for at dei ikkje stig til sides frå revolusjonen ein einaste augneblink, å oppmuntra dei til å kjempa og arbeida for den store saka til

partiet, og for sosialismen og kommunismen heile livet utan tanke på seg sjølve. Kjennermerke for arbeidsfolk i landet vårt er eit høgt politisk nivå, heltemot i arbeidet, ansvarskjensle og offervilje. Dette er vitneprov på den sigersvisse styrken i marxismen-leninismen og sosialismen og på at lina til partiet er rett.

Men denne sunne revolusjonære røyndommen må ikkje få oss til å slakka av striden på den ideologiske fronten, same kor lite det er. Spørsmålet i dag står på same vis som då Lenin stilte det for mange tiår sidan:

*«... anten borgarleg eller sosialistisk ideologi. Det finst ikkje nokon mellomveg. ... Å vanvyrda den sosialistiske ideologien på nokon måte eller å vika av frå han, same kor lite det enn er, er difor det same som å styrkja den borgarlege ideologien.»**

Klassestriden på den ideologiske fronten går føre seg i folket og i partiet og likeins i alles tankar. Dette fører til at somme ikkje greier å skilja ut det fiendslege innhaldet i desse framande ovringane. Andre undervurderer denne striden, og trur at leivningar frå gamle ideologiar heller er ein mogleg enn ein røyneleg fåre. Dei gløymer at desse leivningane og påverknadene, sjølv om dei er passive, slett ikkje er eller har vore berre noko stygt i folk sine tankar. Dei er kjelden som gjev liv til anti-sosialistiske haldningar og gjerningar — som til dømes tjuveri frå og øydelegging av sosialistisk eigedom, brot på den proletariske arbeidsdisiplinen, favorisering og nepotisme*, byråkratiske og liberale, patriarkalske og konservative haldningar, osb. Alt dette er like skadeleg og vert alvorlege hindringar for bygginga av sosialismen, òg om det ikkje er fienden som gjer hand-

* Sjå Lenin, «Hva må gjøres?» (1902), i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1976, bind 2, s. 50. — Red.

* *Nepotisme* — skyldfolkstyre, å dra fram slektningar eller vener og gje dei føremonar framfor andre meir gagnlege personar. — Red.

lingane eller står beinveges bak dei. Leivningar frå fiendeideologi, småborgarleg sinnelag, privat eigedomskjensle og å setja eigenbaten framfor samfunnsbaten, er drivhus der borgarleg forfall og revisjonistiske og kapitulasjonistiske førestellingar veks fram og får næring. Difor er ikkje den ideologiske striden ein kampanje som tar slutt, men ein varande strid for at proletarisk ideologi og moral skal vinna fram — ein strid for at sosialismen og kommunismen skal vinna.

Den revolusjonære praksisen vår og bygginga av sosialismen har lært oss at dersom vi ikkje fører striden i alle hovudretningane, politisk, økonomisk og ideologisk, kan aldri klassestriden verta fullkomen. Desse tre formene for klassestrid heng nøye saman og utfyller kvarandre. På ei viss tid kan no den eine og no den andre av desse formene stå fremst, men ved kvart einaste høve må striden likevel førast på alle frontar. Vi må ikkje gløyma at fienden og fører striden på alle frontar — politisk, ideologisk og økonomisk. Røynslene frå dei siste åra har lagt dette klårt i dagen.

Å undervurdera den eine eller andre sida har negative fylgjer. Det fører til ulike slag rengingar og til at klassestriden i det heile vert svekt. I praksis kan det ikkje finnast klassestrid på noko felt som ikkje heng saman med striden for å styrkja proletariatets diktatur, tryggja den leiande rolla til partiet eller forsvara fedrelandet. Det er uråd å tenkja seg klassestriden skilt frå strevet for å oppfylla dei økonomiske planane, frå oppgåvene på dei andre områda der det er sosial aktivitet eller frå striden for å rotfesta den proletariske ideologien.

Klassefienden prøver å lamma vakthaldet til massane og leitar etter bolkar med fred og stille i utviklinga av klassestriden, for å mobilisera styrkjane og slå brått til. Det er oppgåva til partiorgana og heile det arbeidande folket, med arbeidarklassen i brodden, å hindra at ein slik tilstand skal kunna skapast og verta til nytte for fienden. Oppgåva er å alltid vera på offensiven, halda

eggen på klassestriden skarp heile tida og aldri forlika seg med fiendar eller fiendeideologi.

Partiet vårt har alltid ført klassestriden rett og utan misfaringar, i samsvar med den marxist-leninistiske læra. Dette er og har vore særleg viktig, for alle avvik i klassestriden dreg med seg alvorlege fylgjer for arbeidet til partiet og massane. Det krev at vi held ved ei prinsippfast haldning ved alle høve og korkje glir inn i opportunisme eller sekterisme. Vi møter begge desse fenomenene i røyndommen.

Dei passive, ikkje-militante haldningane som er sedde i somme partiorganisasjonar og hjå kadrar i dei sektorane der dei ulike utstøytte fiendegruppene dreiv undergravingsverksemd, var opportunistiske. Fiendane braut partilina, direktiva og rettleiingane frå partiet og bar kjennemerka til dei som har degenerert. Likevel steig ikkje desse organisasjonane og kadrane fram og sa strengt frå at dei måtte slutta med illgjerningane sine. Dei «blauthjarta» haldningane andsynes klassefienden, den borgarlege sentimentaliteten som i visse høve vart synt mot folk som hadde forfalle og braut dei sosialistiske samfunnsnormene og lovene til staten, dei tolerante og forlikande haldningane mot ovringar som står i motstrid til ideologien vår, er opportunistiske.

Altfor strenge og sekteriske haldningar er og skadelege for partilina. I det siste er slike komne til syne hjå somme kommunistar og kadrar. Då partiet avslørte og fordømde element med ei liberal, opportunistisk og fiendsleg ånd, tok dei til å sjå med ugrunna mistanke på til og med små og lite viktige misfaringar. Sameleis er dei sekteriske, dei tendensane somme har til å nytta administrative rådgjerder der overtaling og oppseding er det rette. Dei som har sekteriske tendensar står ofte fram som «prinsippfaste og stødige revolusjonære». I røynda er dei opportunistar, og gjer som dei gjer for å vera «på trygg grunn».

Slik opportunistisk vingling har rot i at dei ikkje forstår rett innhaldet av dei to ulike slaga motseiingar som

finst i samfunnet vårt, dei blandar saman antagonistiske og ikkje-antagonistiske motseiingar. Partiet må gjera desse sakene heilt klåre og greia ut for folk at vi **ikkje kan kjempa framgangsrikt mot opportunismen dersom ikkje sekterismen vert nedkjempa samstundes — og motsett.** På den andre sida må klassestriden korrjere førast i for tronge former eller berre ovanfrå. Massane må vera med og ta aktiv del på brei front. På denne måten får det arbeidande folket revolusjonær oppseding, og einskapen i partiet og folket vert styrkt og stålsett.

Partiet har streka under at striden mot byråkrati og liberalisme er ei av dei viktigaste sidene ved klassestriden. Dei er begge fårlege fiendar for proletariatets diktatur og sosialismen. Partiet har gjort eit stort og vedvarande arbeid, og har sett i verk ei rad konkrete tiltak mot begge desse negative øvringane, til dømes for å føra statsmakta nærare folket og skjera ned administrasjonsapparatet, for å få visse for at massane tar meir aktiv del i regjeringa sitt arbeid, for å styrkja og betra den beinveges arbeidar- og bondekontrollen, for å fjerna den byråkratisk-hierarkiske anden og demokratisera livet i hæren, for å stengja alle vegar der fiendeideologi kan trengja seg fram og for å revolusjonera skulen, litteraturen og kunsten.

Men trass i all framgang og dei tunge slaga mot byråkrati og liberalisme, reknar partiet seg slett ikkje ferdig med denne striden. Dei vil alltid vera ein alvorleg fåre, og striden mot dei må halda fram heile tida. Dei er våpen i hendene på klassefienden og vert nytta til å undergrava partiet, den proletariske staten og det sosialistiske livet.

Analysene sentralkomiteen har gjort i kulturlivet, økonomien, hæren, osb., har synt at fiendane på den eine sida har stødd seg på liberalisme og byråkrati. Og på andre sida har dei fremja desse tendensane på alle tenkjelege vis for å vinna fram med dei kontrarevolusjonære måla sine. I arbeidet for å undergrava

sosialismen og proletariatets diktatur streva dei etter å setja teknokratiet og ikkje lina og den leiande rolla til partiet fremst overalt. Dei prøvde å svekkja og fjerna heilt kontrollen frå partiet, staten og massane. Slik skulle dei få frie hender til å gjera det dei ville. Dei ville oppmoda til anarkistisk desentralisering og prøvde å skapa frittståande og uavhengige organ. Dei ville blåsa opp statsapparatet og statsinstitusjonane og svekkja den proletariske samansetjinga av dei. Dei ville nøra opp under byråkratiske syns- og handlemåtar, ville oppna dørene for utlendingar, bryta ned tilliten til styrkane våre osb.

Men liberale og byråkratiske førestellingar og praksis er ikkje berre knytt til fiendeverksemd. Dei finst og i folket, i arbeidet til våre eigne organ og institusjonar. Striden mot byråkrati og liberalisme vil vara lenge, av di dei har djupe røter, er knytte til økonomiske, sosiale og politiske tilhøve og vert nørte av indre og ytre fiendar. Kor mykje dei skal spreia seg, spørst på det politiske og kulturelle nivået hjå folk, på det arbeidet partiet gjer for å gje massane revolusjonær oppseding og herda dei, på om ein skjønar kor fårlege dei er og korleis dei kan nedkjempast.

Byråkrati og liberalisme står for reaksjonære, idealistiske, ufolkelege og anti-sosialistiske tenkje- og handlemåtar. Partipropagandaen må avsløra det ideologiske klasseinnhaldet i liberalisme og byråkrati med teoretiske og praktiske argument. **Kommunistane, arbeidarane og dei breie massane av det arbeidande folket må vinnast for ei djup overtiding som vender seg mot liberale utslag, byråkratiske rengingar og rutine-tenking, for å avsløra og kjempa mot dei kvar enn og i kva enn slag former dei skyt opp.**

Det er naudsynt å gjera striden mot teknokrati og intellektualisme sterkare og djupare, avdi dei er attspeglingar av byråkratisme og fører til avvik frå den proletariske ideologien og partiet sin politikk. Dei svekkjer den leiande rolla til arbeidarklassen i samfunnet og ned-

vurderer den skapande verksemda til massane og tenkinga deira. Særleg dei siste åra har teknokratisk og intellektualistisk påverknad synt seg, mellom anna i at teknologi og spesialkunnskap vert overvurderte, i at problem ikkje vert sedde frå ein politisk og ideologisk synsstad og i manglande tru på tiltaket og gløden i massane.

Liberalisme er eit uttrykk for politisk og ideologisk opportuniste, for at det vert gjeve etter for klassefienden, for forsoning med påverknad frå fiendeideologi og med mistak og veikskapar. Difor må vi gjera striden mot liberalismen endå hardare. Utslag av og påverknad frå liberalismen har synt seg særleg skarpt dei siste åra, og har skadd arbeidet på mange område — i kulturlivet, hæren, økonomien og elles. Difor vert det særleg viktig å gjera denne striden djupare. Vi må aldri — ikkje under nokon tilhøve — undervurdere færen som ligg der. Vi må alltid halda oppe eit strengt politisk og ideologisk vakthald, styrkja kontrollen ovanfrå og nedanfrå og gjera disiplinen og det proletariske medvitte sterkare hjå alle.

Partiet må gjera seg særleg føre med å rydda heilt ut liberale og anarkistiske førestellingar om demokrati og fridom i det sosialistiske samfunnet. Somme trur at det å leva i eit demokrati vil seia at dei berre har rettar og ikkje plikter. Dei trur at staten og samfunnet har skyldnader mot dei, og desse står dei alltid reide til å krevja oppfylte. Sjølv trur dei at dei kan te seg og gjera som dei vil — bryta arbeidsdisiplinen og samfunnsdisiplinen, lovene til staten og samfunnsnormene utan å bry seg om dei i det heile. Desse umåteleg skadelege tankane må kjempast ned viljefast, for dei står i motstrid til prinsippa til sosialismen.

Det er ei sunn og levande kampviljug politisk ande i partirekkjene og folket, og det er ein stor siger for partiet. Men det må ikkje på nokon måte gjera oss nøgde med oss sjølv og få oss til å lata att augo for dei utslaga av likesæle vi kan sjå hjå mange arbeidsfolk og tilmed

hjá ein del kommunistar og kadrar. Striden mot utslag av likesæle er framleis ei aktuell oppgåve for partiet og dei som stør det.

Partiet har alltid streka under at **den ideologiske klassestriden må gå beint på og han må førast både mot liberalisme og byråkrati, mot dei siste restane av ideologien til dei gamle utbyttarklassane og likeins mot ovringar av og påverknad frå den borgarlege og revisjonistiske ideologien frå i dag.** Når vi kjempar mot nedbrytande liberalisme med borgarleg-revisjonistisk opphav, må vi ikkje undervurdera striden mot ulike utslag av konservatisme heller. På grunn av historiske tilhøve, har denne framleis røter og innverknad som slett ikkje berre er på overflata.

Det fjerde, femte, sjette og sjuande plenumet i sentralkomiteen har i tidbolken mellom dei to partilandsmøta vore store skular i klassestrid. Desse plenuma avslørte og gjorde kort prosess med fiendegruppene til Fadil Paçrami og Todi Lubonja, til Beqir Balluku, Petrit Dume og Hito Çako, til Abdyl Këllezi, Koço Theodhosi og Kiço Ngjela og andre som hadde teke del i eit vidt undergravings- og sabotasjearbeid i ideologien og kulturen, i hæren, industrien, planleggingsverksemd, handel osv.

Dette var ei stor og umåteleg fårleg samansverjing. Fiendane samarbeidde nært seg imellom og saman med visse utanlandske revisjonistmakter for å likvidera partiet, velta folkemakta, opna dørene for revisjonismen og føra inn kapitalismen på ny i Albania.

Svikargruppa til Fadil Paçrami, Todi Lubonja og gjengen deira streva for å spreia borgarleg-revisjonistisk ideologi, kultur og livsformer. Dei skulle bu grunnen for politisk kontrarevolusjon i ideologien og kulturen. Det fremste målet deira var å spreia forvirring mellom ungdommen og hjå dei intellektuelle. Slik vona dei å få dei til å venda seg mot partiet og sosialismen, akkurat slik fiendane til marxismen-leninismen har gjort det i dei revisjonistiske landa.

Svikar- og kuppgruppa til Beqir Balluku, Petrit Dume og Hito Çako var ein fraksjon i hærleiinga. Dei samansvor seg for å velta sentralkomiteen med makt i eit væpna kupp, og ville utrydda Arbeidets Parti i Albania og proletariatets diktatur. For å greia dette leit dei og på væpna intervensjon utanfrå. For å nå måla sine arbeidde dei for å svekkja partiorganisasjonen og den leiande rolla han skulle ha i hæren. Dei ville byta ut den marxist-leninistiske ideologien til partiet med revisjonistisk ideologi, saboterte den militære lina til partiet og ville dytta på det sine eigne knefalls- og svikarter. Dei prøvde å undergrava forsvarsevna til landet og å innføra motbydelege metodar frå borgarlege og revisjonistiske hærar i hæren vår.

Svikargruppa til Abdyl Këllezhi, Koço Theodhosi, Kiço Ngjela og gjengen deira dreiv med vidtrekkjande fiendeverksemd i økonomien. Denne gruppa prøvde å rengja partilina for å utvikla økonomien og prinsippa for organisering og styring av han. Dei ville innføra revisjonistiske former og metodar for sjølvforvaltning osv. Dei dreiv sabotasjearbeid som fekk alvorlege fylgjer i slike nykkelområde som planlegging, oljeverksemd, utanrikshandel osv. På denne måten freista dei å svekkja og undergrava grunnen for den sosialistiske skipnaden og opna dørene for økonomisk og politisk underlegging og slavebinding av landet vårt til utlendingar.

Desse gruppene var imperialistisk-revisjonistiske agentar i sjølve hjarta til partiet og staten. Gruppene var samansette av politisk og moralsk forfalne menneske. Dei var vortne borgarlege og hadde gjeve etter for presset frå ytre og indre fiendar, for den ideologiske omlægginga og den internasjonale ideologiske aggresjonen frå imperialismen og revisjonismen.

Fåren desse gruppene representerte, var umåteleg alvorleg. Dei hadde viktige postar i partiet og statsmakta og utnytta den store autoriteten til partiet til å dekkja over fiendehandlingane sine. Dei maskerte den

kontrarevolusjonære verksemda si med å gje inntrykk av at alt dei heldt på med vart gjort i namnet åt partiet til påstått beste for partiet og folket, til påstått beste for å gjennomføra vedtak og direktiv frå partiet på skapande vis. Dei gjorde gjerningane sine i løyndom og våga aldri å gå ope ut mot partilina, for på same måten som andre fiendar, hadde heller ikkje desse nokon basis korkje i partiet eller folket. Styrken og den stålsette einskapen i partiet pressa dei ned. Dei sunne banda mellom partiet og folket overvelda dei.

Ei tid greidde fiendane å arbeida og gjera skade utan at nokon oppdaga det. Dei kunne greia det fordi dei fann veike punkt i partiet og statsmakta. Dei utnytta mistak og manglar, utslag av byråkratisme, liberalisme og overoptimisme, og gjorde sitt beste for å nøra opp under og spreia det. Dei drog nytte av at det vart slakka av på vakthaldet og kontrollen, at partiet og staten sine normer ikkje vart konsekvent haldne, at det fanst ymse slag manglar i opplæringsarbeidet og at det ikkje vart halde i minne det partiet lærer om klassestriden og den imperialistisk-revisjonistiske omlægninga.

Alle leiande organ, irekna sentralkomiteen og regjeringa, ber ansvar for at desse tinga har hendt. Partilaga, kommunistane og kadrane på dei områda fiendane var mest aktive, har likevel eit særleg ansvar, både individuelt og kollektivt, Dei ber ansvaret fordi dei har late den leiande rolla til partiet verta svekt, fordi dei ikkje konsekvent har halde fast på vedtaka og direktiva frå partiet og lovene til staten, fordi somme synte seg å vera politisk kortsynte og liberale. Atter andre hadde ikkje revolusjonært mot nok til å høgja røysta og fordøma fiendane og setja dei på plass.

Fiendeverksemda vart likevel oppdaga og knust, takk vera den stålsette einskapen, den gode politiske sansen og mognaden i partiet og partileiinga, og det ideologiske klarsynet og den revolusjonære viljen dei synte. Det sosialistiske Albania vart spart for ei stor og fårleg samansverjing. Gjennom denne knallharde klasse-

striden steig partiet fram styrkt og herda. Einskaperen i partirekkjene om sentralkomiteen kom opp på eit høgre nivå, likeins einskaperen om partiet i folket. Det revolusjonære vakthaldet i partiet og massane vart betre og sterkare. Økonomien vart konsolidert og gjorde nye framsteg på den sosialistiske utviklingsvegen. I kunsten og kulturen gjekk partianden og den militante stilen fram. Hæren og alle dei væpna styrkane har slått tettare ring rundt partiet. Dei har nådd eit høgre nivå i ideologisk-politisk herding, i den revolusjonære anden og kampviljen deira til å stå opp mot og knusa kva fiende det måtte vera som våga å gå til åtak på det sosialistiske fedrelandet vårt likeins. I denne striden har arbeidarklassen, samyrkebøndene, ungdommen, kvinnene, dei intellektuelle og kadrane synt kor sterk patriotismen deira er, for ein ubrytande tillit dei har til partiet og partileiinga og kor lojale dei er mot den rette lina til partiet.

Det er ein stor siger for partiet og folket at denne samansverjinga som var ruga ut av indre og ytre fiendar, vart avslørt og knust. Det er ein siger for marxismen-leninismen over revisjonismen.

2. Den leiande rolla til arbeidarklassen og oppsedinga av dei arbeidande massane

Med partiet som vegvisar har arbeidarklassen stått fremst i dei store historiske hendingane dei siste 35 år — i striden og strevet for å frigjera Albania, i sigeren for folkerevolusjonen og i å skapa om landet på alle felt på eit revolusjonært og sosialistisk grunnlag. Dette er ein av hovudgrunnane til at revolusjonen har utvikla seg stødige og på ein rett marxist-leninistisk kurs.

Arbeidarklassen er den leiande klassen i samfunnet. Han har sitt eige politiske parti til å leia seg og den marxist-leninistiske ideologien til å lysa opp vegen for seg. Han er beraren av dei sosialistiske og kommunis-

tiske ideala. Han er knytt til den høgste forma for sosialistisk eigedom og dei leiande sektorane i økonomien. Han er den mest medvitne og best organiserte og disiplinerte klassen. Vekta han har i produksjonen og strukturen i folkesetnaden veks stendig.

Marxismen-leninismen lærer oss at ikkje nokon annan klasse eller noko anna sosialt lag kan spela den leiande rolla i striden for å skipa proletariatets diktatur og byggja sosialismen. Denne rolla vil vara ved og verta styrkt i tida framover — så lenge klassane og staten til proletariatets diktatur finst.

I tida mellom dei to landsmøta har partiet arbeidd på alle område så at rolla til arbeidarklassen kjennest og vert utøvd med styrke overalt. Såleis kan arbeidarklassen gje tonen for heile livet i landet med ideologien sin, den revolusjonære livskrafta si og føredømet sitt. Fylgjeleg har den politiske verksemda i arbeidarklassen og den aktive medverknaden frå han i å løysa viktige problem i partiet og staten auka. Den beinveges kontrollen med at partiet sin politikk vert sett ut i livet på alle område, er utvida og styrkt. Eit svært viktig teikn på kor mykje større rolla til arbeidarklassen er vorte, er det at mange kadrar som kjem frå arbeidarklassen er vortne sett inn i stats-, parti-, økonomi- og kulturorgana og -institusjonane. Dei har styrka og revolusjonert alt arbeidet der endå meir.

Desse resultatata er nådde gjennom hard strid mot liberale og byråkratiske, teknokratiske og individualistiske førestellingar og haldningar. Desse hadde ikkje tiltru til evnene til arbeidarklassen, godtok ikkje kontrollen frå han eller godtok han berre formelt. På ulike måtar og i ulike former har dei overvurdert rolla til apparatet, kontorfolk og spesialistar.

Partiet vil og i framtida arbeida utrøyttelig for å festna og styrkja den leiande rolla til arbeidarklassen i alt livet i landet meir og meir. Arbeidarklassen spelar rolla si gjennom partiet sitt og den proletariske staten. Utan partiet ville den leiande rolla til arbeidarklassen berre

vera ein demagogisk og falsk frase. Berre det revolusjonære partiet til arbeidarklassen, væpna med den marxist-leninistiske ideologien, kan gjera arbeidarklassen medviten om den historiske oppgåva han har, setja klårt opp måla for striden og på kva måte dei kan nåast. Partiet organiserer, oppsedar og mobiliserer arbeidarklassen og deira allierte, og leier dei i den innfløkte striden for å skipa proletariatets diktatur og byggja sosialismen.

Revisjonistar i alle letar, nye og gamle, har spreidd og spreier alle slag synsmåtar for å forneakta den historiske oppgåva til arbeidarklassen. Særleg ynskjer dei å gjera det av med den leiande rolla til fortroppen for arbeidarklassen i revolusjonen og bygginga av sosialismen — det marxist-leninistiske partiet.

Med «teoriane» sine om eit parti og ein stat for heile folket, om partiet berre som ein ideologisk faktor eller berre eit koordineringsorgan, med messene om spontanisme i arbeidarrørsla, pluralisme og overgang til sosialismen med andre politiske klassar og krefter i brodden, tek dei sikte på å la arbeidarklassen stå andsynes fienden utan leiing og utan våpen medan fienden er velorganisert og væpna til tennene. Dei vil sabotera revolusjonen og rydda ut teorien og praksisen om proletariatets diktatur.

Partiet vårt har avvist desse reaksjonære teoriane med vanvyrndnad, og likeins dei anti-marxistiske og anarkistiske ideane om «sjølvforvaltning» og «beinveges leiing» av arbeidarklassen. Vi har sett vår eigen arbeidarklasse inn i den historiske rolla som høyrer han til i det sosialistiske samfunnet. Dette står i open motstrid til førestellingane og praksisen til Khrustsjov-revisjonistane, som behandlar arbeidarklassen i sitt eige land berre som ei produktivkraft og har gjort han om til ein undertrykt og utbytta klasse som det nye borgarskapet veks seg rikt på — på hans kostnad.

I landet vårt finst det ikkje noko problem i politikken til partiet eller staten der arbeidarklassen og dei andre

arbeidande massane ikkje har sitt å seia eller der dei ikkje tek aktiv del i løysinga av det. Partiet ser det, og har alltid sett det, som svært viktig å ta med arbeidar-klassen og dei andre arbeidande massane på råd, å utvikla massekritikken av manglar og veikskapar i arbeidet breitt, og oppmoda arbeidarklassen til å vera aktivt med i styringa av landet.

Partiet har lagt og legg særleg vekt på at arbeidar-klassen og dei andre arbeidande massane skal ha beinveges kontroll, på at dette store leninistiske prinsippet vert sett ut i livet i praksis. Kontrollen vert utøvd under leiing av partiet og over alt som går føre seg i staten og det sosiale livet. Partiet ser på han som eit allment og varande prinsipp for det sosialistiske samfunnet vårt som skal gjelda i alle lag og lekkar av det — som eit uttrykk for at det er arbeidarklassen som utøver proletariatets diktatur i forbund med bøndene. Arbeidarkontroll er ei av dei livsviktige sidene i klassestriden for å tryggja at sosialismen sigrar, for å hindra at den sosialistiske skipnaden forfell. Det er ein stor skule i revolusjonær oppseding av arbeidarklassen og dei andre arbeidande massane.

Utøvinga av beinveges arbeidar- og bondekontroll har gjeve verdfulle resultat når det gjeld å oppdaga og unngå mange manglar og veikskapar, utslag av liberalisme, renging av og brot på lovene til staten og samfunnsnormene. Det har og vore ei gagns åtgjerd for å rista av støvet frå byråkrati og rutinetenking i mange administrasjonar, økonomiske føretak og kulturinstitusjonar, hjå partikadRAR og i partiorganisasjonar, til å skapa ein livleg revolusjonær atmosfære i heile landet, til å setja partilina rett ut i livet og til å gjennomføra tiltak for å byggja sosialismen med framgang på alle felt.

Partiet har nyst sett i verk viktige tiltak for å gje arbeidar- og bondekontrollen ein sunn organisatorisk basis og å utvikla han til eit kvalitativt høgre nivå. **Det som no står i framgrunnen er å konsolidera organiseringa av kontrollgruppene til arbeidarane og**

bøndene, og gje fullgod rettleiing til dei gjennom partiorganisasjonane og utvala, å gje dei kunnskapar og rettleiing om dei viktigaste spørsmåla som reiser seg når lina og vedtaka til partiet skal setjast ut i livet, å få betre samsvar mellom arbeidar- og bondekontroll nedanfrå og statleg kontroll ovanfrå, å oppsummera dei revolusjonære røynslene med denne kontrollen for å gjera han endå grundigare og gje han eit rikare innhald og for å finna nye og meir gjevande måtar å utøva han på.

Om den leiande rolla til arbeidarklassen skal verta rikare og sterkare, om den ideologisk-politiske påverknaden frå han og effektiviteten i arbeidet hans skal aukast, står for ein stor del på den revolusjonære oppsedinga og herdinga klassen får, på om medvitte deira går fram til eit så høgt nivå at dei evnar å fullføra oppgåva si i det sosialistiske samfunnet.

I dette spørsmålet ber partiet det i tankane at arbeidarklassen vår er relativt ung, at hovudtyngda av arbeidarane kjem frå ikkje-proletariske lag, at rekkjene kvar dag vert etterfylte med unge arbeidarar som kjem rett frå skulebenken og manglar både livs- og arbeidsrøynsle. Alt dette — og i tillegg veikskapane i utdanningsverksemda — er nokre av grunnane til at mange arbeidarar ikkje alltid fyller godt nok den rolla som klassen deira retteleg skal ha. Dei seier ikkje frå med mot og mognad, kjenner ikkje det store ansvaret dei har til å tryggja at partilina og vedtaka til partiet vert rett gjennomførde av alle på og utanfor arbeidsplassen, dei arbeider ikkje alltid med ein levande revolusjonær ande og med proletarisk organisering og disiplin.

Difor må partiet i framtida halda fram med å arbeida hardt for å oppseda arbeidarklassen i den marxist-leninistiske ideologien og gjera han medviten om kva rolle og kva oppgåver han har, slik at arbeidarklassen kjempar viljefast for å byggja sosialismen, styrkja proletariatets diktatur og verja fedrelandet. Arbeidarklassen må sjølv stå i fremste line i striden for å opp-

fylla statsplanen, setja allemannsbaten framfor alt, forsvara felleseigedommen, arbeida med høg produktivitet og dugleik, styrkja arbeidsdisiplinen, verta oppfinningar og nyskaparar. Dei må ta vare på og utvikla dei proletariske draga sine og utan stogg auka utdannings-, kultur- og yrkesdugleiksnivået sitt. På denne måten kan arbeidarklassen oppseda samyrkebøndene, ungdommen, dei intellektuelle og heile det arbeidande folket i landet med føredømet sitt og i sin eigen ande.

Fagforeiningane gjer eit stort arbeid for å oppseda og mobilisera arbeidarane og andre arbeidsfolk til å byggja det nye samfunnet. Dei har ei særleg rolle i og eit særleg ansvar for å bera dette arbeidet vidare og gjera det grundigare. Hovudoppgåva til fagforeiningane har vore og er framleis å oppseda det arbeidande folket i kommunismen. Alle tendensar til å undervurdera oppsedingsarbeidet i fagforeiningane eller til å gjera dei til vedheng til administrasjonen og dei økonomiske organa, er umåteleg fårlege. Dei vil føra til at fagforeiningane skil seg av med den funksjonen dei har som skular i kommunisme.

Det synet som går ut på at fagforeiningane berre skal ta seg av oppsedingsarbeid og ikkje bry seg med økonomiske problem er og styggjeleg gale. Eit slikt syn kan ein møta av og til. Sjølv sagt har ikkje fagforeiningane nokon grunn til å gjera arbeidet til staten og dei økonomiske organa eller til å ettergjera det. Men det ville vera uråd å orsaka dei om dei ikkje interesserte seg for produksjonen og i å setja i verk tiltaka i statsplanen. Dette ville skapa fåre for byråkratisering i den økonomiske styringa. Om oppsedingsarbeidet fagforeiningane gjer skal få verknad, heng svært nøye saman med om det vert nært knytt til produksjonslivet, og det kan ein ikkje gjera skikkeleg dersom ein ikkje kjenner problema i økonomien. Dessutan fell det på fagforeiningane å føra meir aktiv strid mot all byråkratisk verksemd som på nokon måte som helst står i vegen for dei lovfesta rettane til det arbeidande folket.

Sjølv om partiet ser klårt den leiande rolla til arbeidarklassen har det og alltid verdsett rett rolla og den store styrken til **bøndene** i samfunnet vårt. Partiet skapte og herda den sterke alliansen mellom arbeidarklassen og dei arbeidande bøndene, med arbeidarklassen i leiinga, i flammane frå frigjeringskrigen i Albania, gjennom skipinga av folkemakta og i dei harde klassestridane for å byggja sosialismen. Denne alliansen har vore og er framleis det grunnleggjande prinsippet i proletariatets diktatur, grunnlaget for einskapen om partiet i folket.

Partiet, staten og arbeidarklassen har sett i verk eit stort program med eit allsidig politisk, ideologisk, økonomisk og samfunnskulturelt innhald som har ført til ei djuptpløggjande revolusjonær omskaping på landsbygda og som har styrkt alliansen mellom arbeidarklassen og bøndene. I dag har heile landsbygda — utan unntak — teke til på den sosialistiske veggen. Dette er ein stor historisk siger for lina til partiet og for revolusjonen.

Partiet er likevel merksam på at det finst viktige skilje mellom by og land og at dei vil vara ved i lang tid enno. Å kjempa for å gjera dei mindre er hovudmetoden til å styrkja alliansen mellom arbeidarklassen og samyrkebøndene. Det er eit avgjerande vilkår for å stengja dørene for borgarleg forfall. Partiet arbeider jamnt og trutt for å tryggja at skilja mellom by og land stendig vert mindre.

Då bøndene alltid har spelt og held fram å spela ei stor rolle i det sosialistiske samfunnet, fortener dei alt som er vorte gjort for at landsbygda skal gå fram og bløma rikt. I tidlegare tider var det dei som bar den tyngste børa i dei tidlege frigjeringsstridane og i den anti-fascistiske frigjeringskrigen. Dei vart den avgjerande krafta i attoppbygginga av landet, og frå deira rekkjer vaks den nye arbeidarklassen fram. Dei har alltid vore patriotiske, revolusjonære og lojale mot partiet og arbeidarklassen.

Partiet vil difor og i framtida leggja særleg vekt på å få bøndene meir aktivt med i det politiske, økonomiske og sosiale livet i landet, på å oppseda dei politisk og ideologisk, på å auka utdannings-, kultur- og yrkesdugleiksnivået deira og grunnfesta samyrkesystemet betre og betre.

I oppsedingsarbeidet må vi ikkje gløyma at uttrykk for privat eigedomskjensle og restar av småborgarleg psykologi av årsaker alle kjenner til, framleis har sterke røter på landsbygda. Dei er ein kjelde til mange vonde — ynskje om trong eigenbate, stendig fråver, skade på samfunnseigedom osb. Bøndene må kjempa ned desse ovringane med fast hand. Dei må styrkja den kollektive anden, ta aktivt del i klassestriden og arbeida hardt for at jordbruket og den sosialistiske landsbygda skal vinna framgang.

Som alltid elles må arbeidarklassen stø oppunder sine allierte. Han må øva kontroll med alle statsinstitusjonar og økonomiske organ som har med iverksetjinga av partiet sin politikk på landsbygda å gjera, den store revolusjonære rørsla må gjerast djupare og han må «gjera jordbruket til ei sak for heile folket». Gjennom sitt eige føredøme må han oppseda alle arbeidsfolk til å verta glade i landsbygda, vyrda og æra gardsarbeid, kjempa mot alle utslag av vanvyrndad for landsbygda og arbeidet der. Samstundes er det naudsynt å nedkjempa all mistillit mot byane på landsbygda, og med dette styrkja den stridsviljuge alliansen mellom arbeidarklassen og samyrkebøndene endå meir.

Dei intellektuelle i landet vårt har gått ut frå arbeidarklassen og bøndene. Dei har spela og vil halda fram å spela ei viktig rolle når vi skal utvikla det sosialistiske Albania på alle felt. I revisjonistlanda vart dei intellektuelle hovudkrafta i kontrarevolusjonen, for å gjera dei sosialistiske vinningane til inkjes. I motsetning til dei tener dei intellektuelle i landet vårt proletarietets diktatur, folket og revolusjonen, og dei står tett samla om partiet. Dette er endå ein stor siger for partiet.

I striden mot liberale og teknokratiske førestellingar, mot utslag av byråkrati og intellektualistisk ovmod, mot tendensar ein av og til møter hjå intellektuelle til å kommandera og prøva å vinna særrettar, **formar partiet dei intellektuelle stendig meir grundig etter den marxist-leninistiske ideologien og dei moralske draga og eigenskapane til arbeidarane og bøndene.** Partiet oppsedar dei i og gjer dei meir medvitne om kva rolle dei har i samfunnet, gjev dei slike arbeids- og levekår at dei alltid vil vera nær folket og under stendig kontroll frå massane. På same tid krev partiet at dei intellektuelle heilē tida aukar kunnskapsmengda si og set ho i teneste til bygginga av sosialismen, er aktivt med i den teknisk-vitskaplege revolusjonen og i utviklinga av heile den sosialistiske kulturen.

Den heltemodige **ungdommen** i landet vårt har vore og er framleis ei levande kraft i revolusjonen og er lojale hjelpesmenn for partiet. Røynsla partiet har fått dei 35 åra det har funnest, syner at når dei utømande revolusjonære kreftene til ungdommen vert smelta saman med kreftene til arbeidarklassen og dei andre arbeidande massane, og sette under leiing av partiet, finst det ikkje den krafta som kan stogga sigeren for revolusjonen og sosialismen.

Partiet og heile samfunnet tek seg overalt særleg av ungdommen. Store voner er opna for dei, som garanterer notid og framtid for dei og gjev livet deira djupt innhald og høg meining. Partiet har stetta dei kulturelle og andelegge vonene og den skiftande materielle trongen til ungdommen stendig betre. Det har mobilisert dei til revolusjonær handling, og gjeve dei rolla som aktive og viktige deltakarar i revolusjonen og i bygginga av sosialismen. Difor har ungdommen vår alltid fylgt partiet med optimisme og truskap og har gjort alt dei kan for å få fedrelandet til å bløma og for å styrkja forsvaret.

Biletet i dei borgarlege og revisjonistiske landa er heilt annleis. Der er ungdommen utrygge for samtida,

og redsla for framtida plagar dei dag ut og dag inn. Kwart sekund i kvar time vert tankane deira forgifta av forvillande propaganda som tvingar på dei eit tomt og oppløyst liv utan ideal, som gjer dei framande for revolusjonen, driv dei inn i brotsverk og rampestrekar, og kastar dei inn i anarkisme, eventyrhandlingar, utopi og fortvilning.

Partiet har sett seg føre å halda dei kommunistiske ideala og den sunne revolusjonære anden levande i tankane til ungdommen. Det vil oppseda dei til å verta lojale stridsmenn for partiet, budde til å bruka kreftene sine, evnene og liva sine til å byggja sosialismen og forsvara fedrelandet. Med partiet som leiar må ungdommen utan stogg utvikla revolusjonært tiltak og revolusjonær handling i produksjonen og overalt elles. Dei må gjera den forliksfrie haldninga si djupare og heile tida gå til åtak andsynes klassefienden, andsynes all påverknad frå revisjonistisk og borgarleg ideologi, andsynes liberale og konservative utslag som hindrar framgang. Dei må styrkja viljen og arbeida hardnakka for å skaffa seg kunnskap og kultur, og verta mektige støtter for teknisk og vitskapleg framgang. Det er nokre unge som apar etter visse sider ved den borgarlege og revisjonistiske livsstilen og legg i dagen ein del symptom som er framande for den proletariske moralen. Dei krev meir frå samfunnet enn dei gjev og talar i hovudsak om hol og veikskapar i utdanningsverksemda. Under leiing av partiet må heile samfunnet, familien og arbeidskollektiva, skulane, ulike institusjonar og masseorganisasjonar arbeida for at den unge generasjonen skal verta ei sjokkavdeling i fremste line i revolusjonen.

Ungdommen har sett i verk store aksjonar for å byggja jarnvegar, bryta urudd land osb. med friviljug arbeid, og nesten heile den yngre generasjonen har vore med. Likeins i rørslene «Vi må læra av arbeidar-klassen», «Vi må arbeida der fedrelandet treng oss», «Vi må gå ut og arbeida og leva på landsbygda» osb. Partiet set desse store revolusjonære handlingane og

rørslene svært høgt, ynskjer dei velkomne og stør dei sterkt, som skular i kommunistisk oppseding og herding av ungdommen. Partiet vil og i framtida fortru viktige tiltak til ungdommen og den kampviljuge organisasjonen deira, Det albanske arbeidsungdomsforbundet, i fast tru på at den yngre generasjonen som alltid vil setja i verk og fullføra dei med siger. La meg få helse særskilt til dei tusental unge menn og kvinner som har fylgt oppmodinga frå partiet om å arbeida og leva på landsbygda, og få uttrykkja at eg er overtydd om at tusental andre vil fylgja føredømet deira for å styrkja den sosialistiske landsbygda og få henne til å gå frametter.

Under leiing av partiet har Det albanske arbeidsungdomsforbundet spelt ei stor rolle i å oppseda den yngre generasjonen. Det har vunne rik røynsle i å organisera og mobilisera ungdommen til å byggja sosialismen. I framtida vert ungdomsorganisasjonen oppmoda til å styrkja det politiske og ideologiske livet og arbeidet sitt endå meir. Dei må auka breidda i dette arbeidet i samsvaret med alderen til ungdommen og dei vidspredde interessene deira, i arbeid og forsvar, utdanning og kultur, vitenskap og teknologi, idrett og fysisk fostring, og nytta betre den gode materielle grunnvullen partiet og folkemakta har skapt.

Partiet og folket vil at ungdommen skal vera sunn, sterk og dugande i arbeid og forsvar. Ungdomsorganisasjonen bør leggja særleg vekt på å utvikla idrett og fysisk kultur i stor målestokk, for dette er særst viktig for at det skal verta slik.

Ungdomsforbundet bør kjempa for å styrkja organisasjonen sin. Det må kasta vrak på alle fårlege tendensar til liberalisme i organisasjonslivet slik som dei som synte seg før det fjerde plenumet i sentralkomiteen i partiet og som all ungdommen fordømte skarpt. Ungdomsorganisasjonen har vore og vil alltid vera ein kampviljug politisk organisasjon — ein lojal hjelpestyrke for partiet.

Den rette marxist-leninistiske politikken til partiet har ført til ein verkeleg, djup og svært brei revolusjon i livet til **kvinnene** i Albania.

Røynsla vår har til fulle stadfest at det er naudsynt å knyta saman spørsmålet om full frigjering av kvinnene med spørsmålet om nasjonal frigjering og med proletariatet si sak. Utan at kvinnene tek del, kan den sosialistiske revolusjonen ikkje gjennomførast sigerrikt, og utan den sosialistiske revolusjonen kan ein ikkje vinna fram til full frigjering av kvinnene.

Styrken og evnene til kvinnene låg i dvale og var undertrykte i tidlegare tider. No har dei brote fram med stor styrke og umotståeleg kraft på alle felt i det sosialistiske livet. Kvinnene i Albania har stått fram med stor vyrdnad på skodeplassen til striden for sosialismen. Dei har merkt seg ut ved å syna ein høg revolusjonær ande, viljestyrke og patriotisme og merker seg ut i arbeidet og i livet. I dag ser vi dei overalt — på markene, i fabrikkane, i skulane og i laboratoria. Dei er tiltrudde svært ansvarsfulle postar i partiet og staten. På arbeidsplassen og i familien vert det oppretta nye likskapstilhøve mellom mann og kone. Frigjeringa av kvinnene styrkjer det sosialistiske demokratiet for kvar dag som går. Dette stadfester at Marx hadde rett då han sa at nivået i frigjeringa av kvinnene er ein naturleg målestokk for kor langt den allmenne frigjeringa er komen.

Røyndommen vår provar at dei borgarlege og revisjonistiske «teoriane» om vegen til frigjering av kvinna er falske. Målet for freistnadene frå borgarskapet i dei kapitalistiske landa på å venda striden for frigjering av den arbeidande kvinna mot mannen, borna og familien hennar, er å halda ho borte frå den revolusjonære striden og å bryta opp den sams fronten til arbeidar-klassen og det arbeidande folket mot dei verkelege undertrykkjarane og utbytтарane. Demagogien frå dei moderne revisjonistane om å knyta saman løysinga av dette viktige sosiale problemet med «freds-» og «ned-

rustings»politikken deira, har og som mål å få kvinnene til å gå bort frå revolusjonen.

Partiet vi i framtida halda fram å kjempa konsekvent for å setja programmet sitt for full frigjering av kvinna ut i livet. **Partiorganisasjonane, statsinstitusjonane og masseorganisasjonane har plikt til å alltid verdsetja rett dei verkelege evnene til kvinnene, som partiet har gjort så mykje for å vekkja, dyrka og utvikla. Men det er kvinnene si eiga oppgåve å kjempa som revolusjonære for å hevda personlegdommen sin endå meir.** På grunnlag av dei høva som er gjevne av den økonomiske utviklinga i landet, må det samstundes skapast betre materielle vilkår for å letta børa kvinna har med huslege plikter. Då kan effektiviteten i arbeidet hennar på produksjonsfronten og aktiviteten hennar i det politiske, sosiale og kulturelle livet aukast til eit høgre nivå.

Vi merkar oss med særleg glede at kvinnene gjennom sitt eige strev og takk vera at partiet har teke seg særleg av det, har gjort utdanningskløfta mellom seg og mennene mindre, og likeins den kulturelle og den teknisk-profesjonelle kløfta. No er 37 prosent av alle kadrar med utdanning på mellomnivå eller høgre utdanning kvinner. I tida framover må vi kjempa for å nå full jamstelling på dette feltet og. Dei kvinnelege kameratane som har leiande oppgåver har merkt seg ut med lojalitet til partilina, med leiarevner og evner til å organisera og med kunnskapar og kultur. Dette stadfester at partidirektivet om å vera djerve med å flytta kvinnene fram i ansvarsfulle postar, og gjera det frå høgste til lågaste nivå i stats- og partiorgana, var rett. Dei sekteriske haldningane, som undervurderer kvinnene sine evner og som står i vegen for gjennomføringa av denne politikken til partiet, er svært skadelege.

Framande patriarkalske og konservative, borgarlege og liberale førestellingar er framleis eit stort hinder for at personlegdommen til kvinnene skal verta allment sannkjent. Under leiing av partiet har den aktive Organisasjonen for kvinneforbundet i Albania, staten

og alle masseorganisasjonane, skulane og samfunnet plikt til å oppseda kvinner og menn i ein ande med strid for full frigjering av alle medlemmer i det sosialistiske samfunnet vårt, slik at alle, menn og kvinner, ung og gamal, kan marsjera triumferande framover.

Eit av dei mest grunnleggjande spørsmåla i alt arbeidet partiet og lyftestengene til partiet gjer, er å heile tida ta vare på og styrkja einskapen om partiet i folket. Det er eit avgjerande vilkår for at revolusjonen, bygginga av sosialismen og forsvaret av fedrelandet skal sigra.

Einskapen i folket vårt er ikkje ein einskap som er avhengig av omstenda og mellombels alliansar. Det er ein levande og kampviljug einskap om partiet i folket. Han er skapt i krigen för å frigjera landet og er fasttømra i striden for å gjennomføra den marxist-leninistiske politikken og ideologien til partiet.

Men einskap er ikkje noko ein har ein gong for alle. Striden for å styrkja han må vara ved heile tida. Fjenden har prøvt å gå til åtak på denne einskapen og skapa splitting mellom folket og partiet, og dei vil freista å gjera det att i framtida. Utslag av byråkrati og liberalisme, haldningar og handlingar som står i motstrid til vedtak i partiet og som svekkjer det rette tilhøvet partiet har til folket, er og med på å øydeleggja denne einskapen. Restane av og påverknaden frå framand ideologi som går mot dei nye normene i det sosialistiske samfunnet, bryt han ned.

Difor er det store oppgåver partiet står andsynes for å verna einskapen i folket som sin eigen augnestein, med å stålsetja han og gjera han endå meir usårleg. Dette krev at vi held oppe eit sterkt revolusjonært vakt-hald, fører klassestriden rett og utan stogg, at vi er særnøgne med å setja partidirektiva ut i livet og at vi løyser dei ulike motseiingane som reiser seg i folket på ein høveleg måte.

Den demokratiske fronten i Albania, denne store politiske organisasjonen som uttrykkjer einskapen i det

albanske folket under partiet si leiing, har stor rekkjevidde på dette feltet. I samarbeid med andre samfunnsorganisasjonar må fronten ta på seg å stå føre allsidig arbeid mellom massane i by og land for å gjera politikken, kunngjeringane og direktiva til partiet klåre for alle, oppseda dei i ein sosialistisk patriotisk ande, i revolusjonært vakthald, til å vera budde på kamp, til å vera uforsonlege andsynes alle framande ovringar, og stendig styrkja og herda einskapen i folket. Den demokratiske fronten har alltid vore og er framleis ei viktig plattform for den revolusjonære meininga til massane, ei kraftfull lyftestong for partiet til å dra det arbeidande folket med i styringa av landet, til å løysa problem i bygginga av sosialismen og i forsvaret av fedrelandet.

3. Ideane i marxismen-leninismen må verta meistra og knytte nært til det partiet lærer

Grunnlaget for alt det ideologisk-politiske oppsedingsarbeidet partiet gjer mellom kommunistane og i dei arbeidande massane, har alltid vore den sigerrike ideologien vår, marxismen-leninismen. Partiet har gjort eit stort og allsidig arbeid for å spreia dei vitskaplege ideane til Marx, Engels, Lenin og Stalin. Dei marxist-leninistiske klassikarane og dei mange dokumenta og materialet frå partiet er vortne utgjevne av Instituttet for studiar i marxismen-leninismen og er stilte til rådvelde for kommunistane og det arbeidande folket. Eit heilt system av studiegrupper, kurs og skular er laga til for at dei skal få opplæring. Alle medlemmer i partiet studerer marxismen-leninismen på organisert vis, og tusental partimedlemmer har gått ut frå partiskulen «V. I. Lenin». Den marxist-leninistiske teorien vert lært i heile skuleverket — frå fyrste til siste klasse. Arbeidarane, bøndene og all ungdommen er med i studieringar der dei vert innsette med dei sosialistiske

ideane, med den revolusjonære læra og praksisen til partiet. Alt andeleg, litterært, kunstnarleg og vitenskapleg liv vert meir og meir gjennomsyra av den proletariske ideologien.

Alle desse formene og alt det arbeidet som er gjort for å læra opp kommunistane og massane, har gjeve resultat. Problemet er at vi bør kunna greia meir med dei formene vi har, og at opplæringa bør vera betre knytt til liv og arbeid, slik at ho gjer skikkeleg teneste i den ideologiske og politiske støypinga av massane. Det som hende i hæren, i kulturlivet og i økonomien fortel om alvorlege veikskapar i opplæringsarbeidet til partiet. I desse veikskapane må vi leita etter og finna hovudkjeldene til dei negative fenomena som fiendane utnytta for å driva med anti-partiverksemda si på desse områda.

Det er ikkje nok at studiegruppene har faste møte, høyrer førelesningar og har aviser som fortel om normene til partiet, kritikk og sjølvkritikk, vaksemd osv. Hovudsaka er å skjønna kvifor dei er naudsynte, å skjønna det ideologisk-politiske innhaldet i dei og at vi treng dei, så vi kastar oss inn i striden for ei stor sak som er å byggja og verna sosialismen og sigeren for revolusjonen i landet vårt. Dersom ein ikkje skjønar dei på denne måten, vil disiplin, prinsipp, vaksemd og klassestrid ósb. leva vidare som abstrakte flosklar. I propagandaen vår er det framleis mange teikn på slikt overflatisk arbeid. Det må fjernast med rota så snart som råd er. Då kan det vi lærer trengja djupt inn i folk sine tankar og skapa varande overtydingar.

Vi studerer ikkje marxismen-leninismen for å verta lærde. Vi studerer han for å nytta han i livet så prinsippa i han kan rettleia oss i all handling og så vi kan dømma alt etter anden i han. Slike teoristudiar — nært knytte til livet og revolusjonær praksis — tener til ei sann kommunistisk støyping. Dei skaper ikkje berre eit vitenskapleg utsyn, men og ein revolusjonær karakter, så folket vårt for alltid vert viljefaste stridsmenn for

sosialismen og uforsonlege andsynes fiendane og ideologiane deira.

Dette krev alvorlege studiar i marxismen-leninismen. Det er vitskapen, teorien, som lærer oss korleis vi skal skjøna lina og direktiva til partiet og korleis vi må kjempa for å nytta dei i livet. Partiet står andsynes oppgåva å styrkja og betra utbreiinga og studiane av dei klassiske verka til dei store læremeistrane våre — Marx, Engels, Lenin og Stalin. Dei er eit utømande skattkammer av vitskapleg kommunisme — grunnlaget for ei kommunistisk skaping av det nye mennesket. Men studiet av dei vert fyrst heilt og fruktberande når det vert nært knytt til det partiet lærer, til studiet av partidokumenta. Då kan ein få til ein skapande bruk av dei allmenne lovene og prinsippa i marxismen-leninismen der tilhøva i Albania vert attspegla og der den store røynsla frå revolusjonen og røynsla frå striden partiet og folket har ført mot imperialisme og moderne revisjonisme vert oppsummerte.

Studiet av partidokumenta og partisoga hjelper kommunistane og det arbeidande folket til å meistra generallina til partiet, stilen og metodane til å løysa problem snøggare og grundigare, til å ta opp i seg den kampviljuge anden og sær s prinsippfaste haldninga som kjennemerker partiet vårt. Det hjelper dei til å forstå at det er partiet og røynsla og visdommen det har som lærer oss korleis vi skal kjempa for å byggja sosialismen, forsvara fedrelandet og korleis vi skal bera revolusjonen stødig frametter.

Marxismen-leninismen kan korkje lærast berre frå bøker eller berre på skulen. Han vert lært og meistra gjennom aktiv deltaking i den daglege striden for å byggja sosialismen, gjennom å føra klassestriden utan stogg og ved å kjempa med fast vilje mot den imperialistisk-revisjonistiske omlægninga. Heile partiet, staten og masseorganisasjonane har store oppgåver ståande framføre seg med kommunistisk oppseding og

revolusjonær herding av det arbeidande folket, og dei må sjå dette som ei av hovudsidene ved arbeidet sitt.

Å studera den marxist-leninistiske teorien er framfor alt ufråvikeleg for kommunistane. Det er somme som seier: «Eg tykkjer det er vanskeleg å studera.» Dei tenker ikkje på at dette er skadelege synsmåtar og på at med å snakka og handla på denne måten gjer dei eit stort mistak. Dei skjønar ikkje at mange manglar og veikskapar i arbeidet deira nettopp har rot i at dei manglar ideologisk-politisk forming. Det er naudsynt at kommunistane herdar viljen sin til å studera kvar for seg og til å auka det ideologiske, kulturelle og teknisk-profesjonelle nivået sitt jamnt og trutt. Ingen må seia at han ikkje har tid til å studera. Kommunistar som ikkje er interesserte i å studera og utvida synsfeltet sitt, som ikkje gjer nokon freistnad på å prøva å gjera seg kjende med og meistra den rike røynsla til partiet, vil gå tomme for damp og vil ikkje halda mål i oppgåva si som for-troppsstridsmenn.

Partiskulen «V.I. Lenin», studiekursa og dei andre formene for partiopplæring må auka nivået i arbeidet sitt endå meir, så kadrane og kommunistane kan studera og meistra marxismen-leninismen og det partiet vårt lærer, grundigare og på eit meir skapande vis.

Det er ei stor oppgåve å væpna den yngre generasjonen særleg godt med den marxist-leninistiske teorien. Dette fell på skulen, då det er der grunnsteinane i den ideologiske støypninga av ungdommen vert lagd. Der lærer dei studiemåtar og vanar, og der vert trott i studiet og lyst til å læra innpoda. Det er særleg viktig for skulane at dei ikkje berre gjev elevane og studentane kunnskapar i marxismen, dei må og forma det revolusjonære livssynet deira og gje dei nykkelen til korleis dei skal finna plassen sin og kjempa på rett måte i livet.

Store oppgåver ventar òg institutta og seta for samfunnsvitskapane, som vert oppmoda til å betra arbeidet sitt til eit kvalitativt nytt nivå, til å oppsummera den

teoretiske og praktiske røynsla til partiet betre og verta propagandistar for partiet. Dei arbeidande massane, skulane og opplæringsverket til partiet treng framleis eit stort utval skrifter og lærebøker av ulike slag, med djuptpløgjande innhald og skrivne klårt og forståeleg. Dei har det beste høvet til å kunna stetta desse krava betre gjennom å betra organiseringa og samordninga av arbeidet ved dei vitskapelege institutta og forlaga, i dei høgre skulane og i dei ulike redaksjonane.

Om arbeidet for å spreia den marxist-leninistiske teorien og studiet av han skal verta betre, står for ein stor del på det arbeidet partiorganisasjonane og utvala gjer. Dei må trengja djupt inn i innhaldet i dette arbeidet og stå føre vedvarande kontroll, så gjennomføringa av den store oppgåva partiet har med å læra opp kommunistane, kadrane og massane vert stendig betre. Dei må sjå til at opplæringsarbeidet vert bygd rundt dei problema som reiser seg i livet og dei sakene folk er opptekne av, at det vert gjort meir forståeleg og meir overtydande, meir differensiert og underbygt av sterke argument, og i samsvar med dei veksande krava til massane. Med dette som mål, må metodane med masseaksjonar, konfrontasjon og diskusjon nyttast betre, då dei har gjeve svært gode resultat. Likeins må alle propagandametodar nyttast slik at dei gjev størst mogeleg verknad, og formene må gjerast meir fullkomne.

Presse, skrifter, radio og fjernsyn har spela og held fram å spela ei stor og særleg rolle i oppsedinga av massane. Etter det fjerde plenumet i sentralkomiteen i partiet, vart det ført ein allsidig strid mot manglar og veikskapar, utslag av liberalisme og manglande vaksemd som hadde synt seg i ein del presseorgan, i somme skrifter og i mange radio- og fjernsynssendingar. Dei har gjort framsteg, men og i framtida må det passast på så dei aukar den kampviljuge klasseanden og den proletariske partisananden sin, aukar kvaliteten på og det ideologiske nivået i skrift og sendingar og gjer

masselina djupare. Slik vil dei betre kunna spela rolla si som hjelparar for partiet til å forma det arbeidande folket i kommunismen og mobilisera dei til å gjennomføra oppgåvene landet står andsynes.

4. Utdanning, kultur og vitenskap må lyftast til eit nivå som samhoever med oppgåvene i tida

I åra etter det sjette partilandsmøtet er vi komne mange steg vidare med å gjennomføra direktiva frå partiet når det gjeld utdanning, kultur, kunst og vitenskap. Desse viktige sektorane har vore aktivt med i den store striden heile folket har ført for å byggja sosialismen i landet vårt.

Partiet har alltid synt særleg omsut for **utdanninga** — for at det ideologiske og vitenskaplege nivået i henne skal aukast utan stogg.

Gjennomføringa av det marxist-leninistiske programmet for å revolusjonera utdanninga som vart godkjent av det åttande plenumet i sentralkomiteen i 1968 og av det sjette partilandsmøtet, har ført til store endringar i skulen. Han har nådd mange resultat når det gjeld å styrkja den ideologiske aksën, å gjennomføra dei tre komponentane — skuletimar, produktivt arbeid, fysisk og militær trening, når det gjeld å betra det vitenskaplege nivået i skulen og knyta han til livet. Rosverdige arbeid er gjort med å setja opp planar og program og med å laga nye lærebøker for alle slag skular. Utdanningssystemet er vorte betre og det er utvida. Det er skapt høve for elevar og studentar til å tileigna seg meir kunnskap, til å øva seg betre opp til arbeid og forsvar, til å verta oppseda og herda i anden til arbeidar-klassen — med proletarisk disiplin og moral. Skulen vår grunnfester seg meir og meir som ein sosialistisk skule, med særlege drag og ein folkeleg karakter. Den revolusjonære klasseanden i skulen vert stendig styrkt.

Denne prosessen har gått gjennom streng klassestrid

mot konservative, liberale, byråkratiske og teknokratiske førestellingar og praksis, mot borgarleg og revisjonistisk påverknad og låntaking som vart sterkt kritisert av det fjerde og sjuande plenum i sentralkomiteen. Trass i all den striden som er ført, er ikkje dei viktigaste oppgåvene i utdanningsreformen for å revolusjonera innhaldet i læreverksemd og utdanning gjennomførde fullt ut. Det finst framleis manglar og veikskapar som må vinnast over. Det er problem det er vanskar og nøling med å løysa, særleg slike som har med full harmonisering mellom dei tre komponentane å gjera. Det er framleis utslag av praktisisme i arbeidsmåttane til utdanningsorgana, og lite vert gjort for å studera og oppsummera praksisen frå skulen vår.

Gjennom det skadelege arbeidet sitt — kjenneteikna av ein liberal og byråkratisk ande, grunnleik og stillstand — fekk dei tidlegare leiarane i Undervisnings- og kulturdepartementet ein negativ innverknad på gjennomføringa av programmet partiet hadde vedteke for å utvikla utdanningsverket.

I framtida òg vert det å styrkja det ideologiske innhaldet i alt skulearbeid den mest grunnleggjande og viktigaste sida i gjennomføringa av partiet sin politikk for å revolusjonera utdanninga. Hovudsaka er å arbeida for ein grundigare tileigning av marxismen-leninismen og av den teoretiske tenkinga og lærdommane til partiet vårt. Desse må meir og meir verta grunnlaget for opplæring og utdanning og må gjennomsyra alle fag. Bokleg læring av marxismen-leninismen er framleis å sjå i skulen. Likeins sommel i å spegla att røynslene til partiet og frå bygginga av sosialismen i lærebøkene og i læreprosessen. Dette hindrar ei styrking av den oppsedande og støypande rolla til skulen. Difor er det ei viktig oppgåve å betra programma, lærebøkene og timane i faget marxisme-leninisme, å tryggja ei nærare samanknytning mellom skuletimane og livet og eit nærare samband med det store arbeidet som vert gjort og den striden folket fører under leiing av partiet, å

gjera full nytte av studiane og generaliseringane som vert gjorde i samfunnsvitskapane.

Oppsedarrolla til skulen i den allsidige kommunistiske støypinga av den nye generasjonen vil verta styrkt di meir skulen og ungdommen tek del i klassestriden for å utvikla revolusjonen og i å løysa konkrete problem i bygginga av sosialismen i landet.

Når skulen får som oppgåve å innføra dei tre komponentane og samstemma dei, er det fordi partiet med dette prøver å nå to viktige mål — revolusjonær oppseding og herding av ungdommen og auke i kvaliteten på alt arbeid skulen gjer. Men trass i alt strevet som er gjort og resultatata som er nådde, er vi i praksis framleis på byrjarsteget i løysinga av dette problemet. Det som må til, er full og organisk integrasjon av dei tre komponentane i innhald og metodar slik at dei utfyller kvarandre.

Skulen er staden der den revolusjonære marxist-leninistiske pedagogiske tenkinga til partiet skal brukast. Difor har han plikt på seg til å gjera seg kjend med og studera dei fremste bragdene på dette området, spreia dei og føra dei vidare for å gjera opplæring og utdanning meir skapande og fruktberande. Dette er eit stort og viktig område for vitskapleg arbeid i utdanningssektoren.

Eit viktig problem står att — å gje skulen ein djupare massekarakter og betra skulesystemet gjennom å byggja ut eit breiare og meir variert nett av skular, og då særleg yrkesskular, både på fulltid og deltid.

Universitetet og dei andre høgskulane der spesialistane på ulike felt vert utdanna, har som oppgåve å ala fram kadrar som er forma og herda politisk og ideologisk, som har eit breidt kulturelt utsyn, er væpna med grundig vitskapleg kunnskap og er førebudde til livet. I samarbeid med departementa og Vitskapsakademiet bør dei gjera meir organisert arbeid med etterutdanning av kadrar. Dei høgare skulane bør leggja særleg vekt på studiar og forskning, for dette er ein føresetnad

for at dei og skal kunna auka nivået i opplæringsarbeidet sitt.

Dei store framgangane som er vunne gjennom folkeutdanninga vår, er eit resultat av det utrøyttande arbeidet den store hæren av lærarar og pedagogar gjer. Dei har eit høgt medvitsnivå og ein brennande kjærleik til det ærefulle yrket sitt, og gjev verdfulle tilskot til den revolusjonære oppsedinga av ungdommen. Den kampviljuge kommunistiske anden, den varme kjærleiken og sterke ansvarskjensla for arbeidet, det uthaldande strevet for å gjera dugleiken sin som lærarar og oppsedarar meir fullkomen, og striden mot all fiendsleg påverknad bør vera det som kjennemerkjer dei. Skulen og lærarane må fylgja nøye med i den revolusjonære utviklinga av landet, av økonomien og kulturen, og likeins i framgangen i vitskap og teknologi elles i verda.

Partiet har synt stø omsut for at **kulturen, litteraturen og kunsten** utviklar seg i ein rein og sunn atmosfære, at dei fylgjer med i den revolusjonære omskapinga av landet steg for steg og at det sosialistiske innhaldet, den kampviljuge karakteren, den folkelege anden og dei nasjonale draga i dei stendig vert styrkt.

Det fjerde plenumet i sentralkomiteen kritiserte skarpt ein del skadelege utslag som hadde med etteraping av reaksjonære utanlandske tendensar å gjera, med gal handtering av motseiingar i samfunnet vårt og med teoriar som tala nedsetjande om folkeleg skaparevne osv. Det la fram viktige oppgåver for heile kulturfronten. Gjennomføringa av dei gav friske impulsar til utviklinga av litteraturen og kunsten og til alt kulturelt og kunstnarleg arbeid. Stor framgang er gjort på alle felt — i litteratur og musikk, i film og teater, i målar- og skulptur, i opera og ballett.

Forfattarar og kunstnarar har alltid stått nær partiet og har vore hjelpesmenn i striden for ei kommunistisk oppseding av massane. Ved sida av dei røynde skaparkreftene har nye talent vakse fram, og dei gjev sine tilskot til den vidare utviklinga av litteratur og kunst.

Sann kunst styrkjer dei nyskapande draga sine og når eit høgt kunstnarleg nivå når han ber i seg eit revolusjonært innhald og vert rettleidd av dei kommunistiske idealá. **Difor er det á styrkja den proletariske partisananden jamnt og trutt ei grunnleggjande oppgáve i utviklinga av kulturen og kunsten, så dei skal gå frametter langs den sosialistiske vegen.**

For á gjera litteraturen og kunsten endå meir revolusjonær, er det eit vesentleg krav at dei speglar betre av nokre av dei viktigaste emna for den kunstnarlege skaparverksemda — som til dømes den leiande rolla til arbeidarklassen i samfunnet vårt, den revolusjonære omskapinga av den sosialistiske landsbygda, den revolusjonerande krafta til kommunistane og at dei tar opp kjernetema og nykkelhendingar i folket si historie og særleg frå den nasjonale frigjeringskrigen og den sosialistiske revolusjonen.

Med dei revolusjonære idealá sine og føremålet sitt om á tena sosialismen og folket, reiser den sosialistiske realismen i kunsten vår seg tårnhøgt over den degenererte, dekadente, borgarlege og revisjonistiske kunsten og stiller seg i motstrid til den reaksjonære, pessimistiske og kapitulasjonistiske filosofien i han. Litteraturen og kunsten i Sovjetunionen er heilt underlagt det nye borgarskapet, og forfattarane og kunstnarane er vortne ein kaste i teneste for kontrarevolusjonen og den sjávinistiske og ekspansjonistiske politikken til den sovjetiske sosialimperialismen. Fornekting av viktige samfunnsproblem, desillusjonering og borgarleg humanisme som emne, fullt avkall på den positive helten og mangel på revolusjonært perspektiv er det som særmerkjer den revisjonistiske litteraturen og kunsten.

Det sosialistiske innhaldet i kunsten er nært knytt til den folkelege og nasjonale karakteren i han. Det er særleg viktig á stri for á verna den nasjonale kulturen under dei rådande tilhøva, av di USA-imperialistane og dei sovjetiske sosialimperialistane spreier idear om

kosmopolitisme og om såkalla internasjonalisering av kunst og kultur, som spring ut av målet deira om verdsherredømme og politisk og andeleg slavebinding av folka. Med å verna og utvikla den nasjonale, demokratiske og revolusjonære kulturen sin, vernar folka sjølvstendet sitt, eksistensen sin og sine egne tradisjonar. Slik gjev dei sine tilskot til kulturskatten i verda.

Den sosialistiske kulturen vår har aldri kapsla seg inne i eit nasjonalt skal. Han har drege nytte av dei beste prestasjonane i den progressive verdskulturen, og har for sin eigen del vore berar av fridomsideala, sjølvstendeideala og dei sosialistiske ideala til vårt eige folk, og står og har stått nær andre folk òg.

Den nasjonale karakteren og den folkelege anden vert uttrykt gjennom ei sann attspegling av røyndommen, frå standpunktet til den marxist-leninistiske ideologien, gjennom å ta opp i seg all røynsle frå kulturen vår — både frå den gamle progressive tradisjonen og dei nye revolusjonære elementa — på ein kritisk måte, ved å gå ut frå klassestandpunktet og lita fullt og heilt på folket si skaparevne. Den folkelege og nasjonale karakteren får ikkje berre uttrykk i sjølve skapinga av verka, men og i framføringa og tolkinga av dei.

Nokre kunstarter — særleg arkitekturen — heng etter i å uttrykkja nasjonal ande og nasjonale drag. For å fjerna denne veikskapen trengst det meir studiar og forskning.

Med det partiet lærer som rettleiing, bør forfattarar og kunstnarar retta seg inn mot livet til folket og skapa kunst for folket — vakker, klår og forståeleg for alle — ein djupt folkeleg kunst. Livet til folket, det skarpe vid-det deira, den folkelege psykologien og humoren, bør ta opp større plass i litteraturen og kunstverka, og særleg i scenekunsten.

Dei kunstnarane som kjem best frå desse oppgåvene, er dei som arbeider utan stogg for å lyfta det marxist-leninistiske ideologiske nivået sitt, som meistrar det

partiet lærer, som lever eit aktivt politisk liv, som er godt inne i livet til massane og har grundig kunnskap om den revolusjonære historiske utviklinga til folket vårt og kulturen vår. Revolusjonær kunst vert skapt av revolusjonære kunstnarar som har eit hjarta som slår i takt med hjarta til folket. Det krevst av dei at dei i verka sine speglar nøyaktig att dei grunnleggjande prosessane og tendensane i utviklinga av revolusjonen vår, motseiingane i livet, og at dei kjempar mot alle utslag av formalistisk og stereotypisk handtering av dei, at dei trufast og skapande nyttar metoden med sosialistisk realisme, som er grunnlaget for den proletariske kunsten som er framtida sin kunst.

Den sosialistiske kulturen trengjer seg dag for dag djupare inn hjå folket og vert ein uskiljeleg del av livet deira. Utgjevinga av bøker og filmproduksjonen er auka, og nettet av kultur- og kunstsentra ut over landet er utvida. Amatørrørsla har gått gjennom ei stor kvantitativ og kvalitativ utvikling. Attmed den profesjonelle kunsten spelar amatørarbeidet ei viktig rolle for framgangen for den nye kulturen og i oppsedinga av det arbeidande folket. Massane, det arbeidande mennesket, arbeidaren og samyrkebonden, kvinna og ungdommen, gamal og ung, har stige opp på scenen.

Partiet krev at massekulturarbeidet vert reist til eit høgre nivå. I dette stykket er det naudsynt å forma ut eit vidare kulturomgrep som femner om alle sider ved livet og kulturmennesket. Alle dei mange rådgjerdene partiet har lagt i hendene på massane må nyttast skikkeleg, og det må finnast måtar og former så kulturen vår kan nå ut alle stader der massane i folket lever og arbeider. Når partiet i dag strevar for å minska skiljet mellom by og land, står og kulturfronten andsynes store oppgåver med å auka det kulturelle nivået til bøndene gjennom å aktivisera kreftene på landsbygda breitt, som det vert gjort i byane.

Partiorganisasjonane bør verdsetja høgre den store rolla kultur og kunst spelar i oppsedinga av massane og

bør sjå på dei som viktige område for arbeidet sitt. Dei bør syna særleg omsut for den politiske og ideologiske oppsedinga av dei utøvande kunstnarane. Den leiande rolla til partiet og prinsippfast gjennomføring av partilina og partidirektiva på dette området er avgjerande for at dei skal utvikla seg i rett lei. Dei statlege organa har og viktige plikter til å auka omsuta for kultur og kunst og til å betra formene og metodane dei tar seg av dei på.

Under leiing av partiet bør Forfattar- og kunstnar-sambandet intensivera arbeidet sitt for ideologisk-estetisk oppseding og yrkesopplæring av forfattarar og kunstnarar, og i endå større grad verta eit senter der det vert oppmoda til skapande arbeid og der dei filosofiske, etiske og estetiske problema i det vert gjennomdrøfta frå ein proletarisk partisansynsstad.

I det allsidige arbeidet for å setja vedtaka frå det sjet-te partilandsmøtet ut i livet, er det og gjort framsteg i utviklinga av **vitskapen** og dei vitskapelege eksperimen-ta. I dag er ulike vitskapelege organ, spesialiserte institutt og forskningssentra i arbeid i landet vårt, attåt dei som finst ved seta for og fakulteta ved dei høgere skulane. Skipinga av Vitskapsakademiet var ei viktig bragd.

I denne tidbolken er det gjort ei rad viktige vitskapelege og tekniske studiar og eksperiment i geologi og bergverk, hydroenergi og jordbruk osv. Ei rad verd-fulle studiar er og gjort når det gjeld sosiale problem, den anti-fascistiske frigjeringskrigen, historie, arkeologi og albansk språk.

Utviklingssteget landet står på i dag og dei store oppgåvene vi har framføre oss, krev at **vitskapelege studiar og forskning vert omgjorde til ein allmenn metode som må gjennomtrengja og gå føre alt arbeid og gje effektiv hjelp i å løysa dei noverande og framtidige problema i bygginga av sosialismen og forsvaret av fedrelandet.** Vitskapen står andsynes store oppgåver med å planleggja og byggja store hydrotekniske og industrielle

tiltak. Dei må oppdaga og ta i bruk nye råvarer og andre naturressursar, finna nye måtar å intensivera jordbruksdrifta på osb.

Utviklinga av vitskapen reiser det svært viktige spørsmålet om å gjera meir intensive studiar på ei rad område, til dømes i biologi, genetik, matematikk, fysikk, kjemi, fysiologi osb. Utan slike kan mange problem i utviklinga av dei praktiske nytta vitskapane og den tekniske framgangen ikkje løysast, og ei grundig oppøving av dei ulike spesialistane og den yngre generasjonen i skulane kan ikkje verta gjennomført.

Store utsyner er opna for ei fruktberande utvikling av samfunnsvitskapane og dei økonomiske vitskapane, gjennom at det vitskaplege studiet og oppsummering av den revolusjonære tenkinga og praksisen til partiet og folket vert hovudmålet for dei. Studiar i saga, livet, språket og dei kulturelle og kunstnarlege tradisjonane til folket vårt er eit viktig område.

Som partiet heile tida har streka under, kan den teknisk-vitskaplege revolusjonen i det sosialistiske samfunnet vårt ikkje berre berast frametter av nokre få spesialiserte forskningsinstitusjonar åleine. Å aktivisera dei breie massane av arbeidarar og bønder, av kadrar og spesialistar i produksjonen er avgjerande i vitskapleg eksperimentering. Dei spesialiserte institusjonane og sentra for vitskapleg forskning bør knyta arbeidet sitt nærare til dei vitskaplege eksperimenta massane gjer. Dei bør oppsummera framskriden røynsle og spreia vitskapleg kunnskap til massane. Dette er og måten å verna dei mot byråkratiske, teknokratiske og intellektualistiske sjukdommar.

På det noverande nivået finst alle dei materielt-tekniske hjelperådene og menneskelege ressursane som trengst for å løysa mange innfløkte økonomiske, ideologisk-teoretiske, kulturelle og teknisk-vitskaplege problem med egne krefter. Difor er det naudsynt å styrkja tilliten kadrane, spesialistane og arbeidsfolk har til sine egne krefter og evner endå meir. Samstundes

må dei gjera seg kjende med og nytta det som er utført i verdsvitskapen og verdsteknologien i samsvar med våre føresetnader.

Gjennomføringa av oppgåvene på det vitskaplege området krev at det vert gjort vidare tiltak for å øva opp og kvalifisera spesialiserte vitskaplege kadrar frå ulike bransjar, og for å styrkja den materielle basisen som må til.

Utviklinga av vitskapen og den teknisk-vitskaplege revolusjonen stiller forskningsinstitusjonane og dei høgre skulane andsynes store oppgåver når det gjeld å auka kvaliteten på og effektiviteten i dei vitskaplege studia og forskninga deira, i strid mot framande teknokratiske og intellektualistiske, idealistiske og metafysiske førestellingar. Vitskapsakademiet har ei særleg rolle her, særleg i å få nytta og samordna kreftene og midlane i vitskap og forskning betre.

Under leiing av partiet må statsorgana på alle nivå syna større omsut for organisering, planlegging og utvikling av arbeidet til dei vitskaplege forskningsorgana, setja opp konkrete oppgåver og kontrollera at dei vert gjennomførde og yta all den hjelp som trengst for å løysa dei problema som reiser seg.

V

Den internasjonale situasjonen og utanrikspolitikken til Folkerepublikken Albania

Bygginga av sosialismen i Albania, striden til folket vårt for å styrkja proletariatets diktatur og forsvara heimlandet og strevet deira for å byggja ei trygg framtid, kan ikkje skiljast frå den internasjonale situasjonen vi lever i eller frå den allmenne historiske prosessen til verdsutviklinga i dag.

Partiet har fylgt nøye med i og analysert hendingane og skapinga av nye situasjonar, retninga og føremålet til dei ulike politiske kreftene som er aktive på den internasjonale arenaen, og har alltid halde fast på ei rett og prinsippfast haldning, i fullt samsvar med det marxismen-leninismen lærer, med dei nasjonale interessene våre og med interessene til revolusjonen og frigjeringa av folka.

Allment står dagens internasjonale situasjon fram som svært innfløkt, full av store motseiingar og konfrontasjonar som no femner om heile kloden og alle sider ved menneskesamfunnet i dag. Med mangedobla styrke står verdsproletariatet og dei ubøyelege revolusjonære, folka som strir for fridom og demokrati og for sosialismen, andsynes imperialisme og sosialimperialisme og den brutale, aggressive og ekspansjonistiske aktiviteten deira, andsynes borgarskapet, dei internasjonale monopola og den barbariske utbyttinga deira, andsynes reaksjonen og den valden og terroren han står for. Verda er på eit stadium då revolusjonen og nasjonal frigjering for folka ikkje berre er ei von og eit framtidssyn, men eit spørsmål som vert teke opp til løysing.

Dei siste åra har ein sett eit kraftfullt oppsving i striden til proletariatet i alle dei kapitalistiske landa. Arbeidarane og massane i det arbeidande folket kjempar overalt sjølvgløymande mot politisk undertrykking og økonomisk utbytting, for å forsvara dei demokratiske rettane sine og for å tryggja seg eit betre liv. Det som særmerkjer denne striden er den større breidda i krava det arbeidande folket stiller. Dei går stendig lengre ut over grensene for økonomiske krav. Streikane, protestane og demonstrasjonane til det arbeidande folket i Sambandsstatane, Storbritannia, Frankrike, Sovjetunionen, Polen, Italia, Tyskland, Spania osv., som ofte endar med blodige samanstøytar med borgarskapet og undertrykkingsapparatet deira, rører ved sjølve grunnvollen for det borgarlege og revisjonistiske styret. I desse beinharde samanstøytane med kapital og borgarskap, styrkjer arbeidarklassen og dei breie massane i det arbeidande folket det proletariske medvitet sitt meir og meir, og førebur og herdar seg endå betre til dei komande klasseslaga. Striden verdsproletariatet fører i dag, provar endå ein gong den grunnleggjande tesen i marxismen-leninismen at arbeidarklassen og den revolusjonære striden han fører ikkje kan haldast nede korkje av vald eller demagogi. Trass i press, demagogi og den forvillande og nedbrytande propagandaen i stor målestokk frå borgarskapet og deira allierte, vert tendensen til å bryta med den opportunistiske og undergravande innverknaden frå sosialdemokratiet og revisjonistane, som diverre framleis har hand over ein viktig del av arbeidarklassen, breiare og djupare. Dei nye marxist-leninistiske partia veks og styrkjer seg, og dette er levande prov på at proletariatet aldri har mist trua på marxismen-leninismen, på at det i marxismen-leninismen ser det sterkaste våpnet sitt i striden mot borgarskapet og for sigeren for revolusjonen.

Dag for dag reiser frigjeringsrørsla til folka seg til eit høgre nivå, både i innhald og styrke. Den historiske

sigeren til folka i Vietnam, Kampuchea og Laos var viktige for heile verda, og det var ikkje berre ein siger over USA-imperialismen, men og over samansverjingar, intriger og innblanding frå den sovjetiske sosialimperialismen. Sigeren provar at supermaktene, med all si store makt og rikdom og med alt sitt moderne krigsutstyr, ikkje er i stand til å leggja under seg folka og landa — ikkje eingong småe — når desse siste er fastrådde på å kjempa til slutten og ikkje sky noko offer. Sigeren stadfeste tesen om at fridom og sjølvstende vert vunne og verna med geværet, gjennom strid, at strategien med folkekrig for nasjonal frigjering er ein strategi som tryggjer siger.

I dag representerer Asia, Afrika og Latin-Amerika ein brei front av strid mot USA-imperialismen, den sovjetiske sosialimperialismen og dei andre imperialistmaktene. Folka på desse kontinenta strevar hardt og på alle felt for å styrkja det politiske sjølvstendet sitt og for å kasta av seg kolonialt og nykolonialt herredømme. Vi er i dag alle vitne til det viljefaste strevet til dei afrikanske folka for å vinna full frigjering etter at dei har kome seg ut av hundretals år i slaveri. Det at land som berre for stutt tid sidan var under portugisisk kolonistyre, har oppnådd sjølvstende, har sett endå større fart i striden mot rasisme og rasediskriminering i Rhodesia og Sør-Afrika.

Striden dei progressive og demokratiske kreftene fører mot fascisme og reaksjon, veks og vert utvida. Veltinga av diktaturstyra i nokre land, striden til patriotane i Brasil og Bolivia, i Thailand og Malaysia, motstanden til folka i Chile, Argentina og Indonesia mot fasciststyra, har retta slag som sit mot dei reaksjonære kreftene og dei imperialistiske støttene deira. Folka i området rundt det indiske havet, i Sørøst-Asia og på kysten av Afrika kjempar hardnakka for å få fjerna militærbasane og marineflåtane til dei to supermaktene. Alle stader vaknar folka meir og meir og vert meir medvitne om kva fåre den aggressive, ekspan-

sjonistiske og hegemonistiske politikken til USA-imperialismen og den sovjetiske sosialimperialismen representerer for eksistensen deira.

Landa som går stødig frametter langs den sosialistiske vegen, er ei fast støtte for og gjev aktiv hjelp til revolusjons- og frigjeringsstridane folka fører. Dei er ein umissande faktor for at revolusjonen skal sigra. Det sosialistiske Albania reknar det som ei ære å få stå skulder ved skulder med den store striden til proletariatet og folka, med alle som kjempar for sosialisme, fridom og sjølvstende. Gjennom å arbeida utrøytande for å byggja det nye livet sitt, for å knusa dei ville åtaka frå imperialismen, den moderne revisjonismen og det anti-kommunistiske borgarskapet, har det gjeve og gjev sine tilskot til å verna og berå den ekte sosialismen frametter.

Det er dette at den revolusjonære striden til proletariatet er vorten breiare og djupare, at frigjeringsstriden til folka er vorten mykje meir intens, at sosialismen har vunne singlar — alt lagt saman — som har gjort imperialismen og sosialimperialismen endå veikare, som har skjerpt motseiingane i det kapitalistiske systemet og skaka det i grunnvollane.

Eit beinveges resultat av denne striden og av deiufråkomelege motseiingane i systemet deira, er og den svært alvorlege krisa alle dei kapitalistiske og revisjonistiske landa gjennomlever i dag. I heile tidbolken etter den andre verdskrigen har den eine økonomiske krisa fylgt den andre. Men den noverande krisa er den største. Det er ei krise som ikkje berre sveiper over dei utvikla landa, men over dei mindre utvikla. Det er ei økonomisk, men og ei politisk og ideologisk, ei militær og kulturell krise, som påverkar oppbygninga og overbygninga i det borgarleg-revisjonistiske systemet.

I fyrstninga synte krisa seg i form av fallande produksjonstakt og aukande takt i inflasjonen. Ho vart endå meir akutt og fekk større omfang fordi ho vart

komplisert av ei umåteleg alvorleg energikrise og valutakrisa som førde med seg svært store problem i alle dei kapitalistiske og revisjonistiske landa. Nokre av dei, til dømes Italia, Storbritannia, Polen, Jugoslavia osv., røyner no svært vanskelege situasjonar.

Eit framståande drag ved den noverande krisa er at ho utviklar seg under vilkår med akutt skjerping av motseiingane mellom imperialistane gjennom rivaliseringa mellom supermaktene for å dela marknader og interessesfærer. Den djupt aggressive politikken til USA-imperialismen og den sovjetiske sosial-imperialismen, tyrsten deira etter verdsherredømme og hegemoni, har ført til ein stor auke i statsutgiftene for å kunna halda militærstyrkar og basar i framande land, til «militærhjelp» og ulike subsidiar til reaksjonære styre. Dette har skapt store spenningar i økonomien til supermaktene og dei allierte dei har, som er tvinga til å ta på seg ein ikkje liten del av børa av krisa. Militariseringa av økonomien til dei store imperialistmaktene, auken i militærutgifter og budsjetta til undertrykkjarapparat til ukjende høgder, allment, at nasjonalinntekta og nasjonale verdiar vert brukte opp til ikkje-produktive føremål, gjer desse forstyrringane endå tydelegare.

Krisa vert skjerpt endå meir av den ukontrollerte konkurransen til dei industrialiserte borgarlege og revisjonistiske landa seg imellom, så vel som mellom dei og utviklingslanda, hovudprodusentane av råvarer. Det at lova om ujamn politisk og økonomisk utvikling i kapitalistiske land verkar, drog Fellesmarknaden, Japan, Canada og andre inn på arenaen for kampen om marknader og særrettar og for å utfordra USA-dominansen når det gjeld kapitaleksport.

Den noverande krisa har endå ein gong stadfest at kapitalismen som samfunnssystem aldri kan koma seg unna motseiingane og sjukdommane i det. Det er ikkje i stand til å tryggja sin eigen superprofitt og samstundes halda ved lag indre sosial likevekt. Livet provar såleis

gong etter gong teorien til Marx og Lenin om at økonomiske kriser er fylgjesveinane til det kapitalistiske systemet, at så lenge det finst privat eigeomsrett og kapitalistisk utbytting, vil det og finnast økonomiske kriser.

Alle dei kapitalistiske og revisjonistiske statane prøver å lessa fylgjene av krisa over på massane av arbeidsfolk. Og borgarskapet, monopolistane og utbytta-rane alle stader har verkeleg auka undertrykkinga og utbyttinga av proletariatet og det arbeidande folket, skore ned levemåten deira og skore bort rettane deira, for å halda profitten sin oppe. I denne alvorlege krisetida for imperialist- og sosialimperialistmaktene og den borgarlege statsmakta i kvart einskild land, vert milliontals arbeidarar — talet har no nådd om lag hundre millionar — kasta på gata, inflasjonen er ukontrollert, prisane for naudsynte varer veks meir og meir utanfor rekkevidde. I det kapitalistiske og revisjonistiske samfunnet i dag går det polariseringsfenomenet som Marx skildra føre seg: på den eine sida aukar fattigdommen til det arbeidande folket, på den andre sida veks rikdommen til kapitalistane.

Storkapitalen og statsmakta hans, sosialdemokratiet, revisjonistane og andre opportunistar fylgjer opp denne alvorlege situasjonen og denne brutale undertrykkings- og utbyttarpolitikken med store mengder lygnpropaganda. Meininga er å overtyda massane av det arbeidande folket om at omveltingane som pågår no liksom skal vera eit forbigåande fenomen, at alt vil gå attende til det gamle og at dei difor må vera tolmodige og bera dei tunge bøkene som er lagde på dei, og ikkje prøva å finna årsakene til dei og reisa seg til opprør. Dei strevar med alle midlar for å unngå den store fåren, revolusjonen, som er den einaste måten arbeidarklassen kan sleppa bort frå krisa og det kapitalistiske og revisjonistiske utbyttarsystemet ein gong for alle.

Borgarskapet og statsmakta deira utnyttar og fagfor-einingane, der dei har samla proletariatet og det arbei-

dande folket i dei fleste borgarlege landa, til dette kontrarevolusjonære føremålet. Fagforeiningane skal visstnok vera demokratiske og visstnok ikkje bundne til pampane og ulike «demokratiske» og «sosialistiske» og andre slag parti. I røynda strevar desse såkalla fagforeiningane som ope vert manipulerte av dei borgarlege partia og vert leia av arbeidararistokratiet, alt dei kan for å villeia det arbeidande folket og sabotera den revolusjonære striden deira. I tillegg til dette er lovene som gjeld arbeidarane sin aktivitet og strid for økonomiske, sosiale og andre krav, laga og ordna til såleis av storkapitalen at all handling må gå føre seg innanfor grensene borgarskapet set, slik at ikkje noko skadar borgarskapet sine interesser og særleg må det ikkje truga grunnvollen i den kapitalistiske statsmakta. Når han finn ut at det er uråd å stå mot opprør frå arbeidarklassen og folket med dei liksom-demokratiske formene eller med «prateklubb»-metodane til parlamenta, set staten tomme skruen på med lovene, valden og køllene sine. Det er dette som hender no i dei fleste landa der krisa har skjerpt motseiingane mellom arbeid og kapital, og der opprøret til det arbeidande folket mot situasjonen som er skapt, vert stendig sterkare.

I slike situasjonar vert fåren for fascisme stendig meir trugande. Det er ei kjend kjensgjerning at når kapitalen finn ut at han er driven inn i ei blindgate og arbeidarklassen slår tunge slag mot han, vert han tvinga til anten å kunngjera at han er bankerott eller til å skipa eit fascistisk diktatur og gå i retning krig. Denne fåren for fascisme er berrsynt i Spania, Italia og mange andre land. Om det italienske fascistpartiet, som vert kalla samfunnsrørsla i Italia (MSI), tapte røyser i valet som vart halde nyleg, er ikkje dette noko nederlag for det, for det har plassert «squadristi»*-avdelingane sine i Det kristeleg-demokratiske partiet.

* *Squadristi* — medlemmer av dei fascistiske terroristgruppene.

«Det er det som er så viktig med alle kriser,» sa V.I.Lenin, «at dei gjer synleg det som har vore løynt; dei kastar til sides alt som er tomme former, overflatisk og daglegdags; dei feier bort den politiske søpla og avdukar dei verkelege årsakene til klassestriden som utviklar seg i røyndommen».*

Dei politiske, økonomiske og sosiale hendingane i verda i dag, årsakene som gjer at dei kjem til, omstenda rundt kampar og dei antagonistiske kreftene som tar del i dei, varierer utruleg mykje når det gjeld innhald, interesser, tidslengde og kva kampformer som vert nytta. Det er svært viktig at vi tar tak i hovudsakene, prinsippspørsmåla, og analyserer dei marxist-leninistisk, om vi skal kunna gjera ting klårt for partiet og folket og finna ut kvar vi står i høve til alt som går føre seg og til kva situasjon det måtte vera. Om ikkje, vert det vanskeleg å dra rette og verdfulle slutningar.

Partiet vårt meiner at situasjonen i verda i dag er svært uroleg, og fylgjeleg er det ikkje noko rom for å vera sjølvgod, passiv eller overoptimistisk. Ut frå dette vert det under dei noverande tilhøva umåteleg viktig for alle dei revolusjonære kreftene, for alle nasjonane og folka som kjempar for fridom og sjølvstende, for fred og tryggleik mellom nasjonane, å analysere, vurdere og ha eit prinsippfast klassestandpunkt andsynes politikken og verksemda til det imperialistiske borgarskapet i dei to supermaktene. Ei prinsippfast haldning til dette grunnspørsmålet er det einaste rette grunnlaget for å kunna fastleggja ein konsekvent og revolusjonær strategi og taktikk, og er kriteriet for å vurdere kven som er progressive krefter og for å skilja dei frå dei reaksjonære kreftene.

* Sjå Lenin, «Lærdommar frå krisa» (1917) i *Samla Verk*, eng. utg., band 24, s. 213. — Red.

Konkrete kjensgjerningar og handlingar, den objektive røyndommen, fører oss til slutninga at i verda i dag er dei to supermaktene, Sambandsstatane og Sovjetunionen, dei største og fårlegaste aggressive imperialistmaktene soga kjenner. Kvar for seg eller saman representerer supermaktene i same grad og same omfang hovudfienden for sosialismen og fridommen og sjølvstendet til nasjonane, den største krafta til å verna undertrykkjar- og utbyttsystem, og eit beinveges trugsmål om at menneskeætta skal verta kasta inn i ein tredje verdskrig.

Verda har støytt på og held fram å støyta på dei aggressive og ekspansjonistiske målsettingane til USA-imperialismen. Heilt sidan den andre verdskrigen tok slutt, har USA-imperialismen fylgt ein kriminell politikk og gjennomført kriminelle handlingar andsynes kommunismen og fridommen og sjølvstendet til folka. Det var USA-imperialismen som sleppte laus den barbariske aggresjonen i Korea og Vietnam, og som gjorde nokre av dei mest redslefulle brotsverka menneskeætta nokon gong har sett der. Det var USA-imperialismen som intervenerte i Kongo, som kjøvde den dominikanske revolusjonen, som førte krigen til Laos og Kampuchea, som sette Midt-Austen i flammor og organiserte fascistkuppa i Chile og Argentina.

I samsvar med den imperialistiske håtten sin har USA-imperialismen strekt fangarmane sine til alle kontinenta og styrkjer stillingane sine alle stader og på alle vis, med «hjelp», slavebindande kredittar, ulike semjer og avtalar, gjennom militærbasane dei har i mange land, gjennom brutal innblanding i dei indre sakene til andre land og heilt fram til væpna aggresjon. Alt dette er det som er dei stygge kjennemerka til den villmannslege USA-imperialismen.

Dei mange kompromissa og prinsipplause konseksjonane frå Khrustsjovistane har ikkje gjort han noko mildare i håtten eller gjort at framferda hans er vorten noko betre. Han er framleis den politiske og

økonomiske bastionen til det kapitalistiske utbyttersystemet, den store forsvareren av kolonialisme og nykolonialisme, han som nærer opp under rasismen og er erke-politimann for den internasjonale reaksjonen. Partiet vårt held stødige fast på synet at USA-imperialismen er aggressiv og vil vera det så lenge han har ei tann att i munnen.

Som ei fylgje av revolusjonære stridar og frigjeringsstridar, av det vedvarande forfallet og uoverstigelege indre motseiingar, har verdsimperialismen tapt mange stillingar. Det er nok å nemna oppløysinga av kolonistystemet og at mange land har vunne sjølvstende. I framtida vil imperialismen missa endå fleire stillingar i tillegg. På same tid vil imperialismen, og USA-imperialismen særleg, auka strevet for å vinna attende tapte stillingar og vinna nye. Dette er dialektikken i utviklinga og nedgangen til imperialismen. **Difor er no som før den prinsippfaste og ustogge striden for å avsløra politikken og krossa dei aggressive planane til imperialismen, med USA-imperialismen i brodden, eit avgjerande vilkår for å kunna forsvara fridom og sosialisme, for at revolusjonen skal sigra og folka vinna frigjering.**

Folka i verda kjempar og eit stort slag mot den andre fienden, like fårleg og barbarisk, den sovjetiske sosialimperialismen. Politikken til Sovjet-revisjonistane er ein typisk aggressiv kolonialistisk og nykolonialistisk politikk, bygd på kapitalmakt og våpenstyrke. Striden Sovjetunionen i dag fører for å vinna strategiske stillingar i Midt-Austen, at han har ekspandert til Middelhavet, Atlanterhavet og Det indiske havet, at han grip inn i Afrika og Latin-Amerika, øver press på Europa og blandar seg inn i Asia sine saker, alle desse handlingane ber merket til denne politikken. Lik USA-imperialismen strevar dei sovjetiske sosialimperialistane alle stader for å sløkkja flammane frå revolusjonen og frigjeringsstridane til folka.

I tevling med USA-imperialismen rugar dei sovjetiske

sosialimperialistane ut kontrarevolusjonære samansverjingar og intriger mot folka, rører opp konflikter og sår usemje mellom nasjonane, strevar for å utøva kontroll og diktat der dei kan. **Partiet vårt har stendig streka under at illusjonar eller vakling same kor lite det enn er, i haldninga til Sovjetunionen slik han er i dag, fører med seg katastrofale fylgjer for dei politiske kreftene og rørslene som held fram å tru på demagogien og løgnene frå Moskva.**

For å setja den ekspansjonistiske og hegemonistiske politikken sin ut i livet, har imperialismen, sosialimperialismen og den internasjonale kapitalismen skapt ei rad militære, politiske, økonomiske, kulturelle og andre slag organ og institusjonar. I dag er desse hovudvåpna og reiskapa deira til å utøva herredømme over folka. Samstundes har dei utvikla ei stor mengde teoriar, idear og teser som dei prøver å lura og skremma folka med, og som dei nyttar til å rettferdiggjera hegemonismen og undertrykkinga dei står for og til å hjernevaska folk i den leia dei sjøelve vil. Militær aggresjon, økonomisk ekspansjon og ideologisk aggresjon er basisen for generallina til desse fiendane som har som hovudmål å knusa sosialismen, kjøva revolusjonen og gjera sitt eige slavesystem evig.

Under slike tilhøve er oppgåva for dei revolusjonære og folka å setja den sameinte og viljefaste striden sin på alle frontar og i alle retningar inn mot dette allmenne og allsidige åtaket frå fiendane, å avsløra og øydeleggja alle våpna og basane deira, om dei er politiske eller økonomiske, militære eller ideologiske.

NATO og Warzawapakta, dei politiske og militære alliansane til kapitalist- og revisjonistlanda og basane og hærstyrkane dei har i andre land, er no som før hovudstøttene dei byggjer den hegemonistiske og ekspansjonistiske supermaktspolitikken sin på og gjenomfører han med, det fremste skjoldet til å verna det imperialistiske systemet sitt, det viktigaste våpnet dei har i rivaliseringa og krigsførebuingane.

NATO og Warzawapakta står, saman med borgar- og revisjonisthærane i medlemslanda, for hovudvernet for dei kapitalistiske og revisjonistiske systema, og er den største våpenstyrken som kan gå til åtak på revolusjonen og sosialismen, fridommen og sjølvstendet til folka. Militærblokkene er støttepillarane for dei indre reaksjonære, anti-patriotiske kreftene, — for krefter som sel landa sine og underlegg dei utlendingar og gjer den nasjonale suvereniteten til inkjes. NATO og Warzawapakta har vore og held fram å vera reiskapar til å førebu og utløysa krig.

COMECON og Fellesmarknaden i Europa er skapte for å tena denne aggressive, undertrykkjar- og utbytтарpolitikken. Gjennom COMECON, som er ein sovjet-revisjonistisk organisasjon for å slavebinda medlemslanda, set Sovjetunionen ut i livet den nykolonialistiske politikken sin i satelittstatane, plyndrar rikdommane deira og får dei innlemma økonomisk i Sovjet-staten. Sovjetunionen har utarma dei allierte dei har økonomisk, har bunde dei på hender og føter, tvingar på dei dei prisane han sjølv vil, kontrollerer utviklinga av økonomien deira i samsvar med sine interesser, skaffar dei akkurat så pass mykje råvarer som må til for å halda industrien deira i gong i så stort omfang som det ynskjer og når det ynskjer, utan omsyn til om industrien deira vinn framgang. Kredittane Sovjetunionen gjev satelittane sine, gjer dei til slavar.

Lik COMECON er Fellesmarknaden i Europa ein annan akkurat likeins reaksjonær organisasjon. Det er ein stor union av kapitalistmonopol og trustar som er interesserte i brutal utbytting av proletariatat og massane av arbeidsfolk i Europa og av andre folk i verda.

Frå skipinga har målet til Fellesmarknaden vore å finna barbariske plyndringsmetodar og råder for dei store trustane og konserna og å berga kapitalismen frå kriser og skipling. På den internasjonale skodeplassen er Fellesmarknaden ei stor nykolonialistisk makt som ikkje berre tevlar med supermaktene for å utbytta ut-

viklingslanda, men og strevar etter å vinna attende og halda ved lag dei gamle særrettane til dei tidlegare kolonimaktene i desse landa.

Sjølv om USA offisielt står utanfor Fellesmarknaden spelar det omveges ei svært stor rolle der gjennom samanfiltringa av USA-kapital og kapitalen i kvart ein-skild medlemsland. I Fellesmarknaden har USA-imperialismen hatt og har ei mektig støtte mot den sosialimperialistiske blokka. Saman med NATO er Fellesmarknaden eit organisert base- og bakområde for USA-imperialismen i rivaliseringa og tevlinga med den andre imperialistmakta — det revisjonistiske Sovjetunionen.

Arbeidets Parti i Albania, den albanske staten og det albanske folket er mot NATO og Warszawapakta, mot COMECON og Fellesmarknaden fordi desse organisasjonane er den viktigaste reiskapen for den ekspansjonistiske politikken til dei to supermaktene, fordi dei undertrykkjer, utbyttar og utarmar både folka i Europa og folka i utviklingslanda, undergrev både revolusjonen og frigjeringa til folka og er reiskapar for slavebinding.

Sovjetunionen kunngjer at det er skapt eit «samfunn av frie og jamstelte sosialistiske statar», men det er den sovjetiske neven som styrer denne «alliansen». Det finst ikkje noko sosialistisk ved han, han er anti-marxistisk og ein endefram bløff for å halda folka under det sosialimperialistiske åket.

Monopolistane i Europa, både dei borgarlege og dei revisjonistiske, har mykje dei ville ha sagt om skipinga av det såkalla Sameinte Europa. Så langt er det skipa ein slag «Europakommisjon» med eit «parlament», ei «sams regjering», ein del formelle lover, og dei har teke på seg å skapa ei statseining av dei europeiske landa. Planar er laga til minste detalj for å skipa ein sams hær for denne delen av Europa, væpna til tennene, og ein «sterk» kapitalistisk økonomi som dei påstår skal vera til for å stå mot supermaktene. I røynda er meininga

med å skipa Sambandsstatane i Europa å gjera til inkjes nasjonalkjensla i dei ulike europeiske landa, å integrera og smelta saman kulturane og tradisjonane deira, med andre ord å kvitta seg med særmerka til folka og statane i Europa under styring av det kosmopolitiske reaksjonære borgarskapet på dette fastlandet.

Dette «Sameinte Europa», det reaksjonære innhaldet i det, vart avslørt og fordømt av Lenin så tidleg som i 1915. Då skreiv han:

*«Frå synsstaten økonomiske tilhøve under imperialismen — dvs. kapitaleksport og deling av verda mellom dei «framskridne» og «siviliserte» kolonimaktene — er Sambandsstatane i Europa under kapitalismen anten utenkjeleg eller reaksjonært,» og vidare, «mellombels semjer er moegelege mellom kapitalistar og mellom statar. På den måten er Sambandsstatane i Europa tenkjeleg som ei semje mellom dei europeiske kapitalistane ..., men til kva slag føremål? Berre med det for augo å saman kua sosialismen i Europa.»**

Verdskapitalismen som utan nåde går mot kriser og nedgang, akkurat slik som Marx, Engels, Lenin og Stalin så genialt sa det på førehand, har no nådd opprottningssteget i imperialismen. For å overleva har han funne fram til nye måtar å utbytta massane på, ikkje berre i nasjonal, men og i verdsmålestokk, har utvikla sine siste og mest utkropne plyndringsmetodar, nykolonialisme, har skapt finansband og økonomiske og militære alliansar. Føremålet med desse er å halda mange statar som høyrer til den såkalla «andre verda», «den tredje verda», «den alliansefrie verda» eller «utviklingslanda» i heilt eller dels usjølvstende. Alle desse nemningane som viser til dei ulike politiske kreftene

* Sjå Lenin, «Om parolen om et Europas forente stater» i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1976, bind 6, s. 24 — 28. — Red.

som er i verksemd i verda i dag, dekkjer over og får ikkje fram klassekarakteren til desse politiske kreftene, dei grunnleggjande motseiingane i vår epoke, nykkelproblemet som er framherskande i dag i ein nasjonal og internasjonal målestøkk, den omsynslause striden mellom den borgarleg-imperialistiske verda på den eine sida, og sosialismen, verdsproletariatet og dei naturlege allierte det har, på den andre sida.

Det meste desse nemningane og inndelingane kan få fram, er omfanget av innverknaden frå og gjennomslagskrafta til verdskapitalen, internasjonal eller nasjonal, på ulike statar og område på jorda. Dei kan og gje ein peikepinn om kva som er sterke eller mindre sterke støttepunkt for imperialismen eller sosial-imperialismen, og dei kan og visa eksistensen av ynskje i folket om å leva fritt og uavhengig av supermaktene. Men ser ein spørsmålet ut frå klassekriterium, finst det i desse statane med nokre unntak antagonistiske klassar og utbytting av menneske ved menneske, og proletariatet og det arbeidande folket i desse landa vert styrte av borgarskapet i den eller den forma. Marxismen-leninismen lærer oss at i vår epoke grupperer landa seg i samsvar med det samfunnssystemet som rår i dei — i borgarleg-kapitalistiske land og sosialistiske land. Føremålet med teoriane om det såkalla mellomsteget i ikkje-kapitalistisk utvikling som Khrustsjov-revisjonistane spreier med slik iver, er å sabotera dei ekte ynskja om sosialisme som finst i mange land, å skapa ideologisk forvirring og å undergrava striden til dei progressive kreftene.

Likeins går marxistane ut frå klassekriteriet, frå standpunkta desse regjeringane og landa har til imperialismen og sosialismen, til sitt eige folk og sin eigen reaksjon, når dei skal vurdera politikken dei ulike statane og regjeringane fylgjer.

Med grunnlag i desse lærdommane byggjer den revolusjonære rørsla og proletariatet strategien og taktikken sin, finn dei og sameinar dei seg med sine san-

ne allierte i striden mot imperialismen, borgarskapet og reaksjonen. Nemningane «den tredje verda», «alliansefrie statar» eller «utviklingsland» skaper ein illusjon mellom dei breie massane som kjempar for nasjonal og sosial frigjering om at det skulle ha vorte funne eit tak der ein kan finna ly for trugsmålet frå supermaktene. Desse nemningane løyner den verkelege stoda i fleirtalet av desse landa som på ein eller annan måte, politisk, ideologisk og økonomisk, er bundne til og er avhengige av dei to supermaktene og dei tidlegare metropolane for koloniane.

Dei jugoslaviske revisjonistane forsvarar ideen om «alliansefrie land». Ifylgje dei høyrer dei landa som ikkje har bunde seg til dei store imperialist- og revisjonismaktene, i hovudsak NATO og Warszawapakta, gjennom militæravtalar, heime i denne gruppa. Men mange av desse landa er så heilt ut samanbundne med supermaktene og dei store kapitalistlanda gjennom ei rad pakter og avtalar utan å vera formelle medlemmer i desse to militærblokkene, at ordet «alliansefri» får ein svært så hol lyd.

Stoda i den «alliansefrie» rørsle synta seg på Colombo-konferansen. Det var med vanske dei greidde å dekkja over usemja og dei motsette politiske måla dei einskilde landa og gruppene av deltakarland hadde. Denne gongen var det ingen som lyfte røysta si mot eller gjekk til åtak på USA og Sovjetunionen med namns nemning og gjekk mot politikken og verksemda deira som aggressive makter og krigshissarar. Men dei tykte det var høveleg og gagnleg å gå til åtak på Frankrike!

Mange statar som låst vera alliansefrie, har gjort defensive og aggressive militærpakter seg imellom der imperialistmakter og er med. Ikkje nokon av deltakarane har fordømt desse paktene. Den sovjetiske sosialimperialismen prøver å skipa ei «Tryggingsspakt for Asia», i morgon ei likeins pakt for «Tryggleik i Afrika», osv. Alt slikt er ulike former for organisasjonar som har som føremål å gjera eit påstått ikkje-

alliert land om til eit land som frå alle synssteder er slavebunde.

Slagordet «alliansefrie land» gjev eit falskt inntrykk av at det er i ferd med å verta skapt ei gruppe av statar som har sjanse til å «sette seg mot» supermakts-blokkene. Det gjev inntrykk av at alle desse landa, utan unntak, er anti-imperialistiske, mot krig, mot diktat frå andre, at dei er «demokratiske», og tilmed «sosialistiske». Dette hjelper til å styrkja dei liksom-demokratiske og anti-folkelege posisjonane til dei leian-de gruppene i nokre statar som tek del mellom dei «alliansefrie». Det skaper det inntrykket mellom folka i desse landa at når leiarane deira skipar eller løyser opp tilhøve, same kva for slag og innhald, med imperialistane og sosialimperialistane, ope eller i løyndom, gjer dei ikkje dette berre i eigenskapen «folkelege regjeringar», men og i eigenskapen ei gruppe statar som «tilmed supermaktene må rekna med».

Partiet vårt meiner at folka må forteljast ope om stoda, for det er berre slik ein hjelper fram sann einskap mellom dei, einskap mellom sanne anti-imperialistiske og progressive statar og regjeringar. For å sameina folka i kampen for fridom, sjølvstende og sosialt framsteg, mot all undertrykking og utbytting frå kven det måtte vera, må ein fyrst setja opp skiljelina, for å klårleggja kven som er hovudfienden deira, kven dei må kjempa mot, og kven dei må sameina seg med.

Fiendane deira er imperialismen, sosialimperialismen og det internasjonale storborgarskapet, som fører ein ekspansjons- og utbyttarpolitikk andsynes landa i Asia, Afrika og Latin-Amerika. Supermaktene og verds-kapitalen ynskjer å halda ved lag alle dei internasjonale formene og institusjonane som vart skipa i den gamle kolonitida. Når interessene deira vert rørde ved, same kor lite det er, som til dømes då oljeprisane og prisane på ein del andre råvarer vart sette opp, reiser dei seg i vreide og nøler ikkje eingong med å truga med krig mot dei folka og landa som ynskjer å skipa suverenitet over

sine egne nasjonalrikdommar, som kjempar for rettferd og likskap i byttetilhøve i økonomiske samband i verda.

Men denne plyndringa og brutale utbyttinga kan ikkje halda fram til evig tid. No er økonomisk dekolonialisering sett på saklista, og det er ikkje noko som kan stogga denne nye revolusjonære prosessen som har vakse fram på verdsskodeplassen. Folkha har ein rett som ikkje kan nektast dei til å skipa full suverenitet over naturressursane sine og til å nasjonalisera dei. Ikkje nokon kan hindra at dei når dette målet, same kor langdryg og vill motstanden og motåtaka frå imperialistane og dei andre utbyttarane kjem til å verta. Ikkje noko kan stogga striden til folkha for å få likskap på området for internasjonale byttetilhøve, og for å tryggja innkomene dei får frå salet av råvarer vert nytta til å utvikla industrien og kulturen deira og gjera livet betre for dei.

Striden folkha fører for økonomisk sjølvstende har spjutodden mot supermaktene, mot monopola i imperialiststatane, mot dei fleirnasjonale selskapa. Difor må proletariatet og alle som er for revolusjon og sosialisme knyta striden sin nært saman med striden folkha fører for å vinna fridom og sjølvstende. Det kan ein berre gjera med å kjempa viljefast mot borgarskapet i eins eige land, med å kjempa mot imperialisme og røvarkrig. Dette er og den mest effektive og beinveges hjelpa proletariatet kan gje frigjeringsrørsla til folkha.

Den aggressive politikken og den kontrarevolusjonære verksemda til supermaktene, det internasjonale storborgarskapet og den internasjonale reaksjonen, vert utvikla midt oppe i store og uforsonlege motseiingar mellom imperialismen og sosialimperialismen, mellom dei og deira egne allierte. Desse motseiingane er teikn på at dei er veike og på at slaga som er retta mot dei frå den revolusjonære striden til proletariatet og folkha sin kamp for fridom, har vore

verknadsfulle. Dei stadfester atter ein gong dei udøyande tesene til Marx, Engels, Lenin og Stalin om utviklinga av det borgarlege samfunnet og om den proletariske strategien for revolusjonen.

Den store krisa som har råka dei to supermaktene og deira allierte har ein kraftfull verknad når det gjeld å svekkja dei aggressive alliansane dei har skipa. Ho har skaka mange land i verda på alle kontinenta, og har reist ein godt grunngjeven mistanke om at uhenda som har kringsett dei har kjelda si i aggresjons- og plyndringsverksemda til USA-imperialismen og den sovjetiske sosialimperialismen. Denne mistanken har skapt kløyvingar i alliansane slik at somme land heilt eller dels har brote ut frå dei. Her sagt ope og der i løynd, men alltid i verksemd og oppløysande, veks mistilliten til dei heile tida.

No er det tydeleg at korkje USA-imperialistane eller dei sovjetiske sosialimperialistane kan tvinga hegemonismen sin på partnerane sine i NATO-blokka og Warszawapakta slik dei ynskjer. Dei djupe sprekkene i dei militære, økonomiske og politiske grupperingane til imperialismen og sosialimperialismen vert meir og meir uroande for supermaktene for kvar dag som går. Sentrifugalkreftene, om det er i dei vestlege kapitalistiske borgarlege statane eller i dei austlege revisjonistiske statane, vert meir og meir synlege og verksame for kvar einaste dag.

Inne i revisjonistblokka held den sovjetiske sosialimperialismen streng vakt over dei «allierte» for å hindra alle freistnader på å bryta ut av rekkjene. Trass i dette finst det politisk fiendskap og ideologiske skilnader i løyndom alle stader, sjølv om dei ikkje er så opne som dei var i Tsjekkoslovakia på Dubcek si tid. Desse får uttrykk på ulike felt og ulike måtar, men særleg når det gjeld økonomiske spørsmål. Alt misnøyet som syner seg i tilhøvet mellom dei revisjonistiske landa og Sovjetunionen, vert dekte over av teoriane om «avgrensa suverenitet» og «økonomisk integrasjon» som Bresjnev

har lagt ut. Dei tyder med andre ord at i «sosialismen» sine interesser må Sovjet-diktatet over dei haldast ved lag og ikkje motseiast.

Friksjonen mellom dei revisjonistiske statane i aust og Sovjetunionen, misnøya deira, vert vidare nørt av USA-imperialismen og hans allierte. Sambandsstatane strevar stort for å gjera sosialimperialismen veikare, for å halda ynskjet hans om hegemoni i stramme taumar og for å skilja satelittane frå Sovjetunionen og dra dei nærare seg sjølv.

Dette ynskjer satelittane til Sovjetunionen sjølve og. Dei hadde og har framleis voner om å utvikla denne tendensen med hjelp frå USA. Dei kjenner dei økonomiske veikskapane til Sovjetunionen, kor sårt det treng teknologi og særleg kor tvingande det er for det å få frigjort pengar innanlands til opprusting. Difor prøver USA no å gjera mest mogleg ut av situasjonen og setja planane sine ut i livet. USA gjev kredittar til Sovjetunionen, men gjev slike til dei andre revisjonistlanda og. Samstundes oppmodar dei dei vestlege kapitaliststatane til å skyta inn kapital i desse landa. Dette tiltaket vert gjort lettare av di den vest-europeiske kapitalen i slike krisetider leitar etter høve til ekspansjon der han kan finna det.

Trass i at den revisjonistiske Sovjetunionen strevar for å halda satelittane sine under eit militært og politisk åk, økonomisk underkua og lekkjebundne med mange stållekkjer, er det nøydd til å gje dei løyve til å byggja ut samband med USA og dei andre store kapitalistlanda i Vest-Europa, og be om å få kredittar frå dei. For kvar einaste kreditt må dei sjølv sagt gje ei eller anna økonomisk eller politisk pantetrygd, og det er nettopp dette som uroar sosialimperialistane mest.

På si side prøver sovjet-russarane og å opna ei eller anna sprekke og infiltrera i dei vestlege landa. Desse landa laga mykje oppstyr om det som hende i Portugal, om innblanding frå Sovjetunionen gjennom revisjonistpartiet til Cunhal. Og det vart verkeleg freista på det.

Men alt oppstyret vart sett i gong meir på grunn av sensasjonslyst enn av redsle for at sovjet-russarane skulle få eit fotfeste på den iberiske halvøya til slutt.

I dag er motseiingane i dei politiske, militære og økonomiske alliansane som har USA-imperialismen i leiinga, vortne svært akutte. Krangelen og tevlinga mellom monopola i Vest-Europa og Japan på den eine sida og monopola i USA på den andre, har no nådd eit steg der kvar part prøver å tryggja seg mest mogeleg framskotne stillingar, særrettar og føremoner for seg sjølv. Motseiingane mellom dei er vortne endå meir skjerpte på grunn av energi- og råvarekrisa, av at området for kapitaleksport er vorte mindre og at det vert stendig vanskelegare å tryggja profitten gjennom den nykolonialistiske politikken.

Dette stadfester heilt ut analysen og spådommen til Stalin frå 1952. Då sa han:

*«På overflata ser alt ut til å vera berre «glede og gaman»; USA har sett Vest-Europa, Japan og dei andre kapitalistiske landa på rasjonar; Tyskland (Vest-Tyskland, England, Frankrike, Italia og Japan er komne i klørne på USA og lyder audmjukt pålegga frå dei. Men det ville vera feil å tru at slik «glede og gaman» kan vara ved til «æveleg tid»; at desse landa støtt vil finna seg i herredømme og underkuing frå USA, at dei ikkje vil streva for å slita seg laus frå amerikansk trældom og slå inn på vegen til sjølvstendig utvikling.»**

Innanfor rammene til dei vestlege alliansane går dei største kranglane føre seg mellom USA og Fellesmarknaden, og under press og ulike manøvrar frå Sovjet-blokka har dei ein tendens til å auka på.

* Sjå Stalin, *Sosialismens økonomiske problemer* (1952). Forlaget Oktober 1975, s. 83. — Red.

På grunn av tevlinga, for å hindra at Fellesmarknaden stadfester og grunnfester seg, prøver USA å manipulera medlemsstatane kvar for seg og å setja dei opp mot einannan. Attåt å slavebinda dei veike medlemmene, strevar USA særskilt for å hindra tilnærminga mellom Tyskland og Frankrike. Dette gjer det med å svekkja Frankrike og stø Vest-Tyskland og England.

Det må seiast at landa i Vest-Europa, trass i organismane dei har skapt, ikkje har slutta å streva hardt kvar for seg for å riva til seg så mange konseksjonar og marknader som berre råd over heile verda. Denne tevlinga rettar seg sjølvstø mot dei to supermaktene, men om ein skal samanlikna med den økonomiske, militære og politiske styrken til desse to store statane, og då særleg med USA-imperialismen, vert desse landa veike. Difor greier ikkje desse landa i Vest-Europa å få fingeren sin ned i «smørauget» slik dei gjerne ville, og det er ikkje berre slik på det økonomiske området og i utviklingslanda, men når dei lyftar røysta si i politiske spørsmål er det ingen som bryr seg særleg — om i det heile — om kva dei seier. Den amerikanske imperialismen har skapt slike tilhøve at han ikkje berre har gjort til inkjes sjansen til økonomisk innblanding frå desse landa, men han har og stogga munnen på alliansefelagane sine.

Marxismen-leninismen lærer oss at ut frå slike situasjonar dreg proletariatet og dei revolusjonære kreftene slutninga at dei må gjera striden mot USA-imperialismen, den sovjetiske sosialimperialismen og det reaksjonære kapitalistiske borgarskapet sterkare på alle felt, og likeins striden for å gjera djupare dei motseiingane og den usemja som finst mellom fiendane. Fiendane må ikkje få eit einaste pusterom til å semja seg, å gruppera styrkane sine og organisera seg til å kjempa med ny styrke mot revolusjonen, sosialismen og folka. I denne striden er dei allierte til proletariatet alle dei som vert undertrykte av og lir under hendene til

imperialistane, borgarskapet og reaksjonen, dei som ynskjer fridom og sjølvstende for folka sine, dei som går mot imperialismen og sosialimperialismen og dei hegemonistiske planane deira.

Partiet vårt er lojalt andsynes interessene til revolusjonen, sosialismen og folka, og står difor proletariatet og folka som er mot supermaktene og for å knusa dei, som er mot det kapitalistiske og revisjonistiske borgarskapet og for å velta det.

I krise og med mange motseiingar mellom supermaktene, og mellom dei og deira allierte så vel som mellom dei og folka, prøver supermaktene å finna nye former for samarbeid midt i usemja, å finna på nye demagogiske teoriar, å laga nye planar for slavebinding og å omfordela verda i nye interessesfærer og marknader.

Aldri før har verda vore utsett for ein slik propaganda- og diplomatisk avleiingskampanje som den imperialistane og sosialimperialistane driv på med no for tida. Målet er å få den ekspansjonistiske og hegemonistiske politikken til supermaktene til å sjå vakrare ut, å rettferdiggjera aggresjonen deira og løyna krigsførebuingane. Både i aust og vest påstår dei leiande krinsane mellom imperialistane og sosialimperialistane at menneskeætta lever i ei tid då det er «minska spenning», at «den kalde krigen» og motsetningane som truga med samanstøyt mellom supermaktene har vike unna for «avspenning», fredeleg samlivnad, «internasjonal harmoni», «allmenn tryggleik», osb., at fårane er forbi og krigsskyene og katastrofeskyene har drive bort. Med desse høgtflygande slagorda prøver supermaktene, det internasjonale borgarskapet og den internasjonale reaksjonen å narra folka, å svekkja motstanden deira og skipa sin eigen imperialistiske kontroll og dominans.

Folkerepublikken Albania godtar ikkje, og avslører framfor alle, den såkalla teorien om trongen for å halda ved lag «balansen mellom supermaktene» som vilkår

eller grunnlag for å unngå krig og forsvare freden. Han går mot dei imperialistiske ideane om å halda ved lag «interessesfærene» som visstnok skulle vera faktorar til å få stabilitet og tryggleik, ideane om «avgrensa suverenitet» og «verda der alle er avhengige av kvarandre», om «bipolarisering», utpressingspolitikk, osv. Desse såkalla «teoriane og doktrinane» er funne opp i Washington og Moskva og har som føremål å skapa ei kapitulasjonistisk meining som går ut på at ikkje nokon stat eller nasjon kan leva utanfor herredømmet til og formyndarskap frå den eine eller andre supermakta.

Soga til Europa har prova at «balansen mellom krefte» mellom stormaktene alltid har vore eit våpen for utbytarklassane til å undertrykkja nasjonal frigjering og revolusjonære rørsler. Intervensjon har alltid vore våpnet til dette balansesystemet, for å setja balansen inn att når han vert skipla og for å verja han mot å verta skipla.

Ein når ikkje fram til fred og internasjonal tryggleik i Europa og verda med å få til «harmoni» eller «balanse» mellom supermaktene. Det gjer ein gjennom strid mot imperialistisk press og intervensjon, gjennom å streva for at folka skal vinna frigjering, gjennom å styrkja det nasjonale sjølvstendet og den nasjonale suvereniteten.

Supermaktene driv med storhandel i våpen. Dette er ved å verta den mest lønsame forretninga i våre dagar. Om ein ser enkelt på det, kan det sjå ut som om desse våpna aukar og styrkjer kampevna til landa som tek mot dei. I røynda er denne handelen ei ny lykkje om halsen på dei som kjøper våpna, lekkjer som bind dei på hender og føter. Ikkje berre er det slik at våpna aldri kan verta fyrte av mot eventuell aggresjon frå seljarane eller deira allierte, men dei kan ikkje verta avfyrte mot nokon i det heile utan at seljarane gjev løyve til det.

Med våpenhandelen som reiskap oppmodar supermaktene mindre rustningskapplaupe mellom små og mellomstore land. Dette vert så årsak til krangel og samanstyrtar mellom grannar, det rører opp lokale

krigar, noko som opnar vegen for ekspansjonismen og hegemonismen til USA og Sovjetunionen. Gjennom våpenhandelen og den krigspsykosen dei utviklar med sterk propaganda, prøver supermaktene å trengja seg inn i Afrika, Midt-Austen, Latin-Amerika og Asia.

I desse landa tevlar USA og Sovjetunionen med kvarandre. For å leggja under seg ulike land i desse områda, skaper dei klikkar med påståtte frigjeringsfargar og set dei til makta, og så set dei desse til å kranvla med einannan i samsvar med prinsippet om «splitt og hersk». Anten det er USA-imperialismen på sitt opne og brutale vis, eller den sovjetiske sosial-imperialismen som er sameleis og like brutal, men tek på seg ei liksom-demokratisk propagandamaske, arbeider dei i røynda for å gjera tilhøva dårlegare, for å røra og blåsa opp motseiingane mellom folka for å fremja sine egne interesser, for å få skipa marinebasar i ulike land, for å byggja militæralliansar og for å slutta slavebindande handelsavtalar osb.

Eit av dei mest typiske døma på slik politikk frå dei to supermaktene finn ein i Midt-Austen. Der er hovudstridsspørsmålet olje. Ei fylgje av dette nykkelproblemet, av strevet til dei to supermaktene for å riva til seg oljerikdommane, er fiendehandlingane mellom dei arabiske folka og Israel og situasjonen mellom dei arabiske folka sjølv. Dei er splitta og usamde med kvarandre, og dette vert gjort verre av dei sovjetiske og amerikanske intrigane. Blodet til dei arabiske folka har vorte og vert spilt på grunn av denne rikdommen. USA-imperialismen hjelper Israel ope med å halda den arabiske verda kløyvd. Sovjetunionen påstår at det hjelper dei arabiske folka med å selja våpen til dei, medan det sender store mengder sovjetiske jødar til Israel der dei vert nytta som kanonføde mot dei arabiske folka.

Samstundes prøver supermaktene å skubba einannan ut. Trass i den klåre pro-israelske haldninga USA-imperialismen har, greide han ikkje berre å halda fast

på «venskapen» med Saudi-Arabia og emirata* ved den Persiske Bukta, men han greide og å undergrava Sovjetunionen sine stillingar i området. Den egyptiske oppseiinga av den egyptisk-sovjetiske pakta og at dei kasta den aggressive sovjetiske marineflåten ut frå hamnene sine, er eit nederlag og ikkje ein siger for den sovjetiske sosialimperialismen.

No er det amerikanarane som har overtaket når det gjeld å diktera sine opplegg i dette området. Den sovjetiske sosialimperialismen sit sjølvsagt heller ikkje stille med hendene i fanget. Han strevar for å ta att det han tapte i Egypt, gjennom å klengja seg til dei stillingane han framleis har i nokre arabiske land eller gjennom å prøva å tryggja seg ein eller annan ny base med å vinna nye «vener».

På det afrikanske kontinentet har striden mellom supermaktene nett teke til og er så langt frå ved å ta slutt: USA-imperialismen har for lenge sidan skipa eigne basar der. Dei imperialistiske interessene hans er her som elles vovne saman med interessene til dei allierte han har i Vest-Europa, og saman er dei ei sterk stengsle mot sovjetisk inntrenging i dette området.

Hendingane i Angola vert utropte til ein stor sovjetisk «framgang», noko som tener til at sosialimperialistane skal kunna stå fram som ein frigjerar for folka. Dette tener og USA-imperialismen og verdskapitalismen når dei skal piska opp ein psykose med anti-kommunistisk redsle og krig sjølv om det ikkje har noko som helst med kommunisme å gjera. Striden dei afrikanske folka fører i dag er eit opprør mot innblandinga og plyndringa til dei to supermaktene.

Dei store imperialistmaktene gjer mest mogeleg ut av den vanskelege økonomiske og sosiale situasjonen til folka, landa og statane i Afrika og rugar ut eit utal intriger der. Desse endelause intrigene er utpønska for å

* *Emirat* — fyrstedømme, av emir = herskar, tittel for arabiske fyrstar. — *Red.*

hindra at dette kjempestore kontinentet vaknar til att. Folkesetnaden der har levd i fattigdom i hundretals år, men har ein eldgammal kultur og ny styrke og nye krefter. Desse er det imperialismen, sosialimperialismen og verdskapitalen ikkje tillet skal verta leidde inn på den rette vegen til framgang, fridom, demokrati og fullt sjølvstende og full suverenitet for desse statane.

Partiet vårt står fast på tesen om at både når supermaktene arbeider saman og når dei kranglar, er det andre som betaler rekninga. Samarbeidet og rivaliseringa mellom supermaktene er to sider av den same motsetningsfylte røyndommen, viktige uttrykk for den same imperialistiske strategien, å rana frå folka fridommen deira og dominera i verda. Dei står for same fåren, difor er dei to supermaktene dei viktigaste og største fiendane til folka. Det er grunnen til at ein aldri må lita på ein slag imperialisme for å kjempa mot eller sleppa unna den andre.

Det finst statar som veit om fåren frå den eine eller andre supermakta, men som byggjer forsvaret sitt på militært vern frå USA eller Sovjetunionen. Men militærvern frå supermaktene er eit illusorisk forsvar, for målet med dette vernet er å gjera det «verna» landet om til eit protektorat. Ly under «forsvarsparaplyen» til supermaktene vert alltid fylgt av politiske og økonomiske konsesjonar, av konsesjonar når det gjeld den nasjonale suvereniteten og av avgrensinga når det gjeld å ta avgjerder om indre eller ytre saker.

Folka bør ikkje gå i fella for den såkalla «anti-imperialistiske fronten» dei sovjetiske sosialimperialistane har utropt. I denne fronten prøver dei å samla opp alle som står i motsetning til og kjempar mot USA-imperialismen. Å verta med i denne «fronten» vil seia å ofra dei mest høgvyrde interessene til landet ditt, å utsetja folka for fåren for å verta spyttleikjarar for sosialimperialismen og kanonføde for maktsykja hans. Motseiingane mellom Sovjetunionen og USA er ikkje motseiingar mellom sosialisme og imperialisme, slik

Moskva prøver å få det til å passera som, men motseiingar mellom to store imperialistmakter.

Samstundes som ein avviser demagogien og narretaktikken om «anti-imperialisme» som sovjet-revisjonistane preikar, må ein og avvise den «anti-sosialimperialismen» USA og monopolborgarskapet i verda spreier. Folka kan ikkje la seg verta offer for rivaliseringa mellom USA og Sovjetunionen og verta brikker i den imperialistiske manøvreringa deira.

Dei borgarlege og revisjonistiske propagandistane har mykje å fortelja om «trygge grenser», «å halda seg frå maktbruk», «fredeleg samlivnad», osb. no for tida, og dei viser til Helsingfors-konferansen som modellen. Partiet vårt gjorde kjent synet sitt på denne konferansen til rette tid, og kalla han eit «møte for europeisk utryggleik». Vi fordømte han alt frå starten og nekta å vera med på han. Vi gjorde dette av di vi gjekk ut frå ein marxist-leninistisk analyse av det som går føre seg. Det var ikkje berre sovjet-revisjonistane som ville ha denne konferansen, men og USA-imperialistane. Dei trong han som pustehol for å koma over krisa, for å byggja opp styrken sin, for å taka seg saman og for å skapa illusjonar om at Europa no vert verna, at Sovjetunionen ikkje vil gå til åtak av di USA vil forsvara Europa. For syns skuld prøvde supermaktene å frysa fast situasjonen på kontinentet vårt, særleg tilhøvet mellom dei to blokkene i aust og vest.

Helsingfors-konferansen var ein komedie med Sovjetunionen og USA som stjerneaktørane. Resten av dei som tok del trudde korkje før eller etter møtet at det ville koma noko godt ut av det. Fjellet hadde veiar og fødde ei mus. I røynda har ikkje noko endra seg frå situasjonen slik han var før, dersom ein ser bort frå at det vert gjort freistnader på å skapa ein atmosfære som om det var slik at det vert skipa politisk og ideologisk status quo og meir utvikla økonomisk samarbeid mellom statane i Europa, unnateke Albania. I alle desse samanhengane var det ikkje berre slik at status quo ikkje

vart stadfest, men slik at nye konflikter flamma opp, som til dømes konflikten mellom Tyrkia og Hellas.

Dei høglydde ropa frå herrane i Kreml om «ein fredelig ande etter Helsingfors» har auka på, men samstundes med dette har toktene til den sovjetiske marineflåten auka på og. Han har no teke til å gjennomføra arrogante krenkingar av den maritime suvereniteten til dei fridomskjære nordiske landa og prøver å oppretta sitt eige herredømme over alle hava i nord.

Når det gjeld den såkalla trygginga av Europa mot verdskrig, har ikkje dette gått eitt steg frametter. Det som meir er, er at det er uråd å gjera, sidan korkje Austen eller Vesten kan rusta ned og ikkje eingong kan gjera den minste freistnad i denne retninga, fordi dette ville skada både Sovjetunionen og USA. Det einaste desse to imperialismaktene strevar etter, er å auka mengda på offensive krigsvåpen og atomvåpen til seg sjølv. SALT-møta har likeins vore heilt resultatlause og står no fast. Partane i desse drøftingane driv rett og slett på med frukteslaust prat.

Kampanjen om nedrustning supermaktene driv, dei endelausa planane og opplegga deira, konferansane og samtalanane som har gått føre seg i åretal i trekk, er ein bløff og eit svindeltiltak for å løyna at dei rustar opp. Målet deira er å tvinga andre folk og statar til å forsona seg med og gå med på å stadfesta at USA og Sovjetunionen skal ha monopol på atomvåpen og andre moderne våpen, og at desse folka og statane skal godkjenna retten deira til ukontrollert og uavgrensa opprustning og til å gjera teknologien for masseutryddingsvåpna meir fullkomen heile tida.

Imperialistane og sosialimperialistane veit at så lenge dei held ved lag lagra og monopolet sitt på å produsera moderne våpen, kan dei og halda fram med utpressing og trugsmål, halda oppe den redsla og utryggleiken militærmaskinane deira podar inn i andre, og det jamne presset våpna deira står for sjølv om dei ikkje vert avfyrt.

Folka i verda og dei breie massane av arbeidsfolk har alltid vore opptekne av spørsmåla om krig og fred. Dei ynskjer ikkje at ein ny katastrofe skal koma over menneskeætta. Fåren er røyntag. Supermaktene førebur seg på verdskrig, og med dette for augo prøver dei, i tillegg til det uavgrensa våpenkapplauget, òg å skapa omstende dei tykkjer er høvelege. Det gjer dei med å setja borgarklikkar i ulike land opp mot kvarandre, med å røra opp nasjonalistiske kjensler, med å setja folka opp mot kvarandre, osb. All denne verksemda og desse avstyggjelege metodane supermaktene nyttar, fører rett inn på vegen til førebuing av ein ny verdskrig.

Desse førebuingane vert fylgde av utpressing og mange trugsmål, arbeidet til USA-imperialismen, den sovjetiske sosialimperialismen eller andre kapitalistiske borgarlege land. Dei har skapt ei meining som går ut på at den framtidige krigen som er i kjømda og kan setjast i gang av den eine eller andre supermakta, om det er full krig eller ein delvis krig, vil verta ein lynkrig. Så stutt skal han verta at på tre til fire dagar skal dei sovjetiske sosialimperialistane ha lukkast i å okkupera heile Jugoslavia (sidan Albania ifylgje dei «vil verta svelgd i ein bit»!), og slik vil dei sovjetiske stridsvognene nå heilt fram til Atlanterhavskysten til Portugal på ti dagars tid! Dette er den utrøleg villfarne oppfatninga propagandaen til supermaktene nører opp under kvar dag for å skremma statane og folka, for å svekkja forsvaret deira, for å gjera vaksemda og kampmoralen til massane av folket dårlegare, for å gjera den revolusjonære viljen til å kjempa for å forsvara fridom og sjølvstende veikare. Partiet vårt meiner at denne propagandaen og desse syna står for ein særskilt strategi og taktikk for å skipa imperialistisk og sosialimperialistisk kontroll og herrevælde over det nasjonale politiske, økonomiske og militære livet i alle land. Difor må dei viljefast kjempast ned som slike. Når det gjeld at «Albania berre er ein munnfull» — pass dykk mine herrar, for Albania er eit hardt bein

som vil setja seg fast i halsen dykkar og kjøva dykk! Skulle den sovjetiske sosialimperialismen ta på seg slikt eit eventyrtiltak mot landet vårt, skal han li eit uboteleg nederlag.

Det same gjeld like mykje for USA-imperialismen. Skulle han våga å gjennomføra slik aggresjon, skal heller ikkje han koma levande frå det. Lærdommen frå nederlaget han fekk i Vietnam og Kampuchea er svært fersk.

I alle land er fridom og sjølvstende hovudsakleg avhengig av standpunktet ein har — om du fastrår deg på å leva fritt og stå på beina, eller på knea som slave. Når du er fastrådd på å leva fritt og stå klår til å slåst, då vert utpressing slegen attende, styrken livnar til att, motet til folket aukar og det vert vanskeleg for aggressoren å gå til åtak på deg. Slik er det folket vårt tenkjer, og dei gjer dette synet heilt klårt for kvar fiende som måtte innbilla seg at han skulle få lett spel i Albania og. Folket vårt har aldri vore og er ikkje redd noka makt som måtte våga å gå til åtak på landet vårt, om det er ei stormakt eller ei mellomstor, og same kor godt væpna ho måtte vera. Folket vårt vil kjempa djervt, intelligent og med alle hjelperåder som er for handa, overtydd om at det vil slå aggressorane, kven det enn er. Denne haldninga er bygd på den sunne tilstanden i landet vårt, på den stålsette einskapen i folket, på det høgvyrde målet å forsvara fridommen og sjølvstendet til landet vårt og dei store sigrane i bygginga av sosialismen, same kva det måtte kosta. Det har partiet prenta inn i alle, gamal og ung. Ho byggjer på intensiv militæropplæring av heile folket av soldatar og på skapet* på det albanske territoriet. Aggressorane vil finna ut at det er heilt uråd å 'få lett spel' i Albania. I staden vil dei finna dauden sin der. Fiendane kan vera trygge på eitt, og det er at dei aldri får setja foten på vår jord, at våpna og bombene deira aldri vil greia å kua den store motstanden, helteanden og dei brennande patriotiske kjenslene til det albanske folket.

* Skap — form, fasong. — Red.

Lenin lærer oss at krigen bryt ut når djupna og skjeringa av motseiingane når det mest akutte steget, når alt snakk, all propaganda og alle økonomiske «reformer» ikkje lengre kan halda dei i taumane. Imperialistane og sosialimperialistane går i retning krig. Men dei er ikkje heilt frie til å handla etter vilje. Mange faktorar har innverknad på dette spørsmålet. Krig kan bryta ut i Europa, som det kan i Asia, mot det sosialistiske Kina, eller i andre område, som til dømes i Midt-Austen der så mange motseiingar er tvunne saman og slike fårlege hendingar går føre seg. Ingenting av dette kan avvisast som uråd.

Det viktige er at folka ikkje må verta fatalistiske, verta passive tilskodarar og verta tekne på senga. Dei må vera budde på det verste og kjempa for å hindra at det skjer.

Marxismen-leninismen lærer oss at imperialismen og krigshissarane må gjerast veikare gjennom revolusjons- og frigjeringsstridane til folka. Dersom ein ikkje kan hindra ein aggressiv imperialistisk krig, er det ei oppgåve for dei revolusjonære og for proletariatet å gjera han om til ein frigjeringskrig.

Det må slås ettertrykkeleg fast for folka at fiendane til revolusjonen og verdsproletariatet, fiendane til fridommen og dei undertrykte folka, dei som driv fram og er årsaka til krig, er USA-imperialismen, den sovjetiske sosialimperialismen og det reaksjonære borgarskapet i kvart land. Desse kreftene er det som er og representerer den brutale verds kapitalismen. Dei har kjelda si i og syg styrken sin frå umenneskeleg utbytting av massane og folka. Det må verta organisert streng, stødig og viljefast strid mot desse brutale maktene, mot ideologien deira, og dei ulike måtane dei organiserer seg på, frå dei ulike reaksjonære og demagogiske partia, trustane og dei fleirnasjonale selskapa og ned til dei minste nasjonale og internasjonale organa deira, frå bankane og dei politiske og militære alliansane og ned til dei aggressive hærane deira, heilt fram til at statsmakta til sist vert knust til grunnen.

Omstenda i dag krev at denne nådelause og allsidige striden vert ført av alle folk i verda, av alle progressive menneske som har dei sanne og fulle interessene til nasjonane sine i sinne og har gjort dei til målet for striden og livet sitt. Dersom denne striden vert leidd av proletariatet og fortroppen hans, det kommunistiske partiet, som har den usvikelege marxist-leninistiske teorien til å leia seg, vil striden verta meir viljefast, uråd å stagga og stendig auka på.

Imperialistane og sosialimperialistane har det reaksjonære borgarskapet i kvart land dei har innverknad i, som sine nære allierte. Dei nyttar desse alliansane til å få gjort grovarbeidet og til å svinga piskan på deira vegne. Difor før dei dei og væpnar dei for å ha dei reide som stormtroppar i ein verdsbrann og mot folk som reiser seg til revolusjon mot deira innanlandske og utanlandske undertrykkjarar. Difor kan ikkje desse kreftene skiljast frå einannan. Utan å kjempa mot den eine kan du ikkje kjempa mot den andre, utan å kjempa mot den indre reaksjonære krafta til du har velta ho, kan du ikkje kjempa mot den ytre fienden, kan du ikkje hindra krig. Du må knusa kvar einaste base supermaktene har skipa og skapt i eit gjeve land, for på denne måten veikjer og øydelegg du verdsinnverknaden og styrken dei har bygt på å slavebinda folk og land.

Det er vesentleg at vi marxist-leninistar arbeider for å vekkja den revolusjonære anden til massane i proletariatet og hjå dei næraste allierte dei har, bøndene og dei arbeidande massane, det progressive og patriotiske folket. Dette må vi gjera utan stogg, for alle fiendane tevlar med kvarandre om å knusa sosialismen, kjøva revolusjonen og slavebinda folka.

Vi må byggja på at folka vert mobiliserte og den styrken dei har, på einskapen mellom alle dei som ynskjer å kasta av seg det imperialistiske og revisjonistiske åket. Vi står for einskap i verdsproletariatet og mellom alle sanne anti-imperialistar og framstegskrefter. Gjennom striden dei fører vil dei knusa dei aggressive

planane dei imperialistiske og sosialimperialistiske krigshissarane har.

Arbeidets Parti i Albania og det albanske folket står fast og stødig på den marxist-leninistiske lina si, og har difor vore og er mot dei to supermaktene, mot imperialistisk røvarkrig, mot monopolborgarskapet og den internasjonale reaksjonen. Difor vil dei heller ikkje i framtida spare noko strev og vil kjempa, saman med alle andre anti-imperialistiske og anti-sosialimperialistiske folk, med alle marxist-leninistiske parti, alle revolusjonære og heile verdsproletariatet, alle progressive folk, for å krossa planane og manøvrane til fiendane og tryggja siger for fridom og tryggleik for folka.

Kvar einaste augneblink skal ein finna at landet vårt står saman med alle folk som får fridommen sin og sjølvstendet sitt truga og rettane sine krenkte. Vi har gong på gong gjort kjent av vi står på dette, og ikkje berre i gode tider, men i fårlege tider like mykje. Folka i verda skal vera trygge for at det sosialistiske Albania er med dei og er budd til å ofra alt.

Dei viktigaste oppgåvene det sjette partilandsmøtet sette når det galdt utanrikspolitikken og tilhøvet mellom landet vårt og andre land, er sette ut i livet med framgang. Livet og utviklinga av hendingar har fullt ut prova at den marxist-leninistiske lina og synspunkta til partiet når det gjeld utanrikspolitikk er rette.

Den internasjonale stillinga til Albania vaklar ikkje. Folkerepublikken Albania har sagt offentleg frå om kva han meiner om internasjonale hendingar og problem, djervt og utan å nøla, og han har alltid halde ved ei klok og fast haldning til forsvar for interessene til det sosialistiske fedrelandet vårt, folka og allmenn fred og tryggleik.

Autoriteten og vyrdnaden landet vårt har, aukar heile tida. Folka, dei revolusjonære og dei progressive lyttar til og viser vyrdnad for røysta og orda frå det sosialistiske Albania. Det har mange vener og slike som

ynskjer det vel, og dei er glade i og vyrder det sosialistiske Albania for den endeframme og prinsippfaste politikken det har.

Folkerepublikken Albania har sin eigen sjølvstendige utanrikspolitikk. Målet for han er at det Albania meiner om utanrikspolitikk, skal verta godkjend av dei progressive og fridomskjære folka, dei revolusjonære progressive kreftene, dei sanne marxist-leninistane. Dette gjer vi ingen løyndom av. Dette er og i interessene til alle folk og dei statane i verda som vyrder fridommen og sjølvstendet til landet vårt, uansett skilnader i den økonomiske eller sosiale skipnaden.

Den sosialistiske staten vår blandar seg ikkje inn i indre spørsmål til noko land det har ulike politiske, økonomiske og kulturelle samband med. Med dette vil ikkje seia at den albanske staten på grunn av desse sambanda, eller for skuld godt granneskap med landa han grensar til, eller på grunn av politikken med ikkje-innblanding i indre spørsmål, ikkje skal kunna leggja fram sitt syn på internasjonal politikk allment og på dei ideologiske og politiske standpunkta til desse statane, på same måten som dei og har rett til å seia kva dei meiner om dei ideologiske og politiske standpunkta til den albanske staten.

Vi trur at eit slikt syn ikkje skulle vera noko hinder for økonomisk, kulturelt og politisk samband på område der vi kan ha sams interesser, fordi slike samband tener til å utvikla venskap mellom folka. For vår del skal vi gjennomføra desse sambanda berre ut frå marxismen-leninismen sin synsstad. Andre har rett til å vurdera dei ut frå sin eigen ideologi og er velkomne til å gjera det.

Folkerepublikken Albania meiner at det er på denne måten vi må utvikla samband med grannestatane våre og med andre land vi har ulike slag samband med. Men leiarane i somme statar trur — og dette har rot i det politiske og ideologiske synet deira — at å ha godt granneskap på dei før nemnde måtane, vil seia at kvar side

skal halda munn om den ideologiske lina den andre fylgjer. Dei trur at det å ha handelssamband med eit gjeve land vil seia at ein må stogga all polemikk, halda seg frå å seia kva ein meiner om politikken det landet fører og ideologien det står for. Polemikken vi gjennomfører er alltid bygd på kjensgjerningar og er vel ettertenkt. Han skil ut for kritikk standpunkt og handlingar som får internasjonalt innhald, som har negativ innverknad i verda eller som skader interessene til staten vår.

Det er allment kjent at politiske og ideologiske motseiingar utviklar seg mellom ulike land og stendig kjem fram i lyset, og av og til er dei svært djupe. Men trass i dette held landet vårt oppe godt granneskap og økonomisk samband, handels- og kultursamband med ei rad statar. Dei ulike politiske eller ideologiske syna våre er ikkje noko hinder i denne samanhengen.

Imperialistane og sosialimperialistane påstår at dei små statane ikkje skulle ha lov til å lyfta røysta si så høgt som dei store i ulike problem. Sant nok er Albania ein liten stat, men han kan ikkje godta eit slikt syn. Han går mot dette diskriminerande stormaktssjåvinistiske synet. Landet vårt er ikkje samd i at internasjonal politikk skal vera eit monopol berre for dei store statane. Dei byggjer dette monopolet på den økonomiske styrken sin og dei mektige propagandamidlane dei har til rådvelde. Gjennom dei strevar dei etter å skapa den meininga og andshaldninga som går ut på at verda aldri kan verta stabil utan under formyndarskap frå dei. Med andre ord vil dette seia at dei som ynskjer å leva, — i slaveri, sjølv sagt, aldri må seia kva dei meiner, men vera stillfarande og ta på seg eit søtt smil andsynes brotsverk, utpressing, svindel og dobbelspel frå dei store eller mellomstore imperialist-, kapitalist- eller revisjonistmaktene. Dei fylgjer opp slike krav som er nemnde ovanfor med redsla for krig og beinveges eller omveges trugsmål mot denne eller hin staten, trugsmål om at dei ikkje vil yta ein lova kreditt

osb. Desse statane, om dei er store eller mellomstore, som gjev etter for politisk utpressing eller er redde for krig, er heile tida febersjuka og taper mykje, om ikkje all tillit til eigen styrke.

Dei borgarlege og revisjonistiske politikarane triv til all slag narring, knep, avleiing, smeikjing og hyklarferd alt etter kva omstende som er skapt i den internasjonale situasjonen. Dei prøver å skapa og har i ei viss mon greidd å skapa ei meining om at dette er den rette måten å te seg på, for slik er det «politikk» vert ført. Etter dei er det å ta del i «politikk», å skifta merke når som helst og ved kvart einskild høve, å halda seg inne med den eine eller andre, ikkje gjera noko godt for han men lura han, å løyna kva ein eigentleg har i tankane med å dekkja over det med smil. Politikarar av dette slaget prøver på den andre sida å skapa eit falskt og svært skadeleg inntrykk av at dei som ope forsvarer rettane til folka, dei som ikkje løyner det dei meiner om statar og leiarane i desse statane, ikkje er dyktige politikarar, men lite smidige og sekteriske folk.

Vi albanarar er eit folk som ikkje er redde nokon, som ikkje er redde for åtak frå fiendar, for ikkje å tala om baktaling, for vi er overtydde om at lina vår er rett og vi er fastrådde på å forsvara ho. Vert det krig, går nokon til åtak på oss, har vi rifla klår. Likeins har vi tunga klår for å svara på baktaling frå fiendar.

Den borgarlege og revisjonistiske verda trur at vi er eit isolert land. Slik er det kapitalistar og revisjonistar seg på ting. Imperialistane og revisjonistane ser på eit land som har stengt dørene mot invasjonen frå den rotne kulturen deira og forfall på grunn av slavebindande kredittar, turistar og spionar, som isolert, Dersom ein ser slik på det, er vi verkeleg og har tenkt å halda fram å vera eit isolert land. Men alt dette er til beste for folket vårt. Landet vårt går frametter og blømer, og folket vårt har det svært godt. Om vi skulle gjera annleis, ville vi verta slavar. Vi har opplevd fascistisk slaveri og revisjonistisk press og åtak, difor er det ikkje lett for dei å

narra oss med slagorda sine og livsmåten sin. Vi gjev ikkje lov til og vil aldri gje fascistar, spionar og agentar, folk som vil smugla inn borgarleg og revisjonistisk forfall, lov til å koma inn i Albania. Men vi ynskjer hjarteleg velkomne ærlege og rett-tenkte folk som vil Albania og folket i Albania vel, vener av landet vårt, sjølv om dei skulle stå for noko anna enn det vi gjer. Vi vyrder dei venlege kjenslene og haldninga dei har andsynes det albanske folket. Alle desse er velkomne hit, og dei representerer fleirtalet av menneskeætta. Med desse er vi vener, og vi er og vener med folka som kjempar for fridommen sin og rettane sine, med dei proletariske og marxist-leninistiske revolusjonære. I høve til kapitalistane og revisjonistane som vil slavebinda og undertrykkja folka og halda nede dei progressive ideane deira, er vi og vil vi alltid vera fiendar.

Kapitalistane og revisjonistane måler isolasjon i handel. Vi har hått og held fram å ha handelssamband med alle land, unnateke USA, Sovjetunionen, Spania, Israel og ein del andre statar som er styrde av fascistar og rasistar. Men handel er til føremon for alle partar. Kapitalistane treng våre varer, akkurat som vi treng ein del av deira. Dersom nokon trur at Albania vil døy om ein eller annan stat med vondt i sinne nektar å selja oss desse varene, tek han umåteleg feil. Den revisjonistiske Sovjetunionen gjennomførte ein brutal blokade mot oss, men Albania lever og kan leva i tusen år utan å handla med sovjetrevisjonistane og trass i blokaden deira.

Kulturutveksling med ulike land er ein svært god ting. Vi har drive med kulturutveksling og vil halda fram med det i framtida og, men i semje og likskap i høve til einannan. Dei som ynskjer å ha kultursamband med oss, må visa vyrdnad for tradisjonane, skikkane, kjenslene våre og smaken vi har. Forfallen kultur vert ikkje godteken i Albania. Andre har for sin del rett til å godta slike framsyningar, filmar og bøker frå oss som er godtakande for landet deira. Dette er og eit spørsmål

om å vera gjensidige. Landet vårt gjennomfører dette i høve til mange statar. Attåt det sosialistiske Kina som er forbundsfelagen vår, held Folkerepublikken Albania ved lag kultursamband med slike brorskapsland som Vietnam og Korea, men og med Frankrike, dei skandinaviske landa, Egypt og mange andre land.

Vi ynskjer å utvikla desse sambanda vidare, og for kvart år som går vert det gjort mogeleg å utvida dei. Sjølv sagt har vi vår eigen kunst, musikk, litteratur, tradisjon og kultur som vi er glade i og som vi gjerne vil sjå at andre lærer å kjenna og. Men vi vyrder og den progressive verdskulturen, og tek frå han det som er gagnleg for oss og spreier det som tener oss i landet vårt.

Partiet vårt har alltid tykt det er viktig og har synt høveleg omsut for spørsmålet om å fremja og utvida internasjonalt samband på alle område mellom Folkerepublikken Albania og dei statane som er for og viser vyrdnad for dei velkjende prinsippa om likskap, suverenitet og territorial integritet, ikkje-innblanding i indre saker og gjensidig gagn. I åra etter det sjette partilandsmøtet har verksemda til Folkerepublikken Albania på den internasjonale skodeplassen stendig vorte auka og styrkt. I dag har landet vårt diplomatisk samband med 74 statar. Folkerepublikken Albania tek aktivt del i og har sitt å seia i SN og mange internasjonale organisasjonar, møte og konferansar om problem menneskeætta er oppteken av no for tida.

Arbeidets Parti i Albania og Folkerepublikken Albania har trufast og stødig halde seg til prinsippa i marxismen-leninismen og proletarisk internasjonalisme i utanrikspolitikken sin, og har fyrst og fremst hatt som mål å utvikla og styrkja brorskapsbanda og den militante einskapen, samarbeidet og gjensidig hjelp med Folkerepublikken Kina. Den nære venskapen og det nære samarbeidet mellom dei to folka våre er smidd og herda i den store klassestriden mot imperialisme og revisjonisme, mot den hegemonistiske politikken til dei

to supermaktene, USA-imperialismen og den sovjetiske sosialimperialismen, og mot alle reaksjonære krefter i verda, i den sams striden for å byggja sosialismen og for at revolusjonen og marxismen-leninismen si sak skal sigra. Arbeidets Parti i Albania og det albanske folket er trufaste vener av og allierte med Kinas Kommunistiske Parti og det kinesiske folket. Dei to folka og landa våre er våpenbrør med dei same ideala og er inspirerte av dei same måla og internasjonalistiske oppgåvene. Ikkje noko baktaling eller giftspreiing frå den borgarleg-revisjonistiske propagandaen kan kasta nokon skugge over det marxist-leninistiske innhaldet og livskrafta i venskapen mellom Albania og Kina. Partiet og folket vårt vil heile tida streva for å halda rein og sterk brorskapen og samarbeidet med det store kinesiske folket, det lysande kommunistpartiet deira, det store Folkets Kina.

Dei albanske kommunistane og det albanske folket er svært oppglødde over framgangane det kinesiske brørfolket under leiing av Kinas Kommunistiske Parti har vunne i den sosialistiske revolusjonen og bygginga av sosialismen i Kina, i klassestriden for å grunnfesta proletariatets diktatur og for å styrkja og vinna framgang for fedrelandet sitt. Sigeren i den store proletariske kulturrevolusjonen, at dei knuste dei kontrarevolusjonære planane til Liu Shao-chi, Lin Piao og Teng Hsiao-ping, har skapt ein revolusjonær situasjon og har grunnfest stillingane til sosialismen og proletariatets diktatur i Kina.

Dei historiske sigrane det kinesiske folket har vunne i den lysande revolusjonen sin og i bygginga av sosialismen, at det nye Folkets Kina er skapt, og den høge vyrdnaden Kina har i verda, er beinveges knytt til namnet, læra og rettleiingane til denne store revolusjonære, kamerat Mao Tsetung. Arbeidet til denne framståande marxist-leninisten er eit tilskot til å gjera den revolusjonære teorien og praksisen til proletariatet rikare. Dei albanske kommunistane og det albanske

folket vil alltid æra minnet etter kamerat Mao Tsetung som var ein god ven av partiet og folket vårt.

Partiet og folket vårt fagnar desse sigrane til det kinesiske partiet og folket, og ynskjer dei nye framganger. Partiet og landet vårt støttar sterkt retten det kinesiske brorfolket og Folkerepublikken Kina har til å frigjera Taiwan, som er ein uskiljeleg del av territoriet deira.

Partiet og folket vårt har fagna den store sigeren det vietnamesiske folket vann i den væpna striden dei førte mot USA-imperialismen og lakeiane hans. Frigjeringa av Sør-Vietnam og sameininga av heile landet til ein stat merkte av fullendinga av dei høgvyrde nasjonale ynskja til det vietnamesiske folket, som dei har ofra så utruleg mykje for. Vi skal halda ved lag og styrkja den kampviljuge venskapen mellom dei to brorlanda våre endå meir.

Republikken vår held oppe venskapleg samband og brorskapleg samarbeid med Den demokratiske folke-republikken Korea. Partiet vårt støttar den rettvisе saka det koreanske folket har om å frigjera Sør-Korea og sameina landet på ny, og den striden dei fører mot den aggressive politikken til USA-imperialismen.

Vi har ein nær brorskapleg venskap og ein sterk kampviljug solidaritet med det kampucheanske folket, herda i striden mot imperialismen, og samarbeidsmennene hans. Vi vil streva for å fremja sambandet mellom Folkerepublikken Albania og Det demokratiske Kampuchea endå meir på grunnlag av denne venskapen.

Det albanske folket har fagna med glede at den langvarige striden det laotiske folket har ført mot USA-imperialismen og dei lokale reaksjonære er krona med siger, og at Den demokratiske folke-republikken Laos er skapt. Vi er for å utvikla venskaplege samband mellom dei to landa i interessene til dei to folka våre og for striden mot imperialisme og reaksjon.

Folkerepublikken Albania har alltid vore for å ut-

vikla normale samband med grannestatane med grunnlag i dei velkjende prinsippa om likskap, vyrndnad for statssuverenitet og territorial integritet, ikkje-innblanding i den andre sine indre saker og gjensidig gagn. Utviklinga av samband som er bygde på politikken med god granneskap, er i samsvar med interessene og ynskja til grannefolka på Balkan så ein kan leva på venskapleg vis og i forståing med kvarandre.

Landet vårt held ved lag normale handels- og kultursamband med Jugoslavia. Dette er til gagn både for oss og jugoslavane.

Politikken vår andsynes Jugoslavia har ikkje endra seg og vil ikkje endra seg dersom den jugoslaviske regjeringa og ter seg rett andsynes oss. Utsegna frå Arbeidets Parti i Albania om at dersom Sovjetunionen eller ei anna makt eventuelt skulle gjennomføra nokon som helst aggresjon mot Jugoslavia, vil det albanske folket stå ved sida av dei jugoslaviske folka, vil alltid gjelda. Men den jugoslaviske sida må svara på denne albanske haldninga med rettvisе og rette handlingar andsynes oss.

Den jugoslaviske staten har sjølvsagt rett til å fylgja kva enn slag politikk han tykkjer er mest fornuftig, men den albanske staten har og rett til å kritisera dei handlingane som skader den gode granneskapen mellom dei to landa våre. Den jugoslaviske regjeringa gjev konsesjonar til, legg tilhøva til rette for og slepp inn i hamnene sine den aggressive marineflåten til dei sovjetiske sosialimperialistane. Dette er deira eiga sak, men det gjeld og Albania, dei andre landa på Balkan og landa ved Middelhavsbasenget.

Som eit sant marxist-leninistisk parti har partiet vårt alltid halde oppe ei rett haldning med omsyn til dei albanske brørne våre som bur på jorda si, i Kosova, Makedonia og Montenegro. Strevet frå ein del av styresmaktene i Jugoslavia for å røra opp fiendskap mellom albanarane i Jugoslavia og dei i Folkerepublikken Albania er fånytted, men det gjer stor

skade. Vi albanarar er framleis dei same som før, vi held fast på og vil alltid halda fast på ei marxist-leninistisk haldning andsynes folka i Jugoslavia, og likeins andsynes problemet med dei albanarane som bur i Jugoslavia. Dei brorskaplege blodsbanda og språkbanda med albanarane i Kosova, Makedonia og Montenegro, tradisjonsbanda og dei nasjonale skikkane gjev oss rett til — utan å blanda oss inn i dei indre sakene til den jugoslaviske staten og med å vyrda internasjonale normer — å bry oss om å sjå til at dei nyt godt av alle rettar, fridommar og føremoner dei andre folka i den jugoslaviske føderasjonen har. Og dette er ikkje eit spørsmål om eitt eller anna jordbrukssamykke i Albania, som har ein makedonisk folkesetnad som har alle rettar som finst i grunnlova for Folkerepublikken Albania, eller om ein eller anna ikkje-eksisterande minoritet frå Montenegro i Albania, slik den jugoslaviske propagandaden påstår. Når vi talar om brørne våre som bur i Jugoslavia, då talar vi om meir enn ein og ein halv million albanarar.

Det har alltid vore vår meining og vårt ynskje at dei avstyggelege haldningane og handlingane frå Rankovitsj-tida aldri må ta seg opp att, at det albanske folket i Jugoslavia ikkje må forfylgjast eller verta ståande i fattigdom, at Kosovaområdet ikkje må diskriminerast politisk, økonomisk og kulturelt og at det må handsamast likt med dei andre nasjonalitetane. Det vil verta sett på som fiendsleg politikk andsynes Folkerepublikken Albania, dersom freistnader frå sovjetrevisjonistane, av kva slag som helst, på å skada landet vårt frå Kosova, vert tillate.

Vi ser på folka i Jugoslavia som brorfolk og er overtydde om at korkje no eller i framtida vil dei gje løyve til at fedrelandet deira vert handsama slik som Tsjekkoslovakia vart det. Dei vil ikkje finna seg i åket til nokon, dei vil ikkje gje dei sovjetiske stridsvognene frå Warzawapakta, eller USA-imperialistane sine heller, løyve til å «rulla» uhindra over jugoslavisk jord.

Trass i dei uforsonlege prinsipielle motseiingane mellom oss og den jugoslaviske staten og Kommunistligaen i Jugoslavia når det gjeld ideologi og politikk, og som vi ikkje har late vera å tala om og heller ikkje vil det i framtida, vyrder vi og lit på folka i Jugoslavia, av di soga har synt at dei er djerne folk.

Når det gjeld sambandet med Hellas er dette for vår del bygt på politikken med god granneskap, ikkje-innblanding i den andre sine indre saker, gjensidig gagn og vyrdnad for territorial integritet, suverenitet og nasjonalt sjølvstende. Vi har prøvd og ynskjer å leva som vener med brorfolket i Hellas, og har gjort og held fram å gjera alt vi kan for å tryggja at banda som knyter dei to landa våre saman heile tida vert sterkare. Den noverande regjeringa i Hellas har vilja ha og held fram å halda ved ei venleg haldning andsynes landet vårt. Dette er i interessene til dei to landa våre og til skade for dei sams fiendane våre.

Vi veit at den noverande greske regjeringa er ei koalisjonsregjering av fleire parti og at ho har mange motstandarar i rekkjene i opposisjonspartia. Kvart ein-skild av desse partia har sitt eige syn. Naturlegvis er dette eit indre gresk spørsmål. Likevel meiner og ynskjer vi at alle desse partia skulle sjå på det å ha venskap, samarbeid og gode grannesamband mellom Hellas og Albania som noko som gagnar både Hellas og Albania.

Når som helst og under alle tilhøve er striden det albanske folket fører for å forsvara sjølvstendet sitt, fridommen og suvereniteten sin, samstundes til føremon for forsvaret av fridommen og sjølvstendet til Hellas og det greske folket. Dette seier vi med opne hjarto til brorfolket vårt i Hellas, fordi vi er etterkomarane av dei som hjelpte dei og sto trufaste til siste slutt andsynes revolusjonen i året 1821, då andre stakk av og sveik revolusjonen. Venskapen mellom dei to folka våre er herda i den sams striden mot italiensk fascisme og dei tyske nazistane.

Vi albanarar vil ikkje at politikken vår med den

greske staten skal vera ein mellombels politikk som er bunden til omstenda, men ein realistisk, venleg og varande politikk mellom dei to folka våre. Når det gjeld monarko-fascistane og dei galne sjølvutnemnde «Epirotane i nord» som frå tid til anna prøver å skapa ein spent atmosfære i tilhøvet mellom dei to landa våre med dei meiningslause krava dei kjem fram med, ynskjer vi å seia at skrika deira berre har skapt høg lått i det greske mindretalet som lever lukkeleg i Albania. Vi seier til dei: Berre hald fram med den gamle visa med å kalla dykk «Epirotane i nord», for korkje vi eller det greske mindretalet i Albania har noko å vera redde for frå dykk, for albanarane og det greske mindretalet er nært knytte til kvarandre som brør.

Vi er overtydde om at det finst fornuftige politikarar i Hellas som vurderer problema realistisk og skjønar at ikkje noko vondt vil koma på dei frå det sosialistiske Albania, og at venskap frå albanarane er verdfullt for dei på same måten som venskap frå det greske folket er verdfullt for oss.

Når det gjeld grannen vår på andre sida av havet, Italia, held vi ved lag normale diplomatiske samband med det, og prøver å utvikla handels- og kultursamband. Men ein forstår nok at dette ikkje berre er avhengig av kva vi gjer. Vi ynskjer og prøver å vera vener med det italienske folket. Dette ynsket spring ut av dei ekte kjenslene til det albanske folket og av den rette politikken til den sosialistiske staten vår. Vi vonar at alle italienarar, og alle italienske politikarar som har eit realistisk syn på ting, og må meina at venskap med Albania er svært viktig for Italia og.

For å summera opp — når det gjeld desse tre grannestatane ynskjer vi å leva som gode grannar, i ope samarbeid, utan at den eine blandar seg inn i den andre sine indre saker og utan at nokon på nokon måte prøver å tvinga på den andre sine eigne synsmåtar.

Det er og godt samband mellom Den tyrkiske republikken og Albania. Handel og kulturutveksling

utviklar seg naturleg. Det er ikkje noko hinder for at folka våre alltid skal vera vener og leva som gode gran- nar i høve til kvarandre.

Vi held fram å nøra ekte venskap for brorfolket i Bulgaria. Men vi er nøydde til å peika på at vi ikkje lit det minste på leiarane i det bulgarske partiet og den bulgarske staten, ettersom dei har synt open fiendskap andsynes landet vårt og har vorte ein reiskap i hendene på dei sovjetiske sosialimperialistane. Bulgaria har vorte eit land som bryggjar saman intriger og har vorte eit bru hovud for Sovjet. Ut frå denne stillinga prøver det å pressa grannelanda — Jugoslavia, Tyrkia, Hellas og Albania. Med sosialimperialistane bak seg står Bulgaria reide til å ta Dardanellane når eit høve skulle by seg, og slik setja San Stefano-pakta i verk att. Av desse grunnane ynskjer vi at sambanda mellom Tyrkia og Hellas skal gå frametter med opne og beintframme drøftingar mellom dei to partane til den beste og mest høvelege løysinga er funnen for dei to balkanske folka og statane. Dette ville vera ein stor siger for oss andre landa på Balkan og.

Vi ynskjer og å ha godt samband med Romania som eit balkansk land og utvikla desse normalt. Vi fagnar strevet til brorskapsfolket i Romania for å vinna framgang og velstand for landet sitt.

Det er sagt mykje og mykje vert framleis sagt om allsidig samarbeid mellom folka på Balkan, om ein balkansk konferanse, osb. Partiet vårt og regjeringa i Folkerepublikken Albania har for lenge sidan sagt kva dei meiner om samarbeid på Balkan, og har gjort greie for kvifor dei ikkje tok del i Atenmøtet. Slik vi ser det er ikkje dei vilkåra som absolutt må til for å få til eit fleirnasjonalt møte og ei fleirnasjonal semje, stetta i situasjonen på Balkan i dag. Vi meiner at i dag er utviklinga av tosidige samband den beste måten å skapa ein ande med tillit og forståing på Balkan og vilkår for å nå fram til ekte og ærleg samarbeid i breiare målestokk i framtida.

Sambanda våre med Den arabiske republikken Egypt, Den demokratiske folkerepublikken Algerie og dei andre arabiske landa utviklar seg naturleg i positiv lei med grunnlag i den tradisjonelle venskapen som finst mellom det albanske folket og dei arabiske folka, og til beste for striden mot den aggressive hegemonistiske politikken til dei to supermaktene og reaksjonen.

Vi nører ekte varme og venlege kjensler andsynes dei arabiske folka, og desse skal vi halda fram å utvikla vidare. Dei arabiske folka er progressive og fredskjære, og har gjeve verdfulle tilskot til mange sider av verdskulturen. Vi trur at dei arabiske folka vil vinna full frigjering frå åket til utanlandsk kapital og dei blodturstne imperialistane, og sigra i den rettferdige striden mot dei israelske aggressorane.

Vi vil støtta fast og sterkt den rettferdige saka til dei arabiske folka med å gå mot imperialistisk og sionistisk aggresjon, med å frigjera dei okkuperte arabiske områda og stå mot samansverjingane frå USA-imperialismen og den sovjetiske sosialimperialismen. Folket vårt og landet vårt støttar den rettferdige striden det palestinske folket fører for å vinna nasjonale rettar, for å få koma attende til heimane sine som Israel, reiskapen til USA-imperialistane, har stole frå dei. Vi held ved lag band til og støttar Den palestinske frigjeringsorganisasjonen. Vi vil gjerne sjå at det vert skipa ein sterk kampviljug einskap mellom dei arabiske folka, fordi dette er eit trygt grunnlag for at dei skal kunna sigra over dei sionistiske og imperialistiske fiendane sine.

Folkerepublikken Albania held oppe venleg samband med Frankrike, og dette utviklar seg i interessene til dei to landa våre. Vi vyrder det franske folket for den revolusjonære fortida deira og den progressive kulturen deira. Framståande personar i fransk vitskap, kunst og kultur er ærlege vener av Albania. Vi held ved lag normale samband med den franske staten, sjølv om han

ikkje godtek vårt styresett og vi heller ikkje hans. Men vi legg merke til at den franske regjeringa ikkje blandar seg inn i våre saker.

Det same gjeld og for regjeringane i Belgia, Austerrike og Sveits som vi har korrekte tosidige samband med. Vi legg med nøgd merke til at sambandet landet vårt har med Sverige, Noreg, Finland og Danmark vert bygd ut, og vi set pris på den realistiske og venlege haldninga desse landa har andsynes Albania.

Folkerepublikken Albania har skipa diplomatisk samband med eit stort tal land i Asia, Afrika og Latin-Amerika, og vil arbeida for å fremja utveksling på ulike felt med Mexico, Peru, Tanzania, Pakistan osb. steg for steg og så langt det er råd. Albania er og reide til å skipa samband med andre statar som ynskjer det, med grunnlag i dei godkjende prinsippa som styrer sambandet mellom suverene land.

Når det gjeld Den tyske forbundsrepublikken, har vi uløyste problem med han som skriv seg attende til den andre verdskrigen. I dette landet lever og verkar dei tyske revansjistane i full målestokk. Politikken deira er ekspansjonistisk og med hegemonistiske tendensar. Bonnregjeringa, som gjev seg ut for ei demokratisk regjering, forsvarer brotsverka til den tyske fascismen og prøver ikkje det aller minste på å bøta på øydeleggingane det tyske nazi-barbariet valda Albania og det albanske folket. Bonn-regjeringa bør ikkje tru at dette problemet vil verta verande berre ei propagandasak. Vi kjem til å fylgja ho opp med prov og kjensgjerningar i alle internasjonale organ.

Heilt sidan revisjonistklykkane som har makta i landa i Aust-Europa slo inn på ein fiendsleg kurs andsynes det sosialistiske Albania og blindt sette ut i livet pålegga frå dei revisjonistiske leiarane i Sovjet, har dei redusert sambandet med landet vårt til eit svært lågt og avgrensa nivå. Så lenge dei held seg på denne kursen, kan det ikkje verta noka endring i sambandet vårt med desse landa.

Standpunktet Albania har til det revisjonistiske Sovjetunionen, fienden til Albania, sosialismen, fridommen og sjølvstendet til alle folk, held seg uendra. Landet vårt har ikkje og vil ikkje ha noko som helst slag samband med sosialimperialistane i Moskva. Sovjetunionen fylgjer opne ekspansjonistiske målsettingar, særleg på Balkan og i Middelhavsområdet. Han har hegemonistiske mål, ikkje berre andsynes Romania, men og andsynes Tyrkia, Jugoslavia, Hellas og Albania. Han prøver å stetta maktsykja si med aggresjon eller undergraving. Under slike omstende har vi, landa på Balkan, plikt til å skjerpa den politiske og militære vaksemda og vera førebudde på å stå mot eit mogeleg åtak. Det er allment kjent at fiendar slår til der dei kan finna veikskapar og splitting.

Standpunktet vårt andsynes USA er alt kjend. Albania og det albanske folket er ikkje nedtyngde i sorg av di dei ikkje har samband med Amerika, som har ført og fører ein brutalt fiendsleg politikk andsynes landet vårt. I framtida som tidlegare kjem vi alltid viljefast til å fordøma og gå mot den aggressive og hegemonistiske politikken til USA-imperialismen som er retta mot sosialismen og fridommen og sjølvstendet til folka.

Når det gjeld Storbritannia, er dette landet svært nært knytt til USA sin politikk, og haldninga det har til Albania er då og den same. Fylgjeleg kan heller ikkje vår haldning verta annleis. Storbritannia må gje attende det gullet det har plyndra frå Albania og må bøta på dei øydeleggingane det har valda i Albania. Vi kjem aldri til å gje avkall på denne retten.

Arbeidets Parti i Albania er overtydd om at det det sosialistiske Albania står for, alltid har vore og held fram å vera rett, og at det til ein viss grad uttrykkjer vonene, ikkje berre til proletariske revolusjonære, men og til progressive menneske som ser mykje på same måten som vi gjer, men som av mange grunnar ikkje uttrykkjer det ope.

Når partiet vårt har analysert situasjonar og drege slutningar, når det har gjort vurderingar og teke standpunkta det har, har det alltid handla i nær einskap med folket, og held fram å gjera det. Dette er årsaka til at heile partiet fast forsvarer denne politikken, til at heile folket støttar og gjennomfører han. På den andre sida er det denne einskapen, denne rette marxist-leninistiske forståinga av det som går føre seg internasjonalt, den prinsippfaste og viljefaste haldninga til dei høgvyrde interessene til det sosialistiske heimlandet vårt og til den store saka til revolusjonen, sosialismen, og frigjeringa av folka, som er den sunne garantien for at landet vårt alltid kjem til å ha bergfaste internasjonale posisjonar og alltid vil gå frametter på ein stø kurs, stolt og ured.

VI

Den marxist-leninistiske rørsle og striden mot den moderne revisjonismen

På same måten som tidlegare har partiet i tidbolken mellom dei to landsmøta og ført konsekvent og prinsippfast ideologisk strid mot den moderne revisjonismen og utan stogg avslørt den avstyggjelege, anti-marxistiske, sjåvinistiske og kontrarevolusjonære verksemda til sovjetrevisjonistane. Med klokskap og mot har det sosialistiske Albania og Arbeidets Parti i Albania stått fram mot alle fiendslege ideologiske åtak, alt politisk press og alle militære trugsmål, og har knust med jarnneve alle dei mange slag kontrarevolusjonær verksemd dei ulike revisjonistane har drive med mot landet vårt. Denne striden som er så viktig ideologisk, har væpna medlemmene i partiet og gjort dei endå meir vakne for kva slag fåre den moderne revisjonismen frå Sovjet og tilhengjarane av han står for.

Livet har prova at kursen partiet har valt for å avsløra sovjetrevisjonistane — open og kompromisslaus strid, at partiet viljefast har forsvart grunnprinsippa i marxismen-leninismen og den proletariske internasjonalsismen, var den einaste pålitande kursen for å berga stoda og vinna. Dette oppmuntrar oss og gjer oss endå meir fastrådde og støe til siste slutt i striden mot revisjonisme og alle andre slag opportunisme.

Arbeidets Parti i Albania har gjort ein omfattande og grundig analyse av revisjonistsviket, og det har gjort dette med grunnlag i teorien til Marx, Engels, Lenin og Stalin, røynslene frå den revolusjonære striden til verdsproletariatet og sine egne røynsler.

Den moderne revisjonismen som tok makta i Sovjetunionen og dei folkedemokratiske landa i Europa, unnateke Albania, og som vann fram i eit stort tal kommunist- og arbeidarparti i verda, synte seg som ein sterk internasjonal reaksjonær straum. Han representerer eit virvar av anti-vitskapelege straumdrag og liksom-teoriar som står i motstrid til marxismen-leninismen, og har som mål å nedkjempa marxismen-leninismen og hindra han frå å verta det han er — eit mektig våpen og ein usvikande vegvisar for arbeidarklassen og arbeidar-klassen sitt marxist-leninistiske parti, for å knusa kapitalismen til grunnvollen og byggja det nye sosialistiske samfunnet og seinare kommunismen i hans stad.

At Khrustsjov-revisjonistane tok makta i Sovjetunionen og andre land var eit hardt slag for det internasjonale proletariatet og revolusjonen. Sviket til revisjonistklykkane i kommunist- og arbeidarpartia som gjekk frå marxismen-leninismen og revolusjonen og fylgde det revisjonistiske Sovjetunionen, gjorde situasjonen i den kommunistiske rørsla endå meir alvorleg. Med makta eller utan, sette revisjonistane i verk drakoniske* tiltak mot dei sanne kommunistane og revolusjonære, gjennomførte ein propaganda- og hetskampanje med baktaling mot bolsjevikpartiet til Lenin, mot arbeidet til Stalin (mot han personleg), og mot dei sosialistiske sigrane som var vunne i Sovjetunionen. Dei tok på seg striden for å sløkkja ut revolusjonen.

Fyrst streva khrustsjovistane for å villeia folket i Sovjetunionen, fjerna motstandarane sine innanlands og utanlands, villeia verdsopinionen og syna kapitalistverda at Stalintida var over. Revisjonistane gjekk endå lengre med baktalinga og gjorde til sitt eige det propagandaspråket den internasjonale kapitalismen i år etter år på rad hadde nytta til å gå til åtak på den vitskapelege sosialismen og proletariatets diktatur. Desse

* *Drakon* — lovgjevar og lovskrivar i det gamle Aten ca. 620 f. Kr. Det heiter at lovene hans var skrivne med blod. — *Red.*

renegatane og svikarane gjorde og dette for å vinna tillit hjå verdsborgarskapet og særleg då USA-imperialistane.

Dette var den store kontantsummen khrustsjovistane betalte til verdskapitalen for å gjera han trygg på at æraen med revolusjonar hadde «teke slutt», at «avspenninga» hadde teke til, at teorien om klassestrid var gjort til inkjes både i Sovjetunionen og utanfor, at samlivnad og «fredeleg» tevling hadde teke til på alle felt. Dei revisjonistiske teoretikarane, kvar dei enn var, tok til å rettferdiggjera at dei hadde gått frå den store og vesentlege tesen i marxismen-leninismen om at makta må gripast med vald, gjennom revolusjonen, og tok til å spreia illusjonar om fredeleg overgang til sosialismen.

Khrustsjovistane førde strid over heile fronten i alle desse retningane. Strategien til Khrustsjov-revisjonismen, som var bygd på den reaksjonære imperialistiske borgarlege ideologien, hadde som mål å skapa Sovjetunionen om til ei sosialimperialistisk supermakt, med det for augo å verta herrar over verda og nasjonane saman med amerikanarane.

Arbeidets Parti i Albania har djervt og stødig avslørt den djevleske taktikken khrustsjovistane nytta for å kasta skit på bolsjevismen og Stalin, på revolusjonen og kommunismen. Det har lagt i dagen at sovjet-revisjonistane har brote alle band til kommunismen ein gong for alle og gjort Sovjetunionen om frå eit senter for revolusjon, som det var på Lenin og Stalin si tid, og til eit senter for kontrarevolusjon. Partiet vårt åtvare om at Khrustsjov-revisjonistane og tilhengjarane deira i ulike parti kom til å verta ivrige samarbeidsfolk for borgarskapet og fyrst og fremst ville streva for å øydeleggja det sosialistiske systemet, og at dei ikkje berre ville gjera det i dei landa dei hadde makta, men at dei og — noko dei og gjorde — ville gjera kva dei kunne for å kjempa ned kommunismen i Albania og Kina. Det sa og på førehand at desse ville fiendane til kom-

munismen ville streva for å gjera veikare og til inkjes den tilliten verdsproletariatet og progressive menneske har til tankane til Marx, Engels, Lenin og Stalin og til det framtidige sosialistiske og kommunistiske samfunnet.

Livet har no fullt ut stadfest det Arbeidets Parti i Albania sa på førehand og dei slutningane det drog.

Sviket til khrustsjovistane har skapt Sovjetunionen om til ei aggressiv, nykolonialistisk, krigshissande imperialistisk makt. Det sovjetiske samfunnet er vorte borgarleg heilt ned til dei minste cellene, og kapitalismen er attinnført på alle felt. Det revisjonistiske borgarskapets diktatur, representert av laget med nye sovjetbyråkratar, teknokratar og kapitalistar, fastset lova over alt. Den tidlegare sosialistiske basisen og overbygninga er brotne ned til grunnen. Storrussisk sjåvinisme er gjort til den rådande ideologien, og nasjonal underkuing er vorte ein uskiljeleg del av den borgarlege klassepolitikken herskarklikken fylgjer.

Dei tidlegare sosialistiske landa i Aust-Europa som hengde seg på Khrustsjov-vogna, enda opp som reine vasallar for Kreml. Den moderne revisjonismen har synt i praksis at han ikkje berre er ein anti-arbeidar-klasse- og kontrarevolusjonær ideologi, han er og ein ideologi for nasjonal undertrykking og rettferdigjering av imperialistisk slaveri. Revisjonistpartia i Aust-Europa er vortne svikarparti andsynes nasjonen sin. Leiarane i desse partia, som vert fjerna og sette inn av Moskva alt etter kva dei ynskjer og kva planar dei har, har audmjukt funne seg i uavgrensa herredømme frå Sovjet, og attpå til dei sjåvinistiske doktrinane om «overnasjonal sosialistisk kultur», «menneske med allmenn sosialistisk nasjonalitet», osv. Med desse ynskjer sosialimperialistane å viska ut den nasjonale identiteten til gamle og vidgjetne land som har gjeve så mykje til kulturen og saga til Europa.

Livet har og stadfesta at det ikkje lengre er noko som helst kommunistisk ved dei liksom-kommunistiske partia i Vest-Europa, Latin-Amerika og Asia som har fam-

na revisjonismen. Vegvisaren deira er ikkje lengre den vitskaplege marxist-leninistiske teorien, men anti-marxistiske teoriar, rengde både i innhald og form, sjølv om nokre av desse partia prøver å halda ved lag ein meir eller mindre marxistisk ordbruk for å kunna kle seg ut. Heile programmet deira, dersom det kan kallast eit program, er redusert til nokre få enkle reformistiske krav som så langt frå trugar den borgarlege skipnaden, men tvert om har som føremål å berga han frå djuptgripande skipling og gjera han meir arbeidsfør i nye situasjonar.

Då Khrustsjov-revisjonismen kom ut på slagmarka i striden mot marxismen-leninismen, spådde borgarskapet og heile den internasjonale reaksjonen at dette var slutten for sosialismen, slutten for den internasjonale kommunistiske rørsla. Men sosialismen og revolusjonen heldt ikkje berre ut mot det planlagde borgarleg-revisjonistiske storåtalet med å stå mot den største og sterkaste kontrarevolusjonære stormen som nokon gong har braka mot dei, dei lykkast og i å vinna sigrar som er historisk viktige for revolusjonær og progressiv utvikling for menneskeætta.

Proletariatets diktatur og bygginga av sosialismen, som vart svikne av revisjonistane, er borne frametter av Albania og Kina. Dei vart verande trugne andsynes marxismen-leninismen, forsvarte han med fast vilje og lyste streng ideologisk krig mot Khrustsjov-revisjonistane og tilhengjarane deira. Kommunismen døyde ikkje ut slik borgarskapet hadde vona, og opportunistane og likvidatorane jubla for tidleg. Proletariatet kalte fram styrkane og bar fram dei nye marxist-leninistiske partia frå rekkjene sine, på same måten som det hende på Lenin si tid då det store brotet vekk frå Den andre internasjonalen kom. Desse partia aksla den historiske oppgåva å halda fast på og bera vidare den lysande saka til den revolusjonære rørsla til proletariatet for sosialisme og nasjonal frigjering, som revisjonistane hadde svike og kasta frå seg.

Det revisjonistiske stormåttet spreidde ei tjukk skodde over dei grunnleggjande spørsmåla om strategi og taktikk for revolusjonen, og skapte ikkje lite forvirring som fekk verknader for store delar av arbeidarørsla og dei anti-imperialistiske kreftene. Men marxismen-leninismen slo ned dette ville og djevlelike åttet og gjekk sigerrik ut av det. Medan Khrustsjov og dei andre smålege teoretikarane i det dei kalla «skapande marxisme», leid bankerott og vanære, held vitenskapen til Marx, Engels, Lenin og Stalin seg djupt innpoda i sinn og hjarta hjå heile verdsproletariatet, og er til alle tider det usvikelege kompasset for revolusjonen og sosialismen, det sigersvisse våpnet klasseslaga proletariatet og dei arbeidande massane kjempar.

I dag er det uorden i heile revisjonistleiren. Dei ulike gruppene av moderne revisjonistar står kløyvde i fiendslege rivaliserande grupper, og kvar einskild av dei kjempar for å forsvara og fremja «sin eigen særskilde veg til sosialismen», «sin eigen nasjonale marxisme». Alt kvart einskild revisjonistparti har i tankane og arbeider for, er korleis det kan vinna flest råd framskotne stillingar og vinna herredømme i rekkjene til verdsrevisjonismen og korleis det skal gjera seg så vakkert og hugtakande som råd i augo til den borgarlege opinionen.

Arbeidets Parti i Albania sa alt for lenge sidan at den moderne revisjonismen på same måten som den tidlegare revisjonismen til Bernstein og Kautsky, aldri kan byggja slikt samhold og slik stålsett einskap som berre marxismen-leninismen, den vitskaplege ideologien til arbeidarklassen, har evner til å gjera. Revisjonisme er einstydinge med kløyving, mangel på einskap, sjåvinisme og anarki. Partiet vårt var overtydd om at revisjonistpartia med parolane sine om at dei var «sjølvstendige», «suverene» og «dugande» til å nytta den marxist-leninistiske teorien på tilhøva i deira egne land, ikkje berre ville bryta med Sovjetunionen og den såkalla «sosialistiske familien», men at dei og ville verta

innblanda i uforsonlege konflikter med einannan, slik dei og er vortne.

Sovjet-revisjonistane har streva mykje for å samla alle revisjonistar og halda dei einskaplege rundt seg sjølve. Dei trong denne sameinte revisjonistiske fronten, ikkje berre for å stå mot den store ideologiske og politiske striden og polemikken frå Arbeidets Parti i Albania, Kinas Kommunistiske Parti og dei andre kommunistpartia, men og for å halda unna tevlingskrafta frå USA-imperialismen.

For å få til og verna denne «einskapen», og særleg for å halda partia i dei landa der revisjonistane har kontrollen, heilt i si makt, har khrustsjovistane lite på den militære og økonomiske styrken sin og i tillegg på løynlege tilskot frå Moskva til revisjonistpartia i dei kapitalistiske landa. Likevel har dei ikkje lukkast. Livet har synt at i innhaldet var og er ikkje revisjonistpartia samde med revisjonistpartiet i Sovjet. Dette sistnemnde strevar no for å berga æra, men freistnadene er lamme og krykkene den revisjonistiske einskapen er støtta opp med knekk ein etter ein.

Sovjet-revisjonistane med Bresjnev i brodden, har gjort mange og vedvarande freistnader på å kalla «kommunistpartia» i verda saman til møte, der dei liksom skal stadfesta den «marxist-leninistiske» ideologiske «einskapen» sin, men desse freistnadene var som å prøva å skara inn ein hareflokk. Det gjekk diskusjonar i meir enn to år om eit møte mellom dei europeiske revisjonistane, og forhalinga, lunene og dei uventa vanskane med opphav i dei motseiingane som fanst, tok mest aldri slutt. Men sjølv då møtet vart halde, synte det berre — akkurat som nokre tidlegare møte — at revisjonistane hadde sokke endå djupare ned i den opportunistiske og kontrarevolusjonære gjørma.

Den anti-marxistiske Berlin-konferansen vil verta ståande i saga som ein konferanse der ein ope kunn-gjorde at den moderne revisjonismen har gått over til dei sosialsjåvinistiske standpunkta som sosialdemo-

kratane har forsvart fram til no, og at den moderne revisjonismen ope og framfor alle gjekk frå ideen om revolusjon og proletarietets diktatur. Dei «særskilde nasjonale vegane til sosialismen» som kvar einaste av dei for sin eigen del sto fram med på konferansen, synte i røynda kva vegar revisjonistpartia fylgjer for å svika sosialismen, kva planar og metodar dei har for å undergrava revolusjonen, skapa kløyving i proletariet og for å sabotera frigjeringsstridane til folka. Under det falske slagordet om sjølvstende frå eit einskild leiande senter reiste dei seg mot den vitskapelege ideologien til proletariet, marxismen-leninismen og den proletariske internasjonalsismen som er ein og udeleleg. At dei har sett «internasjonal solidaritet» i staden for proletarisk internasjonalsisme, speglar att at dei har sett borgarleg ideologi i staden for proletarisk ideologi. For revisjonistane vil solidaritet seia solidaritet med borgarskapet og strid mot proletariet, solidaritet med imperialistane og strid mot folka. På leppene til revisjonistane er «solidaritet» ein formel dei nyttar for å rettferdiggjera seg så dei kan ta seg løyve til å gå saman med djevelen og sonen hans, med sosialdemokratiet og Vatikanet, med dei fleirnasjonale selskapa og fascistane, med NATO og USA-imperialismen, med kven som helst som er mot revolusjonen, proletariet og sosialismen, med kven som helst som forsvarer det kapitalistiske utbyttersystemet.

Berlin-fråsegna der deltakarane kvar for seg sette fram sitt eige politiske og ideologiske syn som om det skulle vera ei gjestebok på ei utstilling, er verkeleg eit sjeldsynt dokument der revisjonistane sjølve avslører seg som ubotelege opportunistar og anti-kommunistar.

I røynda er den revisjonistiske leiren no kløyvd i fleire opportunistiske retningar, som kvar for seg har fått velutvikla politiske og ideologiske andletsdrag, og klatrar etter ei ærerik stilling som ein som reviderer marxismen-leninismen og bryt opp revolusjonen med å kunnigjera ope sine egne «særskilde» «sosialistiske

teoriar». På den eine sida syner dette kor langt forfallet i revisjonismen er kome, at han er i full oppløysing. På den andre sida speglar det att kor revisjonistane strevar for å tena borgarskapet betre og for å fingreina metodane sine i kampen mot marxismen-leninismen og revolusjonen.

Stoda i den revisjonistiske leiren er og ei fylgje av den uthaldande og jamne striden marxist-leninistane har ført mot han. Dette er ein siger for dei marxist-leninistiske partia og den revolusjonære lina deira. Denne må vi alltid føra vidare, auka vaksemda endå meir og føra den ideologiske striden mot moderne revisjonistar av alle letar og striden mot alle reaksjonære ideologiar endå meir viljefast vidare. Fiendane til kommunismen har no auka avleiingstiltaka mot marxismen-leninismen. Kløyvde eller sameinte, sjølvstendige eller usjølvstendige i høve til Moskva eller nokon annan, i rolla si som anti-kommunistar kjempar dei samstemte mot revolusjonen og partia våre — mot marxismen-leninismen.

Det imperialistiske borgarskapet og ideologane deira har alltid arbeidd mot kommunismen og gjer det framleis. Målet er å villeia proletariatet og dei revolusjonære partia til proletariatet, fordi dei er dei svorne fiendane deira. Med å spreia ideen om at marxismen visstnok skal ha vorten forelda, at han er vorten gammaldags, at grunntesene og grunnprinsippa i han må «nytolkast» i samsvar med dei nye tilhøva i det tjuande århundret, er målet deira å gå til åtak på marxismen og så forvirring om grunnprinsippa i han. Borgarskapet og «teoretikarane» til borgarskapet, irekna revisjonistane, prøver å nekta for at revolusjon må til, og særleg at det borgarlege samfunnet må veltast med vald, å gå mot proletariatets diktatur og klassestriden og avskriva proletarisk internasjonalisme.

Såleis er målet med alt dei gjer for å undergrava den marxist-leninistiske ideologien, å rengja grunnprinsippa i han så dei vert uråd å nytta. Borgarskapet

prøver å halda kvart krav proletariatet kjem med innanfor rammene av dei borgarlege lovene, å fanga det i edderkoppnettet liksom-talefridom, «demokrati» og gatedemonstrasjonar. Det prøver å få desse krava «ordna» av parti- og fagforeiningsbossane i gode lenestolar i varme rom hjå dei kapitalistiske arbeidskjøparane eller hjå teknokratane dei har tilsett.

Det er tallause anti-marxistiske retningar i verksemd for å forvilla folket, lamma den revolusjonære tenkinga og handlinga i proletariatet og i dei marxist-leninistiske partia til proletariatet. Dei mest ulike revisjonistiske teoriar og «venstre»-«teoriar» veks fram og vert spreidde. Dei er femtekolonnen i rekkjene til verds-revolusjonen, og målet med dei er å gjera livet til den internasjonale kapitalismen lengre ved å slåst mot revolusjonen innanfrå for å hindra at han bryt ut, og i tilfelle han bryt ut, ha brannmenn som kan sløkkja han og streikebrytarar til å bryta ned arbeidarklassen sin vilje.

Ein av desse liksom-teoriane er den om den teknisk-vitskaplege revolusjonen. Ifylgje opphavsmennene til han gjer denne revolusjonen Marx sin proletariske revolusjon uturvande, av di kapitalismen og kapitalistane er svekte på grunn av den teknisk-vitskaplege revolusjonen. Kapitalistane spelar ikkje lengre noka rolle, og teknikk og teknokratar har det avgjerande ordet. Dette er ein stor bløff. Ikkje berre er korkje kapitalismen eller kapitalistane utrydda eller vortne veikare, men dei utbyttar og undertrykkjer proletariatet og det arbeidande folket som før, dei har enno produksjonsmidla i sine hender og er dei verkelege herskarane, medan teknikarane og teknokratane ikkje er anna enn lydige tilsette og tenarar for dei.

Andre «teoretikarar» prøver å «skaffa argument», å rettferdiggjera at ein skal setja «løysing av dag til dag-problem» i staden for revolusjonen, og endra «livs-stilen» i samsvar med vilkåra som er skapte av forbrukarsamfunnet. I dette er freistnaden på å svekkja

klassestriden, å hindra åtak på systemet, åtak på det borgarlege samfunnet svært så tydeleg. Men for å bøta på sosial urett treng proletariatet politisk makt, sitt eige diktatur. Og det kan det berre vinna med valdeleg revolusjon og ikkje med å skifta livsstil etter modell frå forbrukarsamfunnet.

Borgarskapet og pressa deira har gjeve og gjev den fremste spalteplassen til alle anti-kommunistiske propagandistar, frå Marcuse til Garaudy, frå Gilas til Fisher. Dei proudhonistiske anarkistteoriane mot revolusjon og kommunisme blømer alle stader, og trotskisme er vorte mote.

For å stagga proletariatet på vegen mot revolusjonen, hjelper den moderne revisjonismen den imperialistiske reaksjonen på dette feltet med alle krefter og på alle måtar, ope eller i løynd, med alle slag liksomvitskaplege filosofiske teoriar og slagord.

Den fyrste som gjekk ope ut til støtte for verds-kapitalismen og med grenselaus iver kasta seg inn i striden mot revolusjonen og marxismen-leninismen, var den jugoslaviske revisjonismen, den såkalla «eigenadministrerte sosialismen». Fødd som ei opportunistisk ideologisk retning og ein politisk praksis for å undergrava det sosialistiske samfunnet og dei verkelege kommunistpartia innanfrå, er han framleis eit yndlingsvåpen for det internasjonale imperialistiske borgarskapet i striden mot sosialismen og frigjeringsrørslene. Fåren frå den jugoslaviske revisjonismen ligg i det at han tilbyr ferdiglaga oppfatningar og «utprøvde metodar» for alle som legg ut på den revisjonistiske svikarvegen og vegen med kapitalistisk forfall. Fyrst vart khrustsjovistane, så Togliatti-folka og andre inspirerte av den jugoslaviske revisjonismen og fann støtte og oppmuntring i han til å kjempa mot sosialismen og den marxist-leninistiske ideologien.

Den jugoslaviske revisjonismen maskerer seg som ein «sosialistisk ikkje-alliert» med den sovjetiske «sosialismen» og driv på med sabotasje og under-

gravingsverksemd mellom dei progressive kreftene i utviklingslanda. Han strevar for å styra dei ekte ynskja deira om sosialisme inn på feil kurs, og leia på ville vegar strevet mange av dei gjer for å gjera til inkjes restane av kolonialismen og å skapa frie, demokratiske og sjølvstendige statar. Alle stader og i så stor målestokk som råd driv han på med demagogi av «ouvrierist»*-typen, og har vorte den fremste målsmannen for anarkistiske og liberal-trotskyistiske synsmåtar. Tito si «eigenadministrering» har synt seg å vera ein eklektisk** borgarleg doktrine som har ført til vedvarande politisk og ideologisk forvirring, til svak og ulikevektig økonomisk utvikling, til store sosiale skilje, til småkrangel mellom nasjonalitetane og til forfall i det andelege livet i Jugoslavia.

»Eigenadministreringsstrukturen» som dekkjer alle felt og alle sider av livet, avskaffinga av den demokratiske sentralismen og rolla til den einskaplege statsstyringa er gjort til inkjes, den anarkistiske føderalismen og anti-statsideologien allment, har ført til stor oppkløyving av arbeidarklassen, motsetningar på grunn av tevling mellom dei ulike delane av han, og det som verre er, til ein tydeleg borgarleg-individualistisk ande med å passa på lokale interesser og delinteresser. Arbeidarklassen spelar ikkje ei hegemonisk og leiande rolle i den jugoslaviske staten og det jugoslaviske samfunnet, og ikkje berre det, han er tvert om sett inn i tilhøve så han skal vera ute av stand til å forsvara dei samla interessene sine og handla som ei tett og einskapleg rørsle.

* *Ouvrierisme* — retning som hevdar at berre folk som sjølve er arbeidrarar kan stå i brodden for sosialistrørsle. — *Red.*

** *Eklektisisme* — filosofisk retning som vel ut dei læresetningane frå ulike system som høver for føremålet, utan å bry seg om dei stemmer eller heng saman innbyrdes. Usjølvstendig freistnad på å skapa heilskap av ulike standpunkt. — *Red.*

Partiet vårt vil i framtida, som alltid, kjempa for å avsløra det forvillande innhaldet i den jugoslaviske varianten av revisjonisme og den fåren han fører med seg.

Den ideologiske striden mot den moderne revisjonismen er brei og mangslungen. Ein må ta seg av og fordøma teorien og praksisen til sovjet-revisjonistane på same måten som det er vorte gjort til no, men med endå fastare vilje. Khrustsjov-revisjonismen er ideologien til eit stort land som har store materielle midlar og propagandamidlar, difor held han fram å vera leiaren i den moderne revisjonistiske fronten. Teoriane til Bernstein og Kautsky vart gjorde til lover på det tjuande partilandsmøtet, og dette vart ei stor inspirasjonskjelde og eit sterkt støttepunkt for alle revisjonistiske tendensar. Sovjet-revisjonismen representerer den mest fullstendige og lengst utvikla «teorien» og praksisen for revisjonistisk kontrarevolusjon og har revidert den marxist-leninistiske teorien på alle felt og alle spørsmål.

Tida har vist at tesene frå det tjuande partilandsmøtet korkje var «enkle ideologiske rengingar» eller feilvurdering av situasjonar. «Khrustsjov-teoriane» står for ein medviten vald kurs for å gjera proletariatets diktatur til inkjes og attinnføra kapitalismen. Det var politiske og ideologiske hjelperåder som var særskilt valde for å gjera Sovjetunionen om til ein imperialistisk stat og for å rydda av vegen hindringar for å setja ut i livet ein stormaktssjåvinistisk politikk.

Det tjuefemte landsmøtet i revisjonistpartiet i Sovjetunionen som vart halde i byrjinga av dette året, stadfeste at leiarane i Sovjet har tenkt å halda fast på denne kursen. Det vil seia at revisjonismen i framtida vil auka den ville ideologiske aggresjonen mot marxismen-leninismen og dei sanne sosialistiske landa, at han vil halda fram å kjempa for å undergrava revolusjonen, leggja under seg frigjeringsrørslene til folka og sabotera dei.

Trass i usigrane sovjet-revisjonismen har lide, har han framleis innverknad, og ikkje berre der han er den rådande statsideologien, men og i fleirtalet av revisjonistparti og i tillegg i ein del nasjonal-demokratiske parti i utviklingslanda og elles. Han er framleis i stand til å spekulera i fortida til Sovjetunionen, i namnet til Lenin og bolsjevikpartiet, og han har gjort bruken av kommunistisk fraseologi som maske endå betre. Det er klårt at utan radikal avsløring av den ideologiske plattformen til sovjet-revisjonistane, som og er det teoretiske grunnlaget for den imperialistiske politikken dei fører, kan ein ikkje stå skikkeleg mot ekspansjonismen og hegemonismen deira, kan ein ikkje få til å mobilisera dei ekte anti-imperialistiske kreftene så mykje som må til og i ei høveleg form, kan ein ikkje knusa dei aggressive planane til supermaktene.

At det historisk sett er viktig og naudsynt å avsløra dei ideologiske røtene til sovjet-revisjonismen, byggjer og på den kjensgjerninga at dette i tillegg tener til å avsløra andre opportunistar som står fram som motstandarar av den sovjetiske hegemonismen, men som i røynda tener han med politikken sin og haldninga si.

Partiet vårt meiner at å halda fram og utvida den ideologiske striden mot revisjonismen allment og sovjetrevisjonismen særskilt, å gjera den store polemikken som tok til etter Moskva-møtet i 1960 djupare, er ei viktig og bydande plikt for alle marxist-leninistar, for alle sanne revolusjonære. No som då fell den historiske børa å forsvara marxismen-leninismen mot revisjonistiske åtak og rengingar på marxist-leninistane, og likeins å forsvara den revolusjonære lina til den sanne kommunistrørsla i verda mot innverknad og press som vert sett inn mot henne av borgarskapet og ulike opportunistiske krefter, å forsvara proletarisk internasjonalisme mot stormakts-sjåvinismen til dei sovjetiske sosialimperialistane og den borgarlege nasjonalismen til dei andre opportunistane. Det Lenin sa om at det er uråd å kjempa

mot opportunisten utan samstundes å kjempa mot imperialismen, gjeld like mykje og er like ufråvikeleg i dag. Å forsvare marxismen-leninismen er eit prinsippspørsmål. Det kan ikkje gjerast avhengig av kva omstende som kjem opp, for på det grunnlaget er det fiendane til proletariatet sameinar seg og deler interessene sine.

Khrustsjov-ideen som vart så sterkt utbasunert om at tida med valdelege revolusjonar visstnok skulle vera over, og at statsmakta kunne takast ut av hendene til borgarskapet «på fredeleg vis», «den parlamentariske veggen», var musikk i øyro til revisjonistane i ulike land i verda. Dei utnytta denne ideen til å byggja opp slik strategi og taktikk dei trudde skulle hjelpe dei til å vinna tillit hjå borgarskapet sitt. Desse skulle no få sjå at kommunistane var vortne tamme, at den fårlege gamle læra Marx og Lenin preika no var daud, at revolusjonen deira skulle verta ein «fredeleg», «reformistisk», «humanitær» revolusjon.

Dei italienske revisjonistane med Togliatti i brodden, og alle etterkomarane hans fram til Berlinguer, denne store godseigaren frå Sardinia, hadde lenge venta på å få nøra elden til striden mot marxismen-leninismen. Dei hadde tidleg teke til å skarpslipa våpna sine til denne anti-kommunistiske striden, fyrst med å ropa ut teorien sin om «polysentrisme» og «strukturelle reformer», og seinare med det «historiske kompromisset» sitt.

Partiet vårt avslørte for lenge sidan det opportunistiske innhaldet i Togliatti-teoriane og dei kontrarevolusjonære måla dei hadde. Samstundes gjorde det klårt at Togliatti-folka, som var oppmuntra og støtta av sovjet-revisjonistane, ville gå lengre i sviket sitt, at dei ville verta dei ivrigaste målsmennene for europeisk opportuniste.

Og kjensgjerningane syner at Togliatti-revisjonistane gjekk vidare frå å prøva å få til samarbeid med sosialdemokratane til sjølve å verta sosialdemokratar,

frå å krevja at den borgarlege grunnlova vart sett i verk til å verta dei ivrigaste forsvararane av den borgarlege skipnaden, frå å vera fredelege reisande på vegen mot sosialismen til å verta væpna soldatar for kapitalismen.

Som alle andre revisjonistar skrytte dei italienske revisjonistleiarane høgt av at dei med dei nye teoriane sine hadde funne nykkelen til å kunna gjera klårt det som hende i verda som korkje Marx, Engels, Lenin eller Stalin hadde sett på førehand, at dei hadde funne dei mest skapande løysingane på problema omkring revolusjonen. Men ting og hendingar velta alle teoriane og preikene til revisjonistane.

Dette gjeld særleg det som hende i Chile. Det fekk fram akkurat kor toskete dei revisjonistiske teoriane er og kor svært mykje dei skader revolusjonen. Revisjonistane lyste ut Allendes Chile som det rettaste dømet på strid for sosialismen, som eit døme som samsvara heilt og fullt med dei nye revisjonistiske standardane. For dei prova Chile at overgangen til sosialismen kan gå føre seg på parlamentarisk og fredeleg vis. For dei var Chile det «levande prøvet» på iverksetjing av såkalla «pluralistisk», «demokratisk» og «nasjonal» sosialisme, ei konkret gjennomføring av alle teoriar heile det revisjonistiske verdscoret syng.

Men det som er ei ulukke for det chilenske folket, sjølv om ho berre er mellombels og ein overgang, er eit uboteleg nederlag for dei moderne revisjonistane, eit samanbrot for luftslotta og for alle dei opportunistiske teoriane deira.

Fascistkuppet i Chile var eit svært nake motprov på dei revisjonistiske teoriane om den fredelege og parlamentariske vegen, akkurat som det i Indonesia fleire år tidlegare. Det synte at jarnlovene i klassestrid, i revolusjon og kontrarevolusjon, ikkje endrar seg for å høva med dei sjukelege draumane og subjektive ynskja til revisjonistane.

Etter det som hende i Chile utvikla dei italienske revisjonistane, som dei ivrige tenarane for borgarskapet

dei er, «teoriane» sine vidare, og dette batt dei endå djupare til svikarkursen dei held. Dei kom fram med tesen om at eit kommunistisk fleirtal i parlamenta under dei «nye omstenda» ikkje lengre var nok for å gå over til sosialismen. Dei måtte fyrst få til ein allmenn allianse med dei viktigaste borgarlege partia i tillegg. Slik vart det «historiske kompromisset» med Det italienske kristelegdemokratiske partiet til — partiet til Vatikanet og FIAT, NATO og Fellesmarknaden. No tigg Togliatti-revisjonistane, fanga som dei er av dei revisjonistiske teoriane sine, sosialdemokratane og kristelegdemokratane på knea for å få ein bit av profitane spekulasjonskapitalen dreg ut or sveitten til det italienske folket.

Det er trist at desse overløparane som prøver å verta administratorar for borgarskapet sine saker, held fram å villeia det italienske proletariatet. Men vi vil seia at vi trur på at den italienske arbeidarklassen vil koma seg ut or den stillstanden revisjonistane og dei reformistiske anti-revolusjonære fagforeiningane har kasta dei inn i, og at dei kjem til å skjøna at slik tilhøva er i Italia, må dei ta opp det raude flagget til Marx, Engels, Lenin og Stalin og arbeida seg frametter mot revolusjonen. Elles er fascismen nøydd til å koma, med alle dei alvorlege fylgjene dei kjenner så altfor godt.

Dei franske revisjonistane marsjerer i takt med dei italienske revisjonistane, og har og vore ivrige målsmenn for borgarskapet når det gjeld å gå til åtak på og baktala marxismen-leninismen.

Revisjonistpartiet i Frankrike er no vorte eit parti for borgarskapet. Dette var svært tydeleg på det tjuesjette landsmøtet deira, då sekretæren Georges Marchais la fram sin «strategi» for **overgang** til sosialismen. Dei franske revisjonistane **kasta** maska fullt og heilt. Dei sette i gong eit åtak på marxismen-leninismen på brei front og mot dei mest grunnleggjande prinsippa i han. Dei kunngjorde for all verda at dei har kasta vrak på revolusjonen og proletariatets diktatur, at deira

sosialisme skal verta nådd utan klassestrid eller oreigning* av borgarskapet, og utan at den leiande rolla til proletariatet sitt parti skulle trengast. Revisjonisten Marchais kalla det «sosialisme i franske fargar». Av alle fargar denne «sosialismen» er pynta med, manglar berre den raude fargen til marxismen-leninismen, fargen som gjer borgarskapet og svikarane rasande og livredde.

Etter Marchais vil ein kunna gå over til sosialismen med å utvikla det borgarlege demokratiet og dei borgarlege fridommane. Under denne sosialismen vil alle leva i fred, ulvane og lamma saman. Tesen om at ein kan nytta det borgarlege demokratiet og dei borgarlege fridommane som ein veg til sosialismen, er svært villeiande for massane, ei blank hinne på det kapitalistiske samfunnet. Det er kjent at under den imperialistiske tidbolken kan ein ikkje få utvikla større fridom og demokrati for massane innanfor rammene til det borgarlege samfunnet. Tvert om er dette ein tidbolk då dei reaksjonære kreftene utviklar seg sterkt, økonomien og andre felt av livet vert militarisererte, proletariatet og nasjonane vert undertrykte, og dette når det villaste og mest barbariske steget under fascismen. Berre valdeleg revolusjon og skiping av proletariatets diktatur kan tryggja vilkår for at fridom og demokrati for dei breie massane av folket kan bløma.

I meldinga til det tjuende landsmøtet i det franske revisjonistpartiet sa småborgaren Marchais, og lånte då frå dei reaksjonære teoriane til dei borgarlege ideologane, at når det gjeld dette at klasseskilnader vert viska ut i industrisamfunnet, er det no slik at «ein i Frankrike ikkje lengre kan tala om eit proletariat, men om ein arbeidarklasse». Men revisjonisten Marchais kan ikkje gjera proletariatet til inkjes med eit pennestrøk. Det lever vidare og kjempar for å grava grava til kapitalismen og revisjonismen.

* *Oreigning* — ekspropriasjon. — *Red.*

Det er ikkje utan mål og meining at dei moderne revisjonistane og borgarskapet sine ideologar endrar namnet til proletariatet. Det er ikkje berre eit enkelt namneskifte vi har med å gjera, men fornektning av at det er heilt naudsynt å velta samfunnstilhøva gjennom revolusjon, med vald. Revisjonistane veit at dersom det er tale om eit proletariat, som under kapitalismen ikkje har anna enn styrken i sin eigen arm, må det automatisk liggja i dette at proletariatet må kjempa mot utbytterne og undertrykkjarane, må bryta lekkjene. Det er nettopp denne striden borgarskapet er redd, striden for å knusa den gamle makta til kapitalen til han ligg i grus. Difor strevar ideologane til borgarskapet og lakeiane deira av Georges Marchais-typen, hardt for å overtyda folk om at proletariatet i dag visstnok ikkje skulle vera slik Marx definerte det, utbytta av kapitalistane, at det ikkje lengre er arbeidskrafta til proletariatet som skaper meirverdi og kapital, at produksjonsmidla liksom ikkje lengre er i hendene på kapitalistane, men på administratorane og teknokratane.

Men å nekta for at proletariatet finst, som den største revolusjonære krafta i samfunnet og den som grev grava for kapitalismen, ynskjer revisjonistane å opna vegen for andre anti-marxistiske teser. Sidan det ikkje finst noko proletariat, trengst det heller ikkje noko proletariatets diktatur. Når det gjeld dette nykkelspørsmålet i den vitskaplege sosialistiske teorien, står i røynda alle i den revisjonistiske leiren på same syn. Men av taktiske årsaker, for syns skuld, forsvarer somme av dei den slag «proletariatets diktatur» som sovjet-revisjonistane og partia i landa som er med i den såkalla sosialistiske familien, forsvarer. Andre, som Marchais, Berlinguer og Carillo, kastar denne maska. I røynda er dette ein bløff på vegne av Moskva-revisjonistane, ettersom proletariatets diktatur ikkje lengre finst korkje i Sovjetunionen eller i dei aust-europeiske landa. Det finst berre eit slag diktatur der, og det er det kapitalistiske, fascistiske diktaturet.

I den sovjet-revisjonistiske «blokka» talar dei tilmed om teorien om klassekamp, men dette er og berre for syns skuld, for å villeia folk. Klassestrid i den marxist-leninistiske tydinga vert ikkje ført korkje i Sovjetunionen eller i dei andre landa i Aust-Europa. Marchais, Berlinguer og kompani preikar for sin del om «fraternisering trass usemje», fraternisering og einskap for å gå «over til sosialismen gjennom reformer»: borgarskapet, kapitalistar, arbeidarar, politi, den borgarlege hæren, osb. — alle i saman. Khrustsjovistane kunngjorde for lenge sidan at klassestriden var utdøydd i Sovjetunionen. I røynda finst striden det nye borgarskapet fører mot arbeidarklassen. I Sovjetunionen finst striden proletariatet fører mot den brutale utbyttinga til det nye borgarskapet, og han utviklar seg. Hendingane i Sovjet-republikane, i Polen og elles, syner at arbeidarklassen reiser seg til opprør mot utbytting. Denne striden kjem heilt visst til å samla større styrke i framtida.

Då Marx arbeidde ut teorien sin om vitskapleg sosialisme, avviste han alle dei gamle formene for sosialisme som utopistane og andre før dei hadde preika. Han lærte verdsproletariatet at det må organisera seg og kjempa for å grunnleggja ein ny samfunnsskipnad bygd på vitskapleg sosialisme. Marx fordømte og avviste «føydal sosialisme», «kyrkjeleg sosialisme», «småborgarleg sosialisme», «borgarleg sosialisme» og «konservativ sosialisme». Han fordømte strengt og avslørte Proudhons «Elendets filosofi», og skreiv med dette for augo det kjende verket sitt «Filosofiens elende».

No prøver den nye proudhonisten Georges Marchais å tvinga på det franske proletariatet denne filosofien, kledd opp i nye klede. Med teoriane sine om «skapande marxisme» prøver alle liksom-marxistar som Marchais å narra proletariatet med å riva bort grunnvollen i den vitskaplege sosialismen. Når dei seier at dei er objektive når dei sannkjenner lovene i samfunnsutviklinga, er

dette endefram løgn. I røynda er dei lakeiar for forbrukarsamfunnet det kapitalistiske og imperialistiske borgarskapet har skapt.

Denne revisjonistverksemda med ein skugge av eit visst sjølvstende frå Moskva, visstnok for å villeia borgarskapet i sine eigne land, men som i røynda har som mål å villeia sitt eige proletariat og verdsproletariatet, vinn i styrke i alle revisjonistpartia i dei kapitalistiske landa. **Arbeidets Parti i Albania har plikt til å avsløra denne revisjonistverksemda, som slett ikkje er skild frå verksemda til Khrustsjovistane.**

Tatt som ein heilskap er dei revisjonistiske retningane som utvikla seg med grunnlag i avviket frå marxismen-leninismen og sviket mot kommunismen, resultatet av at dei har kapitulert andsynes nye situasjonar under vilkåra med større skjerpning av den allmenne krisa i kapitalismen og presset frå borgarskapet, under vilkåra med stadig aukande motseiingar mellom vestleg kapitalisme og sovjetisk sosialimperialisme, som allment er resultat av rivaliseringa mellom dei to supermaktene.

Borgarskapet og sosialdemokratane hoppar av glede no når revisjonistane har kasta ut den «leninistiske arven» og står fram som «trugne partnerar i demokratisk konfrontasjon». Men borgarskapet og lakeiane deira jublar litt for tidleg over «sigeren» sin.

Sviket og opportunismen til sosialdemokratane og revisjonistleiarane har skadd klasseinteressene til proletariatet alvorleg, men den revolusjonære striden til arbeidarklassen kan ikkje sløkkjast ut. Opportunistar og overløparar kjem og går, men proletariatet og ideologien hans, marxismen-leninismen, står fast som ei uovervinneleg kraft. Den sosialistiske revolusjonen og proletariatets diktatur er historisk naudsynte, og det finst ikkje det som kan stogga dei frå å verta røyndom.

Den sovjetiske, franske, jugoslaviske definisjonen og andre definisjonar av proletarisk internasjonalisme vert

drøfta i revisjonistpartia i verda. Det dei i røynda drøftar er korleis dei skal arbeida mot den proletariske internasjonalsismen.

I omgrepet «proletarisk internasjonalsisme» er det berre ordet proletarisk som knyter internasjonalsismen uskiljeleg til verdsproletariatet, knyter det saman i einskap i striden mot det kapitalistiske borgarskapet, mot trustane og monopola, mot imperialismen og sosialimperialismen. Proletarisk internasjonalsisme er einskap i tanke og handling i proletariatet i kvart einskild land særskilt og i verdsproletariatet allment, for å velta den gamle kapitalistiske verda med vald, å knusa makta til borgarskapet til hø ligg i grus og sjølve verta herrar over produksjonsmidla og alt anna som tener kapitalistane til å utbytta menneske ved menneske.

Målet med den proletariske revolusjonen er å skipa proletariatets diktatur. Med dette vert så gjennomføringa av bygginga av sosialismen og undertrykkinga av restane av herskarklassane gjort til røyndom. Om klassestriden får lov til å visna bort, strevar desse restane heile tida for å vinna attende statsmakta og attinnføra den gamle borgarlege skipnaden, anten i forma «konstitusjonelt monarki», «borgarleg demokrati», «progressiv republikk» eller til sist den borgarleg-revisjonistiske, sosialimperialistiske «sosialistiske republikken», osv.

For å setja ut i livet programmet sitt, om det er eit maksimums- eller minimumsprogram, må proletariatet i kvart land leiast av fortroppen sin, det revolusjonære partiet til arbeidarklassen. Dette partiet kan ikkje vera noko anna enn eit kommunistisk parti, eit parti som i all sin strid, før og etter at statsmakta er vunnen, vert styrt av ideane i marxismen-leninismen. Det revolusjonære partiet til arbeidarklassen nyttar alltid desse ideane på den rette måten, utan å rengja dei eller vika av frå dei, både når det organiserer seg sjølv og proletariatet, og når det leier den revolusjonære striden. Det gjer og den marxist-leninistiske læra til grunnlaget for

alt arbeid det gjer for å utvikla og gjennomføra alliansepolitikken sin, som er turvande i ulike saker og til ulike tider, for å førebu, organisera og føra den revolusjonære striden som vil føra til at den kapitalistiske skipnaden vert velta. Hovudinnhaldet i proletarisk internasjonalisme ligg i ei slik tolking og gjennomføring av marxismen-leninismen.

I dag er ikkje verdsproletariatet ei einaste blokk. Det er kløyvd av ulike borgarlege ideologiar: kapitalistiske, reformistiske, sosialdemokratiske, «sosialistiske», revisjonistiske, osb. Alle desse ulike politiske og ideologiske retningane har eitt einaste føremål — å kløyva proletariatet, hindra det i å samla og organisera seg til ein stor styrke som den gravaren av grava til kapitalismen som det er. Difor er alle desse anti-marxistiske ideologiane og retningane støttepillorar for lokal og internasjonal kapital, dei er krefter som er mot revolusjonen, sosialismen og proletarisk internasjonalisme.

Vi marxist-leninistar forstår internasjonal solidaritet mellom arbeidarar og proletarisk internasjonalisme ut frå, og utviklar dei i samsvar med, prinsippa Marx og Engels uttrykte i Det kommunistiske manifestet: «Arbeidarar i alle land, stå saman.» Dette mottoet til Marx og Engels som Lenin og Stalin var trugne mot og førde vidare, er kampviljug, revolusjonært og alltid svært viktig. Det var eit opprop frå Den fyrste internasjonale om einskap mellom arbeidarar, og det var eit opprop om einskap frå Den tredje internasjonale.

Den andre internasjonale sveik marxismen, og partia i denne internasjonale vart målsmenn for borgarskapet, dei vart reformistiske parti. Dei kasta vrak på oppropet frå Marx og Engels: «Arbeidarar i alle land, stå saman!»

Då Den tredje internasjonale vart skipa, fekk oppropet «Arbeidarar i alle land, stå saman» att den ekte revolusjonære meininga frå Det kommunistiske manifestet. Det fekk endå større inspirerende og mobiliserande kraft då den fyrste sosialistiske staten i verda

vart grunnlagd og denne staten vart samlingspunktet for denne parolen frå Manifestet.

Då Komintern vedtok at det ikkje lengre var turvande å halda ved lag Den kommunistiske internasjonalen, av di kommunist- og arbeidarpartia i verda var forma, styrkte og herda i klasseslag, heldt Marx si setning «Arbeidarar i alle land, stå saman» fram å vera eit sterkt rop om einskap.

Etter den andre verdskrigen og sigeren over fascismen og det reaksjonære borgarskapet, tok arbeidarklassen i mange land i verda statsmakta i sine hender, skipa proletariatets diktatur og tok til å byggja sosialismen. Marx og Engels sitt motto vart då endå mektigare av di ideane til Marx, Engels, Lenin og Stalin hadde sigra i mange land og den vitskaplege marxist-leninistiske teorien slik var stadfest i praksis.

Men den moderne revisjonismen kom til og røva makta i Sovjetunionen og mange andre tidlegare sosialistiske land. Mange kommunist- og arbeidarparti gjekk bort frå og sveik marxismen-leninismen. Dei vart sosialsjåvinistiske parti og tilmed sosialfascistiske parti. I denne stoda, når desse liksom-sosialistiske statane ikkje lengre er proletariatets diktatur og desse liksom-kommunistiske partia ikkje lengre er proletariatet sine parti, har dei, om dei har makta eller ikkje, for alltid brote banda til kommunismen, til marxismen-leninismen, til vitskapleg sosialisme, proletariatet og læra Marx, Engels, Lenin og Stalin utvikla. For dei har oppmodinga «Arbeidarar i alle land, stå saman» mist all mening.

Det avstyggelege, sjølv fåren, er at dei moderne revisjonistane, om dei har makta eller ikkje, held fram å gjera seg nytte av desse setningane som er sjølv det som viser vegen i læra vår, for å kle seg ut, og riv ut av dei all den krafta dei har til å leia og organisera. Revisjonistane nyttar ikkje berre desse setningane i motsett tyding i praksis, men dei forvirr og vansker dei på ein sløg og utkropen måte. Sjølv målet for dei moderne

revisjonistane er å rengja heile den marxist-leninistiske læra med å halda på ein del formuleringar, å byggja eit sett andre anti-marxistiske teoriar som skal desorganisera proletariatet i eit visst land eller i verda, å lengja livet til det kapitalistiske borgarskapet, å utsetja, om ikkje å undertrykkja revolusjonen i det heile i eit ein-skild land der tilhøva er moglege for revolusjon eller i fleire land samstundes.

Det neste store vondet, sjølv om ikkje det heller er uoverstigeleg, er at dei moderne revisjonistane som har teke makta, har tent på den proletariske revolusjonen og proletariatets diktatur, og er vortne supermakter eller viktige statar, slik det er med Sovjetunionen. Revisjonistpartia, store eller små, misbrukar fortida til eigne føremål, og tidlegare stridar proletariatet i landa deira har ført på den marxist-leninistiske vegen. Sovjet-revisjonistane ropar ut «vi er leninistar», «vi forsvarer Lenin», samstundes som dei har trampa læra hans under støvelen og svike ho. Dei prøver å svekkja, reisa tvil omkring eller å viska heilt ut kjærleiken, vyrdnaden og tilliten proletariatet har til dei store leiarane sine og den revolusjonære læra til Marx, Engels, Lenin og Stalin.

I denne stoda er det største vondet at proletariatet framleis har den rette ideen som vart skapt i medvitte deira om den fyrste sosialistiske staten, Sovjetunionen, som Lenin grunnla etter at den sosialistiske Oktober-revolusjonen hadde sigra. Sovjetunionen vart den fyrste mektige proletariske staten og ei kraftfull støtte for heile verdsproletariatet. No finst ikkje denne staten lengre av di revisjonistane har gjort han til ein anti-proletarisk stat. Denne stoda kan føra til og fører til veikskapar, uvisse om den endelege sigeren, av di det, påtvinga eller ikkje, er skapt ein kult omkring «den store proletariske staten». Dette svekkjer einskapen i proletariatet og «brodden» i striden mot det kapitalistiske borgarskapet og dei som har svike marxismen-leninismen.

Stoda i den internasjonale kommunistrørsla i dag

liknar stoda i den heroiske tidbolken Marx og Engels arbeidde og kjempa i. Verdsproletariatet, vi som er marxist-leninistar, må gå attende til og studera læra til Marx og Engels, strategien og taktikken dei la for strid og siger. Marx og Engels er ikkje lengre i live, men læra deira lever vidare og ho bør visa veg for oss. Dei er våre umissande leiarar.

Stoda i den internasjonale kommunistrørsla i dag liknar tidbolken då Lenin og Stalin og bolsjevikpartiet førde den prinsippfaste revolusjonære striden sin. Dei hadde Marx og Engels som sine einaste og usvikelege vegvisarar. I brodden for det russiske proletariatet, leidde dei revolusjonen fram til siger og skipa proletariatets diktatur. Lenin og Stalin døydde, bolsjevikpartiet i Sovjetunionen vart eit revisjonistisk parti og den fyrste proletariske staten vart skapt om til ein borgarleg-sjåvinistisk og sosialimperialistisk stat. Korkje Lenin eller Stalin hadde røynsle frå ein proletarisk stat føre seg, men dei skapte han med revolusjonen, gjennom revolusjonær vald og revolusjonært arbeid, og fekk steg for steg rettleiing frå læra til Marx og Engels som dei sjølve gjorde endå rikare.

No er marxist-leninistisk teori og praksis framleis ei stor rikdomskjelde for proletariatet. Proletariatet bør prinsippfast studera og nytta han i praksis. Å studera og setja marxismen-leninismen ut i livet på rette måten for proletariatet og dei revolusjonære partia til proletariatet med grunnlag i stoda i kvart land og på den internasjonale arenaen, å stri nådelaust mot moderne revisjonisme i kva enn slag former han skyt fram, å avsløra borgarleg ideologi, stri mot undergravingsverksemd, undertrykking og utbytting frå fiendane til arbeidarklassen, alt dette er ein strid for samanheng og einskap i proletariatet i verda. Det er ein ufråvikeleg føresetnad for å lukkast i striden mot verdsimperialismen, sosialimperialismen, det kapitalistiske borgarskapet og verdsreaksjonen. **I denne store og vanskelege striden må proletariatet handla i tett einskap, men ein-**

skap i rekkjene vinn ein berre med trufast å halda seg til og setja ut i livet den marxist-leninistiske læra. Partiet vårt har marsjert og vil halda fram å marsjera på denne vegen. Det har og vil alltid setja marxismen-leninismen til å føra seg.

Proletarisk internasjonalisme er ideologien til proletariatet, eit av dei mektigaste våpna for og eit vilkår for at revolusjonen skal sigra og sosialismen kunna byggjast. Han er eit udeleleg heile og det finst ikkje fleire slag internasjonalisme, ein sovjetisk, ein italiensk, ein jugoslavisk, ein fransk osv., slik revisjonistane påstår.

*«Det finst eitt og berre eitt slag verkeleg internasjonalisme», skreiv Lenin så tidleg som i april 1917, «og det er å arbeida heilhjarta for å utvikla den revolusjonære rørsla og den revolusjonære striden i sitt eige land, og støtta (med propaganda, sympati og materiell hjelp) denne striden, denne og berre denne lina i alle land, utan unn-tak.»**

Dei marxist-leninistiske partia i ulike land i verda utviklar seg, veks seg sterkare og vinn framgangar i striden for revolusjon og kommunisme, i striden mot moderne revisjonisme. Partiet vårt jublar med ekte glede over sigrane dei vinn og ser på dei som sams sigrar som høyrer til verdsproletariatet som heilskap.

Det at det finst marxist-leninistiske parti på alle kontinent og i alle deler av verda, syner at dei medvitne stridsmennene, dei viljefaste revolusjonære som kjempar med all sin styrke for den store saka til kommunismen, no har reist seg for å forsvare interessene til verdsproletariatet, revolusjonen og kommunismen.

Eit stort tal brorparti arbeider under vanskelege illegale vilkår av dei fasciststyra går til åtak på dei med dei

* Lenin, «Oppgåvene til proletariatet i revolusjonen vår» (1917) i *Samla verk*, eng. utg., band 24, s. 75. — *Red.*

villaste undertrykkings- og terrortiltak. Andre er tvunga til å driva arbeidet sitt under dei vanskelege tilhøva som striden storborgarskapet, sosialdemokratane og revisjonistane fører mot dei, skaper. Men alle desse vanskelege vilkåra og tilhøva har ikkje greidd å stagga det revolusjonære tildrivet til dei marxist-leninistiske kommunistane, har ikkje greidd å hindra at dei konsoliderer rekkjene eller at innverknaden til desse partia i arbeidarklassen og mellom massane i det arbeidande folket stendig veks seg sterkare.

Mange framståande stridsmenn i den marxist-leninistiske rørsla er vortne barbarisk myrda av dei fascistiske brotsmennene som rår i mange land, har døydd under polititortur eller rotnar framleis bort i dei mørke fangekjellarane til reaksjonen. Med den faste viljen sin, motet sitt, den særst høge usjølviske anden og truskapen dei syner andsynes den store saka til proletariatet, har dei vorte lysande fyr for striden massane av arbeidsfolk fører for nasjonal og sosial frigjering.

Med djupaste vyrdnad ærer vi minnet etter dei kjære kameratane våre Pedro Leon Arboleda, fyrstesekretær i sentralkomiteen i Colombias Kommunistiske Parti (m-l); Carlos Daniel, medlem i eksekutivkommisjonen i sentralkomiteen i Brasils Kommunistiske Parti; Thakin Zin, formann i sentralkomiteen, og Thakin Chit, sekretær i sentralkomiteen i Burmas Kommunistiske Parti; Charu Mazumdar, generalsekretær i Indias Kommunistiske Parti (marxist-leninistar); og likeins minnet etter dei djerve spanske FRAP-kjemparane og dei baskiske patriotane. Det lytefrie inntrykket av dei og det revolusjonære livet deira vil leva vidare i sinna til alle sanne patriotar og kommunistar som eit høgtstående inspirerande føredøme, eit rop om å gripa våpen i striden mot det blodtyrstne borgarskapet og reaksjonen.

Arbeidets Parti i Albania kunngjer full og heil internasjonal solidaritet med dei marxist-leninistiske partia. Borgarskapet og revisjonistane ville lika at partiet vårt slutta å støtta og hjelpa dei nye marxist-leninistiske par-

tia. Men dette vil aldri skje. Partiet vårt meiner no som alltid at det er ei viktig plikt å gje internasjonalistisk hjelp for at ein nasjon skal vinna fridom, for revolusjonen, for at borgarskapet, imperialismen og sosialimperialismen skal li nederlag. Marxismen-leninismen har lært oss dette, og denne læra er det som styrer striden partiet vårt fører. **På same måten som dei marxist-leninistiske partia og progressive menneske alle stader i verda har hjelpt oss i tidlegare tider, i striden for nasjonal frigjering og for å skipa proletariatets diktatur, har vi og plikt til å hjelpa proletariatet, dei marxist-leninistiske partia og alle progressive krefter i striden dei fører, slik at deira folk og skal vinna fridom og byggja sosialismen.**

Denne hjelpa er ikkje på nokon måte innblanding i dei indre sakene til andre statar eller eksport av revolusjonen, slik imperialistane og sosialimperialistane saman med alle lakeiane til borgarskapet helst vil leggja det fram. Vi veit kvifor dei gjer dette. Dei ynskjer å ha hendene frie til å undertrykkja proletariatet og folka, til å halda dei under sitt åk og hindra dei i å organisera seg og gjera revolusjon.

Våre handlingar, våre tankar og den rette meininga med hjelpa vi gjev til folka og dei revolusjonære, kan ikkje verta likestilte med dei aggressive handlingane til imperialismen, sosialimperialismen og det reaksjonære borgarskapet mot folka som kjempar for fridom og mot dei marxist-leninistiske, progressive og revolusjonære partia som leier dei. Våre handlingar er skikkeleg internasjonalistisk samarbeid, medan deira handlingar er brutale, aggressive og kolonialistiske åtak.

Arbeidets Parti i Albania støttar den revolusjonære striden til dei marxist-leninistiske partia med all sin styrke. Slik vi ser det, lit kvart marxist-leninistisk parti fyrst og fremst på proletariatet og dei breie massane av arbeidsfolk i sitt eige land, men det får og, og skal få, støtte frå proletariatet i heile verda, støtte og solidaritet frå alle sanne marxist-leninistiske parti i ulike land, og

mest av alt frå dei sanne sosialistiske landa. Men for å tryggja denne støtta heile tida og i rikt mon, er det svært viktig at kvart parti konsekvent finn rettleiing i marxismen-leninismen, proletariatet sin ideologi.

I dag står dei nye marxist-leninistiske partia viljefast fram mot den brutale og sløge striden til det kapitalistiske og revisjonistiske borgarskapet, og i tillegg frå det vanlege og løynlege politiet deira. Kameratane våre har vunne rik røynsle i denne striden, og denne hjelper dei til å gjera dei naudsynte tiltaka for å slå attende åtaka som kan verta sette i verk mot dei frå ulike sider og i dei mest ulike former. Dei marxist-leninistiske partia nærer ikkje den minste illusjon om «borgarleg demokrati» og dei falske «fagforeiningsfridommane» i dei kapitalistiske landa.

På same tid gjer dei marxist-leninistiske revolusjonære seg nytte av legale tilhøve, slik Marx, Engels, Lenin og Stalin har lært oss, men dei har alltid i tankane at prinsippa våre aldri må verta fanga og skadde i tornebuskane borgarskapet har planta på vegen fram mot revolusjonen. Dei sanne kommunistane gloydmer aldri ein einaste augneblink desse lærdommane, men strevar for å gjera dei til ein del av sitt eige kjøt og blod, då det berre er på den måten dei nye marxist-leninistiske partia med framgang kan leia striden proletariatet og dei demokratiske og fridomskjære kreftene fører — ein strid som korkje er lett eller utan liding og heller ikkje utan offer.

Sidan offer har vore, er, og vil halda fram å vera ein del av kvardagen for medlemmene i dei verkeleg marxist-leninistiske revolusjonære partia, og dei er medvitne om at dei må gjera desse ofra for skuld dei høgvyrde interessene til revolusjonen og sosialismen. Utan desse ofra, utan å kjempa med særst høg revolusjonær offervilje, kan ein ikkje nå sigeren. Etter føredømet frå ofra til kvart einskild marxist-leninistisk parti, marsjerer proletariatet i kvart land og likeins verdsproletariatet frametter. Det er slikt som podar inn

tillit til marxismen-leninismen og fortroppen hans, det marxist-leninistiske kommunistpartiet, i proletariatet. Partiet vert herda i nye slag og stridar utan stogg til den endelege sigeren er vunnen.

Borgarskapet er redd dei revolusjonære organisasjonane til proletariatet og fortroppen hans. På utsida låst kapitalistane og revisjonistane ikkje å sjå dei nye marxist-leninistiske partia, men denne haldninga med så tydeleg ikkje å bry seg, er på ingen måte røynd. Dei er redde dei revolusjonære og førebur seg difor, ope eller i løynd, til åtak. Dei store revolusjonære leiarane har lært oss at saman med den legale striden må vi organisera den illegale. Partiet vårt har meint og meiner framleis at det er den andre varianten — den illegale striden — som gjev den største garantien for å kunna vinna siger. Dersom ikkje denne vert organisert, vil den store slagkrafta til borgardiktaturet gjera umåtelege øydeleggingar og knusa all motstand frå proletariatet og fortroppen hans når dei finn det høveleg.

Borgarskapet har vedteke og held fram å vedta tallause lover for å verna seg mot denne organisasjonen. Attåt jamn overvaking og harde åtak på marxist-leninistane og dei revolusjonære, oppmodar dei til brotsverk, anarkistisk og terroristisk strid, dei førebur, støttar og set i rørsle fascistbandar som drep, går til åtak på og ranar massane på gata. Dei gjer dette for å halda det arbeidande folket under terror, for å skremma dei. Til sist fører dei denne verksemda heilt fram til det å skipa eit fascistisk diktatur i dette eller hitt kapitalistiske landet.

Men gjennom desse organisasjonane og handlingane prøver og borgarskapet på den eine sida å skapa forvirring i massane, og på den andre å leggja dei fram som handliingar kommunistane og det revolusjonære proletariatet har gjort, for slik å skapa uvilje mot dei. Dei marxist-leninistiske partia har alltid desse manøvrane og triksa til klassefienden i tankane og kjempar for å avsløra og knusa dei.

Kvar dag møter dei marxist-leninistiske partia ein øyredøyvande demagogisk, liksom-demokratisk, liksom-marxistisk, pro-fascistisk propaganda, styrt av det reaksjonære borgarskapet i kvart einskild kapitalistisk land og av sosialimperialistane og dei revisjonistiske svikarpartia i verda. Målet til fiendane er å påverka umogne og uøvde revolusjonære med det for augo å gjera dei forvirra. Dei trur at dei gjennom slik intens demagogisk propaganda gradvis og umerkande kan skapa fårlege illusjonar i rekkjene i dei marxist-leninistiske partia og slik få dei til å missa det revolusjonære tildrivet sitt, og at dette skal føra til at dei vert svekte, forfell og vert gjorde til inkjes.

Dei marxist-leninistiske partia svarer på desse allsidige åtaka og manøvrane til fienden med å styrkja partiet heile tida, med alltid å ha kvalitet heller enn kvantitet i rekkjene som mål. Samstundes held dei teoretisk opplæring av medlemmene i marxismen-leninismen for viktig, og likeins at dei jamnt og trutt får herda seg i dagleg revolusjonært arbeid så dei vert fortroppsstridsmenn som aldri vaklar under nokon omstende. Dei held klårt føre seg den velkjende kjensgjerninga at dersom ikkje rekkjene vert styrkte med medlemmer med særskilt høg kvalitet, vil fienden, som er svært røynd med å undergrava revolusjonære parti, smugla agentane sine inn i organisasjonen for å skapa kløyving og fraksjonar i partirekkjene, for å svekkja det og gjera det til inkjes.

Lenin og Stalin har lært oss at folk som skal verta tekne opp i partiet, må verta vurderte etter handling og ikkje etter ord. Kommunistar vert prøvde og herda gjennom konkret revolusjonær handling som krev at dei er mogne, har mot og sær s høg offervilje og usjølvisk ande. Slike dygder finn ein fyrst og fremst mellom dei beste elementa i arbeidarklassen, mellom dei fattige, undertrykte og lidande bøndene, i rekkjene mellom den reine og sant revolusjonære ungdommen.

Med ein brutal fiende med mange andlet andsynes

seg, som prøver å infiltrera rekkjene våre på alle tenkjelege vis, skjønar og dei marxist-leninistiske partia grundig kor mykje arbeidarklassen i kvart land treng einskap, verkeleg revolusjonær leiing, det marxist-leninistiske partiet. Av det kan det berre finnast eitt, av di marxismen-leninismen berre er ein, og proletarane ikkje har skilde eller motsette interesser seg imellom. Dei marxist-leninistiske partia har vunne verdfull røynsle i striden for einskap mellom dei marxist-leninistiske kreftene. Dei kjempar både mot tronge sekteriske og subjektivistiske haldningar og mot den liberale ideen om einskap for einskapens skuld, som kan setja det som er bygt med så store vanskar og så stort strev i fåre. Marxist-leninistane kan ikkje godta einskap skild frå prinsipp og revolusjonær handling, eller einskap som kan føra ein opportunistisk, liberalistisk, dogmatisk eller sekterisk ande inn i partiet.

Dei marxist-leninistiske partia våre førebur revolusjon og er i strid mot imperialismen, sosial-imperialismen og det reaksjonære borgarskapet. For å koma ut av denne striden med siger utviklar dei rett og høveleg strategi og taktikk, som gjer dei i stand til å finna trugne allierte hjå dei ulike laga i massane i det arbeidande folket, fyrst og fremst mellom dei fattige bøndene. Marx, Engels, Lenin og Stalin har etterlate seg svært verdfulle lærdommar om dette spørsmålet. Vi må gjera desse lærdommane djupare etter tilhøva i tidbolken vi lever i og utan å verta narra av pasifistiske slagord eller borgarleg parlamentarisme og valtar.

I dei landa der kapitalen rår, er ungdommen ein stor reserve for revolusjonen. Massane av arbeidslaus ungdom som er fråtekne og frårøva alt håp og alle framtidsvoner av borgarskapet, tel millionar. Eit stort opprør mot sosial urett kokar mellom dei. Store krefter samlar seg og byggjer seg opp til revolusjonære utbrot. Det er opp til marxist-leninistane å sameina gløden til ungdommen og dei revolusjonære ynskja han har med tildrivet og ynskja til arbeidarklassen, å leia dei på rett

kurs mot å frigjera heile samfunnet frå storkapitalen sitt åk.

Problemet med einskap og alliansar på ulike frontar og i ulike organisasjonar, der dei marxist-leninistiske partia aldri må løyna kven dei er, er eit svært innfløkt problem, og det er overmåte viktig. Ein einaste linefeil, rang eller stivsinna haldning, å sjå bort frå progressive tankar om denne venskapen og einskapen skapt i strid, ber i seg svære fårar.

Dei marxist-leninistiske partia i ulike land står andsynes sams fiende, fører sams strid og lit på same grunnprinsippa, på lærdommane i marxismen-leninismen. Men striden deira kan ikkje vera den same, han kan ikkje førast utan at ein tek omsyn til vilkår og omstende i kvart einskild land. Det er uråd å setja opp oppskrifter på korleis ein skal te seg i alle dei ulike og innfløkte situasjonane som kjem opp, og som ein ikkje alltid kan sjå på førehand. I alle høve er slike oppskrifter ikkje alltid gagnlege. Å streva for å setja ut i livet ei streng line som korkje er i samsvar med marxismen-leninismen eller dei konkrete tilhøva i det særskilde landet der kvart einskild marxist-leninistisk parti arbeider, er tvert om ofte skadeleg og fårleg.

I si tid gjorde Komintern mykje og svært nyttig arbeid for å organisera og herda kommunistpartia. Komintern vart skipa på ei tid då det var livsviktig å føra marxismen-leninismen som vitskapleg teori djupt ut til massane i verdsproletariatet, då det var turvande å reinsa tankane til dei revolusjonære elementa som var smitta av dei opportunistiske ideane frå sosialdemokratane i Den andre internasjonalen, og gjera dei medvitne om at det var trong til at ideane til Marx og Engels vart sette prinsippfast ut i livet i striden deira. Med å skapa nye marxist-leninistiske parti og arbeidarparti i verda, prøvde Komintern å gjera dei ubundne av dei borgarlege partia, å setja dei i gong med striden mot desse partia og dei kapitalistiske leiarane i dei. Slik vart dei marxist-leninistiske partia på Lenin og

Stalin si tid attinnsette og styrkte, og dei gjekk så å seia frå spedbarnsstadiet til eit høgare nivå i revolusjonær mognad og organisering.

Revisjonistane går til ville åtak på det store arbeidet til Komintern, nettopp fordi Komintern skapte og utvikla kommunistpartia i verda som lærte millionane i proletariatet korleis dei skulle kjempa mot borgarskapet i sitt eige land, så desse ikkje skulle verta i stand til å eviggjera makta si. Dei moderne revisjonistane og borgarskapet saman med dei, går utan stogg til åtak på Komintern og spreier sladder om at Komintern visstnok skulle ha vorte ein reiskap for Sovjetunionen og Stalin. Men på den tida var Komintern ein absolutt naudsynt organisasjon som gjorde mykje for å styrkja revolusjonen og for at sosialismen skulle sigra. Det var ei stor lukke for verdsproletariatet at Sovjetunionen på Lenin og Stalin si tid vart ei mektig støtte for den proletariske striden i heile verda.

Det finst folk som aldri let vera å seia at Komintern visstnok skulle ha gjort feil. At det vart gjort feil er ikkje utenkjeleg, men det vart ikkje gjort feil som innebar at hovudprinsipp vart krenkte. På den andre sida må ein og skjøna at dei feila som kan ha vorte gjort, enten vart gjorde med vilje av avvikarelement som hadde greidd å infiltrera verdskommunistrørsla, eller at nokre av dei var urøynde revolusjonære. Slik fekk Komintern av og til unøyaktige eller heilt range opplysningar. Når dei hadde fått range opplysningar, med eller utan vilje, måtte dei fylgjeleg og gjera feil av og til. Men ein må ikkje gløyma dei alvorlege tilhøva med borgarleg-fascistisk terror som kommunist- og arbeidarpartia og avdelingane deira i Komintern måtte arbeida under. Dagens kritikk av Komintern ser bort frå at kommunist- og arbeidarpartia på den tida måtte prøva å få og skapa alliansar med progressive element og grupper som av og til skifta standpunkt. Difor var direktiv Komintern sende ut nyttige for arbeidet på ei viss tid, men miste verdien sin når nye omstende kom til.

Det er ikkje meininga vår å analysera arbeidet til Komintern her, eller å reisa spørsmålet om å skipa eit slikt organ att. I dag høver det ikkje, og det ville ikkje gje dei føremonene ein kunne venta for den revolusjonære striden som vert og vil verta ført av marxist-leninistiske parti i heile verda. Partiet vårt meiner at med å ha ei rett haldning til den store rolla Komintern spelte tidlegare på Lenin og Stalin si tid, har vi marxist-leninistiske partia og arbeidarpartia plikt til stendig å styrkja og herda det nære samarbeidet mellom partia våre, og sjølvsagt då slik at ikkje noko er avhengig av eller tek mot ordrar frå noko anna. Som internasjonalistiske kommunistar treng vi å utveksla røynsle, og kvar for oss må vi arbeida med grunnlag i marxismen-leninismen etter omstenda i sitt eige land. Det er svært viktig at vi gjer dette av di borgarskapet og revisjonistane fører vidare samarbeidet seg imellom og gjer dette i så mange former og på så mange måtar, ja, heilt fram til å halda såkalla vanlege «internasjonale» møte. Måla deira er berrsynte for oss. Fyrst og fremst strevar dei for å halda ved lag utbyttarstatsmakta si til skade for folket, og med hjelp av dei tallause intrigene dei rugar ut, å kjempa mot proletariatet og hindra at det organiserer seg og herdar seg med lærdomme i marxismen-leninismen og byggjer sosialismen og kommunismen gjennom revolusjon.

Vi meiner at samarbeid mellom dei marxist-leninistiske partia våre på den sanne revolusjonære måten, må vera mangslunge. Ein kan utveksla røynsle på tosidig eller fleirsidig basis. Situasjonen kan og mogna til eit punkt då ein kan få til eit stort møte med utsendingar frå alle marxist-leninistiske kommunist- og arbeidarparti. Partiet vårt reiste dette viktige spørsmålet alt for lenge sidan, på den tida då det femte landsmøtet vart halde. Partiet vårt er fastrådd på å forsvara og setja ut i livet det store prinsippet om revolusjonært samarbeid mellom dei marxist-leninistiske partia.

Vi — dei albanske kommunistane — lovar brørne våre som har dei same ideala som oss og er våre våpenbrør, at vi skal halda fram å kjempa med fast vilje mot den sams fienden slik vi har gjort det til no, for at revolusjonen og marxismen-leninismen skal sigra. Den internasjonale arbeidarklassen og dei marxist-leninistiske partia, alle folka som kjempar mot supermaktene, mot borgarskapet og reaksjonen har i Arbeidets Parti i Albania, den albanske arbeiderklassen og det albanske folket funne og vil alltid finna ein trugen alliert, ei pålitande støtte og hjelp. Vi reknar dette for å vera den grunnleggjande internasjonalistiske plikta vår, og vi skal setja ho ut i livet samvitsfullt og med fast vilje.

Kameratar utsendingar.

Før denne meldinga er slutt, vil sentralkomiteen uttrykkja full tillit til og overtyding om at kommunistane, arbeidarklassen og heile det arbeidande folket vårt vil gå til arbeid med ny revolusjonær livskraft for å setja ut i livet dei store oppgåvene det sjuande landsmøtet set for oss.

La oss arbeida utrøyttande, kameratar, med mangedobla styrke, for å styrkja og herda den marxist-leninistiske einskapen i partirekkjene våre og den stålsette einskapen om partiet i folket meir og meir, for å lyfta den leiande rolla til partiet til eit høgre nivå og gjera det meir verknadsfullt på alle felt, i heile livet til landet.

La oss arbeida utan stogg for å setja betre ut i livet den rette marxist-leninistiske lina til partiet, for det er denne lina som garanterer notida og framtida for det sosialistiske fedrelandet og det heltemodige folket vårt. La oss gjera lærdommane til partiet til våre eigne og setja dei viljefast ut i livet og stendig føra bygginga av sosialismen i Albania vidare.

La oss mobilisera oss fullt og heilt og med stor glød for å oppfylla og overoppfylla den nye femårsplanen. Vi må meistra den marxist-leninistiske vitskapen og vinna så mykje kunnskap som råd og gjera oss til dugande arbeidarar og stødige stridsmenn for at det sosialistiske heimlandet vårt skal verta endå sterkare og få større framgang. Alle, heile folket, med kommunistane i brodden og på dei vanskelegaste frontane, må meistra militærkunsten vår, vera på vakt og heilt ut budde på å gjeva sjølv det største offer for å forsvara heimlandet mot kva fåre det måtte vera.

Med partiet i fremste rekkje og fana til marxismen-leninismen høgt, frametter til nye sigrar, kameratar, for lukke og velstand for fedrelandet, for å verna den reine marxismen-leninismen, for forsvar av og siger for revolusjonen!

Lenge leva det heltemodige og arbeidssame folket vårt!

Lenge leva det lysande Arbeidets Parti i Albania, den trugne, kloke og pålitande leiaren for folket vårt!

Ære til marxismen-leninismen!

Tillegg:
Hilsningstale av Pål Steigan,
formann i AKP(m-l),
på det 7. landsmøtet i
Arbeidets Parti i Albania

(*Faksimile fra Klassekampen nr. 86, 1976*)

*Kamerat Enver Hoxha
Kamerater i sentralkomiteen og
alle albanske kommunister.*

Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) i Norge hilser 35-årsjubileet og den 7. partikongressen til Arbeidets Parti i Albania. På de 35 åra siden partiet blei stifta har det leda det albanske folket i den heroiske anti-fascistiske krigen, skapt proletariatets diktatur og forvandla det tilbakeliggende Albania til et nytt og strålende sosialistisk Albania.

Den 7. kongressen til Arbeidets Parti i Albania markerer det foreløpige høydepunktet i partiets lange og ærerike historie. Kongressen er en stor begivenhet, som vitner om den korrekte marxist-leninistiske linja til Arbeidets Parti under ledelse av kamerat Enver Hoxha. Den er også en stor begivenhet for vårt parti og kommunistene over hele verden.

Siden den 6. kongressen har APA retta nye harde slag mot den imperialistiske og revisjonistiske innringinga av Albania. Med en fast enhet mellom partiet og folket har dere avvist og slått tilbake imperialismens og sosialimperialismens intriger, press og smiger

som tar sikte på å få Albania til å skifte farge.

APA har evna på en ypperlig måte å føre klassekampen videre for å konsolidere proletariatets diktatur. Det har dere gjort ved å slå ned på byråkratiske og liberalistiske tendenser og styrke arbeiderklassens ledelse på alle områder. APA og kamerat Enver har på den måten gitt verdifulle teoretiske og praktiske bidrag til marxismen-leninismen og vist hvordan et korrekt marxist-leninistisk parti som er forent med massene kan hindre kontra-revolusjon og fortsette marsjen fram mot kommunismen.

Oppfyllinga og overoppfyllinga av femårsplanen vitner om at den økonomiske situasjonen i Albania er god, mens den kapitalistiske og byråkratkapitalistiske omverdenen går fra den ene alvorlige krisa til den andre. Resultatene i planperioden er også et bevis på en stor hengivenhet for partiet og sosialismen blant det albanske folket.

Albania har skapt en ny grunnlov som skal være et redskap til å bygge ut og styrke sosialismen og proletariatets diktatur. Dette er en viktig milepæl for APA og det albanske folket.

Grunnlaget for de store seirene til Arbeidets Parti er at dere alltid har holdt fast på ei korrekt linje og alltid har satt studier og anvendelse av marxismen-leninismens prinsipper i første rekke.

Arbeidernes Kommunistparti(m-l) har stor takknemlighet til APA og kamerat Enver Hoxha. Ved deres heltmodige og prinsippfaste kamp mot den moderne revisjonismen har dere lært oss å

skille mellom marxisme og revisjonisme. Sammen med Kinas Kommunistiske Parti og kamerat Mao Tsetung har Arbeidets Parti i Albania og kamerat Enver Hoxha forsvart marxismen-leninismen mot de ville angrepa fra de moderne revisjonistene. Dette har bidratt til å gi arbeiderklassen og folkene over hele verden nytt mot i kampen for revolusjon og nasjonal frigjøring. Det har uten tvil lagt grunnlaget for at den marxist-leninistiske bevegelsen nå blir gjenreist over hele verden. Vårt parti er av den bestemte oppfatninga at uten den store polemikken mot revisjonismen, uten APAs og kamerat Envers store innsats, ville vårt parti ikke kunnet oppstå på lang tid og uten store vansker.

Det er en glede for oss å kunne meddele den 7. kongressen i APA at den marxist-leninistiske bevegelsen i Norge også har gjort store framskritt siden 1971. AKP(m-l) blei oppretta i 1973, og det har gitt klassekampen i Norge en ny kvalitet. Sjøl om vårt parti fortsatt er ungt og lite leder det arbeiderklassens politiske og økonomiske kamp mot borgerskapet og forbereder klassen på den proletariske revolusjonen. Særlig har vi gjort stor framgang etter at vi tok et oppgjør med visse moderne revisjonistiske feil i partiets arbeid. Vi har skjerpa de leninistiske normene i partiet, vi har påført de moderne revisjonistiske partiene alvorlige tilbakeslag og vi har intensivert kampen mot sosialimperialismen og USA-imperialismen.

Norge ligger i skuddlinja mellom de to supermaktene; både USA og Sovjet driver militære

provokasjoner mot vårt land, og forbereder seg på å okkupere landet i tilfelle krig. Det norske proletariatet og folket kan derfor ikke forlite seg på noen av de to supermaktene, og heller ikke på det imperialistiske borgerskapet. I tilfelle krig, må det norske folket under AKP(m-l)s ledelse reise seg til en nasjonal-revolusjonær frigjøringskrig for å kaste ut okkupasenten og deretter opprette proletariatets diktatur. Også på dette området er det heltemodige og erfarne APA våre læremestre.

Kamerater!

Enheten mellom Arbeidets Parti i Albania og AKP(m-l) bygger på den proletariske internasjonalsismen og marxismen-leninismens prinsipper. Deres seire er våre seire! Vårt felles mål er seieren for den sosialistiske revolusjonen og kommunismen over hele verden!

**LENGE LEVE KAMERAT
ENVER HOXHA!**

**LENGE LEVE ARBEIDETS
PARTI I ALBANIA!**

**LENGE LEVE MARXISMEN-
LENINISMEN!**

**LENGE LEVE KAMPFELLES-
SKAPET MELLOM FOLKENE!**



Boka du har i handa inneheld meldinga Enver Hoxha, fyrsteseekretæren i Arbeidets Parti i Albania, la fram på det 7. partilandsmøtet 1. november 1976.

Boka inneheld desse sju kapitla:

- * Den nye grunnlova — ein stor historisk siger for partiet og folket
- * Den økonomiske utviklinga i landet og oppgåvene til partiet
- * Vi må stendig styrkja partiet og gjera den leiande rolla det har endå rikare
- * Striden partiet har ført på den ideologiske fronten
- * Den internasjonale situasjonen og utanrikspolitikken til Folkerepublikken Albania
- * Den marxist-leninistiske rørsle og striden mot den moderne revisjonismen

I boka finn du og helsingstalen Pål Steigan, formann i AKP(m-l), heldt på kongressen på vegner av ein delegasjon frå AKP(m-l) som var invitert dit som gjester av sentralkomiteen i Arbeidets Parti i Albania.



ISBN 8270941655